



Kopi: Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde



Noregs
vassdrags- og
energidirektorat

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Vår dato: **20 NOV. 2012**
Vår ref.: NVE 201106499-6 rv/tes
Arkiv: 323
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

CAV.

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg nr.	Saksbeh. BSS
22 NOV. 2012	
Ark.kode P	
Ark.kode S	
J.nr.	Dok.nr.
Kassasjon	

Sakshandsamar:
Terje Systad

Trekking av motsegn –Områdereguleringsplan for Fosnavåg hamn - Herøy kommune

Vi syner til e-post frå landskapsarkitekt/planleggar Skeide sendt 2.11.2012 der ein ber NVE trekke motsegn mot områderegeringsplan for Fosnavåg hamn. Det er i e-posten synt til at reguleringsplan for Fosnavåg hamn er utarbeidd som ein områderegeringsplan. I planen sine føresegner er det stilt krav om at det skal utarbeidast detaljreguleringsplanar innanfor planområdet, før det vert gitt løyve til gjennomføring av tiltak (jf. § 5 d i føresegnene). Etter § 18 skal det før vidare utbygging innan områda FS1, FS2 og NF1-NF6 gjerast faglege feltundersøkingar av skredfaren.

NVE sine retningslinjer 2/2011 *Flaum og skredfare i arealplanar* stiller i utgangspunktet dei same krava til utgreiing av skredfare for ein områderegeringsplan som for ein detaljreguleringsplan. I område der det er sett krav om detaljregulering kan NVE likevel akseptere at faresonekartlegginga vert gjennomført i samband med desse planprosessane. For områderegeringsplanen Fosnavåg hamn er det berre deler av planområdet som det er sett krav om detaljreguleringsplan (jf. § 5d i føresegnene). Areal for bustader og frittliggande småhus (FS1 og FS2) som også ligg innanfor aktsemdsområde for skred er det ikkje krav om vidare detaljreguleringsplan.

NVE vel å trekke motsegna til områderegeringsplan for Fosnavåg hamn. Det er lagt inn omsynssone med føresegner som set krav om utgreiing av skredfare og tilstrekleg sikringstiltak i samsvar med krava i TEK10. Ny utbygging innan omsynssone for skred vil uansett utløyse krav om utgreiing i samband med byggesøknad. Vi rår difor sterkt til at ein gjennomfører ei skredfarevurdering på områderegeringsplannivå. Det vil vere mest hensiktsmessig å gjere ei samla skredfarevurdering for området i staden for at det blir gjort gjennom fleire enkeltvurderingar. For eksisterande bustader og næringsområde vil det vere bra å få avklart skredfaren, og eventuelt sikre utsette områder dersom det skulle syne seg behov for det.

NVE trekkjer motsegna til områderegeringsplan for Fosnavåg hamn

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no
Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsvæien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Med helsing

G. Brakestad

Gunnstein Brakestad
regionsjef

Terje Systad
Terje Systad
overingeniør

Kopi: Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Fra: Robert Voldnes [mailto:robert@voldnes.no]
Sendt: 3. november 2012 16:40
Til: postmottak
Emne: Innspel Havna FOsnavåg - regulering

Hei

Ber om at dei rette får dette innspelet ref. Kommuneplanen.

Desseutan ber vi om at de også herved oversender forespurdnad til Formannskapet om Kommuna vil ta kostnaden med detaljreguleringa på museumsområdet.

Mvh

Robert Arent Voldnes
Mob. 906 58 517

For Herøy Kystlag.

(E)

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
nr. 2012/33	Saksbeh. BSS
10. november 2012	
20 NOV. 2012	
Avr. Nøye, P	K12
Zon. kode, S	
Kast. nr.	62

Klage på reguleringsplanen for Fosnavåg hamn. Dok.nr. 62



I planen kan vi lese dette:

"Gnr. 33, bnr. 62 er i reguleringsplanframlegget lagt ut til naustføremål, friområde, veg og parkering. I reguleringsføresegnene kjem ein med framlegg om av naustet skal takast vare på så langt det let seg gjere og framlegg om at det ikkje er tillate å byggje på naustet. Restaurering er tillate. Nye naust kan førast opp som følgje av brann eller naturskade. Reguleringsføresegnene innehar bestemningar om høgder og utnytingsgrad. Løysinga som er valt på Notaneset, er etter vår vurdering, med bakgrunn i kommunen sitt ønskje om å leggje til rette for busstopp, friområde og parkering på Notaneset, den beste løysinga for området".

Vi vert frustrert over manipuleringa som sakshandsamar brukar i si framstilling og i sin argumentasjon i denne saka. Vi kan på ingen måte sjå at dette er den beste løysinga for området. **Slik denne reguleringsplanen ligg føre er han etter vårt syn både lite kreativ og framtidsretta.**

Vi krev med heimel i forvaltninga fylgjande:

1. Framlegging av dei andre alternativa som har vorte vurderte.
2. Grunngevinga for kvifor desse har vorte forkasta.

Bygninga på gnr. 33 bnr. 62 er ikkje eit naust, men eit sjøhus med 2-roms leilegheit og hybel som det budde folk i fram til 1970 (Ingvarda Feie).

Eigarane opprettheld krava som vart sett fram i skriv av 5. februar 2012 til Herøy Kommune. Det er tinglyst vegrett mellom partane for Goksøyr sin eigedom, Frantsen sin eigedom og vår eigedom. Tilkomstvegen til desse eigedomane skal ligge i grenselinja mellom eigedomane. Den vegløyninga som no ligg føre, vil ikkje bli godteken av oss. Skulle der bli ei anna løysing, kunne vegen gå ned langs sundet mot vest slik at folk fekk kome fram for å sjå til båtane som måtte ligge der. Det vil heller ikkje bli gitt grunn til veg som er teikna inn på kartet og som fører fram til dei andre parsellane.

Sjøhuset si framtid

Når det gjeld sjølve sjøhuset har vi til no gjennom eigeninnsats makta å halde bygninga i hevd. Blir utspelet i reguleringsplanen vedteke, vil dette gi oss resignasjonsstøyten. Alderen til eigarane og deira innkome tilseiar at ein ikkje vil makte vedlikehaldet på same måten framover. Vi vert avhengig av at sjøhuset gir oss den inntekt vi treng til drift og vedlikehald. I motsatt fall vil ein innan kort tid kunne sette slike ord på sjøhuset vårt: Rønne, skamplett, til nedfalls, stygt, umala, opprâte, trist, noko som vitnar om pessimisme. Dette vil i framtida bli det "vakre" synet som hotellgjestane skal ha som sitt næraste utsynsobjekt.

Vern skaper ikkje ny vokster, men stagnasjon!

Vi eigarane ser det slik at dette området må få si fornying når den tid kjem. Vi protesterer mot at dette området berre skal vere eit naustareal. **Dette framlegget tek frå oss råderetten over eigedomen vår og reduserer verdien til eit minimum.**

"Sjela til Fosnavåg"

Det vert nemnt at desse sjøhusa er "sjela til Fosnavåg". Kven skal bere kostnadane med å halde sjøhusa i stand? Vil Herøy kommune løyse ut sjøhuset etter takst for å ta vare på denne "sjela" si?

I vårt skriv av 30.10.2005 vart Herøy kommune gjort merksam på den statusen som andre etasje alltid har hatt i det eksisterande sjøhuset. Det er tydeleg at forvaltninga ikkje har greidd å fange opp dette skrivet. Det same gjeld skrivet av 21.juni 2006 (sjå vedlegg).

Vi krev med heimel i forvaltninga fylgjande:

Grunngjevinga for kvifor desse søknadane ikkje har fått noko svar.

Snuplassarealet

Arealet utover mot Holmefjorden må fyllast ut og brukast til dette føremålet.


Det vert ikkje gitt grunn til dette føremålet av gnr. 33 bnr. 62.

Parkeringsarealet


Når det gjeld parkeringsareal i tilknytning til museet, vil vi gjere sakhandsamar merksam på at det er mugeleg etter denne planen å lage eit naturleg parkeringsareal på begge sidene av kystmuseet. Her under nemner vi utfylling av arealet mot Fosnavåg Notbøteri.

Det vil ikkje bli gitt grunn til parkeringsplassar på vår tomt. Vi har andre planar for dette arealet.

Med helsing


Gerd Røren Leine


Johanne Røren


Olav Emdal

2005-10-30

Herøy Kommune
Teknisk Etat

6090 FOSNAVÅG

Gnr. 33 bnr. 62 i Herøy - søknad om bruksendring

Vi eig i dag eit sjøhus på Fosnavåg hamn. Dette ligg på Nørvågsida.

2. etasje i sjøhuset vart nytta til bustad fram til 1970. Ingvarda Feie var den siste som budde her. Bustaden inneheld kjøkken, stove, to soverom og WC.

Vi søkjer med dette om bruksendring fra sjøhus til rorbu.
Dersom det er naudsynt for saka, kan vi foreta synfaring etter nærare avtale.

Med hilsen
For eigarane av gnr. 33 bnr. 62 i Herøy

Olav Emdal
6094 Leinøy

Herøy kommune

6090 FOSNAVÅG

Søknaden gjeld omregulering

Følgjande gards- og bruksnr. er med i denne søknaden:
Gnr. 33 bnr. 8, gnr. 33 bnr.62 og gnr. 33 bnr. 14.

På kommuneplanen for Bergsøy, arealdelen, står dette området i dag regulert for naust, sjøbuer.

Vi søker hermed om endring til rorbu-/bolegområde.

Fosnavåg, 21. juni 2006

Heimelshavar til gnr. 33 bnr. 8 i Herøy

.....
Bjarne Goksøy

Heimelshavar til gnr. 33 bnr. 62 i Herøy

.....
Gerd Røren Leine Johanne Røren Olav Emdal

Heimelshavar til gnr. 33 bnr. 14 i Herøy

.....
Knut Sævik

Fosnavåg Marina AS

v/Raymond Storvik

6095 Bølandet

Bølandet 12.11.2012

Herøy Kommune

Postboks 274

6099 Fosnavåg

Offentleg ettersyn områdeplan for Fosnavåg havn

Det som i dag er Fosnavåg Marina AS har sidan 2009 drive lagring og service av fritids -og fiskebåtar i dei tidlegare lokala til Voldnes skipsverft. Selskapet leiger lokala frå Sævik Invest AS. Selskapet har dei få åra det har vore i drift, auka i omsetnad og aktivitet. Ein vesentleg del av verksemda er slipping, lagring og service av båtar. Det har vore investert i topp moderne utstyr, og ein har i dag kapasitet til å ta opp båtar på inntil 20 tonn. Fosnavåg Marina nyttar den tidlegare beddingen til Voldnes Skipsverft på NF3 til slipping av båtar. Drivarane av Fosnavåg Marina i samarbeid med Sævik Eigedom er svært glade for atter å ha fått i gang næringsverksemd i dei sagnomsuste næringslokala. Fosnavåg Marina føreset at området NF3 vert regulert til slipp og serviceversksemd til fiske -og fritidsflåten, slik at ein også for ettertida kan la det opparbeidde tilbodet utvikle seg som ein naturleg del av Fosnavåg fiskerihavn si verksemd og servicetilbod.

Fosnavåg Marina

Raymond Storvik

Fra: Berit Sandvik Skeide
Sendt: 15. november 2012 19:07
Til: Arkiv
Kopi: Jarl Martin Møller
Emne: VS: Områdeplan for Fosnavåg hamn - utlegging til offentlig ettersyn

Til registrering på reguleringsplansaka: Områdereguleringsplan for Fosnavåg hamn

Fra: Eirik Herdlevær Søyland [Eirik.Soyland@bsj.uib.no]
Sendt: 15. november 2012 07:55
Til: kjersti.dahl@mrfylke.no
Kopi: Berit Sandvik Skeide
Emne: RE: Områdeplan for Fosnavåg hamn - utlegging til offentlig ettersyn

Vedr. Områdeplan for Fosnavåg hamn - utlegging til offentlig ettersyn. Forholdet til marine kulturminne.

Me viser til e-post motteke 09.10. 2012

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Fosnavåg hamn i Herøy kommune som kan bli direkte råka av reguleringa. Me har tidlegare hatt marinarkeologiske undersøkingar i delar av planområdet.

Museet har derfor ingen merknader til reguleringa.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

For stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum

Eirik Søyland
Saksbehandlar Marinarkeologi
55 54 96 04
marinarkeologi@bsj.uib.no

From: Berit Sandvik Skeide [<mailto:berit.sandvik.skeide@heroy.kommune.no>]
Sent: Tuesday, October 09, 2012 2:02 PM
To: Camilla Storøy Hermansen; Eldrerådet i Herøy kommune; Herøy næringsforum; Herøy Vasslag BA; Gry Cecilie F. Sydhagen; Kystverket, Midt-Norge; Maritimt og teknisk utval; Møre og Romsdal fylke; Møre og Romsdal fylkeskommune; Råd for menneske med nedsett funksjonsevne; Norges vassdrags- og energidirektorat; Statens vegvesen, Region Midt; Fiskeridirektoratet, Region Møre og Romsdal; Relacom AS; Stiftelsen Bergen Sjøfartsmuseum; Søre Sunnmøre Landbrukskontor; Søre Sunnmøre Reinhaldsverk; Tussa Nett AS; Ungdomsrådet i Herøy kommune
Subject: Områdeplan for Fosnavåg hamn - utlegging til offentlig ettersyn

Det vert vist til tidlegare e-post. Her kjem vedlegg 4 og 5.

Mvh

Berit Sandvik Skeide
Landskapsarkitekt/planleggar

Herøy kommune
Utviklingsavdelinga

Telefon. 70 08 13 82

Fra: Berit Sandvik Skeide
Sendt: 15. november 2012 19:09
Til: Arkiv
Kopi: Jarl Martin Møller
Emne: VS: Reguleringsplanen for Fosnavåg hamn- merknader/synfaring.

Til registrering på reguleringsplan for Fosnavåg hamn.

Fra: Ragnvald Vågsholm [ragnvald.vaagsholm@tussa.com]
Sendt: 15. november 2012 16:05
Til: Berit Sandvik Skeide
Emne: Reguleringsplanen for Fosnavåg hamn- merknader/synfaring.

Herøy kommune,
Utviklingsavdelinga.
Attn. Planleggar Berit Sandvik Skeide

Hei Berit,

Vi er to naboer, Ragnvald L. Vågsholm, eigar av 33-97 og 33-98, og talsmann for Kjellaug og Per Vågsholm, eigar av 33-46.
Gudbjørg og Per-Bjørnar Dale, eigar av 33-11, Notaneset.

Vi har alle sendt merknader til reguleringsplanen. Vidare vil Gudbjørg og Per-Bjørnar Dale kome med ein merknad til på 33-11.

Vi meiner at det trengs ei synfaring frå kommunen sin side, før sakshandsaminga av merknadene, for i felleskap å gå gjennom dei merknadene vi har kome med.

Utifrå det ovanforståande, ber vi om at Utviklingsavdelinga planlegg ei synfaring, helst neste veke.

Ser fram til tilbakemeldinga di.

Med helsing

Ragnvald L. Vågsholm

Mobil 909 75 067.

Gudbjørg Nørvåg Dale(eigar av 33/11)
Nørvågvegen 52,
6090 Fosnavåg.

HERØY KOMMUNE
Servicetorget
Pb 274
6099 FOSNAVÅG

Innløvert 22.11.12

Solveig Thonstad(eigar av 33/11)
Søbstadvegen 27,
7080 Heimdal.

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2012/33	Saksbeh. BSS
22 NOV. 2012 Fosnavåg 19.november 2012.	
Ark kode P	K12
Ark kode S	
J.nr.	Dok nr. 65
Kassasjon	

Anke på framlegg til reguleringsplan for Fosnavåg hamn.

Viser til vedlagt kartskisse.

Som eigarar av 33/11 godtek vi ikkje at dette arealet i så stor grad vert omgjort til grøntområde og trafikkareal.

Viser til det tidlegare skriftlege innspelet vårt om reguleringsplan før det opne møtet i kommunestyresalen. (Vedlegg)

Der hadde vi ønskje om at haugen framleis skulle vere bustadområde.

Trafikkområde/ snuplass.

Vi skjønar godt at det i samband med utbygginga som er planlagt på Vågsholmen og Urholmen trengst betre vegar. Breiare bilveg og gang/sykkelveg ser vi på som nødvendig og vi må difor godta at det vert teke areal til dette føremålet.

Vi synest det er urimeleg at vegarealet frå Fosnavåg Notbøteri og utover mot Vågsholmen skal verte ein god del breiare enn resten av vegen. Det vil krevje unødvendig stort areal frå private grunneigarar. Nørvågvegen treng ikkje å verte breiare enn resten - frå Pitkryset til Notbøteriet.

Vi kan ikkje godta at buss-snuplassen/rundkøyringa blir lagt på området ved Vågsholmvegen. Det øydelegg både tomtearealet og verdien av det. Ingen vil vel bytte ut havutsikt med ein busshaldeplass !

Vi vil likevel ikkje avvise kravet om parkeringsplass/snuplass for bussar. Området nord for Kystmuseet kan vi avsette til dette føremålet, dersom det vert nødvendig.

I møte med sakshandsamar fekk vi høyre at det var Herøy kystlag som hadde sett fram ønskje om snuplassen.

Må i den samanheng få sitere ein annan nørvågar : "Nede på Kystlaget trur eg der må vere for mange luftslottbyggjarar utan bakkekontakt.." Langt på veg må vi få lov til å vere einige. Skulle det vise seg at Kystmuseet vert nedrende av turistbussar og transportar med skuleklasser, må det einaste rette vere at parkeringsplass vert lagt ved museet. (Kartskisse.) (Kjenner til at ei 8. klasse har besøkt museet i 2012)

Dei karane som gjer ein prisverdig jobb på "Slippen", er for få og slit med å ta vare på dei dei har fått inn for oppbevaring. Mange båtar har dei difor ikkje makta å ta godt nok vare på.

Ei slik storslått museumsdrift og eit slikt arealbehov som Kystlaget fantaserer om at dei vil trenge, ligg i beste fall svært langt fram i tid. Dei må ikkje gape over meir enn dei maktar å svelje.

Dersom ein i framtida tenkjer seg ordinær busstrafikk til Nørvågen/Vågsholmen, må sjølvsagt ein slik snuplass ligge ved enden av vegen – på Vågsholmen.

Det kan ikkje vere rett at utanforståande naboar -Kystlaget- skal ha større innverknad på reguleringsplanane enn grunneigarane som det heile går ut over.

Friområde/grøntareal.

På Vågsholmen har sterke grupperingar fått til ei ekstrem fortetting av bueingingar.

For oss ser det ut til at planleggerane har kasta blikket innover for å sjå om det kan finnast grøne flekkar. Der fann dei ein liten haug/fjellknaus der det var fin havutsikt og god plass til ei tomt som to pensjonistar eig.

Denne haugen, 33/11, har heile tida vore tenkt til boligareale og der er alt to einebustadar.

Vi som eig dette området har hatt mange henvendelsar frå personar som ønskte å kjøpe denne atraktive tomte, men vi har valt å vente med sal.

Vi synest at det er ekstremt urettferdig at Herøy kommune gjer denne flotte tomte om til grøntområde.

Vi kjem på alle måtar til å gå imot at det skjer.

Vi vil også nemne at det på planskissa er teikna inn vegar/trafikkareale på 3 av sidene til denne haugen, noko som igjen har redusert det opphavslege arealet og ført til verdiforringing.

Utruleg at nokon kan tenkje på å legge eit så lite område, omkransa av vegar og hus på alle kantar, ut som grøntområde.

Denne aktuelle haugen har aldri vore turterreng. Han er for liten til det.

Nørvågen er ikkje særleg tettbygd så her er enno mange område der ein kan gå tur.

(Utmarka. Fjellsida .Rås til Hornseten frå to plassar. Hornsetstranda. Fjøreområde osv.)

Sakshandsamar Skeide nemnde også at haugen kanskje kunne brukast til leikeplass for barn. Arealet er ikkje eigna til leikeplass.

Haugen ligg slik til at det ikkje er enkelt å kome til med barnevogn og pga. ei tidlegare utsprengt tomt, må der settast opp sikring slik at ikkje nokon fell utfor fjellknausen.

Det vi krev er at det vert sett av nok areal på haugen(33/11) til at det framleis kan verte ei tomt stor nok til ein einebustad. Det vil likevel verte "luft"/grøntområde i nærleiken av tomte. (Kartskisse)

Vi ser gjerne at sakshandsamar set av tid til eit møte der vi kan få diskutere ting og der vi grundigare kan svare på evt. spørsmål i samband med dei framsette krava våre. Gudbjørg kan møte på kort varsel.

Helsing

Solveig Thonstad.
Solveig Thonstad.

e-post: j-tor-t@online.no

Gudbjørg Nørvåg Dale
Gudbjørg Nørvåg Dale.

e-post: notanes@frisurf.no

Vedlegg: Kartskisse. Tidlegare brev.

Vedlegg 2

Gudbjørg Nørvåg Dale, Fosnavåg
Solveig Thonstad, Heimdal

Fosnavåg 25. januar 2012.

Herøy kommune,
Utviklingsavdelinga.
v/ Jarl Martin Møller.
6090 Fosnavåg.

Kommentarar til omregulering rundt Fosnavåg hamn.

Viser til brev frå AG Plan og Arkitektur AS datert 2.11.2011 og brev frå Herøy kommune om omregulering for Fosnavåg hamn(møte) i jan 2012.

Diverre har ingen av oss høve til å møte fram tysdag den 31.jan i kommunestyresalen, så vi vonar det er greitt at vi legg fram nokre ønskje / synspunkt skriftleg på denne måten.

Ledig areal rundt hamna har etter kvart vorte temmeleg redusert. Som eigarar av eit areal på Notaneset, ønskjer vi å kome med ein del synspunkt. (Markert område på vedlagde kartskisse).

Vi meiner at det einaste rette er at dette området for framtida vert nytta til bustadar. Nørvågen er ein god plass å bu, lite trafikk og solrikt. Vi ønskjer at fleire kan få busette seg i dette flotte området.

Frå før kjenner vi til at det er stort behov for å få bygge på Bergsøya. Særleg er det stort press i sentrumsnære område.

Området vi eig er lite, men med fin utsikt og inneheld mykje fjell. Det er difor ueigna til industri/næringsverksemd. Næringsverksemd treng meir areal til transport og parkering.

Det kan seinare verte aktuelt med utfylling av grunt sjøareal mellom Notaneset og Urholmsundet. (Liknande skal gjerast frå Vågsholmen til Urholmen).

Vi er også deleigarar av Mågenbuda som ligg nær Fosnavåg Notbøteri.

Mågenbuda vil verte opprusta med skifting av dårleg bordkledning til sommaren. Ho vil då også få ny måling på tak og veggar. Frå før har kai framom buda fått nytt dekke og er godt i stand.

Vi synest det er ein god tanke at ein del eldre buder rundt indre hamn vert ståande og sette i stand.

Vi ønskjer også å nemne at noko må gjerast med all ureininga av Fosnavåg hamn. Her slepp båtar/ Fosnavåg Seafood ut feittholdig vatn og fiske slim utan at det vert reagert. Her bør ein inn med bøter som svir. Båtar ligg rett under forbodsskiltet og pumpar ut ureina vatn.


For oss i Nørvågen er luktplaga frå utsleppa særleg stor i varme periodar. Skal hamna verte atraktiv og hyggeleg for bebuarar og "båtfolket" må det gjerast ein innsats på dette området.

Vi vonar at rette vedkomand kan ta imot synspunkta våre på denne måten sidan vi ikkje har høve til å stille opp på det tillyste informasjonsmøtet den 31.

Helsing.


**Gudbjørg Nørvåg Dale.
Solveig Thonstad.**

VEDLEGG 1 FRÅ
Solveig Thonstad } eigerar av
Gudbjørg N. Dale } 33/11



Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Også pr. epost: postmottak@heroy.kommune.no

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2012/33	Saksbeh. BSS
22 NOV. 2012	
Ark kode P L12	
Ark kode S	
J. nr.	Dok. nr. 72
Kassasjon	

Advokat **Jon Ketil Gjørtz**
Advokat **Johs A. Aspehaug**
Advokat **Bjarte Aambø**
Advokat/LLM **Anders Svine**
Advokat **Mette Loe**
Advokat **Sturla Dalhaug**
Adv. flm./LLM **Cathrin Lid Heilund**
Adv. flm. **Camilla Gjørtz**
MEDLEMMER  Advokatforeningen

Ålesund, 20.11.12
Sak nr. 2010-426 (BAA)
Adv. sekr.

DERES SAKSNR 2012/33: FOSNAVÅG FISKERIHAMN. OMRÅDEREGULERING – UTLEGGING TIL OFFENTLIG ETTERSYN

Undertegnede bistår Kjell Runar Myklebust som eier gnr 34 bnr 186 og 439 i Herøy kommune, idet det vises til Deres brev av 8. oktober 2012 hvor plan for Fosnavåg Fiskerihamn er lagt ut til offentlig ettersyn.

Det er gitt frist til 23. november 2012 for bemerkninger til planforslaget og på vegne av Kjell Runar Myklebust inngis slike rettidige innspill til planen.

Det fremgår av planforslaget at for så vidt gjelder eiendommene gnr 34 bnr 454 og gnr 34 bnr 439 er disse foreslått regulert til parkområde, i det vesentlige i samsvar med kommunedelplanen for Bergsøy av 2004.

Min klient er av den oppfatning at hele det omtalte området som er regulert til parkområde, bør omreguleres til næring i det nye planforslaget. Under enhver omstendighet gjøres det gjeldende at grøntområdet/parkområdet må begrenses til bnr 454. Etter forslaget er Myklebusts eiendom bnr 439 båndlagt og kan ikke benyttes til fiskebruk/maritime aktiviteter, noe som er et av hovedformålene for området, jfr at området er regulert til fiskerihavn. Dette legger klare begrensninger på hans benyttelse av denne eiendommen som langt på vei er en naturlig del av, og som må ses i sammenheng med, eiendommen bnr 186 hvor Myklebust har oppført en sjøbud hvor han driver sin virksomhet fra.


Det aktuelle området ble regulert til parkområde i 2004, men det er ikke foretatt noen handlinger for å utvikle området til parkanlegg. Det er således ingen spesielle hensyn som taler mot at området nå omreguleres til det som det faktisk er mest egnet til – nemlig næring/fiskebruk.

Det anmodes derfor om at kommunen vurderer ovennevnte og foretar en omregulering av parkområdet til næringsformål.

Videre fremholdes at Kjell Myklebust har opparbeidet parkeringsplass på bnr 439. I den grad eiendommen båndlegges som parkområde, antas det at parkeringsplassen vil måtte fjernes. I så fall må parkeringsplassen erstattes av kommunen, enten i form av et erstatningsbeløp til Myklebust, evt at det må opparbeides ny parkeringsplass for ham på gnr 186, herunder at det må anlegges forstøttingsmur og gruses opp.

Utover ovennevnte har ikke Kjell Myklebust vesentlige innvendinger mot planforslaget.

Med vennlig hilsen



Bjarte Aambø
advokat

E-post: aamboe@gjortz.no

Mobil: 900 76 609

Org. nr.: 995 288 761

Kopi: Kjell Myklebust, 6098 Nerlandsøy



Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr 2012/33	Saksbeh. BSS
23 NOV. 2012	
Ark kode P L12	
Ark kode S	
J nr	Dok nr 69
Kassasjon	

Herøy kommune. Områderegulering - reguleringsplan Fosnavåg hamn. Fråsegn til offentlig ettersyn – motsegn.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

PLANFORSLAGET MED FØRESEGNER

Natur- og miljøvern

Det er i planens § 14 gitt føresegn, jf. plan- og bygningslova § 12-7, knytt til omsynssone for støy. Vi gjer merksam på at støyretningslinja er oppdatert (T-1442/2012), og planføresegnene må endrast slik at dei samsvarar med gjeldande retningslinjer.

Samfunnstryggleik

Det er gjennomført ein ROS-analyse som mellom anna viser at det er knytt uakseptabel risiko til skred.

I plankartet er ras- og skredfare merka med omsynssone med tilhøyrande føresegn om at det ikkje skal førast opp bygg utan at ein person/føretak med relevant geologisk kompetanse har gjennomført ei vurdering og dokumentert at arealet kan opnast for utbygging.

I tråd med NVE sine retningslinjer for flaum- og skredfare i arealplanar skal den reelle skredfaren vere avklart på reguleringsplannivå. Det må derfor gjerast ei nærare vurdering av den reelle skredfaren der denne blir avklart. Inntil den reelle skredfaren er avklart og området er dokumentert som tilstrekkeleg trygg for skred, har fylkesmannen **motsegn** mot reguleringsplanen.

Barn og unge

Det er ikkje vist areal for opphald og leik innafor bustadområda FS1 og FS2. Avstanden til friområda på Notaneset er relativt lang for dei yngre borna (i alderen 4 til 8 år), og inneberer ferdsel langs og kryssing av trafikkert veg. Dersom friområda på Notaneset skal fungere som områdeleikeplass, må det stillast rekkefølgjekrav til opparbeiding.

Ut i frå flyfoto ser det ut til at det vil kunne finnast eigna areal for etablering av nærleikeplass integrert i bustadfeltet. Fylkesmannen saknar ei nærare grunngeving for kvifor ein ikkje har funne eigna areal for nærleikeplass innafor FS2. Det går ikkje fram

korleis plan- og bygningslova sin § 5-1 andre ledd er oppfylt (kommunens ansvar for å sikre aktiv medverknad frå barn og unge).

Det er ikkje stilt krav til detaljregulering før vidare bygging innanfor bustadområda. Det er difor særskilt viktig at planens konsekvensar for born og unge blir betre belyst, og vi oppmodar sterkt om at kommunen gjer ei ny vurdering av areal for nærleikeplass innanfor FS2.

Konklusjon

- ✓ Føresegnene må vise til revidert støyretningslinje T-1442/2012 frå Miljøverndepartementet.
- ✓ Kommunen må gjere ein ny vurdering av om det kan finnast areal eigna for nærleikeplass innafor FS2. Det må stillast rekkjefølgjekrav til opparbeiding av leikeplass innafor friområda på Notaneset.
- ✓ Fylkesmannen reiser **motsegn** til reguleringsplanen inntil den reelle skredfaren er avklart og området er dokumentert som tilstrekkeleg trygg for skred.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
Ass. fylkesmann

Sveinung Dimmen
samordnar

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf: 71258415

Kopi:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde

Statens vegvesen, Region midt

Fiskeridirektoratet - Region Møre og Romsdal, Postboks 185, sentrum, 5804 Bergen

Kystverket Midt-Norge, Serviceboks 2, 6025 Ålesund

NVE - Region vest, Postboks 53, 6801 Førde

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.



Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

cvl

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg nr. 2012/33	Saksbeh. BSS
- 5 DES. 2012	
Ark kode P	L12
Ark kode S	
J nr.	Dok.nr. 77
Kassasjon	

Herøy kommune.
Områderegulering - reguleringsplan for Fosnavåg hamn.
Avklaring av motsegn.

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Samfunnstryggleik

Vi syner til e-post frå Herøy kommune datert 27.11.2012 der fylkesmannen blir oppmoda til å trekke si motsegn mot reguleringsplanen for Fosnavåg hamn. I e-posten blir det vist til reguleringsplanen for Fosnavåg hamn er utarbeidd som ein områderegulering, og at denne planen har føresegn som ivaretar skredfaren i planområdet. Det blir òg vist til at NVE, som fremja motsegn på same grunnlag som fylkesmannen, har trekt motsegna.

Fylkesmannen har med bakgrunn i informasjonen som kjem fram i e-posten vurdert reguleringsplanen på nytt, og kan med dette trekke motsegna. Vi vil likevel, i likskap med NVE, sterkt oppmode til ein gjennomgang av skredfarevurdering på reguleringsplannivå.

Fylkesmannen trekkjer motsegna til områderegulering for Fosnavåg hamn.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)
samordnar

Astrid Buset
overingeniør

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf: 71258415

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Eiksund Eiendom AS
v/Ole Arne Eiksund
Nygårds alle 7
0871 OSLO

21.11.2012

Herøy Kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Innspel til områdeplan for Fosnavåg hamn

Som grunneigar i planområdet har vi følgjande innspel til planarbeidet :

Vi er eigarar av 34/172 og 34/454 og ønskjer i samband med områdereguleringsplanen som no pågår å få endra reguleringsforslaget fra 2.11.2006, der deler av vår tomt 34/454 blei omregulert til grøntområde/park, regulert tilbake til B/F.

Vi har hatt dialog med fleire investorar med interesse for næring/kontorlokaler. Ved full utnytting av tomte vil Fosnavåg havn kunne bli tilført fiskeriretta næringsaktivitetar både i form av kai, kailokaler og fleire etasjer med næring/kontorlokaler/boliger

B/F med lik utnyttingsgrad som Mohamarbygget og det nye hotellet vil gje moglegheit for ei vidareføring av kai og bygningsmasse mot indre hamn. Dette samsvarar også etter vår meining med tanken om å utvikle og ivareta området som ei levande og identitetskapande fiskerihamn.

Investeringa ved å byggje kai og opparbeide tomte vil krevje full utnytting som skissert dersom prosjektet skal kunne realiserast.

Med venleg helsing

Ole Arne Eiksund
Eiksund Eiendom AS



Herøy kommune

Postboks 274

6099 FOSNAVÅG

Telefon: 70 08 60 50

Adresse: 6080 Gurskøy

E-post: kontor@landbrukskontoret.no

Heimeside: www.landbrukskontoret.no

Dykkar ref:
Berit Sandvik Skeide

Vår ref:
AKL

Dato:
22.11.2012

Områdeplan for Fosnavåg hamn i Herøy kommune – innspel til planarbeidet

Vi har ikkje andre innspel enn det vi sende over i samband med planomtalen, sjå under:

I austre kant av reguleringsområdet ligger det ei vestvendt li med planta sitkagran. Grensa for reguleringsområdet går om lag fram til sameige mellom gnr 33 bnr 1,9,10,11 der skogen ligger. Ved planlegging av området for Herøy hamn må det takast omsyn til at skogen ein gong skal hoggast. Det er nærliggande at skogen må hentas ut ned mot hamneområdet. I tillegg må det byggast ein veg for tømmerdrift omtrent slik som den blå lina syner i vedlagde kart.

Eg oppmodar om at det takast omsynet til uttak av dei framtidige tømmerressursane i grensa mot planområdet.

Med helsing


Anne Kathrine Løberg
Landbrukssjef



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	08.10.2012	58283/2012/REGULERINGSPLAN/1515	Kristian Hole Fløtre, 71 25 82 94	22.11.2012

Herøy kommune - områderegulering - reguleringsplan Fosnavåg hamn - offentlig ettersyn - motsegn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Automatisk freda kulturminne

Vi syner til fråsegn til oppstartsvareaset, og har ingen særlege merknader til planen på dette området.

Kulturminne frå nyare tid

Viser til fråsegn til varsel om oppstart datert 22.12.2011. Innspela og grunngjevingane står framleis ved lag.

I skildringa av planforslaget (pkt.7) har vi notert som positivt at "Fosnavåg hamn skal styrkast som identitetsskapande element for Fosnavåg og kommunen". Med kommunen og Fosnavåg si lange og rike fiskerihistorie er dei eldre sjøhusa ved hamna viktige historieforteljande og identitetsskapande element. Det er derfor positivt at ein har sett av ein del av denne eldre bebyggelsen til bevaring.

Tidlegare erfaringar, også frå Fosnavåg, syner at ein må ha litt større, samanhengande miljø dersom slike verneområde skal ha ei sikker framtid. Det er også nødvendig at bygningane får eit sikkert vern gjennom reguleringa. Derfor bør heile område 15 på austsida av vågen (Notaneset) vere omsynssone der alle dei eldre bygningane er markerte med omriss som bygningar som skal takast vare på. Det same gjeld heile område 5 som i gjeldande plan er regulert til spesialområde-bevaringsverdig bygningsmiljø. Her står mellom anna Jens Hansen-buda som tidlegare blei pressa vekk frå eit spesialområde lenger ute i vågen. Begge desse områda må ha reguleringsføresegner som seier at bygningane ikkje kan rivast og at eksteriøra ikkje kan endrast.

Vi har etter dette motsegn til planframlegget framtil omsynssoner og markering av bygningar som skal takast vare på er ivareteke i henhold til merknadane ovanfor.

Barn og unge

Kommunen bør sikre leikeareal for bustadområda i plankartet, slik at ein ivaretek krava i rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser i plansaker. Sjølv om fortettingspotensialet er vurdert som lågt, saknar vi ei meir inngående vurdering av kva som er mogleg innafor formålsområda. Eit alternativ kan vere å syne dagens eigedomsgrenser som juridisk bindande, og at ein gjer greie for omsynet bak

dette i føresegn eller planomtale. Vi ser likevel ikkje grunn til å fremje motsegn i saka, men vil sterkt tilrå at det vert avsett ein sentralt plassert parsell til leikeplass.

Planfagleg vurdering

Planomtalen er grundig og godt illustrert. Det er tydeleg lagt mykje arbeid i å finne gode og akseptable løysingar for alle partar, og vi vil gje ros for medverknadsprosessen som synest å ha vore god. I høve strukturering av planomtalen bør verknader av plana vere eige kapittel, og framheve kva som ligg i plana i forhold til rekkjefølgekraav og moglege konflikter. Dette er eit redaksjonelt grep som vil styrke planomtalen som beslutningsgrunnlag.

Konklusjon

Vi har motsegn til planforslaget når det gjeld omsynssoner og markering av bygningar som skal takast vare på i områda 5 og 15, jf. merknad under nyere tids kulturminner. Vi ber også kommunen vurdere å sette av areal til leikeplass i plankartet.

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Med helsing

Ottar Brage Guttelvik
fylkesrådmann

Ole Helge Haugen
fylkesplansjef

Fagsaksbehandlar

Kulturminne frå nyare tid: Jens Peter Ringstad

Kopi:

Statens vegvesen, Region midt
Kystverket Midt-Norge, Postboks 1502, 6025 Ålesund
NVE - Region vest, Postboks 53, 6801 Førde
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

Herøy kommune
Rådhuset
Postboks 274
6099 Fosnavåg

CMU

(T)

 HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg. nr. 2012/33	Saksbeh. BSS
10 DES. 2012	
Ark. kode P 212	
Ark. kode S	
J. nr.	Dok. nr. 78
Kassasjon	



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		73546/2012/REGULERINGSPLAN/1515	Jens Peter Ringstad, 71 25 88 36	03.12.2012

Områderegulering - reguleringsplan for Fosnavåg hamn. Oppklaring av mistyding om vern av kulturmiljø.

Viser til kontakt pr. e-post om saka.

Vi forstår at vår uttale om omsynssoner for kulturmiljø har vore for upresise. Det skuldast at vi ikkje brukte temakart bevaring av kulturmiljø som var ein del av plandokumenta under arbeid med uttalen i brevet datert 22.11.2012. Forklaringa på det er at sakshandsamer for kulturminne frå nyare tid brukte eit anna saksnr. i ephorte-systemet under sakshandsaminga.

Vi har no studerte temakart for kulturmiljø, plankart og reguleringsføresegner.

PLANKART.

I det forslaget som blei lagt fram er det i teiknforklaringa til plankartet under juridiske linjer vist ein heiltrekt, kraftig strek som omriss for bygg som skal takast vare på. På kartet er symbolet brukt på slipp og mekanisk verkstad som er foreslått til bevaring/museum, på to sjøhus i område N2 og på ei bygning i område NF5.

Vår uttale i brev av 22.11.2012 skal forståast slik at alle dei eldre bygningane i NF5 og NF6 må markerast som bygg som skal takast vare på. Det same gjeld dei to eldre sjøhusa i N1. Bevaringsområde H570-3 må utvidast til å omfatte heile N1 opp til sundet mot Urholmen.

REGULERINGSFØRESEGNER.

For alle dei fem områda som på kartet får omsynssone-kulturmiljø (N1, N2, I Institusjon, NF5 og NF6) må det i reguleringsføresegnene vere med at bygningane som er markert som bygg som skal takast vare på, ikkje kan rivast. Nye bygg kan førast opp som følgje av brann eller naturskade. Eventuelle nybygg i omsynssonene må tilpassast. Dette må også vere med i teksten under I Institusjon under avsnittet om nye bygg.

GRUNNGJEVING.

Viser til kommunen sin intensjonen i planarbeidet om at Fosnavåg hamn skal vere eit identitetsskapande element. Fosnavåg har ei viktig historie som hamn. Frå naturen si side et dette eit beskytta område, men som hamn var vågen ikkje like lett å bruke i seilskutetida, då ein måtte ha vind i segla for å kome ut og inn. Etter at motoren blei teken i bruk til framdrifta av båtane rundt 1900 fekk hamna ei oppblomstring og med periodar med rikt fiske i nærområda har hamna i vågen hatt ein

viktig funksjon for utviklinga av både Herøy-samfunnet og for viktige delar av fiskerinæringa på Nordvestlandet. Fiskeridirektoratet har i brev til Møre og Romsdal fylkeskommune i samband med oppstart av regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi gitt uttale om at Møre og Romsdal har eit særleg ansvar for å sikre ein god dokumentasjon av opphavet til norsk fiskerinæring og ta vare på viktige minne frå sentrale miljø. Fosnavåg som hamn har regional kulturminneverdi. I ytre del av Fosnavåg var det fram til 1980-talet ca 20 eldre bygningar med nær tilknytning til hamna som no er borte. Det er framleis ein del bygningar att i indre del av hamna. Skal ein ta vare på noko av desse verdifulle kulturminna, må ein sikre mest mogleg samanhengande miljø av det som er att. Derfor er det vi meiner at dei nemnde miljøa må vernast.

KONKLUSJON.

Vi opprett held uttalen om motsegn som er gitt i brev av 22.11.2012 når det gjeld omsynsoner (omfang og føresegner) og markering på plankart av bygningar som skal takast vare på i område N1, N2, I institusjon, NF5 og NF6.

Med helsing



Bjørn Ringstad
fylkeskonservator



Jens Peter Ringstad
arkitekt

Fagsaksbehandlar

Kulturminne frå nyare tid: Jens Peter Ringstad

Kopi:

Statens vegvesen, Region midt
Kystverket Midt-Norge, Postboks 1502, 6025 Ålesund
NVE-Region Vest, Postboks 53, 6801 Førde
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her

Vestbas as
Grusholveggen 7
6091 Fosnavåg

Herøy Kommune
Utviklingsavdelinga
P.b. 274
6099 Fosnavåg.

Innspel Fosnavåg Hamn.

Fosnavåg: 21.11.2012	
HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Regnr. 2012/33	Saksbet. BSS
22 NOV. 2012	
Ark kode P	L12
Ark kode S	
J nr.	Dok.nr. 64
Kassasjon	

Vi er eiere av Vestbasbuda 33/99, og er også medeiere i Fosnavåg Notbøteri as.

Vi vil først uttrykke vår store misnøye med planforslaget, der vi registrerer at vår sjøbud blir forsøkt «vernet», ikke i «Sefrak-registeret», men ordlyden i planforslaget er jo ganske lik med de sjøbudene som er Sefrak-fredet.

forfallet kan forklares med at vi de siste 4-5 år har hatt en fremtidig strategi, når økonomien tillater det, om å søke riving av buden, og sette opp en ny, mindre og hensiktsmessig sjøbud, gjerne i gammel sjøbudstil. Tenker da en høy etasje for lagring og vedlikehold av redskaper hvor vi kan bruke truck, pluss hems/møne for f.eks. rederikontor.

Buden i dag består av 3 lave etasjer, der vi ikke får inn en gaffeltruck en gang, så alt må trilles og bæres inn og ut. Det er heller ikke mulig å ta inn fiskeredskaper for reparasjon og lagring. Og det er bare første etasje som er i bruk i dag.

Hvis vi ikke får rive buden, er det et dårlig alternativ igjen: Søke om riving av tilbygg mot øst og sør, som faktisk er det nyeste, men i dårligst forfatning. Nytt tak. Nye dører og vinduer. Ny bordkledning, (skifte ut bølgeblikk til bordkledning i treverk.) I tillegg er der gamle oppmurte fiskekummer innvendig, hvor betongen er i fullstendig oppløsning, og mye av tømmeret er «fuktig» og delvis opprørt, så alle må forstå at å bevare noe sånt ikke er fremtidsrettet i det hele tatt. Det vil bli en veldig kostnad, og vi har fortsatt en like uhensiktsmessig sjøbud, etter restaurering.

Ellers mener vi at langs disse 4 budene v/N1 og N2, egentlig ikke bør ligge båter. Dette fordi sundet er trangt nok fra før, og vi føler med de skipperene som skal ta inn store båter, spesielt ved mye vind. Det har også skjedd flere ganger at når store frysebåter skal laste på indre havn, må vi flytte våres båt som er 9,5m bred. Med denne begrunnelse, syns vi at dette ikke bør reguleres til fiskeriformål, men her bør Kystverket også komme med uttalelse.

For Vestbas AS
Tor Frantsen

1. The first part of the document discusses the importance of maintaining accurate records of all transactions and activities. It emphasizes that this is essential for ensuring transparency and accountability in the organization's operations.

2. The second part of the document outlines the various methods and tools used to collect and analyze data. It highlights the need for consistent data collection procedures and the use of advanced analytical techniques to derive meaningful insights from the data.

3. The third part of the document focuses on the role of technology in data management and analysis. It discusses how modern software solutions can streamline data collection, storage, and processing, thereby improving efficiency and accuracy.

4. The fourth part of the document addresses the challenges associated with data management, such as data quality, security, and privacy. It provides strategies to mitigate these risks and ensure that the data remains reliable and secure throughout its lifecycle.

5. The fifth part of the document concludes by summarizing the key findings and recommendations. It stresses the importance of a data-driven approach in decision-making and the need for continuous monitoring and improvement of the data management process.

Berit Sandvik Skeide

Fra: postmottak
Sendt: 23. november 2012 08:08
Til: Arkiv
Kopi: Berit Sandvik Skeide
Emne: FW: Reguleringsplan Fosnavåg Havn.

Fra: Sindre Thorseth [<mailto:sindre@pbygg.no>]

Sendt: 22. november 2012 17:24

Til: postmottak

Emne: Reguleringsplan Fosnavåg Havn.

Vedr.: REGULERINGSPLAN FOSNAVÅG HAVN.

Viser til planane og føresegnene til nevnte plan.

I denne samanheng representere eg, som hjelpeverge, eigaren av gnr 33, bnr 21, Martin Feie.

Ihht planen er store deler av ytre Nørvåg regulert for spredt bustadbygging.

Det vesentlige av områda har fått ei klam hand over seg, ved at dei no har kome inn under regulert rasfarlig område, og ihht føresegnene skal det da foretakast geologiske undersøkingar før evt tiltak på eigedomane.

Storparten av desse områda er pr dato nytta til bustad føremål, og storparten av bygningsmassa er truleg mellom 50 og 80 år gamal, utan at det er brakt på det reine at her i den perioden har gått ras.

Spesielt gjelder dette ytre del av Nørvågen, bla eigedomen eg her representerer. Området her anses av lokalkjende som risikofritt.

Alder på bygga, generasjonsskifte etc aktualiserer endringer i eksisterande bygningsmasse.

Føresegnene vil, slik dei oppfattast av meg, påføre store kostnader til geologer før endringer kan realiserast.

Som sagt gjeld dette da for heile det merka området, også for dei områda som klart framstår som risikofrie.

Desse burd framstå "reine" i planen.

Eg har forståelse for at kommunen i denne samanheng har eit "pålegg" om å få dette med i planen, dersom ein skal unngå motsegn.

Det eg da foreslår, er at kommunen tek med i føresegnene at arbeidet med å "frigi" areala vert oppstarta umiddelbart for kommunen si rekning, ved at det vert engasjert geologer for dette.

Alternativt, at kommunen i kvar enkelt sak, og utan utsetjing, engasjerer og tek kostnadane med geologisk undersøking.

Eg håper dette på eit eller anna vis kan kome med i det vidare planarbeidet.

I motsett fall må dette oppfattast som ei klage.

Med venleg helsing

Sindre Thorseth,
6092 Fosnavåg.
91588915
www.pbe-portalen.no

6090 FOSNAVÅG

VEDR. OMRÅDEPLAN FOR FOSNAVÅG HAVN

Som grunneiere i området tillater vi oss å komme med noen innspill i reguleringsprosessen. Vi skriver dette brevet felles som beboere og grunneiere i området, men også på vegne av fa. Goksør Eiendom AS der vi representerer dette firmaets interesser.

Som eiere i området Notaneset (33/8) mener vi at dette området bør få status som bolig/turistområde, noe som også er indikert i planutkastet.

Tilsvarende tanker har vi om parsellen 33/1 f1og2 der vi har gjort kjøpsavtale med grunneier.

Denne parsellen ser vi i sammenheng med eiendommen 33/4 der vi er grunneiger.

Vi motsetter oss sterkt forslaget der parsellen 33/1 f.1 og 2 er avsatt til friområde (mrk. FR11)

Vi støtter ideen om småbåthamn med utlegg av flytebrygger utenfor denne parsellen.

Fosnavåg 22. november 2012

Synnøve Goksør

Jørn Magnussen

Kari G. Lindal

Terje Lindal

Herøy Fiskarlag
v/Arve Myklebust
Sævik
6094 Leinøy

Nordsjøen/Leinøy 23.11.2012

Herøy Kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Offentleg ettersyn områdeplan for Fosnavåg havn

Herøy Fiskarlag er tilfreds med at det no vert igangsett planarbeid for å take i vare omsynet til at Fosnavåg havn også framtida skal fungere og utvikle seg som fiskerihavn.

Ei av målsettinga med planarbeidet er å få dette godkjent hjå Kystverket, slik at ein sikrar fiskerihavnstatusen for framtida, og som fylgje av dette kan få tilgang sårt tiltrengte midlar for utdjuping av havna.

Herøy Fiskarlag har ved tidlegare høve peikt på fiskarane og fiskerirelaterte næringar i havna sine målsetjingar for framtidig eksistens i havna, og samspelet mellom forskjellige interesser innafor havneområdet. Vi viser her til brev frå Herøy Fiskarlag til Herøy kommune datert januar 2012.

Herøy Fiskarlag er tilfreds med at reguleringa av landområda rundt indre havnebaseng i grove trekk vert planlagde til industriføremål.

Eit viktig mål for fiskarane er at dei som ynsker å etablere seg, eller allereie er etablert med fiskerirelatert verksemd i havneområdet får det naudsynte armslag for å utvikle si verksemd. All slik verksemd vil være viktig for den framtidige eksistensen som fiskerihavn. Herøy Fiskarlag finn dette målet lite foreinleg med det som i områdeplanen vert skildra som «spesialområde med bevaringsverdig bygningsmiljø med fiskebruk/maritimt retta aktivitetar». Det viktig å ta vare på gamal kystkultur, men dette er svært ofte ikkje foreinleg med moderne drift som skal til for å opprettehalde verksemd, og det er difor svært viktig fiskeri, eller maritimt retta aktivitetar ikkje vert bandlagde av vern innanfor fiskerihavna.

Vidare vurderer fiskarlaget den planlagde promenaden rundt heile havnebassenget som lite foreineleg med fiskerelatert verksemd slik som Fosnavåg Seafood sin ISPS status, fiskemottaksverksemd, og all anna handtering og lagring av fiskereiskapar på sjøeigdomane rundt havna.

Utover dette vil Herøy Fiskarlag igjen peike på at all fiskerelatert verksemd i havna kan føre til ulemper slik som, støy, sjøgang og lukt til omgjevnadane. Likevel er det etter vår vurdering slik at det er denne type verksemd som er med på å gjere havnemiljøet i Fosnavåg unikt, og salgbart overfor omgjevnadane.

Herøy Fiskarlag

Arve Myklebust

Eilert Geir Kvalsvik

Berit Sandvik Skeide

Fra: postmottak
Sendt: 23. november 2012 15:51
Til: Arkiv
Kopi: Berit Sandvik Skeide
Emne: FW: Områdeplan for Fosnavåg hamn.

Fra: Kjell Nørvåg [<mailto:kjell@fosnot.no>]
Sendt: 23. november 2012 15:51
Til: postmottak
Emne: Områdeplan for Fosnavåg hamn.

FOSNAVÅG FISKERIHAMN – MERKNADER TIL PLANARBEID. Kommunal sak 2012/33.

Som drivarar og eigarar av industrianlegg i Fosnavåg hamn, er det naturlegvis forholde framom kaikanten, vi også er opptekne av.

Vi er per dato, ei av to bedrifter som i dag har et vesentlig anløp av større og mindre fiskefarty. For oss er det avgjerande at Fosnavåg Hamn framleis beheld status som fiskerihamn. Dette fordi, slik vi oppfattar det, er einaste muligheita for at det kan skje ei oppgradering av hamna. Med dette meinar vi fyrst og fremst ei nødvendig utdjuping.

Slik vi ser det, vil ein kommunal vedteken reguleringsplan, gi eit klart svar til sentrale hamnemyndigheiter om ein ynskjer at denne delen av Fosnavåg hamn skal behaldast og utviklast.

Vi er i et område av hamna som på plan er definert som industriområde. I orienterande møte på Herøy Rådhus om reguleringa, vart det også i dette området, fokusert ein del på fleirbruk. Blant anna promenade mot sjø, i eit, etter vår meining, alt for vidt område av hamna. Og at det vidare på planskisse, er definerte område som småbåthamn. Med det vi kjenner tiler slike anlegg utlagde med dispensasjon. Blant anna her med oss.

Vi synes at dette, viss dette kjem inn i planenforslag, vil gi uheldige signal i forhold til status, og det vi er mest opptekne av, tildeling av midlar for utdjuping.

Det er vel litt perifert i forhold til saka, men vi er kjent med at ein del av bygningsmassen i hamneområdet på eit vis er «freda», eller i alle fall bandlagt med hensyn til renovering eller fornying. Vi oppfattar det slik at eigarane av desse budene er klare til å gjere grep. Dette for at eige-domane skal bli tjenelige og få bruksverdi. Og ikkje minst, sjå bra ut.

Etter vårt skjøn bør det frå kommunalt hald arbeidast med dette. Dette for at Fosnavåg også skal verte nokonlunde mot sjøsida.

Med helsing
Fosnavåg Notbøteri AS
Kjell Nørvåg



KYSTVERKET

Midt-Norge

Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Sendt pr e-post

Deres ref:
2012/33 L12

Vår ref:
2011/6157-13

Arkiv nr:
413.2

Saksbehandler:
Oddbjørn Sæther

Dato:
28.02.2013

Høringsuttalelse - Områderegeringsplan Fosnavåg hamn - Herøy kommune - Møre og Romsdal fylke

Viser til oversendinger pr e-post 9.10.2012, purring samt tidligere møte med Herøy kommune.

Vi beklager at vi av kapasitetsmessige årsaker ikke har hatt anledning til uttale oss i saken.

Etter vedtak i Herøy formannskap 2.10.2012 sak nr 285, ble områderegeringsplan for Fosnavåg hamn lagt ut til offentlig ettersyn/sendt på høring.

Av planomtalen er siktemålet å avklare framtidig bruk av havna samt å ivareta hensynet til at havna også i framtida skal fungere og utvikle seg som fiskerihavn. Fosnavåg havn skal styrkast som identitetsskapende element for Fosnavåg og kommunen.

Planen omfatter sjøarealet i indre del av fiskerihavna samt deler av sjøarealet fra den opprinnelige ytre del av fiskerihavna som etter tilstøtende reguleringsplaner omkranses av sentrumsbebyggelse.

Sjøarealet og storparten av det sjønære landarealet faller inn under de areal som pr dato omfattes av, og har betydning for videre utvikling av Fosnavåg som fiskerihavn. Ytre deler av de opprinnelige sjø og landareala tilknyttet fiskerihavnen er tidligere omregulert til sentrums-/boligformål. Den nå forelagte planen skal ivareta den framtidige fiskerimessige delen av Fosnavåg, med hovedvekt på den indre vågen, samt innseilingsrennen gjennom eksisterende og planlagt sentrumsbebyggelse.

Staten har med fiskerimidler forestått større utdypingsarbeid i 1932, 1964, 1970 og 1994 med mindre vedlikeholdsmudringer i mellomperioder. Videre er det foretatt kaibygging i midtre del i 1964 og gitt tilskudd til kommunal fiskerikai i indre vågen i 1985. Totalt er det foretatt statlige investeringer for 57 mill (2007-kroner) fram til 1994. Som vanlig prosedyre ved slike utbygginger ble det innhentet grunneiererklæringer med klausuleringer på ledige landareal til allmennings- og fiskeriformål langs indre vågen og i ytre havn.

Ytre deler av havnen med tidligere fiskeribedrifter og areal klausulert til fiskeriformål er etter privat og kommunalt ønske, omregulert til andre formål. Da med krav fra Kystverket om nyregulering og avsetting av erstattende areal i midtre og indre del av havnen. Kystverket har ikke ansvar for havneutbygginger og/eller videre drift-/vedlikehold av slike til konkurrerende formål/bruk.

Midt-Norge - Plan- og kystforvaltningsavdelingen

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: +47 07847
Telefaks: +47 70 23 10 08
Bankgiro: 7694 05 06766

Internett: www.kystverket.no
E-post: post@kystverket.no
Org.nr.: NO 970 237 372

Den forelagte planen legger særlig vekt på at indre del (vågen) ønskes utdypet slik at større/mer dyptgående fartøy skal kunne benytte eksisterende både leveringssted og fiskevegnbedrift stasjonert her. Kommunen har tidligere bygget fiskerikai i vågen med tilskudd fra Kystverket. Kaia erstatter Kystverkets eldre kai som lå i søndre del av ny kai. Dybdeforholda ved den nye fiskerikaia er delvis mindre enn generell dybde i vågen og bør vurderes nøyer med tanke på å kunne betjene flere fartøygrupper.

Kostnader til videre statlige investeringer som bl.a utdypingstiltak må stå i forhold til nytteverdien. Kommunen har derfor i områdereguleringen forutsatt at det meste av sjønært areal er gitt kategorier av næringsretta fiskeri og fiskeriretta bruk, en bruk Kystverket forutsetter blir strengt ivaretatt, uten dermed at all virksomhet skal være rene fiskeriformål, men likevel med overvekt av slik. Alternativ innhenting av nye grunneiererklæringer eller på annet vis binding av areal i offentlig eierskap antas å være mindre aktuelt. Dette begrunnet i at svært mye av arealet i dag er bebygd, i hovedsak eiet av 3 bedrifter, og således ikke ligger klart for eksempelvis andre nyetableringer. Innsigelsen til planen fra Fylkesmannen på bakgrunn av manglende skredfarevurdering er også moment som Kystverket må ta med i våre vurderinger når slik dokumentasjon mottas, og før tiltak i havnebassenget tas opp til sluttvurdering med tanke på omfang/behov for utdyping. Skredsikkerhet kan også ha betydning for bruken av bygningsmasse for de større eiendomsbesitterne av sjønært areal i indre del som tidlig i planprosessen ytret ønsker om bolig-/kontorbruk mm for sine områder, men senere avstått fra ønsket.

Kystverket kan ikke se at planen medfører noen vesentlige utvidelser av ubebygd areal avsatt til ren fiskeribruk, til erstatning for de som er omregulert i ytre del av fiskerihavna.

Dette er en områdeplan med krav om senere detaljplaner, men overgangen mellom land og sjø bindes i denne planen opp i bestemte langstrakte kailinjer. Det er ikke planlagt innsmett for mindre fartøy på tvers (i enden av kaiene / mellom bestemte kailengder). Kaifrontlinjene vil være retningsgivende for hvor nært eventuelle utdypinger bør skje.

Eldre næringsbygg (lager-/fiskeribbygg) dels fra 1800-talet langs østsiden av innseilingen, samt enkeltbygg på vestsiden (nord for fiskerikaia), er foreslått med bevaring og kan derav medføre mindre tjenlige areal til bruk for fiskeriformål. Vi forutsetter at disse fortsatt skal ha næringsformål for fiskeri. Etter vår mening kunne Urdholmsundet med landområdet sør for sundet inkl. område N1 (eller del av N1) danne et område for småskala fiskeriformål, men er i planen foreslått med annen arealbruk NT. Sjøarealet her er gitt formål Ferdsel, ulikt øvrige havna som benevnes Havneområde sjø. Med noe utdyping kunne dette også ha gitt erstattende kaiplass for bl.a fartøy tilknyttet bruken av næringsbygg (Lager/sjøbod) på N1, som i dag har kai med fortøyningsplass i den ellers smale innseilingen til vågen. Her bør behovet for eventuell utdyping i indre del for større fartøy også vektlegges opp mot farbarhet og sikkerhet i innseilingen. Hvorvidt Staten ved Kystverket som i dag skal behandle tiltak i hele den gamle fiskerihavna (fra utløp i nord via nye sentrum og til indre vågen til innerst) eller om innseilingen med sentrumspreget sideareal i sjø og på land, bør sterkere styres av lokal havnemyndighet i framtida, går ikke klart fram av arealplaner. Dette bør det konkret tas stilling til i forbindelse med, eller senest før nye statlige tiltak gjennomføres. Konkret vil det gjelde hva som skal anses som fiskerihavn med staten som myndighetsutøver i framtidige tiltakssaker på sjø og sjønært areal og hva som skal tilligge lokal havnemyndighet.

Som for nordre del av Notaneset bør kommunen etter vår mening også vurdere søndre del av neset (vest for slippet) som rene areal for fiskeriformål, da mest med tanke på mindre enheter som lagerbygg /sjøboder med kaifront. Kombinasjon med slippområdet, småkaier og dels småbåtanlegg med turveg bakom vil området kunne være mer attraktivt enn det foreslåtte friområdet med steinfront/promenade.

Ellers må formålet "Naust" (bygninger med opphal/stø) som er brukt i plan, bestemmelser og planomtale rettes opp til næringsformål "Lager" (sjøbod). Naust er en bygning med opphal/stø og ikke forenlig med kaier/kaikanter.

Tilsvarende bør det som er av ledig (byggeklaart) areal benevnt "Hamn (land)" bak den etablerte fiskerikaia tas opp til ny vurdering. Bestemmelsene her bør si at innenfor viste byggegrenser kan det oppføres lagerbygg til redskap/vegn for fiskeriregistrerte fartøy og til havnebygg for lagring av varer/gods til/fra kaia. Dette er det eneste arealet som kan anses som ubebygget og rimelig klart for en nyetablerer der offentlig fiskerikai er lett tilgjengelig og kan benyttes. Bestemmelsene slik de er nå, vil ikke være til hinder for fulleablering av konkurrerende andre virksomheter, med en kai finansiert til fiskeriformål.

Område o_SA1 "Privat småbåtanlegg" i sentrum (i nordre del av planen) er det iflg planomtalen lagt ut flytebrygger og disse inngår i planen og er i privat eige. Normalt krever Kystverket at delområder i fiskerihavnebasseng, og hvor det kan tillates flytebryggeanlegg, skal benevnes "Havneområde i sjø" som det resterende havnebassenget, men da med åpning for å definere slike områder som delområder, f.eks o_HA1, ...2,.... 3 osv med ulike bestemmelser. I slike områder gis det normalt 5års-løyver for småbåtanlegg, for til enhver tid å kunne revurdere bruken i forhold til de øvrige tilhøva som skal ivaretas i havna. Vilkår er da normalt også at fiskeriregistrerte båter skal ha fortrinnsrett til bruk. Vi anbefaler at formålet endres med dette som formål. Uansett vil bruken være av betydning for Kystverkets anlegg og skal behandles etter hfl § 28 så lenge også innløpet og innseilingen er en del av fiskerihavna.

Bestemmelsene:

§ 2 (Andre bestemmelser) bør følgende tilføyes:

"Tiltak i sjø og på tilgrensende landområde har betydning for fiskerihavna og skal forelegges Kystverket (jfr havne og farvannsloven § 28)".

§4 Reguleringsformål

Bygninger og anlegg

Småbåthavn i sjø, SA: - flyttes fra byggeformål til havneformål HA2, med bestemmelse; Etter søknad kan det tillates flytebryggeanlegg med nødvendig forankring/fortøyning (nevnt over)

Naust, N: - endres til "Lager/ sjøbod" og som næringsformål (nevnt over)

Bruk og vern av sjø

"Anna kombinert område, Kai/Promenade, KPR" bør fjernes eller også vises i plankart og tegnforklaring.

SH (småbåthavn) ved slippen endres til Havneområde HA1, med bestemmelse; Etter søknad kan det tillates flytebryggeanlegg med nødvendig forankring/fortøyning (nevnt over).

§ 5 Fellesføresegner

Under pkt d) - detaljreguleringsplanen skal vise - Her bør følgende kulepunkt tilføyes:

- Kaifronter og fyllingstopp samt fyllingsfot på sjøbunn.
- Eventuelle manglende byggegrenser mot sjø i områdeplan.

Under pkt j) – andre avsnitt bør endres som følger: *"Ved lyssetting i planområdet skal det spesielt tas hensyn til blendingsfaren. Så langt råd skal lyskilder rettes ned og bort fra havnebassenget".*

Under pkt k): endres som følger:

Tiltak i havna skal legges fram for Kystverket til godkjenning (jfr hfl § 28).

Under pkt f) og g):

Benevning "Naust er kommentert ovenfor. Kombinasjon med kai foran er vel neppe tjenlig. Lager/sjøbod bør vurderes.

Vi antar at fiskeriformål ikke er utelatt. Vi registrerer at leilighetsutbygger like nord for NF6 og friområdet også ønsker å bygge ut tomta sørover til leiligheter. Området rett nord for friområdet er klausulert til fiskeriformål i forb. med tidligere statlige tiltak i havna.

Under pkt h):

Område o_ FE2 (Ferdsel) i Urdholmsundet er kommentert ovenfor. Det er ikke lagt inn under havneområde sjø som den øvrige del av fiskerihavna som i planen omfatter både innseilinga og vågen som havneområde. Tilgrensende tiltaksområder har ikke antydninger av fiskeritilknytning, verken i tidligere regulering nord for området eller nå sør for området. Kystverket kan ikke se at nye tiltak i statlig regi vil være aktuelt for dette sjøområdet

§9 Samferdselsanlegg og tekn infrastruktur ...

Under pkt b) – Hamn (på land) H – dette er kommentert ovenfor.

H skal være off. havneareal og skal kunne bebygges med havnebygg for vare/godslevering via kai og utleigetomter for lagerbygg til bruk for mindre fiskefartøy til redskap og vegn.

For tiltak i området se hfl § 27 og § 28.

Havneområdet skal holdes fritt for

Før utbygging innafor området

Under pkt c)

Vi kan ikke se at det er samsvar mellom Kai 1, Kai 2 i kart og bestemmelser. Hvilken småbåthavn det her er snakk om er heller ikke klart. Dette må rettes.

For øvrig vil vi ikke motsette oss benker og mindre innretninger knyttet til kaiformålet, men vil ikke kunne akseptere møblering som nevnt dersom det her tenkes softice-kaier.

Vi er var på knipetangseffekten der sentrumsbebyggelsen strekker seg lenger og lenger inn i industri/fiskeridelen fra vest og de siste åra også inn fra nordvest.

§ 12 Bruk og vern av sjø

Tredje avsnitt: Siste setning kan strykes. Det gjelder alle tiltak i sjø og er omfattet av første setningen i avsnittet.

Den kan for øvrig nevnes at det også gjelder på land dersom det har betydning for havna og havnebruken.

Fjerde, femte og sjette avsnitt er kommentert ovenfor og gjentas ikke her.

§ 19

Pkt f) er kommentert ovenfor og må i så fall samkjøres.


Med hilsen

Børre Tennfjord
Avdelingssjef

Oddbjørn Sæther
Senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendt pr e-post.

Vedlegg: Skisse for å synliggjøre muligheter sør på Notaneset v/slippen.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OMR	Arkivsaknr:	2012/7
		Arkiv:	143

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
107/13	Formannskapet	18.06.2013
	Kommunestyret	27.06.2013

KOMMUNEPLAN FOR HERØY 2013-2025, SAMFUNNSDELEN - UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Tilråding:

Kommunestyret vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 11-14, at forslag til *Kommuneplan for Herøy 2013-20125 Samfunnsdel* skal leggest ut til offentlig ettersyn i minst seks veker.

Særutskrift:

Vedlegg:

Kommuneplan for Herøy 2013-2025 Samfunnsdelen

Saksopplysningar:

Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sitt øvste leiande dokument og skal ta føre seg dei langsiktige målsettingane for kommunen og samfunnet. Kommunen pliktar, jf. plan- og bygningslova § 11, å ha ein samla kommuneplan som skal ta vare på både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver.

Kommuneplanen sin samfunnsdel tek føre seg langsiktige målsettingar, politikarane sine utvalde satsingsområder for utvikling av lokalsamfunnet og gjennomgåande perspektiv dei ynskjer kommunen skal arbeide etter for å nå måla. I kommuneplanen sin samfunnsdel er det peika ut seks gjennomgåande perspektiv og fem satsingsområde som kommunen ynskjer skal prioriterast i planperioden.

I arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel er det gjennomført eit "foresightprosjekt" der kommunen engasjerte Berrefjord & Thomassen som prosessleiar og ansvarleg for utarbeiding av grunnlagsdokument for arbeidet. Det vart gjennomført tre "dialogmøter" der det var lagt sterk vekt på medverknad og møta var opne for alle. Det vart sendt ut eigen invitasjon til kommunestyremedlemene, alle råd og utval, grendelag, næringsliv og det vart annonsert på internett og i avisa. Resultatet av "foresightprosjektet" er rapporten *Herøy 2025* som viser moglegheiter og trugslar for Herøysamfunnet fram mot 2025 med deltakarane sine forslag til målsettingar og tiltak.

Rapporten *Herøy 2025* var gjenstand for diskusjon i kommunestyret 7.5.2012 der politikarane og næringslivet som møtte vart utfordra på innhaldet i rapporten og fekk oppgåver knytt til å konkretisere innhaldet og prioritere det dei meinte var dei viktigaste satsingsområda. Det same vart gjort i rådmannen si leiargruppe 12.6.2012 der leiarane hadde førebudd seg på innhaldet og til å ta ein diskusjon knytt opp mot innhaldet i rapporten. Leiarane fekk høve til å kome med skriftlege innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel i etterkant av leiarmøtet. Basert på dokumenta *Herøy 2025*, *innspel frå kommunestyret 7.5* og *innspel frå leiargruppa 12.6* har ein utarbeidd forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel.

Herøy sin visjon:

«Herøy – ei båtlengd føre». På det første møtet i «forsight-prosjektet» var Herøy sin visjon tema og ein vurderte grunnlaget for visjonen og om ein vedkjem seg visjonen slik det er vedteken. Ein fekk der stadfesta frå dei frammøtte at det er ein offensiv visjon og at den knyt saman Herøy si historie og framtid som skalper både identitet og styrkar felleskjensla.

Herøy sin misjon:

«Herøy – ei attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i» er *misjonen* til kommunen eller hovudmålsettinga. Målsettinga utfyller visjonen og talar til innbyggjarane i kommunen og seier noko om korleis vi ynskjer å bli oppfatta blant våre eigne innbyggjarar, men også korleis vi ynskjer å bli oppfatta av dei som ikkje bur her.

Overordna målsettingar for kommunen:

For Herøy kommune vil ein vidareføre dei overordna målsettingane som var i førre kommuneplan. Målsettingane for kommunen som organisasjon og samfunn:

- Trivsel
- Miljø
- Samhald
- Nyskaping

Styringsprinsipp for kommunen:

Styringsprinsippa byggjer på dei overordna måla og Herøy kommune vil nytte fylgjande styringsprinsipp som rammer for korleis ein skal arbeide vidare:

- Samhandling
- Kommunikasjon
- Medverknad
- Nytenking

Målsettingar for lokalsamfunnet og Herøy kommune:

Målsettingane er slik kommunen ynskjer at innbyggjarane skal oppleve kommunen som lokalsamfunn og der kommunen som organisasjon spelar ei viktig rolle.

- Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggjar for trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar og tenesteytar.
- Herøy kommune skal vere ein trygg kommune for alle som bur og oppheld seg i kommunen, og kommunen skal ha god beredskap mot aktuelle kriser og uønska hendingar.
- Den administrative leiinga og samarbeidspartar skal oppleve kommunen som open og aktiv til samarbeid og omstilling.
- Herøy kommune skal ha godt omdøme.

Seks gjennomgåande perspektiv:

Gjennom planprosessen har ein kome til at det er behov for å setje ned nokre perspektiv for kommunen som skal vere gjennomgåande i satsingsområda til kommunen og all kommunal aktivitet. Dei gjennomgåande perspektiva skal medverke til heilskapleg planlegging og tverrfagleg arbeid på tvers av satsingsområda.

- Universell utforming
- Folkehelse
- Barn og unge
- Likestilling
- Verdiskaping
- Miljø og klima

Fem satsingsområder:

- Heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling
- Infrastruktur
- Kompetanse og næringsutvikling
- Rekruttering, busetting og inkludering
- Barn, unge og identitetsbygging

Handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel:

Satsingsområde og tiltak	
Heilskapleg sentrum- og samfunnsutvikling	
1	Arkitektkonkurransse og reguleringsplan for <i>Byutviklingsprosjektet</i> skal realiserast i planperioden.
2	Kommunen skal legge til rette for etablering av nytt omsorgssenter.
3	Det skal leggast til rette for kjøpesenter i sentrum.
4	Kommunen skal halde på nisjebutikkane i sentrum.
5	Kommunen vil sikre at grunnplanet på bygningar i Fosnavåg i størst mogleg grad er forbeholdt detaljhandel.
6	Det skal leggast til rette for næringsverksemd retta mot turisme i Fosnavåg
7	Det skal etablerast områder for fritidsbustadar med tilknytning til sentrum og sjøen.
8	Felles kantine for arbeidsplassane i Fosnavåg. Samle offentlege og private tilsette i eit «allbrukshus» i Fosnavåg.
9	Etablere sosiale møtestadar i sentrum med sitjeplassar og leikeområde.
10	Utvikle «lokket» ved allmeningskaia til å bli ein urban leikeplass.
11	Gjere delar av sentrum bilfritt.
12	Det skal leggast til rette for bustadbygging i alle bygdelag.
13	Etablere eit eldresenter i sentrum.
14	Byggje ungdomsbustadar i sentrum
15	Kommunen skal opparbeide seg tilstrekkeleg kommunal bustadmasse for å dekkje egne behov.
16	Det skal leggast til rette for detaljhandel og plasskrevjande varer i Myrvåg.
17	Utvikle grøntområder i sentrum og aktivisere Parken.
18	Utvikle kai og strandområdet på Leikong.
19	Vidareutvikle Heid tursti og området rundt.
20	Opparbeide trapp frå Ura til Heid.
21	Vidareutvikle og betre turstien rundt Djupvikvatnet.
22	Promotere tilbodet om bygdevandring med lokalhistorikar i tilknytning til dei årlege festivalane.
23	Flytte vidaregåande skule til sentrum.
Infrastruktur	
1	Etablere hurtigbåtanløp: Fosnavåg – Ålesund.
2	Etablere hurtigrutekai i Fosnavåg.
3	Skape ei meir framtidsretta løysing for kryssing av Vaulane mellom Bergsøya – Nerlandsøya og Leinøya – Remøya.
4	Busetting skal etablerast i størst mogleg grad i tilknytning til kommunikasjonsaksane i kommunen.
5	Kommunen skal ha eit tettare samarbeid med nabokommunane om infrastrukturutvikling.
6	Arbeide for ei realisering av Hafast.
7	Etablere gangsti rundt Myklebustvatnet.
8	Vurdere innføring av hamneavgift.
9	Realisere eit samband mellom Vågsholmen og sentrum.
10	Mudring av Fosnavåg hamn.
11	Starte opp arbeid med opprusting av Dragsundbrua saman med Ulstein kommune
12	Starte opp arbeid med ny veg frå Koppen, langs sørsida av Skinnset og bru over

	Frøystadvågen til Mjølstadneset.
13	Realisering av innfartsveg til Fosnavåg.
14	Det skal vere god standard på dei kommunale vegane gjennom forsvarleg vedlikehald.
15	Herøy kommune skal arbeide for ein ferjefri kyststamveg.
16	Herøy kommune skal leggje til rette for at bygdelag kan etablere gangstiar og helseløyper for å fremje folkehelsa.
17	Vurdere organisatorisk overtaking av vassverka.
18	Utbetre kloakktilhøva ved Fosnavåg hamn.
19	Organisere reinhald i sentrum.
20	Planlegge og byggje ut ei samanhengande hamnepromenade frå indre til ytre del av Vågen.
21	Etablere ei ordning med bybuss og buss mellom bygdene og sentrum for barn, ungdom, eldre og mennesker med nedsett funksjonsevne.
22	Betre tilkomsten til Fosnavåg, fjerne «flaskehalsar».
23	Tilrettelegging for å nytte masseuttak og deponi på ein forsvarleg måte.
Kompetanse og næringsutvikling	
1	Herøy kommune skal bygge sterke fagmiljø i organisasjonen.
2	Skape kopling mellom næringslivet i Herøy og kompetansemiljøa i Volda og Ålesund.
3	Synleggjere og satse på høgt utdanna kvinner.
4	Vidareutvikle næringsbygg for utleige.
5	Felles næringshage for unge gründerar.
6	Mobilisere og bygge opp under eldsjeler.
7	Sterkare satsing på «ungt entreprenørskap» i skulen.
8	Satse på miljøvenleg turismeretta næring.
9	Utvikle strategisk handlingsplan for å knyte forretning mot dei kreative og kunstneriske kreftene i kommunen.
10	Styrke den internasjonale orienteringa innan den vidaregåande skulen.
11	Behalde og vidareutvikle utdanningsprogram på Herøy vidaregåande skule som dekkjer den lokale og regionale arbeidsmarknaden sine behov.
12	Styrke spisskompetansen innan næringsutvikling i kommunen og etablere stilling som «nærings sjef».
13	Legge til rette for gode næringsareal.
14	Bevare og vidareutvikle havbruksnæringa.
15	Etablere eit inkubasjonsmiljø for å trekke til seg høgt utdanna arbeidskraft.
16	Ta i bruk ny teknologi innan helse- og omsorg.
17	God drift og vedlikehald av kommunal bygningsmasse.
18	Kulturhuset skal renoverast i planperioden.
19	Kulturhuset skal utviklast til eit «kompetansesenter» for kreative krefter.
20	Herøy VGS skal bestå med fag knytt til lokalt næringsliv som er attraktivt for jenter.
21	Herøy VGS skal vere ein attraktiv arbeidsplass med tilsette med høgteknologisk kompetanse innan helse og maritim sektor.
22	Vere med i eit felles prosjekt for Søre Sunnmøre om felles arbeidsmarknadstrategi og utarbeide informasjonsbrosjyre til studentar ved vidaregåande og høgskule.
Rekruttering, busetting og inkludering	
1	Herøy kommune skal vere aktivt ute og nytte tradisjonelle og utradisjonelle

	arenaer for å nå dei rette målgruppene og promotere kommunen som ein attraktiv bu- og arbeidsstad.
2	Nytte den kompetansen som arbeidsinnvandrarak har med seg frå heimlandet.
3	Rekruttere høgt utdanna arbeidskraft frå utlandet og Noreg til kommunen.
4	Det skal vere god kvalitet på norskopplæringa til innvandrarak.
5	Fremje arbeid, bustad og serviceregionen med fokus på den arbeidsmarknaden som er tilgjengeleg.
6	Langsiktig satsing på ungdommen som framtidig arbeidskraft og kompetanse.
7	Etablere ein vennskapsby i td. Litauen, Latvia, Estland eller Polen.
8	Tilflyttarak skal kunne busette seg både i Fosnavåg og på bygdene.
9	Der skal vere attraktive tomter i alle bygdelag.
10	Bustadmarknaden i Myrvåg skal vidareutviklast.
11	Bulystprosjektet skal auke kunnskapen knytt til andre kulturar og forholdet til innvandring.
12	Talet på arbeidsinnvandrarak som vel å busette seg i kommunen skal aukast.
13	Drive opplysningsarbeid og spreie informasjon om moglegheiter for stipend og andre ordningar.
14	Styrke samarbeidet mellom næringslivet og vidaregåande skule om td. simulatoropplæring.
15	Få tilbake utdanningsprogramet teknisk teikning ved Herøy VGS.
16	Utveksle vidaregåande elevar med utlandet og ta i mot utvekslingselevar frå andre land.
17	Meir aktiv oppfølging av Herøyværingar som reiser ut for å ta utdanning.
Barn, unge og identitetsbygging	
1	Barnehage og skule skal inkludere alle barn og unge på ein god måte med tilrettelagt informasjonsmatriell.
2	Kommunen skal ha god dekning av helsetenester for alle barn og unge.
3	Kommunen skal intervernere tidleg der barn og unge har problem.
4	Rekruttere personar med førskulelæruddanning i alle pedagogiske stillingar i barnehagane.
5	Kommunen vil arbeide for å få fleire profesjonar innan barnehage og skule.
6	Auke og vidareutvikle kompetansen til dei tilsette i barnehagane.
7	Utarbeide tiltak for å imøtekomme krava til fysisk utforming av barnehagar og skulebygg.
8	Styrke spesialisering innan barnevern.
9	Auke og vidareutvikle kompetansen til lærarak og førskulelærarak.
10	Tydeleggjere samanhengane mellom barns oppvekst, skule, vidaregåande og inngangen til arbeidslivet.
11	Ta i bruk ny teknologi i barnehage og skule.
12	Herøy kommune vil leggje til rette for at barn og unge får informasjon om Herøy si fortid og notid og etablerar ein indentitetskjennele til kommunen.
13	Etablere ordning med ungdomsbuss på kvelds-/ nattetid.
14	Innføre kinesisk som valfag i skulen.
15	Styrke yrkesretteiinga i skulen mot lokale bedrifter.
16	Ny skule i området ved Blåhaugen.
17	Rekruttere fleire mannlege rollemodellar i barnehage og skule.
18	Planlegge ny idrettshall ved Einedalen skule.
19	Etablere moderne badeplassar.

Vurdering:

Kommuneplanen sin samfunnsdel slik han ligg føre er endra ein god del frå slik han tidlegare har vore. I prosessen med utarbeiding av kommuneplanen sin samfunnsdel har ein valt å gå vekk frå å omtale alle einingane i detalj slik det tidlegare har vore, men sett fokus på visjon, misjon, målsettingar, styringsprinsipp, gjennomgåande perspektiv og satsingsområde. Kvar satsingsområde har ein del som skildrar satsingsområdet og kva som fell inn under det einskilde satsingsområdet før ein har *målsettingar for Herøy kommune og strategiar for å nå målsettingane*.

Det har kome inn innspel i planprosessen om å endre kommunen si overordna målsetting/misjonen som er gjeldande:

- «Herøy – ei attraktiv kommune å bu og arbeide i»

Endre denne til:

- «Herøy – ei attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i».

Dette forslaget er teke med då kommunen har uttalt at ein ynskjer å satse på turisme og reiseliv. Ein vil då presisere at Herøy også er ei attraktivt kommune å besøkje som turist.

Kommunen har i sine årsrapportar hatt fylgjande som ei av sine målsettingar:

- Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggjar for trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar.

Det har kome inn innspel på å leggje til «og tenesteytar.» på slutten av målsettinga. Dette er på grunn av at i årsrapportane er det delt mellom «tenester» og «lokalsamfunn». I kommuneplanen har ein ikkje denne delinga og ein vil difor ta med at lokalsamfunnet også skal vere tilfredse med kommunen som tenesteytar. Ny målsetting vert difor:

- Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggjar for trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar og tenesteytar.

Konsekvensar for folkehelse:

Planen legg opp til at folkehelsa skal verte eit gjennomgåande perspektiv for kommunen og fleire av tiltaka i planen vil kunne få positive konsekvensar for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvensar for beredskap.

Konsekvensar for drift:

Nokre av tiltaka i planen legg opp til utbygging av teknisk infrastruktur og vil kunne ha konsekvensar for drifta i kommunen ved auka belastning på driftsavdelinga.

Konklusjon:

Rådmannen rår til at Kommunestyret vedtek, i medhald av plan- og bygningslova § 11-14, at forslag til *Kommuneplan for Herøy 2013-20125 Samfunnsdel* skal leggst ut til offentleg ettersyn i minst seks veker.


Fosnavåg, 06.06.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Ole Magne Rotevatn

Kommuneplan for Herøy 2013-2025



Samfunnsdel

Sist revidert 6.6.2013

Kommuneplanen er vedteken i kommunestyremøte xx.xx.2013 sak xx/13



Forord



Innholdsliste

Forord	2
Kommuneplanarbeidet 2011-2013	4
"Herøy – ei båtlengd føre"	4
"Herøy – ei attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i"	4
Ytre krefter som påverkar Herøy	5
Overordna mål for kommunen	5
Styringsprinsipp for kommunen	5
Målsettingar for lokalsamfunnet og Herøy kommune	6
Seks gjennomgåande perspektiv	7
Universell utforming	7
Folkehelse	7
Barn og unge	7
Likestilling	7
Verdiskaping	8
Miljø og klima	8
Satsingsområde: Heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling	9
Satsingsområde: Infrastruktur	11
Satsingsområde: Kompetanse og næringsutvikling	12
Satsingsområde: Rekruttering, busetting og inkludering	14
Satsingsområde: Barn, unge og identitetsbygging	16
Vegen vidare, frå samfunnsdel til handling	17
Handlingsdel til kommuneplanen sin samfunnsdel	18



Kommuneplanarbeidet 2011-2013

Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sitt øvste leiande dokument og skal ta føre seg dei langsiktige målsettingane for kommunen og samfunnet. Kommunen pliktar, jf. plan- og bygningslova § 11, å ha ein samla kommuneplan som skal ta vare på både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver.

Planstrategi for Herøy kommune 2012-2016 gir ei skildring av utfordringane i Herøysamfunnet og avklarar kommunen sitt planbehov i planperioden. Kommuneplanen sin samfunnsdel med seg nokre av desse elementa og sett fokus på dei. Kommunen pliktar å ta stilling til om kommuneplanen eller delar av den skal reviderast ein gong kvar kommunestyreperiode som ein del av arbeidet med revidering av den kommunale planstrategien.

Kommuneplanen sin samfunnsdel tek føre seg dei langsiktige målsettingane, politikarane sine utvalde satsingsområder for utvikling av lokalsamfunnet og bruker gjennomgåande perspektiv for å sikre at somme utvalde tema er gjennomgåande i den kommunale verksemda. I kommuneplanen sin samfunnsdel er det peika ut seks gjennomgåande perspektiv og fem satsingsområde som kommunen ynskjer skal prioriterast i planperioden.

I arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel er det gjennomført eit "foresightprosjekt" der kommunen engasjerte Berrefjord & Thomassen som prosessleiar og ansvarleg for utarbeiding av grunnlagsdokument for arbeidet. Det vart gjennomført tre "dialogmøter" der medverknad var sentralt. Det vart sendt ut eigen invitasjon til kommunestyremedlemene, alle råd og utval, grendelag, næringsliv og det vart annonsert på internett og i avisa. Resultatet av "foresightprosjektet" er rapporten *Herøy 2025* som viser moglegheiter og trugslar for Herøysamfunnet fram mot 2025 med deltakarane sine forslag til målsettingar og tiltak.

Rapporten *Herøy 2025* var gjenstand for diskusjon i kommunestyret 7.5.2012 der politikarane og næringslivet som møtte vart utfordra på innhaldet i rapporten og fekk oppgåver knytt til å konkretisere innhaldet og prioritere det dei meinte var dei viktigaste satsingsområda. Det same vart gjort i rådmannen si leiargruppe 12.6.2012 der leiarane hadde førebudd seg på innhaldet og til å ta ein diskusjon knytt opp mot innhaldet i rapporten. Leiarane fekk høve til å kome med skriftlege innspel til kommuneplanen sin samfunnsdel i etterkant av leiarmøtet. Basert på dokumenta *Herøy 2025, innspel frå kommunestyret 7.5* og *innspel frå leiargruppa 12.6* har ein utarbeidd forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel.

"Herøy – ei båtlengd føre"

Herøy kommune sin visjon tek utgangspunkt i båten. Båten er motivet i kommunevåpenet og det er sagt at konkurransen mellom reiarane i kommunen er det som har drive utviklinga framover. Det å vere "ei båtlengd føre", har gjort at næringslivet på enkelte område er leiande på den internasjonale marknaden. Visjonen er ikkje retta mot næringslivet, men er ein visjon for organisasjonen og kommunen som heilskap og som gjennomsyrrer Herøylværingen på alle samfunnsområde. Herøylværingen vert

Visjonen til Herøy kommune skal vere offensiv og har forankring i det marine og maritime, den knyt saman historie og framtid, den skal skape identitet, styrke felleskjensla og mane til å skape noko nytt. Visjonen skal vere framtidsretta og Herøy kommune skal liggje i forkant av utviklinga, men ikkje alltid vere i fremste rekke på alle tenesteområde. Kommunen skal gjere bevisste val på kvar vi skal vere i forkant og kvar andre kan drage utviklinga vidare.

"Herøy – ei attraktiv kommune å besøkje, bu og arbeide i"

Kommunen sin misjon er å vere attraktiv for turistar, busetting og tilby attraktive arbeidsplassar. Misjonen kan seiast å vere ei oppsummering av arbeidet som vert lagt ned når det gjeld omdømearbeid, organisasjonsutvikling, tenesteutvikling og utvikling av lokalsamfunnet.

Dette kan ikkje kommuneorganisasjonen greie på eiga hand, men treng samarbeid med næringslivet, offentlege myndigheiter, forskning og utdanning og frivillige organisasjonar. Kommunen ynskjer å leggje



til rette for tverrfagleg samarbeid både i kommuneorganisasjonen og ut mot næringslivet, FoU og lag og organisasjonar.

Ytre krefter som påverkar Herøy

Herøy og dei andre kommunane på Søre Sunnmøre står overfor utfordringar knytt til sterke samfunnskrefter som står utanfor lokalsamfunnet sin kontroll. Desse drivkreftene utviklar seg og vil fortsetje å utvikle seg i distriktskommunane sin disfavor.

- Lite tilgang til kompetent arbeidskraft innanfor barnehage, skule, tekniske fag, helse og eldreomsorg.
- Fram mot 2040 vil det verte nesten dobbelt så mange personar over 67 år i Noreg og færre i arbeidsfør alder som skal finansiere velferdstilbodet.
- Sentraliseringsprosessar der storbyregionane trekker til seg ein stor del av unge, høgt utdanna menneske.
- Den særnorske kostnadsutviklinga som pressar konkurranseutsette næringar.
- Kompetanseutfordringar innan statlege institusjonar, der spesialiseringkrava, teknologiutviklinga og konkurransen om dei toppkvalifiserte trekker til seg spesialisthelsetenester, høgskule- og universitetstenester til dei store institusjonane i dei store befolkningssentra.
- Utfordrande kommunal berekraft ved auka ansvars- og risikooverføring til kommunane, samt fleire rettighetsstyrte tenester.

Overordna mål for kommunen

Herøy kommune er ein tenesteleverandør i lokalsamfunnet som leverer dei tenestene som alle innbyggjarane i kommunen på eit eller anna tidspunkt i livsløpet vil ha behov for. Herøy kommune vil vidareføre dei overordna målsettingane for kommuneorganisasjonen og samfunnet som var utarbeidd i førre kommuneplan: **Trivsel, miljø, samhald og nyskaping.**

Innbyggjarane i Herøy skal trivast og trivselsskapande tiltak er kanskje det viktigaste for kommunen sine innbyggjarar. Kommunen vil arbeide for å realisere tiltak som skaper sosiale møtestadar og aktivitet i sentrum etter at butikkane er stengde. Eit sterkt og aktivt sentrum vil vere med på å skape samfunnsutvikling og vere svært viktig i arbeidet med å auke trivselen til innbyggjarane. Eit sterkt sentrum vil kunne skape sterke bygder og vere kjerna i samfunnsutviklinga.

Herøy er i sterk utvikling og har vore det dei siste åra. Med slik utvikling er det viktig at det skjer på ein måte som tek omsyn til dagens behov, men ikkje øydelegg grunnlaget for framtidige generasjonar. Kommunen må søkje å skape ei økologisk berekraft, i tråd med økosystema sine funksjonar og produksjon, ei økonomisk berekraft som inneber å bruke ressursar på ein slik måte at ein også har ressursar i framtida og ei sosial berekraft som føreset akseptable levekår for alle.

Samhald og samhandling vil vere viktig for Herøy både mellom innbyggjarane, innbyggjarar og kommunen, næringsliv og lag og organisasjonar og i kommuneadministrasjonen. Kommunen skal vere ein smidig og aktiv tenesteleverandør i dette arbeidet og styrkje service- og tenestetilbodet i kommunen. Regionalt samhald og interkommunalt samarbeid vil også verte viktigare for å fremje regionen sitt tilbod og ikkje berre kommunen sine tilbod.

I konkurranse med andre vil nyskaping vere sentralt for å liggje «ei båtlengd føre». Dette gjeld i det private næringslivet, men også i organisasjonslivet og kommunen sin administrasjon. I den kommunale tenesteproduksjonen vil det å utvikle nye produkt, nye aktivitetar, nye samhandlingsmåtar og auke effektiviteten vil vere viktig for at kommunen skal vere attraktiv for innbyggjarar og næringslivet.

Styringsprinsipp for kommunen

Styringsprinsippa byggjer på dei overordna måla og Herøy kommune vil nytte fylgjande styringsprinsipp som rammes for korleis ein skal arbeide vidare: **Samhandling, kommunikasjon, medverknad, nytenking.**



Kommunen skal vise evne til samhandling innanfor kommunestyret, på tvers av parti og vallister, i kommunen, i avdelingane og mellom avdelingane, mellom kommunen og innbyggjarane, mellom kommunen og næringslivet, mellom kommunen og nabokommunar, mellom kommunen, fylkeskommunen og fylkesmannen og mellom kommunen, nabokommunar og offentlege institusjonar.

Kommunen skal vere tydeleg i sin kommunikasjon mellom avdelingane i kommunen, ut mot innbyggjarane, næringslivet, nabokommunane og mot regionale- og statlege instansar. Kommunen ynskjer å bruke eit tydeleg språk då det er ein føresetnad for samhandling og reell medverknad i utviklingsprosessar.

Kommunen skal gjennom medverknad vere open for dialog med innbyggjarar, næringsliv, nabokommunar, regionale- og statlege instansar med mål om å kome fram til løysingar som fremjar samfunnsutvikling på lang sikt. Kommunen ynskjer å fremme ein medviten frivilligpolitikk der samspelet mellom kommunen og dei frivillige lag og organisasjonar står sentralt. Det gode liv i lokalsamfunnet vert skapt i samarbeid mellom kommunen og innbyggjarane og tilfører lokalsamfunnet store verdjar.

Kommunen skal vere nytenkande for å fremje innovative løysingar. Kommunen må vere nyskapande og vurdere nye produkt, nye tenester, ny bruk av ressursar, nye organisasjonsformer og ny kompetanse innan sine fagfelt. Nytenking skal ikkje avgrensast til leiarane, men gjennom medverknad skal alle tilsette ha moglegheit til å fremje nye løysingar for å skape ein mest mogleg effektiv organisasjon.

Målsettingar for lokalsamfunnet og Herøy kommune

Målsettingane er slik kommunen ynskjer at innbyggjarane skal oppleve kommunen som lokalsamfunn og der kommunen som organisasjon spelar ei viktig rolle.

- Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggjar for trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar og tenesteytar.
- Herøy kommune skal vere ein trygg kommune for alle som bur og oppheld seg i kommunen, og kommunen skal ha god beredskap mot aktuelle kriser og uønska hendingar.
- Den administrative leiinga og samarbeidspartar skal oppleve kommunen som open og aktiv til samarbeid og omstilling.
- Herøy kommune skal ha godt omdøme.



Seks gjennomgåande perspektiv

Gjennom planprosessen har ein kome til at det er behov for å setje ned nokre perspektiv for kommunen som skal vere gjennomgåande i satsingsområda til kommunen og all kommunal aktivitet. Dei gjennomgåande perspektiva skal medverke til heilskapleg planlegging og tverrfagleg arbeid på tvers av satsingsområda og sektorane.

Universell utforming

Universell utforming handlar om å skape eit meir inkluderande samfunn. Føremålet er å auke mennesket sine moglegheiter for samfunnsdeltaking ved å lage produkt, tenester, kommunikasjonsmidlar og fysiske omgjevningar tilgjengelege og inkluderande for alle. Kravet om å inkludere prinsippet om universell utforming i alt planarbeid er heimla i føremålsparagrafen til plan- og bygningslova, § 1-1.

Herøy kommune vil bruke prinsippet om universell utforming ved td. utforming av nye bygg, bruk av kommunikasjonsmidlar og opparbeiding av fysiske områder for å auke individet si moglegheit for samfunnsdeltaking og medverknad. Kommunen bør gå føre med eit godt eksempel ved planlegging, prosjektering og gjennomføring av prosjekt i kommunen og oppmode det private næringslivet til å også gjere dette til «sitt eige» perspektiv i sine prosjekt.

Folkehelse

Folkehelsearbeid er samfunnet sin innsats for å påverke faktorar som direkte eller indirekte fremjar befolkninga sin helse og trivsel, førebyggjer psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidningar, eller som vernar mot ytre helsetrugslar, samt arbeid for ei jamnare fordeling av faktorar som direkte eller indirekte påverkar helsa. (Helse- og omsorgsdepartementet).

Kommunen må ha ei tverrfagleg tilnærming til folkehelseperspektivet og gi folkehelse større merksemd i all kommunal forvaltning. Innbyggjarane må ta meir ansvar for eiga helse og kommunen må bidra med tilrettelegging der det vil ha størst samfunnsnytte.

Herøy kommune vil at folkehelse skal vere eit sentralt perspektiv i alle kommunal verksemd. Arbeidet vil rette seg mot å betre forholda for innbyggjarane som vil resultere i fleire leveår med god helse og redusere sosiale forskjellar i befolkninga.

Barn og unge

Trygge og gode oppvekstmiljø og moglegheiter for fritidsaktivitet er naudsynt for å sikre barn og unge gode levekår og utviklingsmoglegheiter i barndomen. Undersøkingar viser at det er ein klar samanheng mellom trivsel i kommunen og ynskje om å busette seg i kommunen i framtida.

I dei rikspolitiske retningslinjene for barn og unge er det kravd at kommunen skal sikre at barn og unge får gode oppvekstvilkår ved å vurdere konsekvensar for barn i all planlegging, foreta ei samla vurdering av oppvekstmiljø, innarbeide mål og tiltak i kommuneplanen og sikre at barn og unge får moglegheit til å medverke i planprosessar. Kommunen har også plikt til å utarbeide retningslinjer, føresegner eller vedtekter om omfang og kvalitet av areal og anlegg for barn og unge og skal sikrast der barn og unge vert berørt. Kommunen skal i tillegg rette spesiell merksemd mot krav til fysisk utforming av areal, anlegg og nærmiljø som skal brukast av barn og unge (Miljøverndepartementet). Kravet om at det skal takast omsyn til barn og unge sine oppvekstvilkår og estetisk utforming av omgjevningane er heimla i formålsparagrafen til plan- og bygningslova, § 1-1.

Herøy kommune vil arbeide for at barn og unge skal utvikle ein lokal identitet og auke trivselen i kommunen. Kommunen ynskjer å skape framtidig bulyst ved at barn og unge får auka deltaking og innverknad på eige oppvekstmiljø og skal derfor sikrast medverknad i alt planarbeid som vedkjem dei.

Likestilling

I kommuneplanen for 2002-2012 var "kvinner" eitt av seks satsingsområde kommunen. I tida frå 2002 til 2012 har det blitt gjort mykje for å fremje likestillingsperspektivet og kvinner si rolle i lokalsamfunnet.



Herøyløftet har vore eit av dei viktigaste prosjekta for likestilling og har fått tildelt Møre og Romsdal fylkeskommune sin likestillingspris for 2011 for sitt arbeid. Kvinner sin posisjon i samfunnet står sentralt i likestillingsperspektivet og Herøy kommune ynskjer å rette særskild merksemd mot dette temaet.

Likestilling er eit omgrep som tradisjonelt har blitt kopla til likestilling mellom kvinner og menn, men likestilling er meir samansett enn som so og bør heller brukast som eit samleomgrep for fleire ulike forhold. Ei generell forståing av omgrepet kan vere at «likestilling betyr likeverdige menneskelige utviklingsmoglegheiter for alle». Innanfor denne forståinga av likestilling hamnar derfor all forskjellsbehandling med bakgrunn i kjønn, funksjonsevne, etnisitet, religion, seksuell orientering, alder, kjønnsuttrykk, sosial bakgrunn og andre forhold.

Herøy Kommune vil arbeide for at likestilling er eit perspektiv som vert praktisert i all kommunal verksemd og prinsippet vil gjelde i alle saker som gjeld tilsetjing, sikring av medverknad og inkludering av særskilde grupper, utjamning av lønsforskjellar mellom kvinner og menn og kommunen vil arbeide for å skape ein kjønnsbalanse i organisasjonen samla og i dei ulike avdelingane.

Verdiskaping

Næringslivet i Herøy er ein sentral del av næringsklynga innanfor marin og maritim verksemd med fleire sentrale bedrifter. Kommunen har tradisjon for samarbeid med næringslivet om felles prosjekt som lokalsamfunnet nyt godt av. Mange av næringslivsaktørane i Herøy er store internasjonale aktørar som treng langsiktig tilgang til areal og naturressursar som grunnlag for berekraftig vekst og utvikling. Omsynet til næringsutvikling er derfor teke inn i det kommunale planarbeidet som eit eige satsingsområde for å sikre ei langsiktig utvikling i tråd med næringslivet sitt behov.

Herøy er ein kommune med fleire tettstadar som må utviklast saman med Fosnavåg for å tilby innbyggjarane grunnleggande lokale handels- og servicebehov og legge til rette for attraktive bustadområde. Herøy kommune har sterke og engasjerte bygdesamfunn som har klare ambisjonar om den framtidige utviklinga av si eiga bygd. Herøy kommune ynskjer å leggje til rette for at bygdene kan fortsetje utviklinga og vere eit fundament for den verdiskapinga som vert gjort i kommunen.

Herøy kommune vil leggje til rette for ei auka verdiskaping i kommunen ved å samarbeide med næringsliv og bygdelag om felles prosjekt og støtte opp under prosjekt som kan vere med å auke verdiskapinga i lokalsamfunnet utan at det går på bekostning av lokale eller regionale samfunnsinteresser.

Miljø og klima

Natur- og kulturlandskap i Herøy er ein viktig faktor for både sysselsetting, verdiskaping, busetting og rekreasjon som kommunen er ansvarleg for å verne om. Herøy kommune har ei særleg attraktiv strandsone som vert brukt både til busetting, næring og rekreasjon.

Herøy har store areal som fell innanfor definisjonen "strandsone" og kommunen er i *statlige retningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen* plassert i kategori "områder med mindre press på arealene", som er den kategorien som er minst restriktiv i forhold til bygging i strandsona (Miljøverndepartementet). Det er eit generelt forbod mot bygging i 100-metersbeltet, men kommunen kan tillate bygging dersom det ligg føre konkrete vurderingar som tilseier at omdisponering av areal ikkje er i konflikt med nasjonale eller regionale interesser. Kommunen har derfor moglegheit til å inkludere strandsona i sine planar for utvikling av samfunnet og kan tillate bygging i strandsona etter det er gjort konkrete vurderingar ut frå dei lokale forholda.

Kommunen har eit ansvar for å ta omsyn til klimaendringar ved å planlegge for å redusere konsekvensane av framtidige klimaendringar. I planlegginga må derfor kommunen sikre at konsekvensar for miljø og samfunn vert skildra og at det vert teke tilstrekkeleg omsyn til dette i planarbeidet. Kommunen vil i all kommunale verksemd sørge for at tiltak som kan få konsekvensar for miljø og klima vert utgreidd på ein forsvarleg måte i tråd med aktuelt lovverket og retningslinjer. Kommunen vil arbeide for at det skal takast omsyn til miljø og klima i all planlegging, prosjektering og gjennomføring av tiltak.



Satsingsområde: Heilskapleg sentrums- og samfunnsutvikling

Fosnavåg er kommunesenteret i ein av dei største fiskeri- og offshorekommunane i landet og skal vere det naturlege sentrum for innbyggjarar i Herøy. Utviklinga av sentrum er avhengig av at bygdene gjer seg attraktive som bustadområde og for at bygdene skal kunne gjere seg attraktive er dei avhengig av eit sentrum som og utviklar seg og har dei tilboda som vert etterspurd. Ein kan ikkje sjå på sentrumsutvikling og samfunnsutvikling som to delte satsingsområde, men at utvikling er fellesnemnaren og at det er to sider av same sak.

Kommunen ynskjer byutvikling og handelsstanden spelar her ei sentral rolle. Handelsstanden er ikkje berre butikkane og vareutvalet som dei har, men dei skapar også aktivitet «mellom bygga» i Fosnavåg. Dei fungerer som velferdstilbod og møtestadar i sentrum og det vil vere viktig å ta omsyn til omgjevnadane til butikklokala når ein tenkjer byutvikling og ikkje bygger dei inne, men legg vekt på at handelsstanden får vise sitt innhald ut mot gata.

For samfunnsutviklinga vil det vere viktig for Herøy at ein kan etablere komplementære senter til Fosnavåg. Ein er avhengig av å kunne utvikle Eggesbønes, Myklebust og Mjølstadneset som ein naturleg del av Fosnavåg og Myrvåg bør utviklast som ein satellitt til Fosnavåg som kan dekke basisbehovet til innbyggjarane i indre del av Herøy ved å leggje til rette for sal av detaljhandel og plasskrevjande varer.

Runde er den mest kjende staden i kommunen i turismesamanheng og kommunen legg til rette for at det kan etablerast turismeretta næringsverksemd i tilknytning til "Fuglefjellet". Kommunikasjonsaksen til Runde er slik at turistane ikkje treng å køyre via kommunesenteret Fosnavåg når dei kjem. Dersom det vart lagt til rette for meir turismeretta verksemd i Fosnavåg kunne det ført til positive ringverknadar som auka omsetning som hadde auka eksistensgrunnlaget til bedriftene i sentrum.

Helse- og omsorgssektoren står ovanfor store oppgåver i framtida då det stadig vert fleire eldre over 80 år som har behov for pleie- og omsorgstenester. Aldersamansettinga i kommunen vil bli endra og kompleksiteten i oppgåveløysninga vil auke. I staden for å heve terskelen for å få hjelp må det i større grad utviklast tenester som støttar opp under førebygging, tidlig innsats og rehabilitering. For å løyse oppgåver på tvers av og utanfor kommuneorganisasjonen må det det sjåst på kva ei teneste skal vere, og kven som skal vere med å skape den.

I Herøy har *Herøy Næringsforum* vore ein aktiv pådrivar for prosjekt og tiltak som vil gje positive ringverknadar i lokalsamfunnet på lang sikt. Gode dømer på slike prosjekt er Sunnmørsbadet, konserthus, kino og nytt hotell som alle vil stå klare i 2014. Næringslivet har såleis gjort store grep og til slutt vil det vere fleire tilbod til innbyggjarane i Herøy. Bakgrunnen for at næringslivet bidreg i så stor grad i samfunnsutvikling er eit ynskje om å styrke humankapitalen i kommunen og dette fører til at kommunen må legge til rette for bustadutvikling og næringslivsvekst i heile kommunen.

Dei seks gjennomgåande perspektiva, universell utforming, folkehelse, barn og unge, likestilling, verdiskaping og miljø og klima skal medverke til heilskapleg planlegging og tverrfagleg arbeid på tvers av satsingsområda og på tvers av sektorane.

Målsettingar for Herøy kommune:

- Herøy kommune skal levere tenester med god kvalitet til alle sine innbyggjarar.
- Fosnavåg skal vere eit naturleg sentrum for innbyggjarane i Herøy med dei tilboda som innbyggjarane etterspør.
- Myrvåg skal utviklast til å vere ein satellitt til Fosnavåg og dekkje basisbehovet til innbyggjarane i indre del av Herøy.
- Kommunen skal leggje til rette for bustadutvikling i heile kommunen.

Strategiar for at vi skal nå målsettingane:

- Kommunen vil at Eggesbønes og Myklebust skal utviklast som ein del av Fosnavåg.
- Kommunen vil arbeide for å ha tilstrekkeleg kommunal bygningsmasse tilgjengeleg.
- Kommunen vil arbeide for å etablere eit nytt omsorgssenter i kommunen.
- Kommunen ynskjer næringsverksemd retta mot turisme i Fosnavåg.



Kommuneplanen sin samfunnsdel 2013-2025

- Kommunen vil leggje til rette for detaljhandel og plasskrevjande varer i Myrvåg.
- Kommunen ynskjer at det vert etablert område for fritidsbustadar med tilknytning til sjøen.
- Kommunen vil leggje til rette for auka bustadbygging i kommunen.



Satsingsområde: Infrastruktur

Med omgrepet *Infrastruktur* meiner vi det som tradisjonelt kallast teknisk infrastruktur. Med *infrastruktur* meiner vi derfor strukturen av faste anlegg som er grunnlaget for at eit lokalsamfunn kan fungere, som til dømes vegsystem til lands, hamner og farleier til sjøs, vassforsyning, avlaupsnett, straumnett og tele/fibernet. Sosial infrastruktur fell ikkje inn under vår bruk av omgrepet.

For eit lokalsamfunn som Herøy er den daglege mobiliteten strategisk viktig for dei busette i kommunen. Kommunikasjonsaksane inn og ut av kommunen og i regionen bør samsvare best med aksane som styrkar komplementariteten for kommunane. Sagt på ein annan måte så bør ein styrkje kommunikasjonen mellom dei kommunane som utfyller kvarandre best og gjere det lettare å pendle mellom kommunane. Herøy kommune støttar arbeidet med *Kyststamvegen* og ein ferjefri E39 og meiner dette vil blant anna utvide regionale arbeidsmarkadar og vidareutvikle ein robust region med næringsliv i verdsklassa.

Gode vegsamband i kommunen, mellom kommunane og i regionane vil vere med på å skape ein meir attraktiv arbeid-, bu- og serviceregion på Søre Sunnmøre. Herøy kommune ser derfor nytta av å samarbeide i kommunale og interkommunale prosjekt for å fremje vegsamband som vil betre kommunikasjonen i kommunen og i regionen.

Herøy er utfordra når det gjeld kollektivtransporten i kommunen. Kollektivtransporten er avgjerande for busette og reisande som ikkje har andre tilbod og ein må gjere kollektivløysingane så attraktive og tilgjengelege at fleire vel kollektive løysingar då dette er eit miljøvenleg og framtidsretta alternativ. Med dette som bakgrunn må derfor kommunen søkje å leggje til rette for bustadar i nærleiken til fylkesvegar og kommunale vegar for å støtte grunnlaget for kollektivtrafikk i kommunen.

Herøy er ein langstrakt kommune med fleire øyar som er knytt saman med bruer. Fleire av bruene i kommunen er gamle og byr på utfordringar med dagens trafikksituasjon. Kommunen må arbeide for at regionale myndigheiter startar reguleringsarbeid for å ruste opp dei bruene som er i dårlegast stand og som utgjør flaskehalsar for trafikken

Kommunen har saman med Statens vegvesen ansvar for å planlegge gode og trygge gangvegsamband i kommunen og særleg i tilknytning til skulane. Kommunen vil sette fokus på trygge gang- og sykkelvegar, særleg mot skulane, i komande planperiode.

Kommunen har hurtigrutekai i Torvik og dette er eit viktig knutepunkt både for turistar og andre reisande. Hurtigruta kan vere ein god alternativ reisemåte for utflytta Herøyværingar som bur i Bergen og Trondheim og det vil vere viktig for kommunen å halde på den attraksjonen som Hurtigruta er i dag.

Dei seks gjennomgåande perspektiva, universell utforming, folkehelse, barn og unge, likestilling, verdiskaping og miljø og klima skal medverke til heilskapleg planlegging og tverrfagleg arbeid på tvers av satsingsområda og på tvers av sektorane.

Målsettingar for Herøy kommune:

- Styrke Herøy som kommunesenter.
- Betre kommunikasjonsaksar i kommunen og mot nabokommunane.
- Betre kollektivtilbod i kommunen.
- Trygge vegsamband på land og farleier til sjøs.
- Kommunen skal ha offentleg avlaupsnett knytt til dei større bustadsentera.

Strategiar for at vi skal nå målsettingane:

- Kommunen vil arbeide for trygge farleier med gode hamner
- Kommunen vil arbeide for framtidsretta kryssingar av fjordane.
- Kommunen ynskjer at vegstandarden i kommunen skal vere tilfredstillande.
- Kommunen vil samarbeide med nabokommunane om felles prosjekt som fremjar kommunikasjonen mellom kommunane.
- Kommunen vil arbeide for ei realisering av ein ferjefri kyststamveg.
- Kommunen ynskjer at det etablerast gangstiar som fremjar folkehelsa.
- Kommunen ynskjer å skape ei koping mellom Vågsholmen og sentrum.



Satsingsområde: Kompetanse og næringsutvikling

Herøy kommune har færre innbyggjarar med universitets- og høgskuleutdanning samanlikna med fylket og landet. Dette er ei utfordring når både det offentlege og det private næringslivet etterspør formal kompetanse til sine stillingar. Nye arbeidsplassar vert, uansett kvar dei er lokalisert, stadig meir kompetanseintensive.

Næringslivet er skildra som sterkt, solid og internasjonalt orientert, med fleire vitale og vekstkräftige forretningsmiljø knytt til fiskeri, offshoreverksemd, den maritime industrien og shipping. Slik næringslivet utviklar seg vil det vere behov for fleire landbaserte jobbar i dei ulike bedriftene både innanfor dei tradisjonelle STEM-faga (Science, Technology, Engineering and Mathematics) og innanfor administrasjon og leiging.

Herøy kommune er saman med 11 andre kommunar på Sunnmøre ein del av ei samanhengande kjede av maritim verksemd som vert kalla *Maritimt Møre*. Kommunane som er ein del av *Maritimt Møre* er Vestnes, Haram, Sula, Giske, Ålesund, Volda, Ørsta, Hareid, Ulstein, Herøy, Sande og Vanylven og det er her den maritime klynga har sitt tyngdepunkt. Den maritime klynga på Sunnmøre har eit breitt samansett næringsliv med ulike typar kundar og næringsorientering som nyt godt av samspeleffektar, utnytting av stordriftsfordelar, ein god ressursbase i ein godt utvikla arbeidsmarknad. Dette er med å gjere den maritime klynga til ei sterk og robust klynge med gunstig kommunikasjonar og evne til å rekruttere kompetent arbeidskraft.

I Herøy har *Herøy Næringsforum* vore ein aktiv pådrivar for prosjekt og tiltak som vil gje positive ringverknadar i lokalsamfunnet på lang sikt. Bakgrunnen for at næringslivet bidreg i så stor grad i samfunnsutviklinga er eit ynskje om å styrke humankapitalen i kommunen og at næringslivet kan få tak på den kompetansen dei treng. Regional differensiert arbeidsgjevaravgift (RDA) har vore eit viktig og målretta distriktpolitisk verkemiddel som Herøy har nytt godt av. RDA-midlane er basert på at bedrifter med høgare lønnskostnadar enn 15,1 millionar kroner har fått eit tillegg på arbeidsgjevaravgifta. I Herøy gjeld dette i hovudsak 8-10 av dei største private selskapa i kommunen.

Herøy kommune ynskjer å vere i forkant av samfunnsutviklinga innan helse og omsorg og ynskjer å vere oppdatert på fag og ha nok tilgang på moderne hjelpemiddel. Samhandling både mellom avdelingar og interkommunale prosjekt er sentralt for å finne felles løysingar i og mellom kommunane. Kommunen vil få utfordringar knytt til det å skaffe arbeidskraft til å dekkje det behovet som vil kome som følgje av eldrebølgja i starten av 2020-talet. Kommunen har fleire tilsette i alderen 50-60 år og ein står snart ovanfor eit generasjonsskifte innan helse- og omsorgssektoren som gjer at kommunen vil få utfordringar knytt til å fornye arbeidsstokken. Herøy vidaregåande skule vil spele ei stadig viktigare rolle med sine utdanningsprogram knytt til helse- og sosialfag og helsearbeidarfag slik at arbeidsmarknaden lokalt og regionalt vil få tilgang til kompetent arbeidskraft.

Herøy kommune ynskjer ei tydeleg satsing den neste perioden på kultur- og reiselivsnæringa denne planperioden. Kultur- og reiselivsnæringane er eit næringsområde med stort potensiale og utviklinga viser at Herøy sakkar akterut på dette området. Herøy vil derfor satse på ei utvikling som omfattar både det innhaldsmessige og det kulturelle aspektet ved desse næringane. Kulturhuset i Herøy vil spele ei viktig rolle for bla. kulturskulen, biblioteket, lag og organisasjonar og frivilligheita.

Dei seks gjennomgåande perspektiva, universell utforming, folkehelse, barn og unge, likestilling, verdiskaping og miljø og klima skal medverke til heilskapleg planlegging og tverrfagleg arbeid på tvers av satsingsområda og på tvers av sektorane.

Målsettingar for Herøy kommune:

- Herøy kommune, med sine fagmiljø, skal vere attraktiv nok til å tiltrekke seg den arbeidskrafta det er behov for.
- Herøy kommune skal auke antal kompetansesarbeidsplassar og høgare utdanna i kommunen.
- Herøy kommune skal auke antal turistar og turismeretta aktivitetar i kommunen.
- Herøy skal vere leiande innan fiskeri- og offshorenæringa i landet.
- Herøy kommune skal arbeide for å behalde og vidareutvikle utdanningsprogram på Herøy vidaregåande skule som den lokale og regionale arbeidsmarknaden har behov for.

Strategiar for at vi skal nå målsettingane:



Kommuneplanen sin samfunnsdel 2013-2025

- Kommunen vil satse på å bygge sterke fagmiljø i organisasjonen.
- Kommunen ynskjer å skape ei kopling mellom næringslivet i Herøy og kompetansmiljøa i Volda og Ålesund.
- Kommunen ynskjer å satse på å auke antal høgt utdanna kvinner i kommunen.
- Kommunen ynskjer å satse på miljøvenleg turismeretta næring for å auke verdiskapinga i kommunen.
- Kommunen ynskjer at linjer og utdanningsprogram, retta mot næringslivet og det offentlege i Herøy og deira behov for arbeidskraft, vert oppretthaldt og vidareutvikla.
- Kommunen vil vere innovative ved å ta i bruk ny teknologi innan helse- og omsorgssektoren.
- Kommunen ynskjer å legge til rette for gode næringsareal for å auke verdiskapinga.
- Kommunen skal ha god drift og vedlikehald av kommunal bygningsmasse.



Satsingsområde: Rekruttering, busetting og inkludering

Herøy har, pr. 1.1.2013, 8 847 innbyggjarar og har hatt ei jamn auke dei siste åra. For at Herøy kommune skal ha grunnlag for ei sentrums- og samfunnsutvikling er ein avhengig av at denne trenden held seg oppe gjennom auka rekruttering og tilflytting til kommunen. Herøy har ei målsetting om 10 000 innbyggjarar innan 2020. Dette er ei ambisiøs målsetting, men om trenden frå siste åra held seg oppe er ein ikkje langt i frå å nå dette målet. Statistisk materiale viser at befolkninga «legg på seg» i dei eldre aldersgruppene og held seg på same nivå for unge menn, medan den indikerer nedgang for kvinner mellom 30-40 år

Herøy kommune har hatt positiv folketalsutvikling siste åra og det er mykje på grunn av utanlandsk innvandring. Utan innvandring ville Herøy hatt folketalsnedgang siste åra og ein må ta omsyn til at Herøysamfunnet vert stadig meir multikulturelt og ein har innbyggjarar med andre tradisjonar og vanar enn dei som er etnisk norske. Per 1.1.2013 var det totalt 814 registrerte innvandrarar i Herøy, noko som utgjer litt over 9 % av befolkninga. Herøy kommune har mest innvandring frå Litauen, Estland, Polen og Lativa og det er i stor grad arbeidsinnvandring det er tale om.

Rekruttering er viktig både for det private næringslivet, kommunen som organisasjon og kommunen som lokalsamfunn. Det vil vere viktig å sjå rekruttering som eit verkty som kan skape meir busetting i kommunen. For at kommunen skal vere attraktiv for tilflytting er det fleire faktorar som må vere på plass der tilgang til attraktive jobbar er den viktigaste føresetnaden for tilflytting og busetting. Andre faktorar som vil vere med å bidra til å etablere Herøy som ei attraktiv kommune er ein tilgjengeleg bustadmarknad, barnehage- og skuletilbod og kommunen sine forbindelsar til nabokommunar og større byar.

Kommunen har som målsetting at det skal vere mogleg å busette seg i alle bygdelag i kommunen. Herøy er samansett av fleire bygdelag som alle har sine kvalitetar og som ynskjer å leggje til rette for at unge skal få moglegheit til å flytte attende til heimbygda etter endt utdanning. Der det er mest busetting er i aksen frå Frøystad til Kvalsund, altså omlandet til Bergsøya. For at Fosnavåg skal vere det kommunesenteret som innbyggjarane ynskjer, bør kommunen ha som målsetting å doble antal busette i sentrum. Dette vil truleg føre med seg auka aktivitet i sentrum på ettermiddag- og kveldstid og auke grunnlaget for næringane i sentrum.

Herøy kommune ynskjer å liggje langt framme i arbeidet med inkludering og ynskjer å vere ei føregangskommune som er kjend for å ta vare på sine innbyggjarar og vere eit samfunn som kjenneteiknast av å vere open, raus og tolmodig mot sine medmenneske. Herøy kommune har derfor starta to prosjekt som skal auke kunnskapen om dette temaet. Eitt prosjekt er *Likestilte kommuner* som er omtala tidlegare og det andre er *Bulystprosjektet*. *Bulyst* har som føremål å auke kunnskapen knytt til innvandrarar sin kultur og bidra til å starte prosjekt som vil skape eit meir inkluderande samfunn. Kommunen har lenge fremja eit ynskje om å etablere eit regionalt senter for mangfald og inkludering i kommunen som kan vere med å auke kunnskapen til det offentlege og private næringslivet knytt til dette temaet.

Dei seks gjennomgåande perspektiva, universell utforming, folkehelse, barn og unge, likestilling, verdiskaping og miljø og klima skal medverke til heilskapleg planlegging og tverrfagleg arbeid på tvers av satsingsområda og på tvers av sektorane.

Målsettingar for Herøy kommune:

- Herøy kommune skal ha 10 000 innbyggjarar innan 2020
- Alle bygdelag i Herøy kommune skal ha tilgjengelege bustadområde.
- Herøy kommune skal auke antal innbyggjarar i Herøy.
- Herøy kommune skal auke antal innbyggjarar i Fosnavåg sentrum.
- Herøy kommune skal vere aktivt ute og promotere seg som ei attraktiv kommune med attraktive arbeidsplassar.

Strategiar for at vi skal nå målsettingane:

- Kommunen skal vere aktivt ute og nytte tradisjonelle og utradisjonelle arenaer for å nå arbeidstakarar frå Litauen, Lativa, Polen og Estland og promotere kommunen som ein attraktiv bu- og arbeidsstad.



Kommuneplanen sin samfunnsdel 2013-2025

- Kommunen skal fremje arbeids-, bu- og serviceregionen med fokus på den arbeidsmarknaden som er tilgjengeleg.
- Kommunen skal ha god kvalitet på norskopplæringa til arbeidsinnvandrarane for å integrere dei betre i samfunnet.
- Kommunen ynskjer langsiktig satsing på ungdomen som framtidig arbeidskraft og kompetanse.
- Kommunen vil at det skal vere attraktive tomter i alle bygdelag.
- Kommunen vil auke kunnskapen knytt til andre kulturar og arbeidsinnvandring.



Satsingsområde: Barn, unge og identitetsbygging

Barn og unge er i Herøy kommune sin samfunnsdel både eit satsingsområde og eit gjennomgåande perspektiv. Barn og unge som gjennomgåande perspektiv er knytt til mellom anna barn og unge sine rettar til medverknad i prosessar som angår dei og krav til fysisk utforming av oppvekstmiljø og oppvekstvilkår. Barn og unge som satsingsområde rettar seg meir mot påstanden at «trivsel i kommunen aukar sjansen for tilbakeflytting».

Herøy har fem barneskular (1.-5.), ein kombinert skule (1.-10.), ein ungdomskule (8.-10.) og ein privat skule(1.-10.). I Herøy er det total 10 barnehagar der fire av desse er offentlege.

Herøy kommune har ei målsetting om at det skal vere kvalitet i barnehagen og at foreldre og born vert møtt på ein slik måte at dei opplever barnehagen som den beste plassen å vere og beste plassen å lære. Brukarundersøkingane viser at brukarane opplever god kvalitet i barnehagen, men for at kommunen i eit lengre perspektiv skal oppretthalde denne kvaliteten er ein avhengig av å rekruttere personar med førskulelærarutdanning i alle dei pedagogiske stillingane samt å vidareutvikle den kompetansen dei tilsette har i dag.

Innanfor skulesektoren har Herøy kommune utfordringar knytt til fysisk skulemiljø for inneklima og universell utforming. Fleire av skulane i Herøy har manglar og vil krevje langsiktige investeringar for å nå krava i *Forskrift om miljøretta helsevern*. Stadig fleire minoritetsspråklege elevar krev store ressursar for å imøtekomme behovet for tilrettelagd norskopplæring og dette igjen fører til utfordringar knytt til integrering og inkludering i samfunnet.

Herøy har eitt aktivt bibliotek med web-basert bibliotekskatalog og transportordning. Det er organisert samarbeid mellom skulebibliotek og folkebiblioteket der ein får god kontakt med barn og unge. Biblioteket er oppteken av å utvikle seg som møtestad og sosial arena der ein legg til rette for lesing og kunnskap.

Herøy kommune vil betre oppvekstvilkåra til barn og unge både gjennom kvalitet i barnehagen og skulen. Dette vil medføre oppgradering av skulebygg og styrking av barnehagar. I oppsedinga vil ein auke barn og unge sin kunnskap om kultur og næringsliv lokalt for å styrka identitetskjensla til barn og unge i Herøy. Scenarioa som kom fram under «foresight-møta» var mellom anna at i 2025 hadde Herøy kommune full kompetansedekning i barnehagane, fleire profesjonar i barnehagane, færre skular, moderne skulebygg, skule med fleire språkval og høgkompetent lærarstab med dei beste lærartalenta.

Dei seks gjennomgåande perspektiva, universell utforming, folkehelse, barn og unge, likestilling, verdiskaping og miljø og klima skal medverke til heilskapleg planlegging og tverrfagleg arbeid på tvers av satsingsområda og på tvers av sektorane.

Målsettingar for Herøy kommune:

- Skulen skal bidra til at barn og unge får tilstrekkeleg kunnskap, samt utviklar identitet til lokalmiljøet, med tanke på seinare jobb i heimeregionen.
- Barnehagen som den beste staden å vere og lære.
- I Herøy kommune skal skulane og barnehagane oppfylle krava til fysisk utforming i *forskrift om miljøretta helsevern*.
- Herøy folkebibliotek skal vidareutviklast til å verte ein møtestad og sosial arena.
- Kommunen ynskjer å sikre gode oppvekstvilkår med fem haldepunkt: Tryggleik, Mangfald, Kvalitet, Førebygging og Kompetanse.

Strategiar for at vi skal nå målsettingane:

- Herøy kommune skal ha full barnehagedekning.
- Barnehage og skule skal arbeide for å inkludere arbeidsinnvandrarar sine barn på ein god måte.
- Kommunen skal ha god dekning av helsetenester for barn og unge.
- Kommunen skal arbeide for tidleg intervensjon for barn og unge med problem.
- Kommunen ynskjer å auke og vidareutvikle kompetansen til de tilsette.
- Kommunen ynskjer at utdanningstilbodet skal ha kvalitet i alle ledd.



Vegen vidare, frå samfunnsdel til handling

Kvifor har ikkje mine innspel blitt teke med i samfunnsdelen?

Kvar er mine innspel frå «foresight-møta»?

Kvar er dei innspela som gjeld kulturlivet?

Kvar er innspela frå kommunestyret og rådmannen si leiargruppe?

For fleire av lesarane vil kanskje målsettingane og strategiane i samfunnsdelen vere generelle og lite konkrete og ein kan raskt stille spørsmålet; har ikkje kommunen teke våre innspel på alvor?

Fleire av innspela som har kome inn gjennom «foresightprosjektet» vil først kome fram i kommuneplanen sin handlingsdel, i kommunedelplanar og sektorane sine verksemdsplanar. Innspela som har kome inn gjennom heile prosessen både skriftleg til kommunen og gjennom møta i «foresightprosjektet» har spelt ei viktig rolle i utviklinga av samfunnsdelen. I denne planen fokuserer vi derimot på dei overordna målsettingane for kommunen og dei strategiske vegvala vi gjer for dei neste 12 åra. Målsettingane i kommuneplanen sin samfunnsdel skal speglast i kommuneplanen sin arealdel og gjennom kommuneplanen sin handlingsdel. Vidare skal handlingsdelen konkretiserast gjennom kommunen sin økonomiplan og årsbudsjett. Intensjonen bak denne prosessen er at mål og tiltak som vert gjennomført årleg i dei ulike avdelingane i kommunen er ein del av ein «raud tråd» som er med på å styre oss i retning av dei målsettingane som står i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er det øvste leiande dokumentet for kommunen og er førande for kva kommune vil satse på i planperioden. Samfunnsdelen er gjeldande for 12 år, men skal takast opp til drøfting og det skal vurderast om planen i si heilheit eller delar skal reviderast kvart fjerde år gjennom arbeidet med revideringa av *Planstrategi for Herøy kommune. Handlingsdelen* av Samfunnsdelen er den kortsiktige delen av kommuneplanen og skal innehalde tiltak for dei neste fire åra. Målsettingar, strategiar og tiltak i kommuneplanen sin samfunnsdel skal vidareførast i kommunedelplanar, temaplanar og verksemdsplanar i dei ulike sektorane. Alle avdelinga som vert berørt av målsettingar, strategiar eller tiltak i kommuneplanen skal rapportere gjennom årsrapportane korleis ein har arbeidd for å nå dei ulike punkta eventuelt om det har kome inn andre prosjekt som har blitt prioritert før tiltaka i samfunnsdelen.



Handlingsdel til kommuneplanen sin samfunnsdel

Handlingsdelen til kommuneplanen sin samfunnsdel er det viktigaste strategiske verktøyet for å sikre at kommunen arbeidar mot målsettingane som er sett i samfunnsdelen. Handlingsdelen skal konkretisere tiltak knytt til visjonen og målsettingane i planen.

Satsingsområde og tiltak	
Heilskapleg sentrum- og samfunnsutvikling	
1	Arkitektkonkurransse og reguleringsplan for <i>Byutviklingsprosjektet</i> skal realiserast i planperioden.
2	Kommunen skal legge til rette for etablering av nytt omsorgssenter.
3	Det skal leggast til rette for kjøpesenter i sentrum.
4	Kommunen skal halde på nisjebutikkane i sentrum.
5	Kommunen vil sikre at grunnplanet på bygningar i Fosnavåg i størst mogleg grad er forbeholdt detaljhandel.
6	Det skal leggast til rette for næringsverksemd retta mot turisme i Fosnavåg
7	Det skal etablerast områder for fritidsbustadar med tilknytning til sentrum og sjøen.
8	Felles kantine for arbeidsplassane i Fosnavåg. Samle offentlege og private tilsette i eit «allbrukshus» i Fosnavåg.
9	Etablere sosiale møtestadar i sentrum med sitjeplassar og leikeområde.
10	Utvikle «lokket» ved allmeningskaia til å bli ein urban leikeplass.
11	Gjere delar av sentrum bilfritt.
12	Det skal leggast til rette for bustadbygging i alle bygdelag.
13	Etablere eit eldresenter i sentrum.
14	Byggje ungdomsbustadar i sentrum
15	Kommunen skal opparbeide seg tilstrekkeleg kommunal bustadmasse for å dekkje eigne behov.
16	Det skal leggast til rette for detaljhandel og plasskrevjande varer i Myrvåg.
17	Utvikle grøntområder i sentrum og aktivisere Parken.
18	Utvikle kai og strandområdet på Leikong.
19	Vidareutvikle Heid tursti og området rundt.
20	Opparbeide trapp frå Ura til Heid.
21	Vidareutvikle og betre turstien rundt Djupvikvatnet.
22	Promotere tilbodet om bygdevandring med lokalhistorikar i tilknytning til dei årlege festivalane.
23	Flytte vidaregåande skule til sentrum.
Infrastruktur	
1	Etablere hurtigbåtanløp: Fosnavåg – Ålesund.
2	Etablere hurtigrutekai i Fosnavåg.
3	Skape ei meir framtidsetta løysing for kryssing av Vaulane mellom Bergsøya – Nerlandsøya og Leinøya – Remøya.
4	Busetting skal etablerast i størst mogleg grad i tilknytning til kommunikasjonsaksane i kommunen.
5	Kommunen skal ha eit tettare samarbeid med nabokommunane om infrastrukturutvikling.
6	Arbeide for ei realisering av Hafast.
7	Etablere gangsti rundt Myklebustvatnet.
8	Vurdere innføring av hamneavgift.
9	Realisere eit samband mellom Vågsholmen og sentrum.
10	Mudring av Fosnavåg hamn.
11	Starte opp arbeid med opprusting av Dragsundbrua saman med Ulstein kommune
12	Starte opp arbeid med ny veg frå Koppen, langs sørsida av Skinnset og bru over Frøystadvågen til Mjølstadneset.
13	Realisering av innfartsveg til Fosnavåg.
14	Det skal vere god standard på dei kommunale vegane gjennom forsvarleg vedlikehald.
15	Herøy kommune skal arbeide for ein ferjefri kyststamveg.



16	Herøy kommune skal leggje til rette for at bygdelag kan etablere gangstiar og helseløyper for å fremje folkehelsa.
17	Vurdere organisatorisk overtaking av vassverka.
18	Utbetre kloakktilhøva ved Fosnavåg hamn.
19	Organisere reinhald i sentrum.
20	Planlegge og byggje ut ei samanhengande hamnepromenade frå indre til ytre del av Vågen.
21	Etablere ei ordning med bybuss og buss mellom bygdene og sentrum for barn, ungdom, eldre og mennesker med nedsett funksjonsevne.
22	Betre tilkomsten til Fosnavåg, fjerne «flaskehalsar».
23	Tilrettelegging for å nytte masseuttak og deponi på ein forsvarleg måte.

Kompetanse og næringsutvikling


1	Herøy kommune skal bygge sterke fagmiljø i organisasjonen.
2	Skape kopling mellom næringslivet i Herøy og kompetansemiljøa i Volda og Ålesund.
3	Synleggjere og satse på høgt utdanna kvinner.
4	Vidareutvikle næringsbygg for utleige.
5	Felles næringshage for unge gründerar.
6	Mobilisere og bygge opp under eldsjeler.
7	Sterkere satsing på «ungt entreprenørskap» i skulen.
8	Satse på miljøvenleg turismeretta næring.
9	Utvikle strategisk handlingsplan for å knyte forretning mot dei kreative og kunstneriske kreftene i kommunen.
10	Styrke den internasjonale orienteringa innan den vidaregåande skulen.
11	Behalde og vidareutvikle utdanningsprogram på Herøy vidaregåande skule som dekkjer den lokale og regionale arbeidsmarknaden sine behov.
12	Styrke spisskompetansen innan næringsutvikling i kommunen og etablere stilling som «næringssjef».
13	Legge til rette for gode næringsareal.
14	Bevare og vidareutvikle havbruksnæringa.
15	Etablere eit inkubasjonsmiljø for å trekke til seg høgt utdanna arbeidskraft.
16	Ta i bruk ny teknologi innan helse- og omsorg.
17	God drift og vedlikehald av kommunal bygningsmasse.
18	Kulturhuset skal renoverast i planperioden.
19	Kulturhuset skal utviklast til eit «kompetansesenter» for kreative krefter.
20	Herøy VGS skal bestå med fag knytt til lokalt næringsliv som er attraktivt for jenter.
21	Herøy VGS skal vere ein attraktiv arbeidsplass med tilsette med høgteknologisk kompetanse innan helse og maritim sektor.
22	Vere med i eit felles prosjekt for Søre Sunnmøre om felles arbeidsmarknadstrategi og utarbeide informasjonsbrosjyre til studentar ved vidaregåande og høgskule.

Rekruttering, busetting og inkludering

1	Herøy kommune skal vere aktivt ute og nytte tradisjonelle og utradisjonelle arenaer for å nå dei rette målgruppene og promotere kommunen som ein attraktiv bu- og arbeidsstad.
2	Nytte den kompetansen som arbeidsinnvandrarar har med seg frå heimlandet.
3	Rekruttere høgt utdanna arbeidskraft frå utlandet og Noreg til kommunen.
4	Det skal vere god kvalitet på norskopplæringa til innvandrarane.
5	Fremje arbeid, bustad og serviceregionen med fokus på den arbeidsmarknaden som er tilgjengeleg.
6	Langsiktig satsing på ungdommen som framtidig arbeidskraft og kompetanse.
7	Etablere ein vennsksapsby i td. Litauen, Latvia, Estland eller Polen.
8	Tilflyttarar skal kunne busette seg både i Fosnavåg og på bygdene.
9	Der skal vere attraktive tomter i alle bygdelag.
10	Bustadmarknaden i Myrvåg skal vidareutviklast.
11	Bulystprosjektet skal auke kunnskapen knytt til andre kulturar og forholdet til innvandring.
12	Talet på arbeidsinnvandrarar som vel å busette seg i kommunen skal aukast.
13	Drive opplysningsarbeid og spreie informasjon om moglegheiter for stipend og andre ordningar.



14	Styrke samarbeidet mellom næringslivet og vidaregåande skule om td. simulatoropplæring.
15	Få tilbake utdanningsprogramet teknisk teikning ved Herøy VGS.
16	Utveksle vidaregåande elevar med utlandet og ta i mot utvekslingselevar frå andre land.
17	Meir aktiv oppfølging av Herøyværingar som reiser ut for å ta utdanning.
Barn, unge og identitetsbygging	
1	Barnehage og skule skal inkludere alle barn og unge på ein god måte med tilrettelagt informasjonsmatriell.
2	Kommunen skal ha god dekning av helsetenester for alle barn og unge.
3	Kommunen skal intervernere tidleg der barn og unge har problem.
4	Rekruttere personar med førskulelæruddanning i alle pedagogiske stillingar i barnehagane.
5	Kommunen vil arbeide for å få fleire profesjonar innan barnehage og skule.
6	Auke og vidareutvikle kompetansen til dei tilsette i barnehagane.
7	Utarbeide tiltak for å imøtekome krava til fysisk utforming av barnehagar og skulebygg.
8	Styrke spesialisering innan barnevern.
9	Auke og vidareutvikle kompetansen til lærarar og førskulelærarar.
10	Tydeleggjere samanhengane mellom barns oppvekst, skule, vidaregåande og inngangen til arbeidslivet.
11	Ta i bruk ny teknologi i barnehage og skule.
12	Herøy kommune vil leggje til rette for at barn og unge får informasjon om Herøy si fortid og notid og etablerar ein indentitetskjensle til kommunen.
13	Etablere ordning med ungdomsbuss på kvelds-/ nattestid.
14	Innføre kinesisk som valfag i skulen.
15	Styrke yrkesretteiinga i skulen mot lokale bedrifter.
16	Ny skule i området ved Blåhaugen.
17	Rekruttere fleire mannlige rollemodellar i barnehage og skule.
18	Planlegge ny idrettshall ved Einedalen skule.
19	Etablere moderne badeplassar.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2013/561
		Arkiv:	200

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
108/13	Formannskapet	18.06.2013
	Kommunestyret	27.06.2013

GODKJENNING AV KOMMUNEREKNESKAPEN FOR 2012

Tilråding:

Herøy kommune sin rekneskap for 2012 vert godkjent slik det går fram av saksdokument og vedlegg.

Særutskrift:

- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon, her
- Vest Kontrollutvalssekretariat
- Økonomiavdelinga, her

Vedlegg:

- Rekneskap 2012 m/revisjonsberetning
- Utskrift frå møteboka frå Kontrollutvalet

Saksopplysningar:

Herøy kommune fekk eit rekneskapsmessig resultat i driftsrekneskapen for 2012 med i alt kr 0,-.

Driftsrekneskapen

Brutto driftsresultatet vart positivt med i overkant av 11,6 mill kr og netto driftsresultat vart positivt med om lag 15,4 mill kr.

Eit anna positivt trekk med årets rekneskap er at disposisjonsfonda har styrka seg med nær 2,6 mill kroner i løpet av 2012.

Driftsrekneskapen (og regulert budsjett 2012) kan vi sette opp i ei slik oversikt:

(Alle tal i 1.000 kr)	Rekneskap 2012	Reg. budsjett 2012	Avvik i kr
Driftsinntekter	-26 893	-24 308	-2 585
Brukarbetalingar	-32 507	-32 020	-487
Andre sals- og leigeinntekter	-41 751	-32 065	-9 686
Overføringar med krav om motyting	-179 116	-178 600	-516
Rammetilskott	-58 602	-51 876	-6 726
Andre overføringar	-850	-91	-759
Inntekts- og formuesskatt	-242 141	-240 000	-2 141
Sum driftsinntekter	-581 860	-558 960	-22 900
Driftsutgifter			
Lønsutgifter	279 904	275 444	4 460
Sosiale utgifter	72 038	72 721	-683
Kjøp av varer og tenester komm tenesteprod	73 375	58 970	14 405
Kjøp av varer og tenester erstatter komm tenesteprod	71 710	60 061	11 649
Overføringar	62 143	58 132	4 011
Avskrivningar	25 371	19 850	5 521
Fordelte utgifter	-14 324	-6 728	-7 596
Sum driftsutgifter	570 217	538 450	31 767
Brutto driftsresultat	-11 643	-20 510	8 867
Eksterne finansinntekter			
Renteinntekter og utbytte	-10 093	-11 390	1 297
Gevinst finansielle instrument	-5 951	-3 250	-2 701
Mottekne avdrag på lån	-131	-110	-21
Sum eksterne finansinntekter	-16 175	-14 750	-1 425
Eksterne finansutgifter			
Renteutgifter og lånekostnadar	18 388	22 279	-3 891

Tap finansielle instrument	748	-	748
Andrag på lån	18 373	18 900	-527
Utlån	272	110	162
Sum eksterne finansutgifter	37 781	41 289	-3 508
Resultat eksterne finanstransaksjonar	21 606	26 539	-4 933
Motpost avskrivningar	-25 371	-20 740	-4 631
Netto driftsresultat	-15 408	-14 711	-697
Bruk av avsetnader			
Bruk av disposisjonsfond	-6 091	-6 959	868
Bruk av bundne fond	-25 419	-22 208	-3 211
Sum bruk av avsetnader	-31 510	-29 167	-2 343
Avsetnader			
Overført til investeringsrekneskapen	2 045	-	2 045
Avsett til dekning av tidl. års rekneskapsm. meirforbr.	2 015	2 015	-
Avsett til disp fond	6 662	9 250	-2 588
Avsett til bundne fond	36 197	32 612	3 585
Sum avsetnader	46 919	43 877	3 042
Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk	-	-	-

Netto finanskostnadane vart om lag 4,9 mill betre enn budsjettert. Grunnen til dette positive avviket var at både rente- og avdragsutgiftene vart lavare enn budsjettert og at vi fekk ein høgare gevinst på finansielle instrument enn det vi hadde rekna med.

Heller ikkje i 2012 vart det samsvar mellom budsjetterte og rekneskapsførte inntekter og utgifter. Samla driftsinntekter (inkludert skatt, ramme, momskompensasjon investeringar men eks finans, RDA midlar og interne overføringar) vart om lag 11,6 mill høgare enn justert budsjett. Dette er omlag 1,8 mill kr betre enn i 2011.

Meirinntektene har vi hatt innan fleire områder og artar. Ein kan her nemne bl.a.

- Meirverdikompensasjon drift og investering med om lag 4,8 mill kr
- Brukarbetalingar, salsinntekter m.m. med om lag 1,6 mill kr
- Husleigeinntekter med om lag 1,5 mill kr
- Skattinntekter og rammetilskott med om lag 2,6 mill kr
- Refusjon sjukeløn med om lag 1,4 mill kr
- Andre refusjonar med om lag 2,9 mill kr
- Øyremerka statstilskott med om lag 7,2 mill kr

I 2012 hadde kommunen reelle driftsutgifter (eks avskrivningar, eks finans og eks fordelte utgifter/lønner) som var om lag 29,6 mill kr høgare enn budsjettert. Dette var om lag 3,6 mill kr høgare enn i 2011.

Meirforbruk har vi hatt innan fleire områder og artar. Ein kan her kort nemne:

- Løn og sosiale kostnader med om lag 3,8 mill kr
- Konsulenttenester med om lag 1,7 mill kr

- Kjøp frå kommunar med om lag 4,7 mill kr
- Kjøp frå private med om lag 6,9 mill kr (av det priv barnehagar med om lag 4,4 mill kr)
- Meirverdiavgiftskompensasjon med om lag 5,0 mill kr

(Det er sjølvstyk slik at mange andre utgiftsartar har eit meirforbruk medan andre har eit mindreforbruk).

Meirutgifter og meirinntekter i høve til budsjettet får ein gjennom heile rekneskapsåret. Noko av det får ein retta opp gjennom budsjettendringssaker medan andre oppstår så seint i året at ein ikkje klarer å fange det opp i ei politisk sak i og med at ein i prinsippet ikkje har høve til å endre budsjettet etter 31.12.

Det endelege rekneskapet syner eit totalt meirforbruk hjå drifts- og stabsavdelingane på nær 4,0 mill kr. Totalt 9 av avdelingane hadde eit meirforbruk på totalt 9,1 mill kr, medan 11 avdelingar hadde eit samla mindreforbruk på om lag 5,1 mill kr.

Av avdelingar med stort meirforbruk i kroner kan vi nemne Sosial- og flyktning (NAV), Pleie- og omsorgsavdelinga og Anleggs- og driftsavdelinga. Bu- og habiliteringsavdelinga og Personal- og organisasjonsavdelinga på si side hadde dei største mindreforbruka i kroner.

Investeringsrekneskapen

Det vart på langt nær investert så mykje i 2012 som det ein hadde budsjettert med. Det er fleire grunnar til dette. Bl.a. at talet på investeringsprosjekt var mykje større enn det ein hadde kapasitet til å sette i gong og gjennomføre.

Investeringsrekneskapen (og regulert budsjett 2012) kan vi sette opp i ei slik oversikt:

(alle tal i 1.000 kr)	Rekneskap 2012	Reg. budsjett 2012	Avvik i kr
Finansieringsbehov			
Investeringar i anleggsmidlar	45 859	136 419	-90 560
Utlån og forskotteringar	5 328		5 328
Avdrag på lån	6 896		6 896
Avsetnadar	4 445		4 445
Finansieringsbehov 2012	62 528	136 419	-73 891
Finansiering			
Bruk av lånemidlar	-40 846	-131 940	91 094
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	-5 172	-1 250	-3 922
Tilskott til investeringar	-6 648	-2 200	-4 448
Mottekne avdrag på utlån og ref.	-4 152	-340	-3 812
Andre inntekter	-128	-89	-39
Sum eksternt finansiering	-56 946	-135 819	78 873
Overført frå driftsrekneskapen	-2 045	-100	-1 945
Bruk av avsetnadar	-3 537	-500	-3 037
Sum finansiering	-62 528	-136 419	73 891
Udekka/Udisponert	-	-	-

Låneopptaka vert gjort like etter årsskiftet. I og med at investeringane ikkje vart på langt nær så høge som ein hadde budsjettert med sat ein per 31.12.2012 med ubrukt lånemidlar på om lag 39,3 mill kr. Per 01.01.2012 var dei ubrukte lånemidlane negative med nær 5,7 mill kr.

I tillegg ser ein at det har kome utgifter på mange prosjekt som det ikkje har vore budsjettløyvingar til. Dette skuldast i første rekke at investeringsbudsjettet no er å sjå på som eit årsbudsjett og prosjekt som går over fleire år må ha nye løyvingar for kvart år. Dette har både prosjektleiarane og økonomiavdelinga slurva litt med både i 2011 og 2012. Dette blir stramma inn 2013.

Det er også slik at investeringsrekneskapen har hatt inntekter på 16,1 mill i 2012 medan ein har budsjettert med inntekter på nær 3,9 mill kr. Dette skuldast blant anna:

- Sal av fast eigedom (industri/service) med om lag 2,4 mill kr
- Tomtesal (private) med om lag 1,4 mill kr
- Overføring/betaling frå andre/private med 4,4 mill kr
- Avdrag formidlingslån, bruk av fonds og overført frå drifta.

Investeringsbudsjettet og investeringsrekneskapen gjeld for eit år og er ikkje årsvhengig. Det vil seie at ein må vedta budsjettendringar i investeringsbudsjettet for etterføljande år for investeringsprosjekt som ikkje er avslutta eller oppstarta innan utgangen av det året budsjettet gjeld for. På den måten må dei uferdige prosjekta som ein har henta unytta lånemidlar og tidlegare finansiert opp ved bruk av ubundne kapitalfond finansierast opp på nytt. Dette bør ein gjere i minst ei eiga sak i løpet av året.

Vurdering og konklusjon:

I eit år der viktige inntektskjelder som t.d. aksjeutbytte frå Tussa (4,7 mill kr) og momskompensasjon investeringar (5,2 mill i høve til opprinneleg budsjett) har svikta fekk kommunen mykje større skatteinntekter og rammetilskottenn opprinneleg budsjettert (15,2 mill kr). Dette gjorde at vi kom rimeleg godt ut av 2012 trass i at vi hadde eit meirforbruk på drifta på nær 4,0 mill kroner.

Økonomireglementet set reglar for når budsjettendringar skal utførast. Nokre avdelingar har, trass i eit par tre budsjettendringssaker, likevel hatt meirinntekter som avvik frå reglane i økonomireglementet. Nokre av desse meirinntektene har vore kjent på eit tidleg tidspunkt, medan andre har kome så seint på året at ein ikkje kunne fått dei med i ei politisk sak.

Ein må legge fram ny sak om budsjettregulering investeringar like over sommarferien, slik at formannskap/kommunestyre kan avgjere løyvingane på ikkje ferdigstilte prosjekt og ikkje igangsette prosjekt.

Det vert vidare framover prøvd så langt det er mogleg å fange opp inntekter og utgifter som avvik frå budsjett, slik at kommunestyret kan korrigere desse i samsvar med økonomireglementet. Administrasjonen har fått fullmakt til kunne utføre budsjettkorrigeringar som gjeld refusjon sjukeløn og momskompensasjon drift utan at dette vert lagt fram for politisk godkjenning.

Regelverket seier at kommunen først skal godkjenne avlagt rekneskap og deretter, i eigne saker, disponere meir- eller mindreforbruket i driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen.

Det er nye reglar for føring av investeringsrekneskapen. Det gjer at ein ikkje kjem ut med meirforbruk eller mindreforbruk så sant ein har unytta lånemidlar tilgjengelege. Grunnen til dette var at kommunen ikkje fekk satt i gang alle dei investeringsprosjekta ein hadde budsjettert med verken i 2011 eller i 2012.

Når også driftsrekneskapen vert avslutta med kr 0,- som resultat etter at strykingsreglane er følgt er det heller ikkje grunn til å ta opp dette som eiga sak.

Fosnavåg, 22.05.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

HERØY KOMMUNE

REKNESKAPEN 2012




Foto: Lene Utseth

HERØY KOMMUNE

REKNESKAPEN FOR ÅR 2012

Innholdsliste:

Vedlegg

- Vedlegg 1: Rekneskapsskjema 1 A og 1 B – Drift
- Vedlegg 2: Rekneskapsskjema 2 A – Investeringsrekneskapen
- Vedlegg 3: Balanserekneskapen (oversikt og detaljert)
- Vedlegg 4: Økonomisk oversikt – Drift
- Vedlegg 5: Økonomisk oversikt – Investering
- Vedlegg 6: Notar

Drift

- Oversikt over samla driftsinntekter og samla driftsutgifter på dei ulike ansvarsområda slik dei er oppsett i budsjettvedtaket for år 2012.
- Oversikt over samla driftsinntekt og driftsutgift for kvart av dei ulike områda som kommunerekneskapen for år 2012 er delt opp i.
- Oversikt som syner korleis fordelinga er på dei ulike hovudpostane per område (grunnskule, barnehage, utviklingsavdelinga, osb).
- Oversikt som syner korleis fordelinga er på dei ulike hovudpostane (totalt for heile kommunen).

Investering

- Detaljert oversikt over investeringane gjort i 2012 fordelt på prosjekt.

Revisjonsmelding

- Revisjonsmelding for rekneskapen 2012

Fosnavåg, 31.12.2012/14.05.2013


Erlend Krumsvik
Rådmann


Geir Egil Olsen
Økonomileiar


Else Berge Kvalsund
Rekneskapsansvarleg

Vedlegg 1:

Rekneskapsskjema 1 A - Driftsrekneskapen
Rekneskapsskjema 1 B - Driftsrekneskapen

Rekneskap 2012

Vedlegg 1**Regnskapsskjema 1A - Driftsregnskapet**

Tall i 1000 kroner	Regnskap 2012	Regulert budsjett 2012	Opprinnelig budsjett 2012	Regnskap 2011
FRIE DISPONIBLE INNTEKTER				
Skatt på inntekt og formue	-242 141	-240 000	-217 500	-214 089
Ordinært rammetilskudd	-179 116	-178 600	-188 500	-170 147
Eiendomsskatt verk og bruk	0	0	0	0
Eiendomsskatt annen fast eiendom	0	0	0	0
Andre direkte eller indirekte skatter	0	0	0	0
Andre generelle statstilskudd	-58 602	-51 876	-18 661	-63 155
Sum frie disponible inntekter	-479 860	-470 476	-424 661	-447 391
FINANSINNTEKTER/-UTGIFTER				
Renteinntekter og utbytte	-16 045	-14 640	-13 690	-17 989
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	19 136	22 279	22 279	26 945
Avdrag på lån	18 373	18 900	18 900	19 834
Netto finansinntekter/-utgifter	21 464	26 539	27 489	28 791
AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER				
Til dekning av tidligere års regnskapsmessige merforbruk	2 015	2 015	0	0
Til ubundne avsetninger	6 662	9 250	0	0
Til bundne avsetninger	36 197	32 612	1 112	36 147
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	0	0	0	-4 830
Bruk av ubundne avsetninger	-6 091	-6 959	-3 000	-1 621
Bruk av bundne avsetninger	-25 419	-22 208	-415	-2 475
Netto avsetninger	13 365	14 710	-2 303	27 222
FORDELING				
Overført til investeringsregnskapet	2 045	0	0	2 082
Til fordeling drift	-442 986	-429 227	-399 475	-389 297
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	442 986	429 227	399 475	391 312
Regnskapsmessig merforbruk/mindreforbruk	0	0	0	2 015

Tall i 1000 kroner	Regnskap 2012	Regulert budsjett 2012	Opprinnelig budsjett 2012	Regnskap 2011
Netto driftsutgifter pr Område				
Folkevalde	4 278	3 840	3 630	3 931
Administrativ leing	2 749	2 885	2 885	2 450
Serviceforget	2 360	2 785	2 785	2 467
Fellessekretariatet	2 278	2 245	2 245	2 139
Økonomiavdelinga	5 682	6 325	5 685	4 973
Personal- og organisasjonsavdelinga	7 055	8 045	8 345	6 968
IKT	4 648	4 465	4 005	7 071
Overføringar til andre	32 512	32 515	8 800	15 392
Barnehagar	58 236	57 313	56 520	51 078
Grunnskule	102 468	100 841	99 830	99 746
Helseavdelinga	20 638	20 140	20 140	18 779
Heimetenester	89 340	86 400	86 400	83 936
Butilbod	41 624	40 496	40 496	36 577
Sosial- og barnevernstenesta	11 588	11 570	11 570	11 688
Sosial og flyktning	17 179	13 705	13 705	12 224
Kulturkontoret	7 659	7 120	7 180	6 922
Utviklingsavdelinga	5 236	4 860	5 460	3 778
Anlegg- og driftsavdelinga	11 960	9 642	9 859	11 997
Eigedomsavdelinga	15 939	15 300	15 300	16 186
Samhandlingsreforma	11 620	11 968	11 968	0
Skatt, ramme, finans, tilskot etc.	-12 064	-13 233	-17 333	-6 990
Netto for Område	442 986	429 227	399 475	391 312

Rekneskapskjema 1 B

	Rekneskap 2012		Regulert budsjett 2012		Avvik Reknesk-budsj	
	Utgifter	Inntekter	Utgifter	Inntekter		
	Netto	Netto	Netto	Netto		
Politisk leiging	4.469.016	(401.390)	3.967.626	(331.000)	3.630.000	(437.626)
Administrativ leiging	3.709.170	(970.400)	2.738.770	(1.026.800)	2.765.000	26.230
Serviceforret	5.437.334	(3.077.249)	2.360.085	(775.400)	2.785.000	424.915
Fellessekretariatet	2.464.859	(186.627)	2.278.232	(175.000)	2.245.000	(33.232)
Økonomiavdelinga	6.300.674	(618.528)	5.682.146	(1.168.000)	5.685.000	2.854
Personal- og organisasjonsavdelinga	8.651.449	(1.596.715)	7.054.734	(1.981.000)	8.045.000	990.266
Informasjonsteknologi (IKT)	5.367.746	(970.217)	4.397.529	(822.300)	4.465.000	67.471
Div. overføringar (Kyrkje, RDA osv)	66.087.688	(58.259.055)	7.828.633	(55.315.000)	8.400.000	571.367
Barnehageavdeling	61.470.252	(5.744.207)	55.726.045	(5.087.400)	56.520.000	793.955
Skuleavdelinga	119.613.465	(19.461.038)	100.152.427	(15.420.300)	99.875.000	(277.427)
Avdeling for barn, familie og helse	45.231.567	(13.284.458)	31.947.109	(6.902.800)	31.065.000	(882.109)
Pleie- og omsorgsavdelinga	114.826.234	(25.633.377)	89.192.857	(23.945.600)	86.400.000	(2.792.857)
Bu- og habiliteringsavdelinga	44.442.021	(13.930.739)	30.511.282	(10.645.700)	32.600.000	2.088.718
NAV (sosial og flyktning)	18.245.353	(7.330.921)	10.914.432	(6.310.500)	8.045.000	(2.869.432)
Kulturavdelinga	11.601.759	(4.559.126)	7.042.633	(4.901.400)	6.830.000	(212.633)
Utviklingsavdelinga	8.864.654	(3.940.741)	4.923.913	(2.602.800)	5.360.000	436.087
Anleggs- og driftsavdelinga	34.040.265	(19.796.864)	14.243.401	(20.531.000)	13.185.000	(1.058.401)
Eigedomsavdelinga	36.157.202	(20.303.942)	15.853.260	(10.345.000)	15.300.000	(553.260)
Samhandlingsreforma	12.468.612	(964.000)	11.504.612	-	11.968.000	463.388
Sum	609.449.320	(201.029.594)	408.419.726	(168.287.000)	405.168.000	(3.251.726)

(parentes) i avvikskolonna tilseier eit meirforbruk

Vedlegg 2:

Rekneskapsskjema 2 A - Investeringsrekneskapen

Rekneskap 2012

Regnskapsskjema 2A - Investeringsregnskapet

Tall i 1000 kroner	Regulert budsjett		Opprinnelig Budsjett 2012	Regnskap 2011
	Regnskap 2012	2012		
FINANSIERINGSBEHOV				
Investeringer i anleggsmidler	45 859	136 419	120 260	41 890
Utlån og forskutteringer	5 328	0	0	5 676
Avdrag på lån	6 896	0	0	3 062
Avsetninger	4 445	0	0	450
Årets finansieringsbehov	62 527	136 419	120 260	51 078
FINANSIERING				
Bruk av lånemidler	-40 846	-131 940	-116 770	-32 754
Inntekter fra salg av anleggsmidler	-5 172	-1 250	-1 250	-466
Tilskudd til investeringer	-6 648	-2 200	-1 500	-7 015
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	-4 152	-340	-340	-2 232
Andre inntekter	-128	-89	0	-3 829
Sum ekstern finansiering	-56 945	-135 819	-119 860	-46 296
Overført fra driftsregnskapet	-2 045	-100	-100	-2 082
Bruk av avsetninger	-3 537	-500	-300	-2 700
Sum finansiering	-62 527	-136 419	-120 260	-51 078
Udekket / Udisponert	0	0	0	0

REGNSKAPSSKJEMA 2B INVESTINGSREGNSKAPET FORDELT PÅ

Tall i 1000 kroner	Regnskap 2012	Regulert budsjett 2012	Opprinnelig budsjett 2012	Regnskap 2011
Fra regnskapsskjema 2A:				
Investeringer i anleggsmidler	45 859	136 419	120 260	41 890
Fordeling på				
IP-TELEFONI	0	0	0	55
INNLØYSING AV TOMT HOTELLOMRÅDET	2 536	2 540	0	0
TIDSREGISTERING	0	100	100	0
NORSK HELSENETT	0	225	225	0
KYRKJLEGG FELLESRÅD 2011 INVESTERINGAR	0	0	3 300	180
AS FOSNAVÅG KONSERTHUS - AKSJEKAPITAL	55	8 000	8 000	0
IKT - INVESTERING	2 420	2 300	2 300	2 004
FELLES ØKONOMISYSTEM, AGRESSO	0	0	0	156
OREIGNING HOTELLTOMT I FOSNAVÅG	0	0	0	28
INVESTERINGAR KYRKJLEGG FELLESRÅD	544	3 300	0	0
UTSTYR UTVIDING LEGEKONTOR EGGESBØNES	217	475	475	0
OVERTAKING INVENTAR/UTST.FRÅ MYRVÅG LEGE	645	0	0	0
Nytt lys/lydanlegg Kulturhus/kino	-21	0	0	1 106
MUSIKKBRAKKE	0	0	0	514
HEID TURLØYPE	0	0	0	465
UTSTYR/INSTRUMENT MUSIKKBRAKKA	2	0	0	44
BMX / SKATEPARK VED KULTURHUSET	490	540	540	0
BALLBINGE - BERGSØY SKULE	2	0	0	700
RØYRA BALLBINGE	111	0	0	356
SANDHANDBALLBANE (Aktivitetsparken)	220	0	0	0
BALLBINGE NERLANDSØY	580	0	0	0
BALLBINGE KULTURHUSET - RENOVERING/OPPGR	51	0	0	0
TURLYSLØYPE LEIKONGSÆTRA	0	0	0	22
Ny kartlegging (flyfotofering)	0	0	0	300
PLANFRI KRYSSING FRØYSTADSKARET	46	0	0	31
KOMMANDOBIL BRANNVESENET	734	720	720	0
REGULERING NÆRØYKRYSSSET	16	0	0	0
REGULERING INDRE BERGSØY	0	0	0	201
INDRE LEINE	0	0	0	12
ARKEOLOGISKE UTGRAVINGAR	0	200	200	0
PLANLEGGINGSMIDLAR NYE PROSJEKT	0	300	300	0

Tall i 1000 kroner	Regnskap 2012	Regulert budsjett 2012	Opprinnelig budsjett 2012	Regnskap 2011
Moltu Barnehage - personalrom etc	59	0	0	1 755
Ombygging 1.etg.Herøy legesenter	2 587	11 100	11 100	1 366
GANGVEG REMØY "SJØVEGEN"	1	0	0	342
"INDUSTRIVEG" DRAGSUND INDUSTRIOMRÅDE	0	0	0	2 760
PARKERINGSAREAL BAK RÅDHUSET	0	1 000	1 000	6
BERGSØY STADION, KUNSTGRASBANE (?) (PLANL.	8 794	0	0	179
AVLØPSANLEGG EGGESBØNES	70	70	0	1 709
ØVRE FOSNAVÅG (KLOAKK)	0	0	0	334
KUNSTGRASBANE TJØRVÅG	0	0	0	906
Ny lastebil anlegg/drift	0	0	0	84
NÆRINGSTILTAK	506	1 000	1 000	0
Utgreiing/planprosess Bergsøy skule "Borga" 2010	81	400	400	0
TRAFIKKTRYGGING / GATELYS	0	2 000	2 000	0
PLANLEGG.MIDLAR BASE FUNKSJONSHEMMA	0	0	0	40
BUSTADAR UNGE FUNKSJONSHEMMA	240	9 250	9 250	70
MOLTU BARNEHAGE	227	200	0	0
TILKOMST FUNKSJONSHEMMA - LEIKANGER SKUL	0	800	800	0
UTBYGGING HERØY PRODUKSJON	0	2 500	2 500	8
ASFALTERING AV GRUSVEGAR	0	0	0	2 171
LEDNINGSANLEGG HERØY KYRKJE TIL MIKKELHAI	0	0	0	1 372
Badeland/Kulturhus	769	0	0	606
Leikanger barnehage	0	0	0	106
SKILTING KOMMUNALEVEGAR OG GATER	10	0	0	81
ASFALTERING SØRLIA UTBYGGINGSOMRÅDE	0	0	0	171
LEINE SKULE KLOAKKLEIDNINGAR	405	366	0	1 473
KLOAKKLEIDNING NYGJERDE	0	0	0	205
LEDNINGSANLEGG NÆRØYA - FLUSUND	58	58	0	0
PARKERING OG VEGAR KNYTT TIL KULTURHUS-/B.	8	0	0	0
KUNSTGRASBANE LEIKONG	898	0	0	10
SNØPLOG TIL LASTEBIL	162	200	200	0
BASE FUNKSJONSHEMMA BARN I BARNESKULEN	0	2 500	2 500	0
KJØP AV OFFENTLEGE PARKERINGSPLASSAR	0	20 500	20 500	0
UTOMHUSANLEGG CAMPUS	2 459	10 000	10 000	0
LEIKANGER SKULE - TILKOMST, SNUPLASS, PARKI	0	1 000	1 000	0
TANKBIL BRANNVERN	0	600	600	0
AVLØP - KVALSUND OG TEIGE BYGGEFELT	200	200	0	0
PÅPYGGING HERØY HELSESENTER	366	0	0	0
LEIDNINGSANLEGG TJØRVÅG	11	11	0	167

	Regnskap 2012	Regulert budsjett 2012	Opprinnelig budsjett 2012	Regnskap 2011
Tall i 1000 kroner				
INFRASTRUKTUR MYKLEBUSTVATNET VEST	151	0	0	84
Psykiatribustadar Myklebust	316	0	0	0
EINEDALEN SKULE	0	0	0	54
MJØLSTADNESET INDUSTRIOMRÅDE	625	500	500	0
KLOAKKRAMMEPLANEN	0	11 529	14 000	0
TILBYGG/UTBETRING PERSONALROM STOKSUND	0	0	0	3 004
INFRASTRUKTUR NYTT HOTELL FOSNAVÅG	63	6 000	6 000	0
PLANLEGGINGSMIDLAR NYE PROSJEKT	69	0	0	0

Tilråding:

Årsrapporten for 2012 vert godkjend.

Særutskrift:

- Rådmannen si leiargruppe
- Kommunerevisjonen

Vedlegg:

- Årsrapport 2012

Saksopplysninger:

Årsrapporten følger vedlagt.

Vurdering og konklusjon:

Eg rår til at årsrapporten vert godkjend.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Ingen.

Fosnavåg, 22.05.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

ÅRSRAPPORT 2012

Introduksjon

Fakta om Herøy. Indikatorar for samfunn og livskvalitet

Grunndata	2012	2011	2010	2009
Kommuneareal km2	119,7	119,7	119,7	119,7
Folketal	8847	8727	8533	8383
Folketilvekst	120	194	150	34
Innflytting	379	404	408	260
Utflytting	267	269	277	241
Nettoflytting	112	135	131	19
Døde	78	55	73	71
Fødde	86	114	91	84
Fødseloverskot	8	59	18	13
Innpendling	846	708	677	688
Utpendling	1 142	1131	1148	1188

Økonomi	Herøy 2012	Kommune- gruppe	Møre og Romsdal	Gj.snitt land	Herøy 2011	Herøy 2010
Brutto driftsres. i % av brutto driftsinnt	2,4	2,5	1,8	2,0	5,6	8,6
Netto driftsres. i % av brutto driftsinnt.	2,7	2,9	1,7	2,7	5,1	8,7
Langsiktig gjeld i % av brutto driftsinnt	213,3	197,4	200,8	188,8	188,9	175,3
Arbeidskapital i % av brutto driftsinnt	31,7	22,3	21,9	19,9	23,1	11,4
Frie inntekter i kr per innbygger	44 616	40 787	46 639	46 475	44 007	36 852
Netto lånegjeld i kr per innbygger	54 719	40 935	44 670	36 120	54 115	54 204

Likestilling	Herøy 2012	Herøy 2011	Herøy 2010	Herøy 2009
Barnehagedekning	0,96	0,96	0,937	0,861
Kvinnelege kommunestyrerepresentantar	0,85	0,85	0,727	0,727
Utdanningsnivå	0,7	0,75	0,772	0,773
Kvinner per 100 menn				
Kvinner i arbeidsstyrken				
Arbeidsdeltaking	0,88	0,87	0,861	0,866
Inntekt kvinner/menn	0,47	0,48	0,488	0,459
Deltid	0,2	0,27	0,223	0,247
Fedrekvote	0,63	0,62	0,579	0,590
Kjønnsbalansert næringsstruktur	0,49	0,46	0,452	0,453
Kjønnsbalanse offentlig forvaltning	0,4	0,40	0,405	0,400
Kjønnsbalanse privat sektor	0,7	0,70	0,680	0,687
Andel kvinnelege leiarar		0,54	0,545	0,525
Kjønnsbalansert utdanningsprogram	0,64	0,62	0,629	0,604
Totalindeks			0,626	0,615
Rangert nr av norske kommunar			391	384

Visjon og overordna mål

”Herøy – ei båtlengd føre”

Båten er motivet i kommunevåpenet. Havet og båten er bærebjelken i næringslivet i kommunen. Det vert sagt at konkurransen mellom reiarane i kommunen driv utviklinga framover. Det å vere ”ei båtlengd føre”, har gjort at næringslivet på enkelte område er leiande internasjonalt.

Visjonen er at ikkje berre næringslivet i kommunen skal vere ei båtlengd føre, men at dette er ein visjon som skal prege herøyværinga på alle samfunnsområde.

Kommuneplanen

I kommuneplanen for Herøy 2002-2012 er det gjort opp slik status for herøysamfunnet:

Sterke sider ved situasjonen/utvikling i Herøy-samfunnet.

1. Sterk fiskeri-/offshorenæring, stor variasjon i fiskeflåten og i maritime aktivitetar.
2. Kommunesenter i utvikling, stort potensial.
3. Godt tilrettelagt industri- og serviceområde.
4. Variert organisert kulturliv (mangfald i lag/organisasjonar).
5. Spesielle naturkvalitetar – spennande natur/vilkår for friluft på sjø og land.
6. Sterk privat kapitalside med investeringspotensial.
7. Korte avstandar dannar ein stor arbeidsmarknads-, handels- og utdanningsregion.

Svake sider ved situasjonen/utviklinga i Herøy-samfunnet

1. Einsidig næringsliv med mangel på arbeidsplassar for høgt utdanna personar, spesielt kvinnearbeidsplassar.
2. Dårleg utnytting av naturlege fortrinn i turistsamanheng, dårleg utbygd tilbod til turistar.
3. Sårbar, usikker vassforsyning/straum.
4. Manglande kommuneidentitet.
5. Dårleg kollektivtilbod, særleg i utkantane og spesielt på kveldstid og i helgane.

Satsingsområde og overordna mål i kommuneplanen:

1. UNGDOM

Mål:

- Ungdom i Herøy skal trivast og utvikle ein positiv lokal identitet.
- Eit mangfaldig fritidstilbod med breidde i aktivitetar der ungdom kan utvikle seg sjølve og nytte ressursane sine til beste for seg sjølve og samfunnet.

2. SENTRUMSUTVIKLING

Mål:

- Fosnavåg skal vere ein attraktiv og triveleg by for innbyggjarar, næringsliv og turistar.
- Fosnavåg skal utviklast til å bli det samlande kommunesenteret i Herøy, ein felles møtestad og utgangspunkt for opplevingar i kommunen og regionen, både for eigne innbyggjarar og for tilreisande.

3. IDENTITET OG SOSIALE MØTEPLASSAR

Mål:

- Innbyggjarane i kommunen skal føle ein felles identitet som herøyværingar i tillegg til bygdeidentitetane sine.

- Skape minst ein møteplass for barn, ungdom og vaksne i kvar grend/bygd/sentrum, slik at folk kan møtast, og dei ulike delande av kommunen kan oppretthalde og utvikle sin identitet og særpreg.

4. INFRASTRUKTUR

Mål:

- Alle innbyggjarar og bedrifter i kommunen skal vere trygge på å ha ei sikker straumforsyning, vassforsyning, vegsamband, breiband og anna infrastruktur som tilfredsstillar krava deira.

5. NÆRING OG UTDANNING

Mål:

- Herøy kommune skal framleis vere leiande innan fiskeri- og offshore her i landet.
- Eit godt vidaregåande skuletilbod som støttar næringslivet sitt behov.

6. KVINNER

Mål:

- Likestilling i form av like forhold for kvinner og menn når det gjeld utdanning, yrkesliv og sosialt liv.
- Auka utdanningsnivå blant kvinnene i Herøy.

Politisk styring

Kommunestyret vedtok ny politisk organisering i 2012. Det vart oppretta 3 nye komitear; komite for næring, kultur og idrett, komite for oppvekst og komite for helse og omsorg. Maritim komite vart endra til maritim og teknisk komite.

Kommunestyret	Medlemer	Menn	Kvinner
Arbeidarpartiet	6	4	2
Folkelista	3	2	1
Framstegspartiet	3	2	1
Høgre	15	9	6
Kristeleg Folkeparti	5	3	2
Venstre	1	1	0

Kommunestyret f.o.m. 20.10.2011:

Goksøyr, Arnulf	Høgre, ordførar
Steinsvik, Tor Sindre	Høgre, varaordførar
Sydhagen, Gry Cecilie	Høgre
Tarberg, Idar	Høgre
Hansen, Fred	Høgre
Gjerde, Richard Klungsøyr	Høgre
Lied, Frank	Høgre
Nygaard, Sigurd Voldsund	Høgre
Storøy, Ann Kathrin (Tine)	Høgre
Otterlei, Bjørn	Høgre
Leinebø, Margaret	Høgre
Frøystadvåg, Malene	Høgre
Hammerø, Kirsti	Høgre
Sævik, Marthe Vågsholm	Høgre
Sævik, Stig Arne Helsem	Høgre
Nærø, Dag	Framstegspartiet
Teige, Karly Ingunn	Framstegspartiet
Garvik, Thor-Sigmund	Framstegspartiet
Hermansen, Camilla Storøy	Kristeleg Folkeparti
Brubakk, Ole	Kristeleg Folkeparti
Sævik, Linn-Therese Hansen	Kristeleg Folkeparti
Kvalsvik, Frank Otto	Kristeleg Folkeparti
Nerem, John	Kristeleg Folkeparti
Jøsokbakke, Henry	Venstre
Andreassen, Olaug	Arbeidarpartiet
Furø, Per Kristian	Arbeidarpartiet
Remøy, Janita Westbø	Arbeidarpartiet
Myrvågnes, Reidun L.	Arbeidarpartiet
Gjelseth, Svein	Arbeidarpartiet
Arntsen, Sofi Mere	Arbeidarpartiet
Kvalsvik, Bjarne	Folkelista/Senterpartiet
Runde, Kjell	Folkelista/Senterpartiet
Runde, Kaja	Folkelista/Senterpartiet

Formannskapet f.o.m. 20.10.2011:

Goksøyr, Arnulf	Høgre, ordførar
Steinsvik, Tor-Sindre	Høgre, varaordførar
Storøy, Ann Katrin (Tine)	Høgre
Leinebø, Margaret	Høgre

Teige, Karly Ingunn	Framstegspartiet
Hermansen, Camilla Storøy	Kristeleg Folkeparti
Runde, Kjell	Folkelista/Senterpartiet
Furø, Per Kristian	Det norske Arbeidarparti
Andreassen, Olaug	Det norske Arbeidarparti

Tal på politiske møte og saker:

		2007	2008	2009	2010	2011	2012
Kommunestyre	Ant.møte	12	11	9	11	12	12
	Ant.saker	218	186	161	191	238	220
Formannskap	Ant.møte	23	25	22	23	23	23
	Ant.saker	287	300	308	376	352	353
Maritim og teknisk komite	Ant.møte	4	6	6	6	6	11
	Ant.saker	37	41	42	35	35	106
Arbeidsmiljøutvalet	Ant.møte	4	5	6	7	8	5
	Ant.saker	16	29	31	29	37	28
Administrasjonsutvalet	Ant.møte	1		2		1	1
	Ant.saker	3		6		3	2
Eldrerådet	Ant.møte	7	4	7	7	3	7
	Ant.saker	28	19	26	22	13	32
Råd for funksjonshemma	Ant.møte		5	5	4	7	7
	Ant.saker		17	17	11	25	38
Ungdomsrådet	Ant.møte	10	9		11	12	9
	Ant.saker	41	38		31	46	42
Komite for næring, kultur og idrett	Ant.møte						5
	Ant.saker						36
Komite for oppvekst	Ant.møte						4
	Ant.saker						13
Komite for helse og omsorg	Ant.møte						3
	Ant.saker						16


Valdeltakinga ved dei fire siste kommunevala:

	Herøy	Landet
2011	62,3	64,5
2007	62,49	61,2
2003	55,72	59,0
1999	58,6	60,4
1995	61,3	62,8
1991	67,1	66,0
Gj.snitt	61,25	62,31

Kommunevalet i 2007 vart eit brot på trenden med minkande valdeltaking, både for Herøy og for heile landet sett under eitt.

Administrativ organisering

Organisasjonsmodell:



Viktige hendingar i 2012

Januar:

- Per Sævik vart utnemnd til ridder av første klasse av St. Olavs orden.
- Rune Sjugard sluttar som rådmann i Herøy.

Februar

- Herøy kommune kjøper Fristadbygget i Dragsund for 13 millionar kr.

Mars

- I Herøyhallen vert "ridder" Per Sævik hiedra av meir enn 1000 tilhøyrarar og flotte artistar.

April

- Erlend Krumsvik tek til som rådmann i Herøy.

Mai

- Kronprinsfamilien besøkjer Herøy.

Juni

- Badeland i Fosnavåg vert lagt ut på anbod.

Juli

- Herøyspelet 2012 vert ein suksess.

August

- Bergsøy stadion, grasbanen, vart ombygd til kunstgrasbane og teken i bruk .

September

- Herøy kommune får omsorgsprisen for satsinga si på fagdagar for tilsette i pleie og omsorg.
- Kyrkjeparken ved Herøy kyrkje vert opna.

Oktober

- Tussa sikrar straumforsyninga til ytre Herøy ved undersjøisk kabel tvers over Herøyfjorden.

November

- Fosnavåg konserthus er fullfinansiert med 72 millionar på konto.

Desember

- Kulturprisen til Ragnhild Riise og Asbjørg Håberg.
- Kommunestyret vedtek at nattlegevakta vert flytta til Volda ved årsskiftet.
- Per Sævik og Stig Remøy signerer kontrakt som sikrar Fosnavåg nytt hotell med kino, skipssimulator og konserthus i august 2014.

Kommuneplanen for 2002-2012

Evaluering av kommuneplan for Herøy 2002-2012			
Gjennomført			
Tiltak	Ja	Nei	Kommentar
Tiltak i kommuneplanperioden			
1. Ungdom kortsiktige tiltak			
1 Skateboardrampe på skuleområdet i Stokksund		Nei	Men byggjer rampe på kulturhusområdet no.
2. Lån/leige gamle Tjørnvåg skule til ungdommen		Nei	Skulen uaktuell no. Det er derimot nyleg etablert ungdomsklubb ved Myrvåg bedehus.
3. Etablere tilbod til ungdom mellom 15 og 19	Ja		Mange tilbod etablert etter 2001. Nemner: Gokart og skytebane på Leikongeidet, Herøy fritidsbad, Fritidsklubb, fredagstreff, heilårs lysløype på Leikongeidet, ungdomskor, kajakklubb, klatreklubb, ballbingar, skate-/bmxpark kulturhusomr, nattcup, LAN-party. Herøy kåra til fylkets nest beste ungdomskommune i 2010.
4. Utnemne kontaktperson for ungdommen i kommunen	Ja		Kontaktpersonen fungerer som sekretær for ungdomsrådet og er i tillegg involvert i ungdomsarrangement.
5. Ungdomsråd	Ja		Ungdomsråd med representantar frå alle skulane etablert i juni 2002. Velfungerande.
6. Styringsgruppe for førebyggjande arbeid barn og unge	Ja		Etablert 2001.
7. Skuleundersøkingar	Ja		Nei, ikkje gjennomført spesifikke undersøkingar som i samband med kommuneplan, men har nasjonale undersøkingar om det faglege ved skulane + brukarundersøkingar for elevar og foreldre.
8. Herøy VGS skal bestå med fag knytt til lokalt næringsliv	Ja	Nei	Både og; <u>Mista</u> frå 2006 (ved innføring av kunnskapsløftet): Formgjevingsfag over 3 år, som ga studiespesialisering, 1. året almennfag, teknisk teikning, 1, 2 el. 3 år. Sistnemnde svært uheldig pga at dette var ei utdanning som var nært knytt til næringslivet i området. <u>Består som før</u> ; Restaurant og Matfag; no også med sikkerheitskurs og utplassering på båt. Teknikk og Industriell produksjon; utplassering i samarb m næringslivet. Naturbruk; m utplassering på sjøen. Helse- og sosialfag har <u>auka</u> , frå 2011 også tilbod om vaksenkurs mot fagbrev. Starta bygg og anleggsteknikk i 2006, men dårleg søknad.
Ungdom andre tiltak			
1. Byggje klatrevegg på kulturhuset		Nei	Men etablert klatreklubb som klatrar i ein silo på Kopperstad
2. Byggje symjehall/badeland	Ja		Opna okt 2004. Held på med regulering for utviding! Gode besøkstal.
3. Finne, frigjere og leggje til rette areal til aktivitetar	Ja		Kulturhusområdet godt tilrettelagt, sjå pkt 4 nedanfor. Sjå elles pkt 3 over. Mange nye ballbingar etablert i fleire bygder/nabolag; Leikong, Myrvåg, Moltu, Remøy og Viketoppen. I tillegg turnbasseng på Nerlandsøy.
4. Plan for uteområde ved kulturhuset	Ja		Er i dag utbygd sandvolleyballbane, ballbinge, basketballbane, skateramper og tennisbane.
5. Ungdomsbussar på kvelds/-nattestid		Nei	Nei, men arbeider med prosjektet "heim for ein 50-lapp". I tillegg har kst bestilt utgreiing om ringbuss.

6. Ein mindre kino i Fosnavåg sentrum med kafé/kiosk		Nei	Det vert truleg ei ordning i samband med bygging av nytt hotell
7. Etablere digital minikino		Nei	Nei, men det vert digital kino på kulturhuset frå januar 2011
8. Etablere ein internettkafé		Nei	Nei, men i ein periode var der internetttilgjengeleg på Frivilligsentralen
9. Etablere møtestadar for ungdom	Ja		Fritidsklubbar etablert på kulturhuset, i kyrkja og på Myrvåg bedehus. Ynskjeleg med enda fleire møteplassar
10. Flytte kulturskolen inn i betre lokalitetar	Ja	Nei	Delvis Einedalen skule
11. Sette i gang aktivitetar knytt til kystkulturen	Ja		5. og 8. klassene har fast kystkulturprosjekt gjennom skulen. Herøy kystlag driv Herøy kystkultursenter. Kvinnekystkulturutstilling/kystkulturutstilling, teaterframsyning og forteljarframsyning knytt til kvinner og kystkultur. (Har Herøy gard frå før med kystmuseum og diverse kystkulturarrangement for born og unge)
2. Sentrumsutvikling kortsiktige tiltak			
1. Utarbeide tettstadanalyse for Fosnavåg og omeign	Ja		Vedtatt 2008. Viktig med opplysning /kjentgjerung og oppfølging
2. Utarbeide heilskapleg plan for sentrum og område rundt i samhald med analysen		Nei	Men har fleire delplanar, manglar trafikkplan
3. Utarbeide reguleringsplan for Fosnavåg sentrum/vestre del av hamneområde	Ja		Vedtatt i 2006. Er no i startgropa med plan for indre hamn.
4. Etablere eit fast samarbeidsforum mellom næringslivet og kommunen	Ja		Herøy næringsforum etablert i 2002.
5. Lage gjestehamn med diesel, vatn, straum, offentleg toalett, og anna sanitæranlegg ved holmsild/Esso	Ja		Alt er på plass. Toalett, stellerom, dusj og vaskemaskin er ope for alle, men er privat, ikkje offentleg (myntapparat)
6. Lage asfaltplett for bubilar ved Vågsplassen		Nei	Men det har vore lagt til rette for bubilparkering på indre almenningsskai i høve maritime dagar. Ikkje tømestasjon.
7. Etablere fast fisketorg (og handelstorg) i Fosnavåg	Ja		Almenningstorget er tilrettelagt som torgplass
Sentrumsutvikling andre tiltak			
1. Postnr. bør marknadsføre Fosnavåg	Ja		Er ordna innanfor bygrensa
2. Alle båtar skal ha Fosnavåg som registreringshamn	Ja		Ordna seg med bystatusen
3. Ordne til parken og andre grøntområder i sentrum		Nei	Ikkje til opphald/leik som forutsatt. Men tilrettelagt med sitjeplassar/møtestader på almenningstorget.
4. Ny innfartsveg til Fosnavåg		Nei	Men regulering pågår
5. Skape eit opplevingssenter (museum) for kystkultur	Ja	Nei	Fosnavåg kystkultursenter drive av Herøy kystlag er i startgropa.
6. Utbetre kloakktilhøva ved Fosnavåg hamn	Ja	Nei	Delvis. Står att austre del (Nørvåg/vågsholmen)
7. Organisere reinhald i sentrum	Ja	Nei	Som før. Man og fre kommunen + private har ansvar for sitt. Satt opp 15-20 fleire boskorger.
8. Etablere eit konferansehotell/rorbuhotell		Nei	Ferdig regulert - utbygging gjenstår
9. Starte opp med fiskeridagar kvar sommar	Ja		Maritim sommarfestival, Pir-festival, makrelldagar.
10. Samband mellom Nørvågsida og sentrum		Nei	
11. Etablere eit investeringsselskap		Nei	

12. Etablere turistkontor i Fosnavåg	Ja		Etabl på Servicetorget 2004/2005 Ope heile året, med særskilt fokus på sommarhalvåret
13. Planlegging og utbygging av hamnepromenade	Ja		Delvis. Har regulert inn til indre almenningkai. Bygt ut til ytre almenningkai.
14. Lage til småbåthamn i Fosnavåg	Ja	Nei	Har laga til flott gjestehamn ved Holmsild/Fosnavåg Brygge. Småbåthamn truleg uaktuelt.
15. Etablere eit eldresenter i sentrum		Nei	
16. Byggje ungdomsbustadar i sentrum		Nei	
17. Få meir parkering i nedre del og øvre del av Fosnavåg		Nei	Førebels på reguleringsplannivå. Ikkje utbygd.
18. Gjere delar av sentrum meir bilfritt		Nei	Ingen bilfrie område
19. Gondolbane opp på Hornseten med ev. fasilitetar		Nei	
3. Identitet og sosiale møteplassar kortsiktige tiltak			
1. Kontaktperson på rådhuset for grendelaga	Ja		Kulturleiar
2. Bruk av IT kontakt med innbyggjarane, aktivitetskalendar	Ja		Noko nytt. Kan nytte meir. Heimesida
3. Sluttføre rapport for biologisk mangfald	Ja		Oversiktleg og fyldig rapport , ferdig i 2001
4. Uteplan for parken i Fosnavåg, aktivitetspark		Nei	
5. Skaffe Herøy ein vennskapskommune		Nei	
6. Bybuss for barn, ungdom, eldre og funksjonshemma		Nei	Kst har bede om utgreiing for ringbuss i 2011.
7. Kaia og strandområdet på Leikong møteplass for grenda.		Nei	Grendelaget har i staden prioritert utbygging av ny heilårs lysløype.
8. Heimkomedag i bygdene	Ja		Heimkomedag for heile kommunen i romjula.
9. Herøy 10 på topp	Ja		God deltaking - Niande året er fullført - 10 års jubileum i 2011.
Identitet og sosiale møteplassar andre tiltak			
1. Gang-/ tursti rundt Myklebustvatnet		Nei	
2. Hjelpe grendelag med rettleiing til søking om midlar	Ja		Kulturleiar
3. Ta vare på kystkulturen ved å gjenskape eit gammalt maritimt miljø i Fosnavåg	Ja		Kystlaget - Gamle slippen, fleire båtar, heimeside, arrangement. Sjå også pkt 11 under andre tiltak for ungdom og pkt 5 sentrumsutvikling andre tiltak.
4. Tilrettelegging av Heidbana og området rundt	Ja	Nei	Delvis: Noko rehabilitering av bana i 2002; gjerde og lys. Held på med planar om lysløype i området.
5. Tursti rundt Djupvikvatnet, badebass, picnicplass		Nei	Ikkje arbeidd med. Lite som skal til før det vert betre. Manglar belysning.
6. Bygdevandring med lokalhistorikar	Ja		I Fosnavåg: Gjennomført i samband med den årlege maritime sommarfestival. Sporadisk også i andre bygder, Remøya, Kvalsund, Kvalsvik.
7. Ordne til leikeplassar i krinsane etter behov	Ja		Fleire ballbingar er bygde. Sjå pkt 3 andre tiltak ungdom. Stadig behov.
8. Etablere bybuss og betre busstilbodet mellom bygdene og sentrum spesielt på kveldstid og i helgane		Nei	Sjå pkt 6 under identitet og sosiale møteplassar kortsiktige tiltak og pkt 5 under ungdom andre tiltak.

9. Etablere hurtigbåtsamband mellom Fosnavåg/Mjølstadneset og Ålesund/Vigra		Nei	
4. Infrastruktur korsiktige tiltak			
1. Vurdere organisatorisk overtaking av vassverk		Nei	Nokre samanslåingar har skjedd
2. Vurdere og evt. innføre hamneavgift		Nei	
3. Utbetre dagens innfartsveg til Fosnavåg	Ja	Nei	Noko gjort. Rundkøyning Hjelmeset, veglys oppgradert, laga fortau og ny overgang. Regulering pågår for vidare tiltak.
4. Skaffe turistane tilgang til vatn, straum, olje og handel	Ja	Nei	Ja for båtfolk - Nei for bobilturistar. Handel positivt for alle.
Infrastruktur andre tiltak			
1. Ordne tilkomsten til sentrum, vurdere alternativ innfartsveg til Fosnavåg og parkeringstilhøve	Ja	Nei	Delvis. Reguleringsplanarbeid for ny innfartsveg pågår.
2. Breiband	Ja		Utbygd 2005. No også fibersamband.
3. Vere med å realisere Eiksundsambandet	Ja		Herøy kommune bidrog med i overkant av 7,5 mill i perioden 2003-2006. Knut Nærø frå Herøy vert rekna som "Eiksundsambandets far" grunna sitt engasjement/arbeid for saka. Sambandet vart offisielt opna 23.02.2008.
5. Næring og utdanning kortsiktige tiltak/mål			
1. Eit godt vidaregåande skuletilbod som støttar næringslivet sine behov	Ja	Nei	Både og. Sjå pkt 8 under ungdom kortsiktig tiltak.
2. Herøy kommune skal framleis vere leiande innan fiskeri- offshore her i landet	Ja		Fiskeri har vore stabilt med stadig større og betre farty. Offshore/supply har vakse kraftig i perioden. Er framleis leiande.
3. Auke antal innbyggjarar med høgare utdanning	Ja		2000: 752, 2009: 1025 = 36,3% auke i høgare utdanning på ni år* (*eiga utrekning etter oppl frå SSB). Likevel ligg vi svært lågt i samanlikning med andre kommunar i distriktet. Totalt er det pr 2009 15,9% herøyværingar som har høgare utdanning.
4. Talet på tilflyttarar skal auke og skape grunnlag for mange nye arbeidsplassar	Ja		Talet på tilflyttarar har vore aukande i perioden og særleg i 2010 ser befolkningsauken ut til å verte merkbar.
5. Herøy skal ha ei auke i talet nyetableringar	Ja		Herøy har hatt mange nyetableringar i perioden. Næringslivet står seg godt og har to gongar vorte kåra til årets næringsby (2008 og 2010).
6. Del Herøy-ungdom som flyttar tilbake etter fullført utdanning og evt. jobb skal auke			Veit ikkje. Muleg at dette talet er positivt sett i lys av pkt 3 her. Statistikk avslører ikkje kven det er som "lyfter oss opp". Om det er tilflytting frå andre, eller "vi sjølve" som utgjer denne auka.
Næringsutvikling andre tiltak			
1. Utvikle partnerskapet mellom kommune og næringslivet	Ja		Godt partnerskap mellom kommune, næringsliv og grendelag i samband med div utviklingsprosjekt, bla. kyrkja, fritidsbadet, kunstgrasbane Tjørnvåg og Bergsøy, almenningstorget og ballbingane.
2. Sikre godt regionalt samarbeid om næringsutvikling	Ja		Søre Sunnmøre Regionråd, Sunnmøre i framtida, samarbeid om Eiksundsambandet og no Hafast.
6. Kvinner kortsiktige tiltak			
1. Kontinuerleg revisjon av lønnspolitisk plan	Ja		Plan som skal ivareta likestillingsperspektivet
2. Kontinuerlig revisjon av personalpolitisk plan		Nei	Arbeidsgivar si politiske plattform, utarbeidd, men ikkje revidert.

3. Herøy VGS skal bestå med fag knytt til lokalt næringsliv og som er attraktive for jenter		Nei	Har mista viktige jentefag frå 2006; 3-årig formgjeving (som ga studiekompetanse), første år almennfag og inntil 3-årig teknisk teikning (Ikkje direkte jentefag, men kvalifiserer for "maritime" jobbar på land, noko som er svært aktuelt for jenter i vårt område). Men; sosial- og helsefag har auka og kokk er som før. Konklusjon : Fagbreidda for jenter er sterkt redusert frå 2006. Sjå også pkt 8 under ungdom kortsiktige tiltak.
---	--	-----	--

Kvinner andre tiltak


1. Opprette ei næringskonsulentstilling	Ja		Dagleg leiar i næringsforumet fungerer som næringskonsulent. Herøy kommune har utarbeidd strategisk næringsplan (2002-2005). Ikkje revidert.
2. Opprette eit fora for kvinnlege etablererar		Nei	Men har i perioden hatt kvinnenettverk og Hoppid (på landbrukskontoret).
3. Etablere ordning med sommarjobbar for ungdom under utdanning i heimkommunen		Nei	Ikkje særskilt ordna for desse. Alle søkjarar til sommarjobbar er likestilte.
4. Opprette eit døgnope beredskapsbarnehage		Nei	
5. Drive opplysningsarbeid og spreie informasjon om moglegheitene som finst, stipend og andre ordningar	Ja	Nei	Noko gjort gjennom kvinneløftet, men av sporadisk art. Kunne vore satsa meir på organisert opplysningsarbeid også på kommunenivå.

38 35 12 Ja/Nei

Styringsystemet

Ein kommune er ein kompleks organisasjon. For å få dei ulike aktivitetane i kommunen til å henge saman og sikre at alle dreg i same retning, er det nødvendig å ha eit styringsystem. Utvikling av styringsystemet har vore ei prioritert oppgåve dei siste åra.

Styringshjulet



Balansert målstyring

Kommunen sine styringsdokument har sidan 2004 bygt på prinsippa i Balansert målstyring. Økonomi, organisasjon, tenestene og lokalsamfunn er fokusområde i budsjett- og økonomiplandokumentet, årsrapporten, tertialrapportane og årsplanane for alle avdelingane.

Kvalitetssystemet

Kommunen har tatt i bruk **Kvalitetslosen** som kommunen sitt kvalitetssystem. Systemet har 4 modular; Kvalitetsdokumentasjon, Avvikshandtering og tiltak, Risikoanalyse og Kommunal styring. Kommunen har så langt tatt i bruk modulane Kvalitetsdokumentasjon og Avvikshandtering og tiltak.

Kvalitetsdokumentasjon

Modul for kvalitetsdokumentasjon skal vere ein dokumentasjon av lover, forskrifter, rundskriv, retningslinjer, reglement og prosedyrar. Det meste var på plass 1. halvår 2009.

Avviks- og tiltaksrapportering

Modul for avviks- og tiltaksrapportering er ei løysing som skal dekkje kommunen sitt behov for rapportering av uønska hendingar, merknader og personskader. Avvika vert rapportert elektronisk og fylgjer organisasjonen i den enkelte avdelinga. All avviksrapportering skal føre til tiltak for å hindre ei ny hending. Modulen vart teken i bruk 01.01.09.

LOKALSAMFUNN

Mål:

- Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggjar for trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar
- Herøy kommune skal vere ein trygg kommune for alle som bur og oppheld seg i kommunen, og kommunen skal ha god beredskap mot aktuelle kriser og uønska hendingar
- Den administrative leiinga og samarbeidspartar skal oppleve kommunen som open og aktiv til samarbeid og omstilling
- Herøy kommune skal ha godt omdøme

Herøy har Sunnmørsalpane som bakgrunn og storhavet som næraste nabo. Fosnavåg er kommunesenteret i ein av dei største fiskeri- og offshorekommunane i landet.

Lengst i vest ligg Runde, den internasjonalt kjende "skatteøya" og det sørlegaste fuglefjellet i Skandinavia. Like utanfor øya vart det for nokre år sidan funne ein eventyrleg myntskatt etter det hollandske skipet "Akerendam". Dykkarar jaktar framleis etter skattar, m.a. gullet frå det spanske skipet "Castillo Negro" som skal ha forlist i 1589.

Ei anna særmerkt øy er Skorpa med barsk natur og ei stamme av villgeiter. Herøy har ei rik historie med fleire gamle velhaldne handelsstader, m.a. Kjeldsund, Flåvær og ikkje minst Herøy gard med kystmuseum og Herøyspelet første helga i juli.

På Nerlandsøy ligg funnstaden for Kvalsund-båtane frå før Vikingtida, og vi har fleire gravrøyser frå same tida, m.a. Løsetstranda.

Næringsliv

Kapital kåra Fosnavåg til Norges beste næringslivsby i 2008 og 2010:

Fangstutviklinga for Herøy-flåten 1994-20011 i mill. kr:

	1994	2010	2011	2012
Ringnot	261	644	775	594
Reke/torsk	114	408	477	375
Autoline	36	36	42	40
Sjark	29	34	41	41
Pelagisk trål	42	159	126	82
Sum	482	1281	1461	1132

I 2012 utgjorde fangstverdien for Herøy-flåten 9,0 % av landstotalen. Kommunen hadde 25 fiskebåtar over 27 m i 2010.

Utviklinga for offshore/supply 1990-2012:

	1990	2010	2011	2012
Tal på fartøy	12	Ca 95	Ca 100	
Tal på tilsette	3-400	2600	2800	

Samhandling mellom kommune og næringsliv

Herøy Næringsforum vart oppretta i 2002 der ordførar og rådmann har tale- og møterett.

Kommunen har gjennomført fleire partnerskapsprosjekt med næringslivet, m.a. ny Herøy kyrkje, Herøy fritidsbad, kunstgrasbane og flytebrygger i Fosnavåg sentrum.

Samhandling mellom kommune og lag og organisasjonar

Utvikling av samhandling og partnerskap mellom kommune og foreiningsliv var eit delprosjekt i Stifinnarprogrammet. Som ein del av programmet vart det gjennomført ei spørjeundersøking om forholdet mellom kommunen og foreiningslivet. Undersøkinga viste at dei fleste laga ønskjer meir samarbeid og informasjon frå kommunen. Det er utarbeidd ein tiltaksplan for å vidareutvikle samhandlinga mellom kommunen og foreiningslivet.

Miljø

Kommunane vil spele ei nøkkelrolle i arbeidet med å oppfylle nasjonale klimamål.

Klimaplanen vart vedteken i kommunestyret i januar 2010.

Beredskap

Herøy kommune skal vere ein trygg kommune å opphalde seg i. Kommunen skal til ei kvar tid ha utarbeidd planverk som sikrar kommunen sine innbyggjarar og dei oppheld seg her på best mogleg vis.

Erfaringar viser at kommunen får ei rolle ved kriser og det er derfor viktig med planar som er tenlege til bruk både ved større og mindre ulukker.

Kommunen har:

- plan for kriseleiinga i kommunen
- plan for psykososial krisegruppe (omsorgsgruppa)
- plan for akutt forureining (interkommunal)
- smittevernplan
- planar i ulike avdelingar slik lova heimlar for å handtere kriser
- Pandemiplan

i 2012 hadde kriseleiinga øving og faktiske hendingar.

Fire personar har opplæring i nytt dataverktøy for kriser (CIM). Arbeidet med å ta verktøyet i bruk har starta.

ORGANISASJON OG MEDARBEIDARAR

Mål:

- Alle medarbeidarane skal oppleve Herøy kommune som ein god arbeidsplass der det er lagt til rette for trivsel og motivasjon i tråd med arbeidsgjevarpolitikken sine mål.
- Alle medarbeidarane skal utvikle arbeidsglede og stoltheit over eige og andre sitt arbeid og kommunen som arbeidsplass.
- Intern informasjon i samsvar med kommunen sin informasjons- og kommunikasjonsstrategi
- Effektiv og nyskapande når det gjeld tenesteproduksjon og internadministrasjon
- Sjukefråver som følgje av arbeidsmiljø skal ikkje forekome.
- Auka nærver i samsvar med målsettinga i IA-avtalen og totalt på heile kommunen minimum 92 %.

Personalpolitikk og opplæring

På det personalpolitiske området er seniorpolitikken revidert. Ei arbeidsgruppe har utarbeidd forslag til kriterie for lønsfastsetjing leiarar. Det er utarbeidd ny lokal særavtale om arbeidstøy.

Det har vore gjennomført HMS kurs for leiarar i 2012.

Det vart arrangert medarbeidardag for alle tilsette, tema: «Frisk nok for livet» 24.mai.


Dei er utarbeidd avdelingsspesifikke kompetanseplanar.

Sjukefråvær

Det totale sjukefraværet for 2012 enda på 8,32 prosent. Det syner seg at fokus på sjukefråvær og nærværarbeid over tid har hatt effekt. Sjukefraværet i 2011 var det lågaste vi hadde hatt på 10 år og i 2012 går vi endå litt ned. Målet i 2012 var 92 % nærvær, det har vi nesten nådd.


Sjukefråvær	Korttid	Langtid	Totalt
2002	3,0	7,6	10,6
2003	3,0	6,9	9,9
2004	2,8	5,9	8,7
2005	3,4	5,7	9,1
2006	2,8	6,1	8,8
2007	2,0	7,3	9,7
2008	2,0	6,3	8,6
2009			9,0
2010	1,7	8,0	9,7
2011	2,1	6,3	8,4
2012	1,9	6,4	8,3

Sjukefraværet i Herøy kommune, per kvartal 2009 - 2012



I høve tal frå Statistisk sentralbyrå ligg vi i 2012 under landsgjennomsnittet i sjukefråvær for kommunal sektor.

Sjukefråvær per avdeling 2010 - 2012



Denne tabellen syner sjukefråværet for kvar enkelt avdeling i 2012 samanlikna med 2011 og 2010. Ein gjer merksam på at på små arbeidsplassar vil fråvær frå ein person, gje store utslag.

Sjukefråværet og resultata frå medarbeidarundersøkingar og arbeidshelseundersøkingar gjennomført av bedriftshelsetenesta er brukte som indikatorar på trivsel og motivasjon.

Ved medarbeidarundersøking i 2010 vart alle bedne om å svare på ein del spørsmål innanfor ulike tema som mellom anna skulle måle psykisk og fysisk arbeidsmiljø, stoltheit over eigen arbeidsplass og trivsel i jobben. Herøy kommune hadde eit gjennomsnitt på 4,6 medan landsgjennomsnittet var på 4,5 (mot 4,6 og 4,2 i 2005) 6 var beste indikator medan 1 var dårlegast. Svarprosenten var 67.

Resultata kan tyde på at kommunen som arbeidsgjevar leverer stabilt og har for det meste lukkast i arbeidet for at medarbeidarane skal trivast og vere motiverte.

Inkluderende arbeidsliv

Kommunen har vore inkluderande arbeidslivsverksemd sidan juli 2003. I desember 2010 resignerte vi IA avtalen. Også i 2012 har vi arbeidd systematisk med IA arbeidet gjennom å formulere mål og delmål.

Delmål 1: Sjukefråvær

Mål for verksemda.

- Næversprosent på 92 % for 2012. Med eit fråvær på 8,3 er dette målet nådd.
- Gravide skal gjennomsnittleg stå i arbeid til veke 30. Av dei gravide arbeidstakarane, var det 23,5% (mot 38% i 2011) som ikkje var sjukmeld i dert heile. 23,5% (mot 23,8% i 2011) vart sjukmeldt før veke 30. Gjennomsnittleg arbeidde gravide til veke 26.

Delmål 2: Personar med redusert funksjonsevne

Aktivitetsmål for verksemda:

- Dokumentering av tilretteleggingstiltak, at desse er vurdert, forsøkt eller gjennomført. Vi har fått ei bot frå Nav p.g.a manglande oppfølgingsplaner og rapportering.
- Ta imot 28 personar frå Nav (inkludert praksis / tiltaksplassar). Vi har stilt plassane til disposisjon og teke imot etter førespurnad frå NAV 28 personar. Det er ikkje alle plassane som har blitt nytta og nokre plassar har blitt nytta fleire gongar.

Delmål 3: Avgangsalder

Aktivitetsmål for verksemda:

- Flest mogleg og minst 90 % av dei som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til fylte 65 år.
- Flest mogleg og minst 50 % av desse skal stå i arbeid fram til fylte 67 år.

I 2010 (2009) (2008*) (2007) var 42 (49) (38*) (39) av dei tilsette mellom 62-64 år. Av desse var 39 (44) (36*) (33) personar i arbeid det året dei fylte 65 år. Dette utgjer 92,85% (89,80%) (94,73%*) (84,62%). Tala i parentes viser utviklinga.

I 2010 (2009) (2008*) (2007) var 11 (16) (18*) (16) av dei tilsette mellom 65-66 år. Av desse 9 (11) (7*) (11) personar i arbeid det året dei fylte 67 år. Dette utgjer 81,82% (68,75%) (38,88%*) (68,75%). Tala i parentes viser utviklinga.

Likestilling

I den vedtekne arbeidsgjevarpolitikken er det utarbeidd mål og verkemiddel for auka likestilling mellom kjønna. Likestilling i høve, etnisk tilhøyr og personar med nedsett funksjonsevne er og innbakt i arbeidsgjevarpolitikken. Administrasjonsutvalet er likestillingsutval.

I medarbeidarundersøkinga frå 2010, var der mellom anna er spørsmål om arbeidsplassen er integrerande når det gjeld kjønn, etnisk tilhøyr, religion osv. Svaret er 4,95 på ein skala frå 1 til 6, der 6 var beste indikator og 1 var dårlegast.

Herøy kommune hadde i 2012 tilsett personar frå 18 ulike land, mot 22 nasjonaliteter i 2011 og 18 nasjonalitetar i 2010.

Kjønnsbalanse

	2012	2011	2010	2009	2008
Talet på årsverk *	525	589	597	642	606
Talet på tilsette**	735	714	854	1225	845
Talet på kvinner**	582	575	685	956	671
% del kvinner	79,6	80,5	80,2	78,0	79,4
Talet på menn**	153	139	169	269	174
% del menn	20,4	19,5	19,8	22,0	20,6

Talet på kvinner i høgare stillingar	33	30	29	28	32
% del kvinner i høgare stillingar	66	63,8	61,7	60,9	60,4
Talet på menn i høgare stillingar	17	17	18	18	21
% del menn i høgare stillingar	34	36,2	38,3	39,1	39,6
Tal på tilsette i deltidsstillingar	487	464	622		507
Tal på kvinner i deltidsstillingar	419	411	537		446
% del kvinner i deltidsstillingar	86	88,5	86,3		88
Tal på menn i deltidsstillingar	68	53	85		61
% del menn i deltidsstillingar	14	11,4	13,7		12
Undervisningspersonell***	147	144	155	269	144
Turnuspersonell	253	260	278	607	228
Anna personell	335	310	421	349	234

* Årsverk pr. 31.12.2012

** Tilsette pr. 31.12.2012

*** Undervisningspersonell i grunn- og kulturskulen

Den kjønnsmessige fordelinga på stillingar har endra seg lite over tid. Framleis er det slik at det er stor kvinneleg dominans i dei tradisjonelle pleie- og omsorgsyrka, blant reinhaldarane og innan merkantile funksjonar. Det er mannleg dominans innan dei tradisjonelle faga i teknisk sektor og i brannvernet.

Når det gjeld kvinner i leiande stillingar har det vore ei jamn prosentvis auke dei siste åra. Ved årets slutt var det 15 leiargar i rådmannen si leiargruppe, 7 menn og 8 kvinner. Ved utgangen av 2011 hadde vi 35 mellomleiarane, av desse er 10 menn og 25 kvinner.

Likelønn

	2011			2012		
	M	K	Differanse i menns favør	M	K	Differanse i menns favør
Rådmannen si leiargruppe	569857	547700	3,9	604 500	588 600	2,6
Mellomleiarane	506 777	475 956	6,0	538 556	505 400	6,1
Fagarbeidarstillingar	352 534	341 974	2,9	398 625	353 643	11,2
Høgskule	424 683	381 043	10,2	459 004	415 900	9,4
Undervisningspersonell	432 811	399 322	7,7	447 393	447 982	-0,1

Tala i rådmannen si leiargrupper er utrekna utan løna til rådmannen. Inkludert i tala er assisterande rådmann samt Nav leiar stillinga. Den siste er løna statleg. Om ein trekker ut ass. rådmann stillinga er differansen minus 0,5% i menns favør, altså i kvinners favør.

Som ein ser så er det positive endringar i høve likelønn på alle nivå bortsett frå fagarbeidarstillingane. Det er uråd å seie noko spesifikt om kvifor gapet på fagarbeidar løna har auka, men marknadssituasjonen kan være ei medverkande årsak. Tilleggsutdanning har påverknad på resultatet og då særleg for undervisningspersonell. For

undervisningspersonell kjem differansen ut i kvinners favør i 2012. Lønn som er vist i denne tabellen er lønn utan funksjonstillegg.

Arbeidstid

I dei største avdelingane vert det om lag ein gong i året gjennomført kartlegging med tanke på ønska endring i stillingsstørrelse og såleis vert og uønska deltid kartlagt. Tilsette som har uønska deltid kan variere frå eit år til eit anna, alt etter samansettinga av personalgruppa. Ein ser at ønske i høve stillingsstørrelse i noko grad er livsfaseorientert.

Pr. utgangen av 2012 fordeler uønska deltid seg slik:

Uønska deltid pr. avdeling	Menn 2011	Menn 2012	Kvinner 2011	Kvinne 2012
Skuleavdelinga lærarar				2
Skuleavdelinga assistentar	0	0	5	2
Eigedomsavdelinga, reinhald	1	0	3	3
Pleie og omsorgsavdelinga, sjukepleiarar	1	1	20	16
Pleie og omsorgsavdelinga, fagarbeidar	1	1	48	42
Bu og habiliteringsavdelinga		1		14

Foreldrefrånær

Statistikken viser prosent tilsette fordelt på kjønn som er heime med sjukt born. Frånæret er rekna ut i frå tal på menn og kvinner som jobbar i organisasjonen. I høve tilsette menn og kvinner har kvinner meir frånær enn menn p.g.a. sjukt born. Talet for kvinner har vore stabilt dei to siste åra, medan talet på menn som er heime med sjukt born er minkande.

	Menn 2010	Kvinner 2010	M 2011	K 2011	M 2012	K 2012
Frånær p.g.a. sjuke born	13,6%	16,4%	12,9%	23,5%	9,1%	23,0%

Helse, miljø og sikkerheit

Dei tilsette i kommunen skal ha eit trygt og godt fysisk og psykisk arbeidsmiljø. Kommunen vil gjennom å følgje lover og føreskrifter arbeide for at ingen alvorlege ulukker skal skje. Gjennom ei slik målsetjing vil ein kunne oppnå betre kvalitet på arbeidsmiljøet for dei tilsette og betre kvalitet på tenestene som kommunen yter til innbyggjarane.

Vi har eit nært samarbeid med Bedriftshelsetenesta og Hovudverneombod. Det er laga handlingsplan for bruk av bedriftshelsetenesta, arbeidshelseundersøkingar og kurs med fokus på arbeidsmiljø for tilsette. Avvik vert rapportert og følgt opp.

Tillitsvalde

Formålet i Hovudavtalen er å skape eit best mogleg samarbeidsgrunnlag mellom partane på alle nivå. Hovudavtalen skal være eit verkemiddel for å sikre og legge til rette for gode prosessar mellom partane og for ei positiv utvikling av kvalitativt gode tenester i kommunen. Samarbeidet må baserast på tillit og gjensidig forståing for partane sine ulike rollar.

Det er avgjerande for eit godt resultat at dei tilsette og deira organisasjon vert involvert så tidlig som mogleg når omstilling og reform skal gjennomførast. Tenester av god kvalitet som er tilpassa brukaren sitt behov, føreset gode prosessar og medverknad. Hovudavtalen skal gjennom ordninga med tillitsvalde gje arbeidstakarane reell innflytelse på korleis arbeidsplassen skal organiserast og korleis arbeidsmetodane skal utviklast. Slik innflytelse bidreg til ein fleksibel og brukarvenleg tenesteyting.

Partane er samde om at det er viktig å arbeide for eit meir inkluderande arbeidsliv (IA) til beste for den enkelte arbeidstakar, arbeidsplass og samfunnet elles. Målet er redusert

sjukefråvær og reduserte tal på dei som fell ut av arbeidslivet/blir ståande utanfor arbeidslivet.

I Herøy møtes dei tillitsvalte og kommuneadministrasjonen 1 gong i månaden i Kontaktmøte. I tillegg er ein saman i arbeidsgrupper når ein skal revidere og utarbeide personalpolitiske tiltak. Ein har og eit IA-utval der alle partar er representert, stat, arbeidsgjevar og tilsette.

I Herøy kommune er det tillitsvalte / kontaktpersonar i 16 ulike arbeidstakarorganisasjonar. 5 personar frå 4 arbeidstakarorganisasjonar er kjøpt fri til å drive med tillitsvaldarbeid, dette ut frå berekningsnøkkel i Hovudavtalen.

Arbeidsgjevar og tillitsvalde har gjensidig plikt for å skape og oppretthalde eit godt samarbeid. Arbeidsgjevar har både informasjons- og drøftingsplikt med dei tillitsvale, og det er i samarbeid oppretta gode rutinar for å innfri dette. Nokre avdelingar involverer tillitsvalte meir bevisst enn andre, men stadig fleire avdelingar ser nytten av eit nært og godt samarbeid mellom leiar og tillitsvalt.

Arbeidsgjevarpolitikk

Dokumentet «Arbeidsgjevarpolitikk i Herøy kommune», vedteken i 2004, presenterer grunnlaget for ein felles organisasjonskultur. Verdiane til kommunen som organisasjon er nedfelt i denne. Det er også forventingar til leiarane og medarbeidarane.

Den synleggjer definisjonar, målsetjingar og prinsipp retta mot konkrete verkemiddel for å nå måla. Arbeidsgjevarpolitikken er på eit overordna, strategisk nivå og er utgangspunkt for planar og prosedyrar på neste nivå.

Arbeidsgjevarpolitikken har eit livsfaseorientert fokus og skal vere eit levande dokument i organisasjonen.

Kommunestyret gjorde vedtak om seniorpolitikk i K-sak 92/06. Måla i seniorpolitikken er seinare bakt inn i delmål 3 i IA - avtalen.

For å møte utviklingstrekk i samfunnet må ein fokusere på kompetanse og arbeidskraft. Herøy kommune må vere ein attraktiv arbeidsgjevar slik at ein får behalde og rekruttere inn ny og naudsynt arbeidskraft.

TENESTENE

Hovudmål

- Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk
- Brukarane er tilfredse med dei tenestene kommunen yter
- Kvalitetsdokumentasjon og avviksreistrering-/oppfølging skal systematisk handsamast i kommunen sitt kvalitetssystem.
- Ekstern informasjon i samsvar med kommunen sin informasjons-/kommunikasjonsstrategi
- Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar over landsnittet og elles bekring i samsvar med tiltak
- Omgjorde vedtak ved klageorganet si klagehandsaming skal vere eit minimum
- Det skal ikkje vere grunnlag for klage på servicen på tenesteytinga

Stab- og støtteavdelingane

Fellessekretariatet

Tenester og oppgåver i avdelinga.

Fellessekretariatet skal yte merkantil internservice til driftseiningane, dei andre stab- og støttefunksjonane, ordføraren, andre folkevald og politiske utval.

Fellessekretariatet er primært eit internt serviceorgan. Eksterne tenester dreier seg stort sett om utskrifter frå postlista på nett, status for innsende dokument og spørsmål om politiske vedtak.

Fellessekretariatet er sekretariat for politisk utval medrekna valstyret og har ansvar for gjennomføringa av kommune- og stortingsvala.

Kommunen har sentralarkiv og all post til sak/arkivsystemet vert scanna, journalført og arkivert i fellessekretariatet. Fellessekretariatet har også ansvar for møteinnkallingar, trykking og distribuering av saklister og møtebøker til dei politiske utvala. Etter møte i dei politiske utvala, er det Fellessekretariatet si oppgåve å formidle vedtaket til partane. Fellessekretariatet er systemansvarleg for ePhorte saksbehandlingssystem og har ansvar for opptak og redigering av webopptak i kommunestyremøta.

Tiltak og investeringar 2012

Gjennomføring

Opplæring/oppdatering i sak/arkivsystemet ePhorte. Tilby hjelp og kursing etter behov.	Utført.
Elektronisk arkivplan – Samle rutine og ajourføre arkivdelar for dei ytre einingane. Ajourføre avlevert materiale til IKA.	Utført.
Eldre arkiv – Rydding og sortering for avlevering av eldre arkiv til IKA Møre og Romsdal.	Utført.
Elektronisk søknad om skjenkesaker	Utført.
Samle alle som praktiserar arkiv i Herøy kommune for å samordne rutiner og samle eit faglig miljø kring arkivarbeidet i kommunen.	Gjenstår. IKA Møre og Romsdal vil kurse tilsette i Herøy kommune iløpet av 2013.
Val av forliksrådsmedlemer og skjønnsmedlemer.	Utført.
Val av jordskifteutval og meddommarar	Utført
Gjennomgang av valkretsar og politisk sak om valdag for Stortingsvalet 2013.	Utført
Stabil weboverføring av KST-møta	Utført

Organisasjon:

Årsverk

	2010	2011	2012
Talet på årsverk	2,5	2,5	2,5
Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200	2,5	2,5	2,5

Fagressurs teneste			
--------------------	--	--	--

Fellessekretariatet har 2,5 årsverk fordelt på 3 personar med 100, 80 og 70% stillingsstorleik.

Økonomi:

Tall i hele tusen					
	Rekneskap 2012	Rekneskap 2011	Rekneskap 2010	Rekneskap 2009	Rekneskap 2008
Brutto utgifter	2 464 859	2 377 527	2 730 416	2 441 378	2 237 000
Brutto inntekter	186 627	238 201	561 435	351 498	249 000
Netto driftsutgifter	2 278 232	2 139 326	2 168 981	2 089 879	1 988 000
Meir / mindreforbruk (-)	33 232	60 675	21 879	11 3221	75 000

Viktige hendingar i 2013:

- Innføring av nettbrett til politikarane.
- Stortingsvalet 2013

IKT-avdelinga

Tenester og oppgaver i IKT- avdelinga

IKT- avdelinga er ei støtteavdeling for drift og utvikling på den datatekniske sida. I tillegg til dagleg support og vedlikehald skal avdelinga klargjere nytt utstyr og arbeide målretta med nye utviklingsoppgaver og sørge for at alle programma fungerer slik dei skal.

Mål

Måloppnåing

Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk	Oppnådd
Brukarane er tilfredse med de tenestene kommunen yter	Ikkje oppnådd
Kvalitetsdokumentasjon og avviksregistrering skal systematisk handsamast i kommunen sitt kvalitetssystem	Delvis oppnådd
Ekstern informasjon i samsvar med kommunen sin informasjons-/kommunikasjonsstrategi	Oppnådd
Resultat av brukarundersøking og nasjonale resultatmålingar over landssnittet og elles betring i samsvar med tiltak	Ingen målingar
Omgjorde vedtak av klageorganet si klagehandsaming skal vere eit minimum	Ingen målingar
Det skal ikkje vere grunnlag for klage på servicen på tenesteytinga	Ikkje oppnådd
Informasjonstryggleiken er tilfredstillande	Ikkje oppnådd
Redusere etterslep av supportsaker til 90 dagar og 50 saker.	Ikkje oppnådd

Tiltak og investeringar 2012**Gjennomføring**

Sikre stabilitet og informasjonsintegritet i legesenteret etter vedtak av kommunestyret.	Gjennomført
Samarbeidsprosjekt i sjustjerna	Meldingsløftet gjennomført Gericaflytting gjennomført
PDA-oppgradering i heimetenesta	Gjennomført
Elektronisk integrasjon mellom Gerica og Agresso	Gerica flytta og i drift pr 1.1.2013 Integrasjon i 2013
Velferdsteknologi (pågåande prosjekt)	Gjennomført
Heving av infrastrukturstandarden. Innkjøp av datamaskiner for å erstatte dei gamle.	Gjennomført

Organisasjon**Årsverk**

	2009	2010	2011	2012
Talet på årsverk	2	2,5	3	3
Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200	2	2,5	3	3
Fagressurs teneste				

Antal i 100 % 3

Antal i deltid over 50 % 0

Antal i deltid under 50 % 0

Antal brukte årsverk 2012 3,51

Økonomi

Tall i hele tusen	Rekneskap 2012	Budsjett 2012	Rekneskap 2011	Rekneskap 2010	Rekneskap 2009
Brutto utgifter	5 367 746	5 287 300	2 441	2 237	2 214
Brutto inntekter	970 217	822 300	(351)	(249)	(191)
Netto driftsutgifter	4 397 529	4 465 000	2 089	1 988	2 022
Meir / mindreforbruk (-)	- 67 471		(11)	(75)	2

Viktige hendingar i 2012

- Opprydding etter Dagmar
- Redusere etterslep
- Evakuering av IKT driftssenter etter kloakkinntak
- Meldingsløftet
- Integrasjon av Landbrukskontoret
- Overtaking av Myrvåg legesenter, Legevakta, Kyrkja

Hovudutfordringar/prioriteringar 2013

- Utviding av legesenteret på Eggesbønes
- AD-migrasjon til felles driftssenter
- Utviding av infrastruktur
- Forbetre driftsstabilitet og informasjonstrygglei

Servicetorget

Tenester og oppgåver i avdelinga

Servicetorget er kommunen si service- og informasjonseining overfor publikum. Servicetorget skal avlaste driftseiningane og støttefunksjonane slik at dei kan arbeide meir "uforstyrta" med primæroppgåvene sine.

Kommunen si interne og eksterne informasjonsverksemd er lagt til Servicetorget.

Servicetorget har sakshandsaming i skjenkesaker, tilskotsordningar kultur og trussamfunn, transportteneste, følgjekort, parkeringsbevis, brøyteavtaler, byggesak, sal av bustad og næringsstomter m.m. Det vert også nytta mykje tid til oppdatering av datagrunnlag i ulike fagprogram for avdelingane og gatenamnprosjektet.

Mål

Måloppnåing

Tenestene har tilfredsstillande dekningsgrad	Servicetorget er ajour med sakshandsaminga og dei fleste som tek kontakt får hjelp direkte eller vist vidare til rette vedkomande i organisasjonen. P.g.a nye arbeidsoppgåver, sal av kommunale bustadtomter og næringsstomter, er der imidlertid ein del oppgåver som er sett på vent.
Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket	Det er ikkje klager på utført sakshandsaming i servicetorget
Brukarane er tilfredse med dei kommunale tenestene og det skal ikkje vere klager på servicen.	Publikum gir gjennom året positive tilbakemeldingar på ytt service og ein har ikkje motteke klager retta imot servicetorget sine tenester. Servicetorget har i løpet av 2012 hatt ein del negative tilbakemeldingar på oppfølging og service i andre avdelingar. Dette vert fortløpande rapportert/meldt til avdelingane.
Oppdatere kommunen sin kriseplan kvart år	Gjennomført nov 2012. CIM er ikkje nytta som verktøy.
Aviser og internett skal nyttast aktiv for å informere publikum	Dei fleste i organisasjonen er flinke å bruke aviser til å formidle nytt. Nettsida bør nyttast meir aktivt av alle i organisasjonen. Servicetorget prøver å vere ein pådrivar for dette og nytt på nettsida vert også lagt ut på facebook.
Utforme informasjonsstrategi for kommunen <ul style="list-style-type: none">• annonseprofil – fellesannonsering• internavis• Profilmanual	Arbeidet med oppdatering av informasjon og kommunikasjonsstrategien vart ikkje gjort i 2012. Fellesannonsering fungerer bra, men krev ein del arbeid med redigering før trykking. Internavis vert gitt ut annankvar mnd. Profilmanual er utarbeida og sendt ut i organisasjonen

<ul style="list-style-type: none"> facebook som kommunal brukar/ som privatperson og arbeidstakar i kommunen 	Utarbeida tips og råd om bruk av sosiale media- er sendt ut til alle i organisasjonen
---	---

Brukartilpassing, brukarmedverknad, brukardialog:

I servicetorget vert det lagt til grunn at god dialog med brukarane av tenestene er ein føresetnad for god service. God service er utgangspunkt for godt omdøme.

Kvaliteten på tenestene:

Positive tilbakemeldingar frå publikum og få klager på sakshandsaminga, viser at det er bra kvalitet på tenestene.

Dei mest nytta tenestene i Servicetorget:

- spørsmål vedkomande byggesak og byggesaksbehandling
- spørsmål om kommunale avgifter
- råd/retteleiing i samband med søknader transporttenesta, følgekort/parkeringsbevis funksjonshemma, meldingssaker(byggesak) m.m.
- skjenkesaker tok mykje tid deler av året då alle sakene skulle opp til ny handsaming
- sal av kommunale bustadtomter vart servicetorget sine oppgåver f.o.m juni. Det har vore stor pågang og på 6 mnd. er det solgt 9 tomter og det er 4 reserverte pr. 01.01.13. Arbeidet med å tilrettelegge informasjon på nettsida og få gode rutiner i samband med sal har teke tid
- det har vore interesse for næringsareal på Leinane, Mjølstadneset og Myrvåg. To førespurnader om reservasjon der eine er ferdig handsama.
- Eigedomsopplysning
- generelle spørsmål vedkomande ulike tenester i organisasjonen
- spørsmål om vegvedlikehald og brøyting
- gatelys
- påmelding eldrefest
- innlevering sjølvmelding
NAV Herøy skal yte tenester på ein måte som gjer at brukarane opplever kontoret som ein tenesteytar. Dei tilsette i NAV Herøy jobbar på tvers av tilsettingsforhold, og er delegert mynde til å sakshandsame på kvarandre sine område. NAV Herøy er organisert og jobbar ut frå brukarens behov for oppfølging.

Mål	Måloppnåing
Tenesteyting og sakshandsaming skal vere i samsvar med lov- og regelverk	Fylkesmannen gjennomførte tilsyn på området økonomisk sosialhjelp i januar 2012. Som det einaste kontoret i fylket fekk vi verken avvik eller merknad. Vi hadde ei klage på avslag om økonomisk sosialhjelp, der vi fekk medhald av Fylkesmannen.
Brukarane er tilfredse med dei kommunale tenestene	Det blei gjennomført ei brukarundersøking i i september 2012. Dei fleste brukarane våre er godt fornøgde med den service, informasjon og rettleiing dei får fra NAV Herøy.

Tiltak og investeringar	Gjennomføring
Styrke den arbeidsretta brukaroppfølginga: - auke kunnskapen om arbeidsmarknaden i Herøy og på Søre Sunnmøre - opprette marknadsteam gjennomføre bedriftsbesøk	NAV Herøy har jobba målretta opp mot arbeidsgjevarar i 2012. Vi har gjennomført fleire store bedriftsbesøk, samt hatt mange treffpunkt med ulike arbeidsgjevarar gjennom oppfølging av sjukmelde, kandidatar på praksisplass, bistand ved rekruttering og permittering, samt generell informasjon og rettleiing.
Styrke det miljøterapeutiske oppsøkande arbeidet: - opprette ein base for tiltak for ungdom 18-25 år	Basen ble oppretta og satt i stand i 2012. Tiltak skulle igangsetast i 2013, men måtte desverre omdisponerast til andre formål. NAV Herøy ønskjer å jobbe vidare for å få til lokale lavterskeltiltak retta mot målgruppa.
Styrke det rusfaglege arbeidet: - rullere ruspolitisk handlingsplan - utvikle lavterkseltiltak for målgruppa	- rullering av ruspolitisk handlingsplan blei igangsatt - lavterkseltiltak ikkje ferdig utvikle, sjå base
Styrke det bustadsosiale arbeidet - rullere bustadsosial handlingsplan - utvikle rutinar for tilsyn og vedlikehald i kommunale utleigebustader - samarbeide med Egedomsavdelinga om nye tiltak/bustadar for vanskeligastilte	- rullering av bustadsosial handlingsplan igangsatt - rutinar for tilsyn utvikla og iverksatt - samarbeid med Egedomsavdelinga igangsatt, konkrete tiltak må sjåast i samanheng med bustadsosial handlingsplan

Oppfølgingstenesta

Miljøterapeutane har oppfølging av deltakarar i Kvalifiseringsprogrammet, Introduksjonsprogrammet, dei med vedtak på bustadsosial teneste, generell oppfølging av leigetakarar i kommunale bustader, og ungdom som ikkje er på jobb eller skule. I tillegg til individuell oppfølging har tenesta vore involvert i Open Barnehage (Prosjekt Barnefattigdom overført til frivillige i 2012), Utegruppa og tilrettelegging av base for lavterskeltiltak. Miljøterapeutane har til ei kvar tid aktiv oppfølging på 35-40 brukarar. Dette er personar som treng omfattande bistand og tett individuell oppfølging. Tenestene er alt frå etablering i bustad og busetting av flyktingar, hjelp til å strukturere kvardagen og burettleiing, vekketeneste og følgeteneste for eksempel av ungdom som skal på skule eller i anna aktivitet, oppretting av praksisplassar og oppfølging av desse, til motivasjons- og endringsarbeid, støtte og grensesetting.

Flyktingtenesta

Herøy kommune busatte 5 flyktingar i 2012, og mottok integreringstilskot for totalt 37 personar. Av desse er 16 barn og unge i skule eller barnehage. I november 2011 busatte vi to store barnefamiljar med tilsaman 9 born. For å gjere integreringa i skulen lettare, satte vi opp ei integreringsklasse på Einedalen skule frå januar. Andre kommunar har gjort dette med stort hell, blant anna Kristiansund kommune, men vi erfarar at vi er for små og har for få ressursar til å ha eit fast tilbod. Men det var ei positiv erfaring både flyktingtenesta og skulen lærte mykje av.

Rusarbeid

Det er vanskeleg å ha god oversikt over kven som har eit rusproblem og omfanget av det. Det skjular seg rusproblematikk blant arbeidsgjevarar og arbeidstakarar, arbeidsledige, sykmeldte, dei med nedsatt arbeidsevne og varig uføre, blant begge kjønn og alle aldersgrupper. NAV Herøy har oppfølging av omlag 30 brukarar med eit kjent rusmisbruk. Mange av desse er ungdommar og unge vaksne som har rus som eit tilleggproblem, og kor det er viktig med ein stabil busituasjon, godt kosthald, gode rutinar, trygg økonomi og på sikt

løna arbeid. Nokre er i eit arbeid og treng behandling, ofte som eit ledd i å få behalde arbeidet sitt. Nokre har vore inne til behandling eller i fengsel, og treng ettervern når dei kjem tilbake til kommunen. Nokre er langtkomne rusmisbrukarar kor vi er inne med skadereduserande tiltak. Det er viktig at vi greier å ha ei stor bredde i dei lokale tiltaka, tilpassa den enkelte sitt behov. Den største utfordringa i dag ligg i ressursar til forebyggjande tiltak retta mot ungdom, og ettervern for dei som har vore i behandling. Dei treng ofte ein bustad med bemanning før dei er klare til å flytte inn i eiga bustad. I dag kjøper Herøty kommuna tenesta frå andre kommunar, då vi ikkje har eit slikt ettervernstilbod lokalt.

Husbank - startlån

NAV Herøty sakshandsama 19 startlånsaker i løpet av 2012. Av desse var 8 søknadar på over 300 000 og blei behandla i Formannskapet. Av desse fekk 2 søkjarar avslag. Totalt 11 saker blei sakshandsama og innvilga ved NAV Herøty, alle med søknadar om 300 000 eller mindre. Desse 19 sakene gjenspeglar ikkje den totale mengden saker. Det er mange som er i prosess og skal søkje og som treng rettleiing, det er nokre som trekk søknaden sin, og det er nokre som blir viadersendt til andre, f.eks gjeldsrådgjevar, for å få en betre oversikt og kontroll på eigen økonomi.

Herøty kommune søkte om kr 10 000 million til vidarefordeling i 2012. I tillegg hadde ein 6 438 800 tilgode frå 2011, totalt 16 438 800. Ved årsskifte 2012/2013 var det utbetalt kr. 5 306 500. Kr 4 400 000 er botne i førhandsgodkjente lån og kr. 2 700 000 er innvilga, men ikkje utbetalt. Totalt står det att kr. 11 132 300, og av desse er kr. 4 032 300 til vidaretildeling i 2013.

Kommunale bustader

NAV Herøty følger opp brukarar i 37 bueiningar. I samarbeid med Eigedomsavdelinga har ein innført rutiner for søknadar, kontrakter og oppfølging av desse, samt teknisk vedlikehald/inspeksjon. Dette fungerer særst godt, og gjer at små feil og manglar på ei leiligheit blir utbedra før det blir ei stor skade.

Årsverk NAV Herøty - kommunalt tilsette

	2010	2011	2012
Talet på årsverk	9,2	10,2	9,7
Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200	(1)	(1)	1
Fagressurs teneste	8,5	9,5	9,0

Adm. årsverk: NAV-leiar er statleg tilsett

1 årsverk fagressurs: eit engasjement finansiert av statlege midlar ut juni 2014

0,5 årsverk fagressurs: prosjektengasjement som gjekk ut 2011

2011: Oppretting av stilling som bustadkonsulent i samarbeid med Eigedomsavdelinga

Mottaksteamet: 4,7 årsverk

Brukaren sitt første møte med NAV. Mottaksteamet rettleiar på generelle statlege og kommunale tenester, og følgar opp dei som med kortvarige tiltak av inntil eit års varigheit vil greie å skaffe eller behalde arbeid.

Oppfølgingsteamet: 4,8 årsverk

Dei brukarane som har behov for meir langvarige og koordinerte tenester, og som har nedsett arbeidssevne, får ein fast rettleiar i oppfølgingsteamet. Brukaren har ein eigen

aktivitetsplan som seier noko om behovet for arbeidsretta avklaring og/eller medisinsk behandling.

Oppfølgingstenesta: 7 årsverk

Miljøterapeutane i oppfølgingstenesta driv oppsøkande sosialt arbeid. Ved å hjelpe brukaren der han eller ho er, enten det er i heimen, på skulen eller på ein arbeidsplass, er målsettinga å fremme overgang til arbeid, sosial integrering og aktiv deltaking i lokalsamfunnet. Flyktningkonsulent og bustadkonsulent er ein del av dette teamet.

Økonomi:

Tall i hele tusen				
	Rekneskap 2012	Budsjett 2012	Rekneskap 2011	Rekneskap 2010
Brutto utgifter	18 245	14 355	13 644	16 191
Brutto inntekter	7 331	6 310	6 380	9 114
Netto driftsutgifter	10 914	8 044	7 263	7 078
Meir / mindreforbruk (-)	2 869		(2 066)	(739)

Dekningsgrad	Herøy 2012	Gj.snitt Komm.gr.	Møre og Romsdal	Gj.snitt landet
Andel mottakarar av sosialhjelp 20-66 år (%)	3,0	-		3,6
Netto driftsutgifter til sosialtenesta pr innb 20-66 år (kroner)	2 148	2 427	2 172	2 721

Lokalsamfunn

NAV Herøy skal vere ein attraktiv samarbeidspart og ein viktig aktør i lokalsamfunnet

Kulturavdelinga

Tenester og oppgåver i avdelinga

Kulturavdelinga omfattar Herøy Kulturkontor med ungdomsseksjonen, Herøy kulturhus/Herøyhallen, Herøy Folkebibliotek og Herøy Frivilligsentral og skal legge tilrette for at innbyggjarane skal ha høve til å ta del i aktivitet og opplæring innan ulike kulturområde..

Avdelinga skal vere koordinerande kontakt til lag og organisasjonar og næringsliv for utvikling av aktivitet, trivsel og utbygging av anlegg for kultur, idrett og friluftsliv.

Mål

Måloppnåing

Kulturavdelinga skal vere ein aktiv medspelar i å gjere ungdomsarbeidet i kommunen til det beste i fylket.	Kommunen driv eit aktivt ungdomsarbeid med fleire fritidsklubbar, Ungdomsråd, UKM, Pirfestival, andre arrangem. og MOT
--	--

Kulturavdelinga skal legge til rette for at innbyggjarane skal ha høve til sjølve å ta del i aktivitet innan kulturområdet	Dette vert gjort med deltaking i utbyggingar av anlegg, turstiar, tilskot, arrangement, ulike tenester innan bibliotek, frivilligheit, kulturhus, ungdomsarbeid
Innbyggjarane skal få høve til å verte kjende med si eiga lokalhistorie og nærmiljøet sitt.	Biblioteket sørger for å oppdatere og marknadsføre samlingane på lokalhistorie, og stimulere og hjelpe dei som samlar og skriv lokalhistorie.

Tiltak og investeringar

Gjennomføring

Vidareutvikle det interkommunale biblioteksamarbeidet, m.a. gjennom transportordninga	Transporttenesta mellom biblioteka ein gong i veka, er godt i gong.
Kulturkalendaren skal til ei kvar tid vere oppdatert frå kommunen si side.	Arrangement vert lagt inn når eigne arrangement vert bestilt.
Legge ut regelmessig informasjon på kommunen sine nettsider og i media om ulike tenester og arrangement.	Vert gjort jamnleg
Halde årleg dialog- / informasjonsmøte med lag og organisasjonar.	Gjennomført 4 dialog- / info-møter med lag og organisasjonar siste året
Kulturavdelinga skal i samarbeid med lag og organisasjonar og frivilligsentralen utarbeide ein frivilligplan i kommunen	Frivilligplanen er vedteken og sett ut i livet.
Informere lag og organisasjonar i bruken av kulturkalendaren for Herøy, og nettside for frivilligarbeid / frivilligsentralen i kommunen.	Lag og organisasjonar får jamleg info om å nytte kulturkalendaren i høve sine arrangement. Nettside for frivilligarbeid / frivilligsentralen informerer om aktivitet gjennom www.frivilligheroy.no
Vere med å utarbeide Opplevingskort for barn og unge i samarbeid med NAV/næringslivet i regionen.	Kulturavdelinga er med i ordninga for Opplevingskort til barn og unge i samarbeid med NAV, næringslivet og fleire organisasjonar
Informere ungdomen, lag og organisasjonar og andre om nettsida for ungdom; www.fritidsklubben.org som er utvikla og etablert av ungdom i samarbeid med Fritidsklubben m.fl.	Nettsida for ungdom vert jamnleg nytta og informert om gjennom facebook
Biblioteket skal ha ei leseombodsteneste i samarbeid med Frivilligsentralen.	Leseombodstenesta vart etablert sist haust, med 2 leseombod som har leseaktivitet med fleire grupper på HAS anna kvar veke
Frivilligsentralen skal skape gode og stabile	Utlån av lokaler, middagsombringning,

aktivitetar for lokalsamfunnet gjennom ulike tilrettelagde tiltak.	sjukehusfølgje, hørselhjelp, natteravnar, mat og prat, strikkekafe, spøtekveld, styrekurs
Frivilligsentralen skal starte opp og koordinere ein utstyrsPOOL i samarbeid med NAV.	NAV har teke over UtstyrsPOOLen som er godt etablert.
Frivilligsentralen skal arbeide med integrering og inkludering i samarbeid med internasjonal skule og NAV.	Frivilligsentralen driv kursopplegget Mat og Prat med tilskot frå NAV.
Frivilligsentralen ynskjer å vere behjelpeleg med middagsombringning til eldre og uføre i kommunen.	Frivilligsentralen får tilskot frå Pleie og omsorg for å drive middagsombringning 2 dagar for veka frå Omsorgssentra
Kulturavdelinga skal fylgje opp tiltak etter kulturminneåret 2009 og vere med å legge tilrette for registrering av kulturminne i kulturminneatlas.	Det er planlagt ei registrering av kulturminner gjennom Minnefinnekurs i ungdomsskulen våren 2013.
Avdelinga skal vere samarbeidspart med lag og organisasjonar, næringsliv, m.fl. om bygging av aktivitetsfremjande tiltak /anlegg rundt i kommunen og utbygging i kulturhusområdet.	Kulturavdelinga har vore samarbeidspart i høve bygging av ballbingar, turstiar, idrettsanlegg og kulturanlegg
Avdelinga skal arrangere UKM, ulike kommersielle arrangement, dele ut ungdommens kulturpris, kulturpris, frivilligpris og legge tilrette for lag og organisasjonar i kulturhuset/Herøyhallen.	Kulturavdelinga har arrangert UKM, Pirfestival, fleire kulturarrangement, delt ut kulturpris, ungdommens kulturpris, frivilligpris og legg til rette for lag og organisasjonar i kulturhuset / Herøyhallen
Søkje samarbeid med lag og organisasjonar, næringsliv, m.v. som gode samarbeidspartar for eit stimulerande og triveleg lokalsamfunn, t.d. Herøy Sogelag, Herøy Mållag, Herøy Kystlag, Herøy Kystmuseum, m.fl	Herøy kommune og kulturavdelinga samarbeider årleg med Herøy Sogelag, Herøy Mållag, Herøy Kystlag, Herøy Kystmuseum og fleire andre i høve enkelttiltak for eit stimulerande og triveleg lokalsamfunn.
Arbeide for nye / betre lokale for biblioteket / kulturskulen / kulturadministrasjon / ungdomshus / -arena og lokale for Frivilligsentralen i planane vedk. kulturhusutbygginga / rehabiliteringa.	Kulturskulen har fått ei viss oppgradering av sine lokaler, biblioteket skal takast i vår, Frivilligsentralen flytta inn i nye lokale sist vår. Eige ungdomslokale er ikkje gjort noko med ennå.
Arbeide for ny romløyising for kinodrift i kommunen etter at kinoen no er digitalisert, om den ikkje får si løyising i det nye hotellet i sentrum av Fosnavåg.	Herøy Kino vil få nye visningslokale i det nye Fosnavåg Konserthus som vil starte arbeidet i tomte til våren.
Avdelinga skal vere aktiv deltakar i reiselivsgruppa for utvikling av reiselivet i	Reiselivsgruppa i kommunen har ikkje vore aktiv siste året.

kommunen.

Organisasjon:

Årsverk

	2009	2010	2011	2012
Talet på årsverk	10,9 (9,7)	9,0 (7,7)	8,9 (8,1)	9,4 (8,6)
Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200				
Fagressurs teneste	9,0	9,0	9,0	9,4

Oppstillinga omfattar stillingar på kulturkontoret, ungdomsseksjonen, biblioteket, kulturhuset og frivilligsentralen inkl. engasjement.

Økonomi:

Tall i hele tusen	Rekneskap 2012	Budsjett 2012	Rekneskap 2011	Rekneskap 2010	Rekneskap 2009
Brutto utgifter	11 602	11670	11537	11201	
Brutto inntekter	(4 559)	4780	(5098)	(4781)	
Netto driftsutgifter	7 043	6890	6438	6420	
Meir / mindreforbruk (-)	213		18	0	

Meirforbruket skuldast i første rekke kulturhus/idrettshall som fekk større lønskostnader og driftskostnader, og lavare driftsinntekter enn budsjettet. Dette vart forsøkt retta opp ved m.a. mindre utbetaling av kulturmiddel- og prosjekttilskot enn budsjettet i tillegg til jamt fordelt mindreforbruk på alle seksjonane.

Viktige hendingar i 2012

- Det vart bygt ballbinge ved Nerlandsøy skule
- Det vart lagt kunstgras på Bergsøy stadion våren 2012.
- Det er gjort vedtak om bygging av klubbhus og tribunar på Bergsøy stadion.
- Det er gjort innkjøp av meir utstyr og modular til skate- og BMX-parken ved Herøy Kulturhus i samarbeid med næringsforum, bankar, næringsliv og lag / foreiningar.
- Det er starta opp arbeid med etablering av Sandhandballbane i Aktivitetsparken.
- Kommunen har i samarbeid med bankane overrekt ungdommens kulturpris og kulturpris i 2012.
- Frivilligsentralen flytta til nye lokaler våren 2012.
- Det vart arrangert storstilt dansegalla for utviklingshemma.
- Kommunen la opp til eit stort arrangement i høve besøk av kronprinsparet våren 2012.
- Ridderkonsert i Herøyhallen til ære for Per Sævik – med streaming til www med ca 900 sjåarar.

Hovudutfordringar/prioriteringar 2013.

- Avklaring av "Framtidig organisering av kulturhuset, m.v. og kulturarbeidet".
- Fritidsklubbane har utfordringar i høve til dalande interesse og aktivitet. Det bør vurderast om det er unytta potensial i samarbeid med ungdomsaktivitetane i kyrkjekjellaren.

- Ei stor utfordring vil verte å få til ein god og samla kulturorganisasjon når bygginga av konsertsal og kino kjem på plass.
- Kulturhuset har store rehabiliteringsbehov og huset er, slik det står i dag, verken presentabelt eller funksjonelt til den bruken det har.
- Herøyhallen har behov for oppgradering av utstyr og skifte av tribune / amfi.

Utviklingsavdelinga

Tenester og oppgåver i avdelinga

Planlegginga skal samordne statleg, fylkeskommunal og kommunal verksemd og gje grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar og om utbygging. Gjennom planlegging skal det leggjast til rette for at arealbruk og utbygging vert til størst mogleg gagn for den enkelte og samfunnet. Ved planlegginga skal det spesielt leggjast til rette for å sikre born gode oppvekstvilkår.

Tenester/arbeidsoppgåver

- Samfunnsplanlegging (Kommuneplan, kommunedelplanar, reg.planar m.v.)
- Byggesaksbehandling
- GIS/Oppmåling
- Vassforsyning
- Naturforvaltning og friluftsliv

Mål	Måloppnåing
Tenestene har tilfredsstillande dekningsgrad	I 2012 er talet på ubehandla og ikkje ferdigbehandla saker (bygge-, dele- og dispensasjonssaker) redusert kraftig og er innanfor eit akseptabelt nivå.
Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket	6 klager på forvaltningsvedtak vart avgjort i 2012. 3 av sakene gjekk til Fylkesmannen som stadfesta vedtaka i alle sakene. 2 av klagen vart delvis imøtekomne og nytt/justert vedtak vart ikkje påklaga. I 1 sak vart kommunen sitt vedtak oppheva av fylkesmannen.
Brukarane er tilfredse med dei kommunale tenestene	Det vart ikkje gjennomført brukarundersøking i 2012. Statistikken viser imidlertid at om lag 69 % av alle bygge- og delesaker har hatt ei behandlingstid på 1-4 veker. Ein reduksjon på 7% frå forrige år.
Etterslepet av ubehandla og ikkje ferdigbehandla saker (bygge-, dele- og dispensasjonssaker) skal i løpet av året reduserast ytterlegare med min. 25 %.	I løpet av 2012 er det registrert inn 500 nye saker medan det vart produsert 529 vedtak, ei auke på 86 frå forrige år. Å optimalisere saksbehandlinga har fortsatt fokus i avdelinga.

Saksbehandlingstida for oppmålingsforretningar skal vere kortare enn landsgjennomsnittet og kurante saker skal ha ei maks. behandlingstid på 12 veker (frå behandla delesak til tinglyst matrikkelbrev).	I 2012 vart det utarbeidd/ferdigbehandla 115 matrikkelbrev. Ei auke på 17 frå forrige år. Avdelinga arbeider godt og systematisk. Gjennomsnittleg behandlingstid i 2012 var på 12 veker. Ein reduksjon på 4 veker frå forrige år.
--	---

Planlagde tiltak og investeringar	Gjennomføring
Vidareføre arbeidet med gjennomgang, rydding og ajourføring av gards- og bruksnummerarkivet.	I overkant av 80 % av arkivet er no gjennomgått. Pga. kapasitetsårsaker har ein ikkje nådd målet om at arbeidet skulle vere fullført i 2012. Dersom det vert tilgjengelege ressursar vil arbeidet fortsette i 2013.
Halde fokus også på øvrige relevante tiltak som kan innebære redusert saksbehandlingstid og saksetterslep for dispensasjons-, dele- og byggesaker.	Avdelinga arbeider kontinuerleg med tiltak som kan effektivisere og kvalitetssikre saksbehandlinga.
Følgje opp serviceavtalen med servicetorget.	Ein held jamnleg kontakt med Servicetorget med sikte på oppfølging av avtalen mellom Utviklingsavdelinga og Servicetorget.
Meir aktiv bruk av lokalavis og internett.	Alle planar vert lagt på nettet i samband med off. ettersyn/høyringar. Også anna aktuelt stoff frå avdelinga vert tidvis presentert.
Fortsatt utvikling av kartsystema på internett.	Vedlikehald og vidareutvikling av kartbasane vert gjort fortløpande. I 2012 har ein lansert første versjon av webplan, digitalt planarkiv på nett.
Vidareføre arbeidet med oppdatering av rutiner og samordne desse med anleggs- og driftsavdelinga.	Det har i løpet av 2012 vore arbeid med ajourføring og oppdatering av gjeldande rutiner med sikte på innlegging i Kvalitetslosen. Dette arbeidet vil halde fram i 2013.
Det skal gjevast førebels svar i samsvar med forvaltningslova og e-post skal følgjast opp i samsvar med interne retningslinjer for e-post.	Bygge opp og halde ved like kommunens omdøme er ei prioritert sak i avdelinga. Dette har særskild fokus også i 2013.
Vidareføring av systematisk statistikkføring og oppfølging av saksbehandlinga.	Statistikkføringa har gitt ein god oversikt over inntømne og behandla saker. Ordninga har i løpet av året vorte vidareutvikla som reiskap for eit målbevisst arbeid med reduksjon av tidlegare opparbeidd saksetterslep.
Følgje opp Kvalitetslosen innanfor aktuelle område i avdelinga.	Avdelinga jobber systematisk og målretta for å nytte Kvalitetslosen på ein best mogleg måte. Arbeidet vil halde fram i 2013.

Talet på klager etter forvaltningslova skal registrerast.	Talet på klager vert registrert i tilknytning til avdelinga si statistikkføring. 7 klager på forvaltningsvedtak vart avgjort i 2012.
---	--

Det vert lagt vekt på å kvalitetssikre og effektivisere saksbehandlninga gjennom vidareutvikling av rutiner og samordning innan avdelinga og på tvers av avdelingar. Avdelinga har eit særleg fokus på reduksjon av saksetterslepet i byggesaker og effektivisere planprosessane gjennom stram prioritering av planoppgåver.

Brukartilpassing, brukarmedverknad, brukardialog.

I tilknytning til dei vanlege høyringsrundane for plansaker med offentleg ettersyn har avdelinga alltid kontakt med grunneigarar/brukarar, der ein drøftar ulike problemstillingar med sikte på å finne optimale løysingar for dei som vert berørt av planen. For ein skilde plansaker vert det også arrangert opne møte med sikte på å orientere om, drøfte og få innspel til den vidare saksbehandlninga.

Organisasjon:

Årsverk

	2009	2010	2011	2012
Talet på årsverk	6,8	6,9	7,0	7,0
Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200	0,4	0,4	0,4	0,4
Fagressurs teneste	6,1	6,4	6,6	6,6

Økonomi:

Tall i hele tusen				
	Rekneskap 2012	Budsjett 2012	Rekneskap 2011	Rekneskap 2010
Brutto utgifter	8 865	7 963	6 926	8 812
Brutto inntekter	3 941	2 603	(3 077)	(3 637)
Netto driftsutgifter	4 924	5 360	3 849	5 175
Meir / mindreforbruk (-)	(436)		(1 370)	(408)

Lokalsamfunn

Reguleringsplanen for ny innfartsveg til Fosnavåg var forventa slutthandsama i 2012. Då avklaringar med regionale og nasjonale myndigheter har drege ut i tid vil planarbeidet fortsette i 2013.

Reguleringsplanen for Indre Bergsøy med sikte på tilrettelegging for nye sentrumsnære butilbod har gått vidare og ein forventar slutthandsaming av planen i 2013. Avdelinga har elles hatt eit svært aktivt år med mange store og små planoppgåver der heile 23 planoppgåver vart avslutta. Rulleringa av planprioriteringa vart elles behandla på vanleg måte.

Ei rekkje viktige planar har vore under arbeid i 2012, herunder kommuneplanen sin samfunn og arealdel, kommunedelplan avløp, kommunedelplan for helse og omsorg, kommunedelplan trafikktrygging og Fosnavåg hamn

Viktige hendingar i 2012

- Ei rekkje nye gater og vegar i Herøy fekk namn i 2012
- Nytt digitalt planarkiv vart utarbeid, Webplan.

- Herøy kommune tok initiativ til eit lokalt planforum for dei 7 kommunane på søre.

Følgjande planoppgåver er i løpet av 2012 sluttbehandla og avslutta:

- Detaljreguleringsplan for hotell og konsertsal i Fosnavåg
- Detaljreguleringsplan for hytteområde Aspevika
- Detaljreguleringsplan for Espeset gnr 22 bnr 2
- Detaljreguleringsplan 37/12-17 m.fl
- Detaljreguleringsplan Eggesbøjorda
- Detaljreguleringsplan 45/9 Dragsund
- Detaljreguleringsplan Campus Fosnavåg
- Detaljreguleringsplan for gang og sykkelveg Hjelveiset
- Detaljreguleringsplan Kopperstad Gnr 3 bnr 4,11
- Detaljreguleringsplan Kvithaugsmyra 37/384
- Detaljreguleringsplan Røyra Feriesenter
- Detaljreguleringsplan planfri kryssing Frøystadtoppen
- Detaljreguleringsplan for Tovågen
- Detaljreguleringsplan for Hjelveiset II
- Planstrategi for Herøy 2012-2016

- Detaljreguleringsplan for Myklebuståsen II *
- Detaljreguleringsplan for Hjelveiset 4 *
- Detaljreguleringsplan Frøystad 2*
- Detaljreguleringsplan for gnr 37 bnr 380 m.fl *

- Detaljreguleringsplan for gnr 24 bnr 83 **
- Detaljreguleringsplan FV20 Igesundkrysset **
- Detaljreguleringsplan for Torvikterminalen**
- Detaljreguleringsplan Flusund-Reite **

*Klagesaker som ligg med Fylkesmannen pr.dato.

** Avslutta(uten godkjenningssvedtak) /trekt /inngår i annan plan

Hovudutfordringar/prioriteringar 2013

- Kvalitetssikre og effektivisere saksbehandlinga gjennom vidareutvikling av rutiner og samordning innan avdelinga og på tvers av avdelingar. Etablere fast samordningsmøte mellom Eigedomsavdelinga, Anlegg og driftsavdelinga og Servicetorget.
- Ha eit særleg fokus på tidsfristar, førebels svar og dokumentasjon i byggesaker.
- Rullering av Kommuneplanen sin samfunn og arealdel.
- Slutføre arbeidet med Kommunedelplan avløp.
- Vidareføre arbeidet med kommunedelplan for Helse og omsorg.
- Vidareføre arbeidet med trafikktryggingssplanen og implementere ei satsing på regulering av gang og sykkelveggar og trafikksikringstiltak i kommunen.
- Fullføre reguleringsplanarbeidet for ny innfartsveg til Fosnavåg.
- Sikre god framdrift i reguleringsplanarbeid som tilrettelegg sentrumsnær bustadutvikling (m.a Indre Bergsøy, Indre Leine).
- Syte for fornuftig prioritering og effektiv framdrift for pågåande plansaker.
- Vidareføre adresseprosjektet (vegnamn, gate-/vegnummer m.v.).

Anleggs- og driftsavdelinga

Tenester og oppgåver i avdelinga

Avdelinga skal dekkje innbyggjarane/brukarane sine tenestebehov på ein tilfredsstillande måte innanfor følgjande tenester, samt sikre avgifts- og gebyrpålagde tenester til rett pris:

- Idrett
- Sentrum og grøntanlegg
- Veg- og gatelys
- Vegvedlikehald
- Hamner
- Avløp
- Førebygging av brann og ulukker
- Brann og ulukkesberedskap
- Feiing

Avdelinga skal i tillegg gjennomføre anleggs- og byggeprosjekt på ein kostnadseffektiv måte som gir innbyggjarane/brukarane gode og funksjonelle anlegg og bygg med eit minimum av framtidige drifts- og vedlikehaldskostnader.

Vidare skal avdelinga sikre innbyggjarane ein så god brann- og ulukkesberedskap som mogleg ut frå føresetnadene om å unngå skade på helse, liv, eigedom og miljø. Avdelinga skal elles drive førebyggjande arbeid innan brann og ulukke for å førebygge mot skade på helse, liv, eigedom og miljø.

Mål	Måloppnåing
Tenestene har tilfredsstillande dekningsgrad	Tenestene har tilfredsstillande dekningsgrad. Dette er eit kontinuerleg arbeid som ein stegvis innarbeider i den daglege drifta då omfanget av dei ulike tenestene er i endring.
Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket	Rutinene innan dei ulike tenestene har vorte gjennomgått og ein har fått ned ventetidene innan fleire av tenestene. Arbeidet med å betre rutinene vil måtte halde fram etter kvart som ein ser behovet for endringar.
Brukarane er tilfredse med dei kommunale tenestene	Ein har ikkje registrert skriftlege klager etter forvaltningslova.

Planlagde driftstiltak og investeringar	Gjennomføring
Avdelinga skal ha fokus på framdrifta og avslutning av investeringsprosjekta.	Avdelinga har hatt fokus på framdrifta og avslutning av investeringsprosjekta ved gjennomføring av faste prioriterings- og framdriftsmøte.
Evt. avvik / meirforbruk på einssilde ansvars-	Månadleg budsjettkontroll har vorte gjort og

/tenesteområde skal dekkjast inn gjennom tilsvarande mindreforbruk på andre ansvars-/tenesteområde i avdelinga.	mogleg justering av pengebruken har vorte gjennomført.
Trygge prosedyrar for anbods- og kontraktsoppfølging.	Kvalitetssikringsrutinene for innkjøp har vorte følgde.
PLUS-samtalar	Samtalar har vorte gjennomførte med vekt på tilrettelegging av arbeidsoppgåver, framdrift og personlege tilpassingar.
Faste avdelingsmøte/samlingar med fokus på økonomi, framdrift, effektivisering og fråvær m.m.	Avdelingsmøter og 1 avdelingssamling over 2 dagar er gjennomført i løpe av året.
Nærværsmålet for Anleggs- og driftsavdelinga og BRANN vert sett til 97%.	Nærværet har vore noko lågare enn målsett, men ligg innafor akseptabelt nivå.
Revidere brannordninga	Arbeidet oppstarta. Slutføring våren 2013.
Tilsyn etter §13 i Lov om vern mot brann, eksplosjon m.v.	Ein del tilsyn har ikkje vorte gjennomførte som målsett i 2012.
Vidareføre Kvalitetslosen med sikte auka kvalitet i alle ledd i avdelinga	Arbeidet har vorte vidareført.
Leidningskartverk og gravemeldingsteneste.	Det meste av leidningskartlegginga er gjennomført og gravemeldingsteneste vart innført frå 01.01.2013.
Gjennomføre trafikktryggingstiltak	Det er berre gjort mindre trafikktryggingstiltak. Større tiltak vil vere avhengig av regulering.
Revidere lokal plan mot akutt forureining	Lokal plan mot akutt forureining er revidert.

Følgje opp utbyggingsavtalar	Utbyggingsavtalar med private har vorte oppfølgde i den grad det har vore naudsynt.
Avslutning av 16 bygge- og anleggsprosjekt økonomisk	10 bygge- og anleggsprosjekt vart øk. avslutta i 2012.
Bygge ny bru til Herøy gard	Ikkje gjennomført grunna uavklara deltaking frå Statens Vegvesen.
Gjennomføre planlegging av 4 omsorgsbustadar for unge funksjonshemma	Planlegging ikkje fullført grunna kapasitetsmangel prosjektleiing.
Planlegge og opparbeide P-plass ved Rådhuset	Delopparbeiding av P-plass bak rådhuset starta nov. 2012 og vert avslutta våren 2013. Planlegging og vidare opparbeiding flytta til 2013.

Bergsøy stadion – ombygging til kunstgrasbane	Gjennomført. Mindre restarbeid gjenstår til våren 2013.
Gurskøy IL – Planlegging og opparbeiding av kunstgras på del av grusbana ved Leikanger skule	Opparbeiding oppstarta hausten 2012. Restarbeid våren 2013 pga. verforhold/vinter.
Prosjektering av parkering/snuplass ved Leikanger skule	Prosjektering utsett til 2013.
Prosjektere og bygge leidningsanlegg Moltu - avlaup	Prosjektering gjennomført. Vanskar med grunnavtalar har ført til forsinking.
Fullføre leidnings-/vegomlegging ved gamle Leine skule	Fullført.
Prosjektere og bygge kloakkreinseanlegg/silanlegg Grønhaug	Prosjektering gjennomført. Meir omfattande prosjektering enn føresettt har ført til forseinking av byggestart som ikkje vert før våren 2013.
Utbygging av kommunale bustadområde	Løyving på 4,25 mill. løyvd i budsjett 2012 prioritert til utbygging Leine bustadfelt - Skuletomta. Prosjektering gjennomført. Utbygging 2013.
Avlaupsanlegg Fosnavåg Aust/Nørvåg	Ikkje oppstarta grunna manglande kapasitet.
Restplanering del av Mjølstadneset ind.område.	Gjennomført.
Tilbygg/ombygging Herøy Helsecenter	Ombygging sluttført. Tilbygg lyst ut på anbod. Oppstart jan. 2013.
Basefunksjon for funksjonshemma - skule	Planlegging pågår.
Herøy Produksjon – planlegging tilbygg/påbygg	Planlegging pågår.

Gjennomføring av ein del planlagde driftstiltak og investeringar har vorte forseinka i forhold til oppsette målsetjingar. Årsakene til dette er samansette og skuldast m.a. manglande kapasitet i avdelinga, manglande finansiering, uføresette krav om regulering, forsinka levering av planar frå innleigde konsulentar og utfordringar knytt til grunnverv m.m.

Organisasjon:

Årsverk

	2009	2010	2011	2012
Talet på årsverk	12,7	12,7	10,3	12,0
Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200	-	-	2,5	3,0
Fagressurs teneste	0,3	0,3	0,3	0,3

Frå 2011 er antal årsverk endra pga. at Brannvernet vart lagt til Anlegg og drift. I Brannvernet sine tal er det også teke med samla stillingsheimel for 30 deltidsmannskap dvs. total omlag 0,6 stillingsheimel.

Økonomi:

Tall i hele tusen					
	Rekneskap 2012	Budsjett 2012	Rekneskap 2011	Rekneskap 2010	Rekneskap 2009
Brutto utgifter	34 040	33 716	34 876	27 588	
Brutto inntekter	(19 797)	(20 531)	(20 429)	(20 880)	
Netto driftsutgifter	14 243	13 185	14 447	6 708	
Meir / mindreforbruk (-)	1 058		2 207	624	

Lokalsamfunn

- Avdelinga har også i 2012 fokusert på internkontroll og kvalitetsforbetring av tenestene. Den positive utviklinga med nedgang i talet på klager har halde fram i 2012. Dette er svært gledeleg og ein ser det som eit klart teikn på at ein har fått betre kvalitet på tenestene. Ein del av årsaka til denne positive utviklinga har nok også samanheng med betre informasjon til brukarane.
- I 2012 har ein også fokusert på samfunnstryggleik og beredskap i det daglege. Tilsyn i særskilde brannobjekt (§13 bygg) har vore prioritert.

Viktige hendingar i 2012

- Bergsøy stadion, grasbanen, vart ombygd til kunstgrasbane og teken i bruk sommaren 2012
- Lokal plan mot akutt forureining vart politisk godkjent
- Gravemeldingsteneste vart utgreidd i 2012 slik at tenesta kunne iverksetjast frå 01.01.2013

Hovudutfordringar/prioriteringar 2013

- Gjennomføring av alle investeringsprosjekt det er avsett midlar til
- Rekruttering til ledige stillingar
- Oppfølging av utbyggingsavtalar
- Praktisk og økonomisk avslutning av pågåande investeringsprosjekt
- Halde oppe og forbetre drift og vedlikehald av kommunaltekniske anlegg/infrastruktur innafor tilgjengelege ressursar
- Kome à jour med sakshandsaminga

Eigedomsavdelinga

Tenester og oppgåver i avdelinga

Eigedomsavdelinga forvaltar, driftar og vedlikehald den kommunale bygningsmassen på vegne av Kommunestyret som eigar:

Forvaltaransvaret

Forvaltaramsvaret omfattar administrative oppgåver som kjøp og sal av eigedom, oreigning, innløyising og erstatning, inn- og utleige av bygningar, utarbeiding av forsikringsavtalar, oppfølging av forsikringssaker, økonomisk planlegging og styring samt personalansvar.

Driftsansvaret

Driftsansvaret omfattar alle oppgåver og rutiner som er naudsynte for at bygningar og tekniske installasjonar skal fungere som planlagt. Dette omfattar mellom anna styring av tekniske installasjonar, forsyning av vatn, energi, renovasjon og reinhald.

Vedlikehaldsansvaret

Vedlikehaldsansvaret omfattar planlegging og gjennomføring av bygningsmessige tiltak for å oppretthalde bygningar og tekniske installasjonar på eit fastsatt kvalitetsnivå..

Mål	Måloppnåing
Tenestene har tilfredsstillande dekningsgrad	Ikkje rapportert.
Kommunen yter tenester i samsvar med lovverket	Ikkje rapportert.
Brukarane er tilfredse med dei kommunale tenestene	Ikkje rapportert.

Tiltak og investeringar	Måloppnåing
Ansvar 6011 - Leing og forvaltning	
<u>FamacWeb</u> vert innfasa som nytt FDV-system for avdelinga og erstatter dagens V-Pro. Systemet vil bli brukt for alle sentrale aktivitetar i avdelinga, mellom anna utleigeforvaltning, tilstandskontroll, driftsplanlegging, reinhaldsplanlegging, internkontroll og vedlikehaldsplanlegging.	<u>Gjennomført</u> Bruken av systemet vert fortløpande utvida. Samtlege formålsbygg melder no bygningsmessige avvik via dette systemet.
<u>Bustad- og næringstomter</u> Søknader om bustadtomter og næringstomter skal delegerast til Servicetorget. Dette for å redusere sakshandsamingstida og auke servicegraden overfor potensielle kjøparar. I denne samanheng vil det bli fremma F-sak om revisjon av rutiner for sal og prising av bustad- og næringstomter.	<u>Gjennomført</u> Det gjenstår fortatt å avslutte ein del saker som var innregistrert før overføringstidspunktet.
<u>HMS-plan</u> Det skal utarbeidast HMS-plan for avdelinga basert på overordna risikoanalyse.	<u>Pågår.</u> HMS-plan forventast ferdigstilt innan fyrste halvår 2013.
<u>Internhusleige</u> Det skal utarbeidast utkast til kostnadsdekkande husleige for formålsbygg og utleigebustadar for å sikre fokus på arealeffektivitet og forsvarleg økonomisk avsetning til vedlikehald. Viss mogleg, vil kostnadsdekkande husleige presenterast som tiltak i samband med budsjett 2013.	<u>Pågår</u> Det er utarbeida førebels modell for berekning av kostnadsdekkande husleige. Internhusleige skal drøftast internt i administrasjonen fyrste halvår 2013.

<p><u>Ansvarsfordeling mot tenesteytande avdeling</u> Det skal utarbeidast leigeavtale for det einskilde bygg som klargjer ansvarsfordelinga overfor tenesteytande avdeling. Dette som deltiltak i implementeringa av internhusleige for formålsbygg, jf. K-sak 77/09.</p>	<p><u>Pågår</u> Utkast til ansvarsfordeling er til vurdering internt i avdelinga og planleggast handsama i leiargruppa fyrste halvår 2013.</p>
<p><u>Kompetanseplan</u> Det skal utarbeidast kompetanseplan for avdelinga som synleggjer kompetansebehov og årleg prioritering av kompetansetiltak.</p>	<p><u>Ikkje påbegynt</u></p>
<p>Ansvar 6012 - Kantine</p>	
<p><u>Prisar ved kantinesal</u> Prisane for kantinesal vert revidert for å minske differansen mellom inntekt og utgift.</p>	<p><u>Pågår</u> Prisane blir oppjustert frå 2. kvartal 2013.</p>
<p>Ansvar 6021 - Byggteknisk drift</p>	
<p><u>Fysisk arbeidsmiljø</u> Eigedomsavdelinga vil saman med Anlegg- og driftsavdelinga arbeide for å betre det fysiske arbeidsmiljøet for uteseksjonane i avdelingane. Det vert fremma eiga sak til Kommunestyret om utbetring av arbeidslokalitetar.</p>	<p><u>Gjennomført</u> Kommunestyret løyvde i 2012 kr. 250 000 til planlegging av ny brannstasjon og driftsbasis. Arealprogram er utarbeida og Eigedomsavdelinga er i dialog med grunneigarar av potensiell eigedom for eit nybyggprosjekt.</p>
<p><u>Driftsplan - internkontroll</u> Avdelinga vil i 2012 søke å drifte bygningsmassen etter årleg tilsynsplan. Dette for å betre forutsigbarheita for brukarane av bygningane, dels for å vri verksemda frå akutt vedlikehald til førebyggjande vedlikehald, dels for å sikre forsvarleg internkontroll.</p>	<p><u>Pågår</u> Driftsplan er utarbeida og planleggast iverksatt i løpet av fyrste kvartal 2013.</p>
<p><u>Fagleiar drift</u> Dagens stilling som fagleiar drift- og vedlikehald vert delt i to. Ny fagleiar drift skal ha hovudfokus på dagleg styring og koordinering av driftstiltak, oppbygging av internkontrollsystem samt aktiv energistyring gjennom etablering av sentral driftsstyring for tekniske anlegg</p>	<p><u>Gjennomført</u> Ny fagleiar drift er tilsett frå desember 2012.</p>
<p>Ansvar 6031 - Vedlikehald og investering</p>	
<p><u>Fagleiar vedlikehald</u> Stillinga som fagleiar drift- og vedlikehald vert delt i to. Fagleiar vedlikehald skal ha hovudfokus på kartlegging, prioritering, planlegging, budsjettering og gjennomføring og evaluering av vedlikehald- og investeringstiltak, herunder enøk-investeringar.</p>	<p><u>Gjennomført</u> Tidlegare fagleiar drift og vedlikehald har fått reindyrka sitt ansvar til å gjelde vedlikehald og investering frå og med 2013.</p>
<p><u>Tilstandskartlegging</u> Avdelinga vil i 2012 starte intern og overordna</p>	<p><u>Pågår</u> Eigedomsavdelinga vil nytte eit web-basert</p>

<p>tilstandskartlegging av bygningsmassen som grunnlag for prioritering av vedlikeholdstiltak på kort og lang sikt. Tilstandskartlegging kan ikkje ventast nytta fullt ut før ved budsjett 2014.</p>	<p>tilstandskartleggingsverktøy som heiter IK-bygg i dette arbeidet. Ein venter på integrasjon mot avdelinga sitt fagsystem før arbeidet blir iverksett.</p>
<p><u>Vedlikehaldsplan</u> Dei årlege vedlikeholdstiltaka vert handsama i eiga sak til Formannskapet. Frå hausten 2012 ynskjer Eigesavdelinga å fremje sak om neste års vedlikehald i samband med budsjettbehandlinga. Dette for å samkøyre prioriteringa av tiltak med Kommunestyrets fastsetjing av budsjetttrammer for avdelinga.</p> <p>Vedlikehaldsplan skal utarbeidast for kvart einskilde bygg og for ei periode på minimum 3 år.</p>	<p><u>Pågår</u> Kommunestyret har vedteke overordna strategi for investering drift og vedlikehald av kommunale bygg. Denne legg fundamentet for avdelinga sitt vidare arbeid med vedlikehald gjennom fastsetjing av overordna målsetjingar investering, drift og vedlikehald.</p>
<p><u>Godkjenning av skulebygg</u> Avdelinga vil i 2012 særleg prøve å få gjennomført vedtaka om nye ventilasjonsanlegg på Moltu barneskule og Ytre Herøy ungdomsskule. Gjennomføringa av tiltaka er avhengig av at vi får på plass konsulentbistand til detaljprosjektering.</p>	<p><u>Pågår</u> Kravspesifikasjon basert på totalentrepriseprikket er under utarbeiding. Målsettinga er å få gjennomført prosjekta innan hausten 2013.</p>
<p><u>ENØK-tiltak</u> Det er løyvd kr. 1 mill. i investeringsbudsjettet til enøk-tiltak. Avdelinga arbeidar med ein langtidsplan for enøk-investeringar.</p>	<p><u>Pågår</u> Avdelinga har på basis av kravspesifikasjon, utarbeida i samarbeid med Enøk-senteret, innhenta prisestimat på oppgradering av sentral driftskontroll i kommunale bygg. Prosjektet vil måtte lysast ut på anbod i løpet av 2013 og vil krevje mesteparten av dei løvde investeringsmidlane.</p>
<p>Ansvar 6051 - Reinhold</p>	
<p><u>Team-arbeid</u> I arbeidet med å redusere sjukefråværet, vil avdelinga ha fokus på team-organisering av reinholdet. Dette for å betre det psykososiale arbeidsmiljøet for reinholdarane, sikre arbeidsfleksibilitet samt sikre mest mogleg arbeid innan normalarbeidstid.</p>	<p><u>Pågår</u> Reinholdet blir kontinuerleg vurdert opp mot potensiell team-organisering samt opp mot eit overordna ønske om å plassere mest mogleg av reinholdet innanfor normalarbeidstid.</p>
<p><u>FamacWeb</u> Avdelinga vil i 2012 ta i bruk FamacWeb i reinhaldsplanlegginga. Målsettinga er å kunne revidere reinhaldsplanane årleg samt ved rehabilitering og tilbyggsprosjekt.</p>	<p><u>Pågår</u> Avdelinga reviderer reinhaldsplanane fortløpande, parallelt med at avdelinga får oppdatert teikningsarkivet for kommunale bygg. Avdelinga leverer også driftsanalyser for nye tiltak (t.d. nybygg-prosjekt) basert på kostnadsanalyser via Famac.</p>
<p><u>Kompetanseplan</u> Reinholdarar skal i større grad enn før få tilbod om fagbrevutdanning.</p>	<p><u>Pågår</u> Avdelinga søker å stimulere dei tilsette til vidareutdanning fortløpande.</p>

Organisasjon

Årsverk

	2009	2010	2011	2012
Talet på årsverk	28,85	29,85	29,85	29,85
Adm. årsverk, KOSTRA funksjon 1200	1,75	1,75	1,75	2
Fagressurs teneste				

Av administrative årsverk er 1 årsverk knytta til Ansvar 6051 – reinhaldsleiar, medan 1,0 årsverk er knytta til Ansvar 6011 – eigedomsleiar. Reinhaldsleiarstillinga vart oppjustert til 100 % stilling i 2012.

Økonomi

Tall i hele tusen					
	Rekneskap 2012	Budsjett 2012	Rekneskap 2011	Rekneskap 2010	Rekneskap 2009
Brutto utgifter	36 157	25 645	34 448	30 770	
Brutto inntekter	(20 304)	(10 345)	(18 535)	(16 404)	
Netto driftsutgifter	15 853	15 300	15 913	14 366	
Meir / mindreforbruk (-)	553		1 373	(875)	

Lokalsamfunn

Ansvar for sal av bustad- og næringstomter som er ferdig opparbeidde og klare for salg, vart overført til Servicetorget frå 01.06.2012. Eigedomsavdelinga har fortsatt oppgåver knytt til innregistrerte saker før dette tidspunkt. I tillegg har avdelinga ansvaret for kjøp og sal av andre eigedomar og bygg samt ansvaret for oreiningssaker, innløyingsaker og erstatningssaker.

Viktige hendingar i 2012

- Eigedomsavdelinga og Anlegg- og driftsavdelinga starta planlegging av ny brannstasjon og driftsbasis.
- Kommunestyret vedtok strategi for investering, drift og vedlikehald av kommunale bygg.
- Eigedomsavdelinga innførte Famac som nytt FDV-system frå juli 2012.
- Herøy kommune overtok Fristadbygget i Dragsund i juli 2012.
- Avdelinga tilsette Tor Sindre Steinsvik som ny fagleiar drift i desember 2012.

Hovudutfordringar/prioriteringar i 2013

- Redusere saksrestanse
- Gjennomføre driftsplan for byggteknisk tilsyn og internkontroll
- Digitalisere bygningsteikningar
- Reviderer reinhaldsplaner
- Tilstandskartlegge bygningsmassen - utarbeide langtidsplan for vedlikehald.

ØKONOMI

Mål:

1. Det skal ikkje vere avvik mellom budsjett og rekneskap for dei einssilde ansvarsområda i budsjettet. Dersom det oppstår situasjonar der avvik ikkje kan unngåast skal dette rapporterast etter gjeldande prosedyrar.
2. Netto driftsresultat skal vere positivt i 2012. Målet er at netto driftsresultat på sikt (4-5 år) skal vere på 3% av driftsinntektene i budsjettet.

Rekneskapsprinsipp

Herøy kommune fører rekneskapen sin etter dei kommunale rekneskapsprinsippa nedfelt i KommuneLOVA § 48 og rekneskapsføreskriftene § 7. Anordningsprinsippet gjeld i kommunal sektor og tilseier at tilgang og bruk av midlar i løpet av året som vedkjem kommunen si verksemd, skal gå fram av driftsrekneskapen eller investeringsrekneskapen.

Driftsrekneskapen syner driftsutgifter og driftsinntekter i kommunen og resultat for året. Investeringsrekneskapen syner kommunen sine utgifter i samband med investeringar, utlån med meir, samt korleis desse er finansiert.

Kommunen sin driftsrekneskap syner årlege avskrivningar som er årlege kostnader som følgje av forbruk av driftsmidlar. Avskrivningane har betydning for kommunen sitt brutto driftsresultat, men blir utnulla slik at netto driftsresultat ikkje er påverka av denne kostnaden. Netto driftsresultat i kommunen er derimot belasta med årets avdrag som er den utgifta som skal påverke kommunen sitt driftsresultat etter gjeldande rekneskapsreglar. Grunnen til at avskrivningane blir vist i rekneskapen er blant anna at dei som tek avgjerder (adm. leiarar og politikarar) og dei som brukar rekneskapen skal sjå denne kostnaden presentert i rekneskapen og vurdere den i høve til kommunen sitt driftsresultat og avdragsutgifter

Vidare er rekneskapen ført etter bruttoprinsippet. Det tyder at det ikkje er gjort frådrag i inntekter for tilhøyrande utgifter og heller ikkje frådrag i utgifter for tilhøyrande inntekter. Dette tyder at aktiviteten i kommunen kjem fram med rett sum.

Rammevilkår/resultat

Netto driftsresultat er positivt med om lag 15,4 mill kroner. Dette er ein reduksjon i høve til 2011 på om lag 13,4 mill kroner. Kommunen sitt mål på sikt er netto driftsresultat skal utgjere 3% av driftsinntektene. For 2012 utgjorde netto driftsresultatet om lag 2,64% av driftsinntektene (5,0% i 2011). Resultatet er med det 0,36% eller omlag 2,1 mill lavare enn målsetjinga. Grunnen til at netto driftsresultat er positivt skuldast at kommunen i 2012 mottok betydelege statlege RDA midlar som vert inntektsført i kommunen sitt rekneskap men som ikkje kan brukast til kommunale føremål.

I rekneskapen per 31.12.2012 utgjer kommunen sine disposisjonsfond om lag 15,85 mill kroner. Sett i høve til 31.12.2011 er dette ein auke på om lag kr 570.000,-.

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Brutto driftsresultat	(11.031)	15 425	(7.131)	(7.883)	181	975	127	11.644
Netto driftsresultat	1.018	25 011	(6.998)	(26.697)	20 005	47 031	27 288	15.410

Herøy kommune har dei siste åra hatt godt samsvar mellom budsjett og rekneskap for det som gjeld drifta. Det syner at kommunen har gode budsjettprosessar med involvering frå avdelingar, administrasjon og politikarar.

Når det gjeld kommunen sitt rekneskapsmessige resultat varierer det mykje frå år til år. Faktorar som har spelt ei avgjerande rolle her dei siste åra (både positive og negative) er momskompensasjon investeringar, finansavkastninga, svingande skatteinntekter og frå 2010

også RDA midlar (sjå ovanfor). Drifta av kommunen er på eit nøkternt nivå, men investeringane har vore store og det gjer at gjeldsbyrda stadig aukar og auka finanskostnader vil på sikt kunne føre til at drifta må reduserast på ein skilde område. I åra 2009 til 2011 auka avdragskostnadane etter minsteavdragsprinsippet med om lag 3,0 mill kr årleg. Dette skuldast ikkje berre låneopptak men også kva aktiveringar og avskrivningar vi har hatt i balansen (aktiva). Frå 2011 til 2012 vart avdragskostnadane etter minsteavdragsprinsippet redusert med om lag 1,5 mill kroner. Ein av grunnane til dette er at ein i 2012 har tatt omsyn til verdien av dei kommunale bustadfelt og industriområda i berekningane. Det har ein ikkje gjort i dei føregåande åra

Momskompensasjon

Frå 1. januar 2004 vart den tidlegare avgrensa momskompensasjonsordninga, som hadde vore i drift sidan 1995, erstatta med ein generell momskompensasjonsordning.

Tabellen nedanfor syner fordelinga mellom drift og investering, trekk i ramma og inntektsført momskompensasjon. Herøy kommune har investert mykje dei siste åra – spesielt i perioden 2006-2009. År 2009 vart bl.a. Einedalen skule og Solheim omsorgsbustadar bygt. Dette representerer samla investeringar på godt over 100,0 mill kroner. Dette fører til store meirinntekter i kompensert meirverdiavgift sett i høve til trekket i rammetilskotet. Desse inntektene vert ført i drifta og påverkar resultatet positivt. Frå 2010 skjedde ei omlegging av ordninga. Dette året vart 20% av momskompensasjonssinntektene frå investeringar ført i investeringsrekneskapen. Dette vert deretter auka med 20% per år slik at ein i 2014 skal føre all momskompensasjon i investeringsrekneskapen. Det vil føre til

- Lavare inntekter i driftsrekneskapen
- Høgare inntekter i investeringsrekneskapen
- Lavare låneopptak
- På sikt lavare rente- og avdragsutgifter

Trekk i ramma 2004	Rekneskap 2006	Rekneskap 2007	Rekneskap 2008	Rekneskap 2009	Rekneskap 2010	Rekneskap 2011	Rekneskap 2012
	9.184	9.653	11.190	10.344	11.322	11.800	10.197
	8.356	9.029	9.595	18.428	6.427	5.205	3.409
10.805	17.540	18.682	20.785	28.772	17.749	17.005	13.606

(Som vi ser av tabellen har vi aldri tidlegare hat så lav samla momskompensasjon drift og investeringar som vi hadde i 2012)

I 2012 vart om lag 2,05 mill kr av momskomp investeringar ført i investeringsrekneskapen og om lag 1,36 mill vart ført i driftsrekneskapen (medan ein her budsjetterte med ei inntekt på 3,54 mill kr – i opprinneleg budsjett for 2012 hadde vil budsjettert med 6,64 mill kr).

Frå 2009 og til 2012 vart inntektene frå momskompensasjonen knytt til investeringar redusert med om lag 17,0 mill kr (når ein tek omsyn til overføringane frå momskompensasjon investeringar frå driftsrekneskapen til investeringsrekneskapen). Dette har ein måtte tatt inn gjennom effektivisering og kutt i drifta.

Hovudtalsanalyse

Den kommunale rekneskapen er delt i tre:

1. Driftsrekneskapen
2. Investeringsrekneskapen/Finansrekneskapen


3. Balansen

Driftsinntekter

Herøy kommune sine driftsinntekter (eksklusive interne overføringer) består av :

- Skatteinntekter (formues- og inntektsskatt)
- Rammetilskott frå staten
- Andre statstilskott (også øyremerka)
- Andre driftsinntekter som bl.a. vert inntektsført direkte på avdelingane som t.d. refusjonar, brukarbetalingar osv

Fordelinga (i %) inkludert finansinntektene kan ein setje opp slik:



Skatt er den største inntektsposten. I 2012 utgjorde denne inntekta nær 40,5% av dei samla kommunale driftsinntektene inkludert finans. I 2011, 2010 og i 2009 utgjorde skatt i hhv 37,8%, 37,7% og 41,0% av samla inntekter og det syner at statens si målsetjing om at stadig mindre av kommunal verksemd skal finansierast ved skatteinntekter kjem til å bli innfridd. 2012 var eit uvanleg år skattemessig for Herøy kommune og det er grunn til å tru at ein ikkje opplever nokon vekst i kommunens nominelle skatteinntekter i 2013.

Samla driftsinntekter i 2012 (eksklusiv interne overføringer /inntekter, finans, avskrivningar og bruk av fonds) var om lag 581,9 mill kroner. Dette er ein auke på 33,7 mill kr sett i høve til 2011. Om lag 11,6 mill kr av denne auken skuldast overføringer i samband med samhandlingsreforma.

Skatteinntekter

Skatteoppkrevjaren i Herøy fekk i 2011 innbetalt skattar og avgifter på i alt 1.520,2 mill kroner. Dette er ein auke i høve til år 2011 med om lag 219,0 mill kroner. Skatt frå personlege skattytarar auka med nær 104,2 mill kr, arbeidsgjevaravgifta auka med om lag

42,9 mill kr og selskapsskatten (upersonlege skatteytarar) auka med 78,0 mill kr.

Av denne summen utgjorde Herøy kommune sin del om lag 242,2 mill kroner frå forskottspliktige (personar). Tilsvarende tal for år 2010 var i overkant av 214,1 mill kroner. Samla innbetalt skatt frå etterskottspliktige (selskapsskatt) utgjorde i 2012 heile 379,8 mill kr. Av dette får Herøy kommune kr 0,00.

Skatteinntektene i Herøy kommune var (i mill kroner) slik:

	Rekneskap 2012	Justert Budsjett 2012
Inntekt	242,1	240,0
% av landsgjennomsnittet per innbyggjar	115,7	114,7
Inntekuteutjamning (netto) i mill kr	- 22,6	


Herøy kommune sine skatteinntekter (forskottspliktige) synte i 2012 ein vekst på formidable 13,1% sett i høve til 2011.

Driftsutgifter

Herøy kommune sine driftsutgifter (eksklusive interne overføringar) består av:

- Lønn- og sosiale utgifter
- Kjøp av varer og tenester som inngår i produksjonen
- Kjøp av varer og tenester som erstattar eigenproduksjonen
- Andre utgifter som t.d. tilskott, overføringar, bidrag
- Finans (renter, avdrag, kurstap etc)

Fordelinga (i %) eks avskrivningar og inkl finanskostnadane kan ein setje opp slik:



Driftsutgiftene (eks finans og avsetjing til fonds) auka med om lag 52,1 mill kroner (9,5%) frå 2011 til 2012. Finanskostnadane vart redusert med nær 0,9 mill kr. Veksten i lønn og sosiale utgifter auka med om lag 18,5 mill kr (5,5%) og andre kostnader auka med om lag 32,7 mill kr.

Lønn og sosiale utgifter utgjorde om lag 61,7% av totale driftsutgifter (eks finans) for 2012, medan tilsvarende tal for 2011, 2010 og 2009 var hhv 64,3% 66,2% og 66,4%. Tendensen er såleis at samla lønskostnader sin del av dei samla utgiftene vert redusert litt kvart år. Reduksjonen vart merkbar stor frå 2011 til 2012. Dette skuldast nok utgiftene til samhandlingsreforma på nær 11,5 mill kr der mest heile summen vart overført til Helse Møre

og Romsdal.

Investerings-/Finansrekneskapen

I investeringsrekneskapen fører ein kjøp med ein verdi som er høgare enn kr 100.000,- og som har ei levetid på minimum 3 år. Vidare skal ein her føre inntekter ein berre får ein gong og utgifter av spesiell karakter.

Balansen

Balansen syner eigedelar som likvidar, fordringar, anleggsmidlar og korleis desse er finansiert. Finansieringa i balansen vert delt i 3 – kortsiktig gjeld, langsiktig gjeld og eigenkapital.

Nøkkeltal	2012	2011	2010
Sum driftsinntekter	(581.862)	(548.201)	(535.078)
Sum driftsutgifter	570.218	518.074	493.102
Brutto driftsresultat	(11.644)	(30.126)	(41.975)
Finansinntekter	(16.175)	(18.692)	(17.390)
Finansutgifter	37.780	47.553	34.788
Motpost avskrivningar	(25.371)	(26.023)	(22.453)
Netto driftsresultat	(15.410)	(27.288)	(47.031)
Bruk av avsetnader	(31.509)	(8.925)	(20.602)
Avsetnader	46.919	38.229	62.803
Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk	(0)	2.016	(4.830)
Brutto driftsresultat i % av driftsinntekter	2,00	5,50	7,84
Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter	2,64	4,98	8,79

Netto driftsresultatet i 2012 vart på omlag 15,4 mill kr. Dette er om lag 4,0 mill kr betre enn justert budsjett. Vi brukte om lag 6,1 mill kr av disp fonda og om lag 25,4 mill kr av dei bundne fonda. Vi avsette totalt 46,9 mill kroner i rekneskapen for 2012. Desse vart nytta til overføringar til inv rekneskapen (2,0 mill kr), til dekning av tidlegare års meirforbruk (2,0 mill kr), til avsetjing disp fond (6,7 mill kr) og til avsetjing til bundne fond (36,2 mill kr) slik at det rekneskapsmessige meir-/mindreforbruket vart kr 0,-.

Brutto driftsresultat var i 2012 var positivt med om lag 11,6 mill kroner (inkludert avskrivningar). I 2011 var brutto driftsresultat positivt med om lag 30,1 mill kr. Sidan 2003 er det berre 2006 og 2009, 2010 og 2011 og 2012 som har gitt eit positivt brutto driftsresultat.

Grunnen til den positive veksten i driftsinntekter dei siste 3 åra skuldast RDA-midlar (Regional distriktutviklingsmidlar) som kommunen har fått via Møre og Romsdal Fylke. I 2012 utgjorde dette om lag 32,76 mill kr. Dette er om lag på same nivå som i 2011. Av dette vart om lag 12,1 mill overført til bundne fond og den resterande delen (om lag 20,5 mill kr) vart overført til ulike prosjekt etter vedtak.

Kommunen må gjennomføre pliktige avsetnader og bruk av eksterne midlar som til dømes næringsfond, øymerka statstilskott (bundne fond) og liknande.

Resultatet etter desse transaksjonane vert kalla rekneskapsmessig meir- eller mindreforbruk. I 2011 fekk vi eit rekneskapsmessig meirforbruk på om lag 2,0 mill kroner. Meirforbruket i 2011 vart finansiert ved bruk av sisposisjonsfondet. Det fører til slik oversikt:

	2012	2011
Netto driftsresultat (i 1.000 kr)	15.410	27.288
Pluss		
Bruk av disposisjonsfond	6.091	1.621

Bruk av tidlegare års mindreforbruk		4.830
Bruk av bundne fond	25.419	2.475
Sum bruk av avsetnader	31.509	8.925
Minus		
Overført til investeringsrekneskapen	2.045	2.082
Avsett til tidlegare års meirforbruk	2.015	0
Avsetnader til disposisjonsfond	6.662	0
Avsetnader til bundne fond	36.197	36.147
Sum avsetnader	46.919	38.229
Rekneskapsmessig mindreforbruk	0	
Rekneskapsmessig meirforbruk	0	2.016

Det rekneskapsmessige resultatet har ein tendens til å svinge mykje frå år til år i Herøy. I eit år der utbyttet frå Tussa vart mykje lavare enn budsjettet og der inntektene frå momskompensasjon investeringar vart mykje lavare enn budsjettet passa det fint at skatteinntektene auka meir i Herøy enn landsgjennomsnittet slik at det finansierte desse mindreinntektene.

Arbeidskapital

Dette er differansen mellom omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld. Ved utgangen av 2012 hadde kommunen ein arbeidskapital på nær 186,3 mill kr. Dette er ein auke i høve til 2011 på om lag 59,0 mill kr. Auken skuldast i hovudsak auka bankinnskott (38,3 mill kr), auka aksje-/obligasjonsbeholdning (4,6 mill kr) og premieavvik pensjon (12,2 mill kr)..

Likviditet

Kommunen sin likviditet har vore litt betre i 2012 enn i 2011. Per 31.12.2012 hadde kommunen om lag 127,2 mill kr (eks RDA midlar) plassert i bankinnskott, aksjar notert på Oslo Børs, sertifikatninskott og obligasjonar. Dette er ein auke i høve til 2011 på om lag 29,7 mill kroner. Samstundes har kommunen sin kortsiktige gjeld blitt redusert med om lag 2,0 mill kr.

- Likviditetsgrad 1 måler tilhøvet mellom omlaupsmidlar og kortsiktig gjeld. Det vil seie at den måler kommunen si evne til å dekke sine betalingsplikter etter kvart som dei forfell. Likviditetsgrad 1 bør vere over 2 og i Herøy kommune var den på 2,94 per 31.12.2012, medan tala for 2011, 2010, 2009, 2008, 2007, 2006 og 2005 var på hhv 2,31 - 1,25 - 1,09 - 1,93 - 2,88 - 3,06 og 3,07. Det viser ei betring sett i høve til 2011 – ei betring som også er eit resultat av RDA midlar.
- Likviditetsgrad 2 (bør vere på minst 1,0) er Omlaupsmidlar – varelager dividert på kortsiktig gjeld. Sidan kommunane normalt sett ikkje har varelager vert likviditetsgrad 1 og 2 like. Dersom vi i staden for varelager trekk frå bundne fond RDA midlar (som ikkje kan brukast av kommunen og som utgjer vel 92,4 mill kr per 31.12.2012 får vi eit forholdstal på 1,97 noko som vil seie at kommunen ved årsskiftet hadde ein god likviditet.
- Likviditetsgrad 3 seier noko om tilhøvet mellom dei mest likvide midlane og kortsiktig gjeld. Dei mest likvide midlane i dette tilfellet er reine bankinnskott. Likviditetsgrad 3 bør vere på minst 0,33 for å vere tilfredsstillande, og i Herøy kommune synte nøkkeltalet 1,47. I 2011 var den 1,06. I 2010 var den på 0,69. I 2009 var den på 0,20, i 2008 var verdien 0,18, i 2007 varden 0,53 og i 2006 og 2005 var det på hhv 0,71 og 0,60. Også her er det ein liten betring i nøkkeltalet sett i høve til dei to foregåande åra. Trekk vi ut RDA midlane syner dette nøkkeltalet om lag 0,5.

Både likviditetsgrad 1 og 3 syner ei betring i 2012 sett i høve til 2011.

Finanspostar i driftsrekneskapen

I følgje rekneskapen var netto finanskostnadane i 2012 på nær 21,6 mill kr. I 2011 var dei på nær 28,9 mill kr, i 2010 var dei på 17,4 mill kr og i 2009 var dei på om lag 5,1 mill kr. I løpet av 4 rekneskapår har såleis netto kostnadar auka med 16,5 mill kr.

Rentenivået synte ein stabil, men litt avtakande tendens i 2012. Utviklinga på Oslo børs var positiv. Finansinntektene vart om lag 4,7 mill kroner høgare enn justert budsjett. Då har vi ikkje tatt omsyn til at aksjeutbyttet frå Tussa AS vart om lag 5,2 mill lavare enn budsjett.

Tal i mill. kroner

	Rekneskap 2012	Rekneskap 2011	Rekneskap 2010
Renteinntekter/utbytte	16,2	18,7	17,3
Av dette:			
Aksjeutbytte Tussa AS	4,4	9,1	7,2
Kursvinst/utbytte andre aksjar	6,0	5,5	6,3
Andre renteinntekter	5,8	4,1	3,8

Herøy kommune si lånegjeld aukar stadig. Dei totale rentekostnadane har imidlertid vore nokså stabile dei siste 3 åra. I 2011 utgjorde dei 17,3 mill kr og i 2010 og 2009 hhv 16,2 mill kr og 17,2 mill kr.

Tal i mill. kroner.

	Rekneskap 2012	Rekneskap 2011	Rekneskap 2010
Renteutgifter/verdireduksjon på aksjar	19,2	26,9	17,8
Avdragsutgifter	18,4	19,8	16,7

Langsiktig gjeld. Pensjon

Kommunane er pålagde å føre pensjonane etter liknande reglar som det bedrifter som følgjer rekneskapslova gjer. Dette fører til at kommunane må skaffe til veie ei aktuarberekning ved årsskiftet der det etter nærare fastsette reglar vert berekna kva som er kommunen si utgift dersom drifta skulle opphøyre per 31.12. Dette stiller ein opp mot midlane ein finn i fonda (hjá oss KLP og SPK). Tala syner ei teoretisk over- eller underdekning i ordningane.

Ingen av ordningane syner dekning i og med at AFP krava (forplikningane) ikkje kan **forsikrast, men i det teoretiske tilfellet vil dei vere eit krav. Litt grovt kan ein seie at** forskjellen mellom berekna krav (forplikning) og pensjonsmidlar syner noverdien av AFP krava (forplikningane).

Fordeling av brutto driftsutgifter per sektor

Kommunestyret i Herøy gav gjennom budsjettvedtaket for 2012 ei brutto utgifts- og inntektsrame til i alt 20 ulike sektorar/avdelingar.

Dersom vi ser på brutto utgifter per sektor er Skuleavdelinga størst med 19,6% (ned 3,2% i høve til 2011). Deretter kjem Pleie- og omsorgsavdelinga med 18,8% og Barnehageavdelinga og «Overføringsansvaret» med i overkant av 10,0%. Dei andre avdelingane er mindre og ligg på mellom 0,4% og 7,3% av samla brutto driftsutgifter.

Tala i 2012 er litt spesielle i og med at RDA overføringane utgjer ein forholdsvis stor del av bruttoutgiftene i 2012.


Vi kan sette det opp i ein slik tabell: *(alle tal i 1.000 kr)*

Avdeling	Sum	I prosent
Folkevalde	4.469	0,73
Adm leiing	3.709	0,61
Servicetorget	5.437	0,89
Fellessekretariatet	2.465	0,40
Økonomiavdelinga	6.301	1,03

Personal- og org.avdelinga	8.651	1,42
IKT	5.368	0,88
Overføringer til andre	66.088	10,81
Barnehageavdelinga	63.069	10,32
Grunnskuleavdelinga	119.613	19,57
Avd. for barn, familie og helse	45.232	7,40
Pleie- og omsorgsavdelinga	114.826	18,79
Bu- og habiliteringsavdelinga	44.442	7,27
NAV - Sosial og flyktning	18.245	2,99
Kulturavdelinga	11.602	1,90
Utviklingsavdelinga	8.865	1,45
Anleggs- og driftsavdelinga	34.040	5,57
Eigedomsavdelinga	36.157	5,92
Samhandlingsreforma	12.564	2,06
Sum brutto utgifter	611.143,00	100,00

Frå 2011 til 2012 har brutto utgifter hatt ein vekst på 102,8 mill kr. Om lag 56,0 mill av veksten skuldast ansvaret Overføringer. Dette har med utgiftsføringa av RDA midlane å gjere. I tillegg er ansvaret for Samhandlingsreforma ny i 2012. Fleire av dei store avdelingane har hatt ein vekst i sine bruttokostnadar på meir enn 5,0 mill kr.

Her er oversikta over brutto driftskostnadar oppsett i grafisk form.



Balanseregnskapet

Tall i 1000 kroner

Note

Regnskap 2012

Regnskap 2011

EIENDELER

ANLEGGSMIDLER

Faste eiendommer og anlegg	646 897	636 950
Utstyr, maskiner og transportmidler	24 596	23 318
Utlån	38 194	36 284
Aksjer og andeler	70 727	69 646
Pensjonsmidler	513 749	470 716

Sum anleggsmidler	1 294 163	1 236 915
--------------------------	------------------	------------------

OMLØPSMIDLER

Kortsiktige fordringer	33 046	30 197
Premieavvik	28 369	16 195
Aksjer og andeler	79 541	74 901
Sertifikater	0	0
Obligasjoner	0	0
Kasse, postgiro, bankinnskudd	141 171	102 893

Sum omløpsmidler	282 126	224 186
-------------------------	----------------	----------------

Sum eiendeler

1 576 289

1 461 101

EGENKAPITAL OG GJELD

EGENKAPITAL

Disposisjonsfond	-15 847	-15 276
Bundne driftsfond	-105 957	-95 379
Ubundne investeringsfond	-15 068	-10 633
Bundne investeringsfond	-1 631	-4 957
Endring i regnskapsprinsipp investering	0	0
Endring i regnskapsprinsipp drift	-3 071	-3 071
Regnskapsmessig mindreforbruk	0	0
Regnskapsmessig merforbruk	0	2 015
Udisponert i investeringsregnskapet	0	0
Udekket i investeringsregnskapet	0	0
Likviditetsreserve	0	0
Kapitalkonto	-95 284	-115 406

Sum egenkapital	-236 858	-242 707
------------------------	-----------------	-----------------

GJELD

LANGSIKTIG GJELD

Pensjonsforpliktelser	-681 350	-619 458
Ihendehaverobligasjonslån	0	0
Sertifikatlån	0	0
Andre lån	-562 254	-501 792

Sum langsiktig gjeld	-1 243 604	-1 121 250
-----------------------------	-------------------	-------------------

KORTSIKTIG GJELD

Kassekredittlån	0	-11 503
Annen kortsiktig gjeld	-90 538	-81 833
Premieavvik	-5 289	-3 808

Sum kortsiktig gjeld	-95 827	-97 144
-----------------------------	----------------	----------------

Side 84 av 87

Sum egenkapital og gjeld

-1 576 289

-1 461 101

Ubrukte lånemidler	39 328	-5 657
Andre memoriakonti	68	68
Motkonto for memoriakontiene	-39 396	5 589
Sum memoriakonti	0	0

Økonomisk oversikt - Drift

Tall i 1000 kroner	Regnskap 2012	Regulert budsjett 2012	Opprinnelig budsjett 2012	Regnskap 2011
--------------------	---------------	------------------------	---------------------------	---------------

DRIFTSINNTEKTER

Brukerbetalinger	-26 893	-24 308	-24 308	-25 178
Andre salgs- og leieinntekter	-32 507	-32 020	-31 220	-30 658
Overføringer med krav til motytelse	-41 751	-32 065	-22 840	-44 448
Rammetilskudd	-179 116	-178 600	-188 500	-170 147
Andre statlige overføringer	-58 602	-51 876	-18 661	-63 155
Andre overføringer	-850	-91	-91	-526
Inntekts- og formuesskatt	-242 141	-240 000	-217 500	-214 089
Eiendomsskatt verk og bruk	0	0	0	0
Eiendomsskatt annen fast eiendom	0	0	0	0
Andre direkte og indirekte skatter	0	0	0	0

Sum driftsinntekter	-581 862	-558 959	-503 120	-548 201
----------------------------	-----------------	-----------------	-----------------	-----------------

DRIFTSUTGIFTER

Lønnsutgifter	279 904	275 444	263 933	265 308
Sosiale utgifter	72 038	72 721	70 154	68 067
Kjøp av v og tjen.som inngår i k. tj.	73 375	58 970	58 317	72 679
Kjøp av tjenester som erstatter k. tj.	71 710	60 061	59 297	64 355
Overføringer	62 143	58 132	33 960	34 802
Avskrivninger	25 371	19 850	19 850	26 023
Fordelte utgifter	-14 324	-6 728	-6 837	-13 160

Sum driftsutgifter	570 218	538 450	498 674	518 074
---------------------------	----------------	----------------	----------------	----------------

Brutto driftsresultat	-11 644	-20 509	-4 446	-30 127
------------------------------	----------------	----------------	---------------	----------------

EKSTERNE FINANSINNT.

Renteinntekter og utbytte	-10 093	-11 390	-13 690	-12 496
Gevinst finansielle instrument	-5 951	-3 250		-5 493
Mottatte avdrag på lån	-131	-110	-110	-703

Sum eksterne finansinntekter	-16 174	-14 750	-13 800	-18 692
-------------------------------------	----------------	----------------	----------------	----------------

EKSTERNE FINANSUTG.

Renteutgifter og låneomkostninger	18 388	22 279	22 279	17 337
Tap finansielle instruent	748			9 609
Avdrag på lån	18 373	18 900	18 900	19 834

Utlån	272	110	110	774
Sum eksterne finansutgifter	37 780	41 289	41 289	47 553
Resultat eksterne finanstrans.	21 605	26 539	27 489	28 861
Motpost avskrivninger	-25 371	-20 740	-20 740	-26 023
Netto driftsresultat	-15 410	-14 710	2 303	-27 289
BRUK AV AVSETNINGER				
Bruk av tidl. års r.m. mindreforb.	0	0	0	-4 830
Bruk av disposisjonsfond	-6 091	-6 959	-3 000	-1 621
Bruk av bundne fond	-25 419	-22 208	-415	-2 475
Bruk av likviditetsreserven	0	0	0	0
Sum bruk av avsetninger	-31 509	-29 167	-3 415	-8 925
AVSETNINGER				
Overført til investeringsregnskapet	2 045	0	0	2 082
Avsatt til dekn av t. å. r.m. merforb.	2 015	2 015	0	0
Avsatt til disposisjonsfond	6 662	9 250	0	0
Avsatt til bundne fond	36 197	32 612	1 112	36 147
Avsatt til likviditetsreserven	0	0	0	0
Sum avsetninger	46 919	43 877	1 112	38 229
Regnskapsm. mer-/mindref	0	0	0	2 015

Økonomisk oversikt - Investering

Tall i 1000 kroner	Regnskap 2012	Regulert budsjett 2012	Opprinnelig budsjett 2012	Regnskap 2011
INNETEKTER				
Salg driftsmidler og fast eiendom	-5 172	-1 250	-1 250	-466
Andre salgsinntekter	-128	-89	0	-3 829
Overføringer med krav til motytelse	-593	-340	-340	-827
Statlige overføringer	-9	-1 500	-1 500	-5 765
Andre overføringer	-6 639	-700	0	-1 250
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	0	0	0	0
Sum inntekter	-12 540	-3 879	-3 090	-12 137
UTGIFTER				
Lønnsutgifter	0	0	0	2
Sosiale utgifter	0	0	0	1
Kjøp av v. og tj som inngår i k. tj.	40 620	128 219	112 260	35 731
Kjøp av tj som erstatter k. tj.	0	0	0	0
Overføringer	4 153	200	0	5 205
Renteutgifter og omkostninger	5	0	0	0

Fordelte utgifter	0	0	0	0
Sum utgifter	44 778	128 419	112 260	40 939


FINANSIERINGSTRANSAK.

Avdrag på lån	6 896	0	0	3 062
Utlån	5 328	0	0	5 676
Kjøp av aksjer og andeler	1 081	8 000	8 000	951
Dekning av tidl års udekk. merf	0	0	0	0
Avsatt til ubundne investeringsfond	4 434	0	0	428
Avsatt til bundne fond	10	0	0	22
Avsatt til likviditetsreserven	0	0	0	0
Sum finansieringstransaksj	17 749	8 000	8 000	10 140

Finansieringsbehov	49 987	132 540	117 170	38 941
---------------------------	---------------	----------------	----------------	---------------

FINANSIERING

Bruk av lån	-40 846	-131 940	-116 770	-32 754
Salg av aksjer og andeler	0	0	0	0
Bruk av tidligere års udisp mindref	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	-3 559	0	0	-1 405
Overført fra driftsregnskapet	-2 045	-100	-100	-2 082
Bruk av disposisjonsfond	0	0	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	0	-300	-300	-160
Bruk av bundne fond	-3 537	-200	0	-2 540
Bruk av likviditetsreserven	0	0	0	0
Sum finansiering	-49 987	-132 540	-117 170	-38 941



Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2012/1014
		Arkiv:	210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
110/13	Formannskapet	18.06.2013
	Kommunestyret	27.06.2013

BUDSJETTKONTROLL 1. TERTIAL 2013

Tilråding:

Budsjettkontrollen per 30.04.2013 blir teken til vitande.

Særutskrift:

- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon, her
- Vest Kontrollutvalssekretariat

Vedlegg:

- Budsjettkommentarar frå avdelingane per 30.04.2013

Saksopplysningar:

Målet med budsjettkontrollane er at dei stadig skal bli betre og syne at kommunen har god kontroll både på inntekts- og utgiftssida og kan varsle avvik så snart dei oppstår. På den måten vil politikarar og administrasjon få ei god oversikt over dagens drift og kva resultat denne drifta har å seie på rekneskapsresultatet ved utgangen av året.

Lønn er den viktigaste og største posten i rekneskapen. Den er vanlegvis meir à jour enn enn dei andre utgifts- og inntektspostane. Til orientering kan ein nemne at ein til ei kvar tid har mellom 50 og 100 fakturaer som ligg i avdelingane for kontering og tilvising. Desse er ikkje med i grunnlaget budsjettkontrollen er bygd på.

1. Tabell som syner situasjonen slik den einskilde leiar skildrar

I denne tabellen tek ein for seg rekneskapen per 30.04.2013 og samanliknar dette med budsjettet for 2013.

Netttotal i 1000 kr.

Avdeling/område	Rekneskap per 31.03.2013	Rev budsjett 2013	Forbruk i %	Meldt avvik	Rekneskap per 31.12.13
Folkevalde	1.069	4.350	24,6		4.350
Adm. Leiing	1.148	3.275	35,1		3.275
Servicetorget	919	2.775	33,1		2.775
Fellessekretariatet	945	2.300	41,1		2.300
Økonomiavdelinga	2.018	5.975	33,8		5.975
Pers- og org. Avd.	3.461	8.400	41,2		8.400
IKT	1.315	4.225	31,1		4.225
Overføringar	2.741	8.600	31,2		8.600
Barnehagar	26.646	56.850	46,9		56.850
Grunnskular m.m	36.881	106.220	34,7		106.218
Barn, familie og helse	11.617	32.390	35,9	450	32.840
Pleie- og omsorg	34.243	95.000	36,0		95.000
Bu- og habilitering	11.847	34.700	34,1		34.700
Barnevern					
Sosial og flyktning	4.332	9.100	47,6		9.100
Kulturavdelinga	2.937	7.530	39,0		7.532
Utviklingsavdeling	1.838	5.600	32,8		5.600
Anlegg og drift	5.735	15.110	38,0		15.110
Eigedomsavd.	5.726	15.900	36,0		15.900
Samhandlingsreforma	4.079	12.400	32,9		12.400
Skatt, ramme, fin.	-152.267	- 430.700	37,6	10.000	- 420.700
Sum	7.230				10.450

(normalt forbruk etter 4 mnd bør ligge på om lag 33,0%. Lønnskostnadane bør ligge på om lag 33,3 % og forbrukspostane på om lag 28,0 %)

Det er registrert eit stort underskott per 30.04.2013 trass i at vi i tala ovanfor har regulert avdragsbelastninga og skatteinntektene.

Inntektene frå skatt og ramme og utbytte Tussa ser ut til å bli om lag 10,0 mill kr lavare enn budsjettert. I første kvartal er det utgiftsført ein del eingongskostnadar som gjer at belastninga på utgiftssida er noko skeiv.

2. Usikre punkt

1. Avdeling for Barn, Familie og Helse. Her vil det nok bli ein sprekk på det som gjeld Herøy legesenter då kommunestyret i Budsjetthandsaminga gjorde ei budsjettkorrigering som auka kostnadane i avdelinga med nær 0,5 mill kr.
2. Pleie og omsorgsavdelinga hadde eit meirforbruk i 2012 i høve til justert budsjett på 2,8 mill kr. Budsjettet for 2013 er styrka når det gjeld lønsostnadane, men sterkt press på tenestene i tillegg til at oppdraga er meir ressurskrevjande og tek lengre tid enn tidlegare. Ein ligg no 0,3-0,4 mill over budsjettet og avdelinga kan få meirforbruk knytt til løn, medisin, mat og utstyr i 2013 utan at ein på det noverande tidspunkt tørr å sette ein sum på det.
3. Bu- og habiliteringsavdelinga. Her kan ein få eit positivt budsjettavvik då budsjettert øyremerka statstilskott for ressurskrevjande brukarar er noko er budsjettert lavare enn i 2013 enn det reelle tilskotet fekk/får i 2012. På negativ side ser ein at kostnadane til overtid stadig er høgt pg at ein har måtte gjort nokre investeringar på utstyr innan dagtilbodet.
4. Vi var optimistiske då vi budsjetterte skatteinntektene for 2013. Allereie etter 1 kvartal er dei faktiske inntektene på dette området om lag 10,5 mill lavare enn budsjettert. No har det betra seg litt til vel 9,8 mill kr. Dette klarer ein ikkje å ta att på årets 8 siste månader. Mest truleg vil skatteinntektene bli om lag 10,0 mill lavare enn budsjettert noko som i sin tur medfører auka rammetilskott på om lag 6,0 mill kr. Det vil gi ein manko i budsjettet for 2013 på om lag 4,0 mill kr. Vi kan kome litt heldigare ut om skatteveksten på landsbasis blir høgare enn regjeringa har forutsett i statsbudsjettet for 2013.
5. Utbyttet frå Tussa AS vart budsjettert til kr 13.000,- per aksje. Basert på resultatet frå 2012 og vedteken aksjonæravtale vil utbyttet utbetalt i 2013 bli på like i overkant av kr 2.000,- per aksje noko som igjen fører til at inntektene vert om lag 5,6 mill lavare enn budsjettert.
6. Avstemming av kundereskontro NAV kan medføre mindreinntekter for nokre avdelingar. No og då har det skjedd at innbetalingar vert ført manuelt utan at kundereskontoren vert endra. Revisjonen har bedt om ei totalavstemming i 2013 og det kan medføre ein inntektsreduksjon på nokre hundre tusen kroner.

Litt for tidleg å seie korleis den økonomiske stoda vil bli i 2013. Her er nokre teikn som er eigna for bekymring. I tillegg til det som er nemnt ovanfor kjem usikkerheit knytt til lønsoppgjeret for 2013 og kva den endelege pensjonskostnaden vil bli for kommunen dette året. Eit par andre ting som vil bli avgjerande for resultatet er utviklinga på aksjemarknaden og på lånerentene. For begge dei sistnemnde faktorane håper og trur vi på ein positiv trend.

4. Rådmannen sine kommentarar

Hittil ser det ut til at skatteinntektene ikkje vil kome på det nivået vi har budsjettert med for 2013. Tussa AS hadde eit dårlegare 2012 resultat enn forventa og det gjer at aksjeutbyttet per aksje blir mykje lavare enn rekna med. Faktisk kan dette utgjere nær 6,0 mill kr. I tillegg kan det vere at avdeling for Barn, Familie og Helse har for lita ramme i høve til det den skal ha for å halde fram dagens drift. Dette skuldast i første rekke mistydingar i samband med handsaminga av budsjettet i kommunestyret i desember.

Vi har prøvd å tilpasse rammene til den einskilde avdeling etter deira ynskjer kombinert med dei midlane vi har til rådvelde. Likevel er det klart at avdelingane sine behov på mange områder er større enn det budsjettet gjev opning for. Arbeidspresset er aukande bl.a. på grunn av endra regelverk, nye og utvida oppgåver og større etterspurnad frå publikum.

Kommunen sine ulike disposisjonsfond er på om lag 15,8 mill kr og gjennom budsjettdisponeringar for 2013 på i alt om lag 2,8 mill kr vil dei bli om lag 13,0 mill kr om kommunen ikkje klarer å skape eit mindreforbruk i 2013. Blir det meirforbruk vil driftsfonda bli redusert tilsvarande.

5. Om avvika kan dekkast inn

Det er utfordrande å dekkje inn avvik i avdelingar som driv rettighetsstyrte tenester, der nivået på tenestene frå før er dimensjonert til minimumsstandard etter lova.

Det er også ei utfordring at tiltak som får effekt på drifta føreset langsiktig planlegging og verknadane kan først godskrivast etter ein lang tidshorison.

Herøy kommune må kontinuerleg jobbe med tiltak som ikkje får konsekvensar for drifta og tenestene. I revidert nasjonalbudsjett har regjeringa knytt forventingar til effekt av lågare sjukefråvær og reduksjon i energikostnadane ved ENØK-tiltak. Arbeidet med sjukefråveret er komplisert og involverer arbeidstakaren sjølv, arbeidsgjevar, legen og NAV. Vi har ein god dialog med alle involverte og vi voner at sjukefråveret blir redusert om ein har ein 2-3 års horisont.

Staten har framleis ein strategi på å innlemme tidlegare øyremerka tilskott i rammetilskottet. Sist galdt dette finansieringa av barnehagesektoren. Samstundes endrar ein vilkåra slik at det ikkje blir kompensert for eventuelle meirkostnadar/mindreinntekter slik det har blitt gjort før. Det vil seie at staten får kontroll med sine kostnadar, medan kommunane igjen får all risiko.

Samhandlingsreforma har no virka i 16 månader og ein har enno ikkje den fulle oversikta over verknadane den har hatt på kommuneøkonomien. Overføringane til samhandlingsreforma, som no er ein del av rammetilskottet, er så «små» at dei knapt dekkjer rekningane frå Helse Møre og Romsdal for sjukehusopphald. Alle meirkostnadane kommunen har med omsyn til tidlegare heimsending frå sjukehusa må Herøy kommune dekkje av eigne midlar. Kor mykje det kan dreie seg om er vanskeleg å talfeste, men det er snakk om ein 7-sifra sum. Vidare ser vi at tilbodet til Helseforetaket når det gjeld 2 linetenestene blir bygt ned og kommunane (i tillegg til pasientane) er dei som kjem dårleg ut av denne endringa. Også dette fører til auka kostnadar for Herøy kommune og vi kan estimere dette til minst eit par millionar kroner i 2013. Det vil seie at Herøy kommune «taper» mellom 3,0 og 4,0 mill kroner i 2013 i høve til tilskottet.

Momskompensasjonsordninga for investeringar er endra. Før kunne alt av inntekter frå dette førast i drifta. I år skal 80% førast i investeringsrekneskapen og 20% i driftsrekneskapen. Her strammar staten inn kommunesektoren sine driftsinntekter. Med 10,0 mill i momskomp årleg vil Herøy kommune få redusert sine driftsinntekter i 2013 med om lag 8,0 mill kr. Som både Finansdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet har innrømt fører dette til ei innstramming for kommunesektoren på kort og mellomlag sikt. Tilførselen av midlar til sektoren vert imidlertid uforandra (det meste ført som inntekter i investeringsrekneskapen).

Konklusjonen er såleis at alle endringar staten gjennomfører påverkar den kommunale økonomien i negativ lei. Dette kan bli ytterlegare forsterka dersom staten vel å sette ned grunnlagsrenta frå 2,5% til 2,0% som finansdepartementet har foreslått. Dette vil kunne føre til at kommunen sine pensjonskostnadar vil auke med ytterlegare eit par prosent i 2014. Og eit par prosent utgjør store summar for Herøy kommune.

Tabellar som syner stoda per dato samanlikna med tilsvarande periode i 2012

Område	Rekneskap per 31-30.04.2013	Rev budsjet 2013	Rekneskap per 30.04.2012	Rev. Budsjet 2012	Avvik rekneskap i kr
Folkevalde	1.069	4.350	1.404	3.630	- 335
Administrativ leing	1.149	3.275	1.320	2.765	- 171
Servicetorget	919	2.775	947	2.785	- 28
Fellessekretariatet	945	2.300	996	2.245	- 51
Økonomiavdelinga	2.018	5.975	1.603	5.685	415
Personal- og org.	3.461	8.400	3.471	8.045	- 10
IKT	1.315	4.225	1.530	4.465	- 230
Overføringar	2.740	8.600	3.834	8.400	- 1.094
Barnehagar	26.646	56.850	24.495	56.520	2.151
Grunnskular m.m	36.881	106.220	36.431	99.875	450
Barn,familie og helse	11.617	32.390	11.339	31.065	278
Pleie- og omsorg	34.243	95.000	31.144	86.400	3.099
Bu- og habilitering	11.847	34.700	11.240	32.600	607
Barnevern					
Sosial og flyktning	4.332	9.100	3.823	8.045	509
Kulturavdelinga	2.937	7.530	2.638	6.830	299
Utviklingsavdeling	1.838	5.600	2.307	5.360	469
Anlegg og drift	5.735	15.110	2.522	13.185	3.210
Eigedomsavd.	5.726	15.900	6.021	15.300	295
Samhandlingsref.	4.079	12.400	4.733	11.968	-654
Skatt, ramme, fin.	-152.266	-430 700	-147.895	- 405.168	- 4.371
Sum	7.230		3.903	5	3.327

Av tabellen ser ein at det er store ulikskapar mellom rekneskap 2013 og rekneskap 2012 per 31.03 på fleire av avdelingane. Dette kan skuldast ulik periodisering i høve til når inntekter og utgifter er ført dei ulike åra.

Tabell som syner utgifter og inntekter på dei ulike hovudpostane
(Alle tal i heile 1.000)

	Rekneskap per 30.04.2013	Budsjet 2013	Forbruk i %
Lønn inkl sosiale utgifter	130.355	357.927	36,4
Kjøp av varer og tenester	21.870	65.898	33,2
Kjøp av varer og tenester som erstattar komm eigenprod.	33.375	63.320	52,7
Overføring til andre	46.834	60.092	77,9
Finansieringsutgifter	4.736	63.222	7,5
Sum utgifter	237.170	610.460	38,9
Salsinntekter	- 20.961	- 65.272	32,1
Refusjonar	- 12.952	- 28.628	45,2
Overføringar frå andre	- 158.169	- 454 552	34,8
Finansieringsinntekter	- 37.858	- 62.008	61,1
Sum inntekter	- 229.940	- 610.460	37,7
Netto	7.230		

Lønnskostnadane for 1 tertial 2013 er om lag 8,1 mill høgare (6,6%) enn i tilsvarende periode i 2012. Ser ein det i høve til budsjetten har ein også brukt opp ein større del av lønsbudsjetten i 2013 enn det ein hadde i tilsvarende periode i 2012. Sjukepengerefusjonane er om lag 1,1 mill høgare enn i tilsvarende periode i 2012 slik at forholdet mellom rekneskap og budsjet er om lag likt i 2012 og 2013.

Posten overføringar til andre (utgift) og finansieringsinntektene er høge. Dette skuldast i hovudsak utbetalingar av RDA midlar og finansieringa av desse (bruk av bundne fond).

Vurdering og konklusjon:

Det har ikkje skjedd dei store endringane frå rapporteringa 31.03.2013 og fram til rapporteringa per 30.04.2013. I utgangspunktet er det berre avdeling for barn, familie og helse som har varsla eit meirforbruk i 2013. I tillegg er det eit par avdelingar som antyder at det kan bli problem med budsjettbalansen ut over i året utan at dette vert konkretisert med summar.

Vi har dei siste åra hatt god kontroll på drifta og våre budsjett har synt godt samsvar med rekneskapen. Vi voner denne trenden også held fram i 2013.

Rådmannen fokuserer på budsjettdisiplin og viktigheita av mindreforbruk i avdelingane på sine leiarmøter, og leiarane har også dette som tema på sine avdelingsmøter. Situasjonen for 2013 er utfordrande og det blir spennande å sjå om det blir fleire positive nyheiter frå avdelingane til neste rapportering.

I denne rapporteringa har ein ikkje fokusert på fråværet då dette blir eit sentralt tema i ei anna tertialrapporteringssak.

Fosnavåg, 27.05.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

	Rapporteringstre		Enhetsleder vurdering avvik (kr)	Avvik hiå (kr)	Årsbudsjett	Avvik i %	Sentral vurdering	Status
10	Folkevalde	Akseptabelt	0	388	4 350	0,00		Godkjent
12	Administrativ leing	Akseptabelt	0	24	3 275	0,00		Godkjent
13	Servicetorget	Akseptabelt	0	88	2 775	0,00		Godkjent
14	Fellessekretariatet	Akseptabelt	0	-136	2 300	0,00		Godkjent
15	Økonomiavdeling	Akseptabelt	0	121	5 975	0,00		Godkjent
16	Personal- og organisasjonsavdelinga	Akseptabelt	0	-507	8 400	0,00		Godkjent
17	Informasjonsteknologi	Akseptabelt	0	164	4 225	0,00		Godkjent
18	Overføringer	Akseptabelt	0	113	8 600	0,00		Godkjent
21	Barnehagar	Akseptabelt	0	7 279	56 850	0,00		Godkjent
22	Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.	Akseptabelt	0	1 315	106 218	0,00		Godkjent
31	Barn, familie og helse	Akseptabelt	-450	-185	32 390	-1,39		Godkjent
32	Pleie og omsorgsavdelinga	Akseptabelt	0	-352	95 000	0,00		Godkjent
33	Bu- og habiliteringsavdelinga	Akseptabelt	0	538	34 700	0,00		Godkjent
34	Barnevernsavdelinga	Akseptabelt	0	0	0	0,00		Ikke rapportert
38	Sosial og flyktning	Akseptabelt	0	-919	9 100	0,00		Godkjent
40	Kulturavdelinga	Akseptabelt	0	-249	7 532	0,00		Godkjent
50	Utviklingsavdelinga	Akseptabelt	0	191	5 600	0,00		Godkjent
51	Anleggs- og driftsavdelinga	Akseptabelt	0	-317	15 110	0,00		Godkjent
60	Eigedomsavdelinga	Akseptabelt	0	38	15 900	0,24		Ikke rapportert
70	Samhandlingsreforma	Akseptabelt	0	54	12 400	0,00		Godkjent
90	Skatt, ramme, finans, tilskot	Alvorlig	-10 000	8 621	-430 700	-2,32		Godkjent
Sum			-10 450	1 712	0	0,00		

Kommentar fra Rådmann

Hittil er det påvist inntektssvikt pga mindre skatteinntekter og mindre utbytte frå Tussa AS enn forventa i budsjettet. Dette kan utgjere så mykje som 10,0 mill kr per dato.

Når det gjeld tenestene ser mykje ut til å vere i rute. Eit par tre avdelingar melder om utfordringar når det gjeld rekneskap/budsjett og om desse til slutt klarer å halde budsjetta vil dei uansett få vanskar med å halde rådmannens pålegg om innsparingar.

Folkevalde

Det ver per dato ikkje grunn til å tru at det skal verte eit vesentleg avvik på dette ansvaret i 2013.

Servicetorget

Forbruket er innanfor normalen med tanke på at der mangler ein del interne føringar. Ein har fram til no hatt ekstra lønsutgifter i samband med innleige av vikar. Desse utgiftene vil verte refundert.

Fellessekretariatet

Avviket kjem i hovudsak av at heile årskostnaden til IKT for 2013 er betalt. Det er ikkje grunn til å tru at det skal verte eit vesentleg avvik på dette ansvaret i 2013.

Personal- og organisasjonsavdelinga

Avviket skuldast betaling av gruppelivsforsikring til KLP som ikkje er periodisert. I tillegg skuldast avviket vikarutgifter for langtidsfråvær og manglande førte inntekter vedkomande trekk gruppelivsforsikring og refusjon sjukepengar. Så langt eg vurderer det idag, vil ikkje desse avvika ha negative konsekvenser for sluttrekneskapen for avdelinga.

Det er eit mindreforbruk på utgifter til lønn. Dette er den største utgiftsposten på avdelinga, vi ligg såleis godt ann.
Tiltak for å få eit mindreforbruk i avdelinga for 2013 vil være å halde attende ei 20% stilling som vert vakant siste halvår, samt å ikkje setje inn vikar for tilsette på personalavdelinga som er sjukmelde.

Overføringar

Her er det meste slik ein har budsjettert med.

Barnehagar

Avviket skuldast at det er betalt ut kommunalt tilskot til private barnehagar for 6 månader. Periodiseringa blir difor feil. Reknar med at det blir balanse om to månader. Det er elles vanskeleg å vite om barnehageavdelinga vil ha balanse i rekneskapan ved årsslutt. Dette p.g.a av at ein ikkje veit nøyaktige tal barn i private barnehagar i løpet av året. Lønnsrekneskapan ser ut til no å vere ca i samsvar med refusjon sjukepengar.

Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.

Netto forbruk pr.30.04. er 34,7%, mot 37,3% på same tid i 2012. Samanliknar ein brutto, er bildet slik ut:
Utgifter: 2013 35,5%, mot 2012 37,3% Inntekter: 2013 41,1% mot 2012 42,4%
Dette viser at vi ligg godt innanfor budsjett, og at prognosen pr no ligg an til eit underforbruk.
Kommentarar til hovudpostane: Utgifter- Lønn, samla sett å budsjett. Vikarutgifter 400' over budsjett, men må sjåast mot refusjon sjukelønn som også ligg 675' over budsjett. Varer og tenester kr.900' under budsjett. Disse utgiftene vil auke i juni-august når innkjøpa for komande skuleår vert gjort. Overføringar kr.700' over budsjett, men dette er mva.
Inntekter- Brukarbetaling kr.500' over budsjett, dette gjeld SFO og kulturskulen. Refusjon sjukelønn kr. 675' over budsjett. Andre refusjonar og tilskot, samla sett på budsjett. Under denne posten ligg mva. Det er ikkje endå ført inntekter jfr. refusjon frå andre kommunar for barn i fosterheimar i Herøy, og heller ikkje refusjon frå fylkeskommunen for kjøp av 75% stilling på PPT.
Med like stram økonomistyring som til no, samt ingen større endringar i tilflyttingar og elevbehov, tilseier prognosen eit underforbruk i 2013. Det er likevel for tidleg å vere klar på dette no, før vi ser korleis status er når eit nytt skule- og barnehageår startar opp.

Barn, familie og helse

Barneveret har også eit mindreforbruk per april. Det er likevel vanskeleg å kunne ha nokon klar formeining om så tidlege i året om ein totalt vil kunne rekne med eit mindreforbruk. Ein står foran ein enda større satsning på barnevern frå sentralt hold. Erfaringsmessig vil også dette føre til fleire sakar lokalt for barnevernet. Kompliserte sakar som vil kunne føre til store utgifter både når det gjeld utredning og ikkje minst tiltak for dei utsette barna.
Helsetenestene viser eit meirforbruk på omlag kr. 875.000 for dei fire første månadene av 2013. Dette kan tildels skuldast manglande periodeisering av større poster på budsjettet og forskuttering av utgifter ved til dømes legevakta med Sande. Det er likevel ikkje heile forklaringen på meirforbruket. Ein forsatt stor bruk av vikarar ved legesenteret fører til eit meirforbruk på legetenester. Vi har no tildelt ein fastlegeheimel så vi får ein fastlege frå somaren, men det vil fortsatt vere behov for bruk av vikarar, men i noko mindre grad.
Herøy legesenter ligg og inne med eit meirforbruk som ikkje fullt ut er reelt når ein skal foreta oppgjer etter dei nye leigeavtalane. Det er likevel slik at den reduksjonen i budsjettet for avdelinga som skjedde frå 2013 er særst vanskeleg, nærast umogleg å kunne få til. Dette skuldast at det i fleire år har vore eit underskotet ved legesenteret som dei nye avtalane ikkje fullt ut kan dekkje inn. Meirforbruk vart derfor varsla allereide i rapporteringa i mars. Dette er eit forsiktig anslag på meirforbruk, kr. 450.000,- og avdelinga gjer det den kan for at det skal verte så lite som mogleg samstundes som vi må sørge for ein forsvarleg teneste for pasientane/brukarane som får tenester frå avdelinga.
Avdelinga Barn-, familie og helse samla set vil og ha store problem med å halde seg innafor det vedtekne budsjettet, slik at eit eventuelt mindreforbruk innan barnevern vil kunne gå til dekning innan dei andre områda avdelinga har ansvar for.

Pleie og omsorgsavdelinga

Avdelinga har hatt om lag same forbruk som i fjor, men siste månaden har gitt positivt utslag slik at ein pr april har eit meirforbruk på ca 317 000, mot 913 300 i fjor på same tid. Belegget i sjukeheim svingar. Etter ei sakte opptrapping har no omsorgsbustadane fullt belegg. Heimetenestene opplever press med fleire pasientar og meir tid- og ressurskrevande oppdrag. Dette er meldt som ei utfordring. Vi ser på interne rutiner og justeringar for å sjå om det er mulig å lette situasjonen. Der det er nødvendig for forsvarleg drift må vi sette inn meir folk. Utfordringa er å få tak i folk på kort varsel fordi kvalifiserte vikarar er mangelvare. Statistikk viser ein jamn auke i antal brukarar siste åra, med eit ekstra hopp oppover siste året. Også sjukeheimane opplever ekstra trykk ved at pasientgjennomstrømminga har auka.
Når det gjeld forbruksvarer og brukarbetaling ligg vi så langt greitt i rute. Vi veit at forbrukspostane er marginale så ein kan rekne med eit meirforbruk der.

Sjuefråværet har hatt ein fin nedgang siste åra. Vi ser no ein liten auke. 1,7 million er alt fordelt på avdelingane internt som ei generell rammeinnsparing. Samanlikning med fjoråret: I 2012 kom Pleie- og omsorgsavdelinga ut med eit sluttresultat på knapt 2.8 millionar i minus. Av dette var ca. 1.4 lønn. Avdelinga hadde for lite lønsmidlar i høve antal tilsette og deira lønn og tilleggslønn, men mykje på grunn av ledig kapasitet i sjukeheim lykkast ein med innsparing som gjorde at meirforbruket ikkje vart større. Lønsbudsjettet er styrka i høve til fjoråret. Det øvrige er meirforbruk på varer og tenester. Av desse er det spesielt medikament, matvarer, generelle utstyrspostar og noko leasingutgifter som gir meirforbruket. Inntektsida traff godt med ei meirinntekt på 154 000 av budsjetterte 14.8 million. Inntektsgrunnlaget er noko oppjustert i 2013-budsjettet. Gjennomførte tiltak: ? Økonomioppfølging er fast tema på leiarmøta i avdelinga. Det same er også tema ute på avdelingane. Vi koordinerer drifta på tvers ved å hjelpe kvarandre så godt det let seg gjere. ? Turnusplanane er vurdert med tanke på kutting av vaktlengder. Noko endring er gjort, og det er flytta ressursar mellom avdelingar ? 25 % stilling for kreftsjukepleiar er vakant. ? Det vert gjort fortløpande evaluering av endring i hjelpebehov ? Det er lagt vekt på å følgje opp alt inntektsgrunnlag ? Det er eit generelt innsparingskrav på innleige ? Det er eit generelt krav til vurdering av om innkjøp av utstyr er påtrengande nødvendig. Dette har pågått over år så her er stort etterslep på t.d. pasientsenger.

Bu- og habiliteringsavdelinga

Butilboda har eit negativt avvik. Har utfordringar i høve overtid. Arbeidet med å redusere overtid har i periodar synt resultat. Kvar einskild avdelingsleiar tek grep i eiga avdeling. Nokre av personale har fått høgare stilling og endringar på turnus i høve dette vil truleg gje resultat. Jobbar med å rekrutere fleire vikarar i dei avdelingane som brukar mykje overtid. Det blir ikkje leigd inn på alle vakante vakter der det er fagleg forsvarleg drift. Sjekke at personale ikkje utløyser overtid før innleige. Flytte på personale til andre vakter eller andre tun/avdelingar når det er mogleg. Har ekstraavgifter i høve advokat i to av bueingane. Har fått nye brukarar som krev ressursar, foreløpig 40%, men det skal aukast til 100% innan kort tid. Manglande salsinntekter er hovudgrunnen til negativt avvik. Itillegg til nye investeringar på nødvendig utstyr på dagtilbodet. Vi reknar med at dette betrar seg i løpet av året.

Sosial og flyktning

233 Kjøp frå andre kommunar: Posten gjelder utgifter til Kriesesenteret i Ålesund, samt refusjon frå andre kommunar vi kjøper tenester frå. Posten viser eit overforbruk på kr. 46 901. 234 Støttekontakt Posten viser eit overforbruk på kr 8 561. Dert har vist seg vanskelig å holde budsjettet på denne posten, særleg knytt til støttekontaktens reiseutgifter. 242 Drift sosialtenesta Posten gjelder lønn og ordinære driftsutgifter, og viser eit overforbruk på kr 6 787. 265 Kommunale bustadar Posten viser eit overforbruk på kr 20 775, som gjeld strøm og husleige. Når ein kommunal bustad er klar for utleie er det NAV Herøy som dekkjer strøm og husleige til ny leigetakar er inne. I perioden før ein bustad er klar, ved oppussing og reoperasjonar, er det Eigeidomsavdelinga som dekkjer disse kostnadene. Av og til tar det tid før ny leigetakar er på plass. 276 Kvalifiseringsprogrammet (KVP) Posten viser eit overforbruk på kr 8 629, knytt til utbetaling av løn til deltakarane. 281 Økonomisk sosialhjelp i 2013 fekk alle avdelingane kutt i ramma si. For NAV førte dette til ei reduksjon i budsjettet på økonomisk sosialhjelp frå 3 490 000 til 2 500 000. Avvik mellom faktisk forbruk og periodisert budsjett er 114 % (kor 100 % er lik 0). Utbetaling av sosialhjelp er vanskelig å periodisere, men normalt er det større utbetalingar i jan-feb-mars enn resten av året. Posten viser eit overforbruk på kr. 954 759. I 2011 viste rekneskapet ei samla utbetaling av økonomisk sosialhjelp på kr. 2 900 000. Utbetaling jamført med same tidspunkt i 2011 viser at vi har mindre utbetalt no, og at vi styrar mot eit resultat under 2 900 000. Om vi klarar å halde budsjettet på 2 500 000 avheng også av utviklinga på andre område, blant anna arbeidsmarknaden i regionen. 3812 BARNEFATTIGDOM Posten viser eit overforbruk på kr. 156 072. Dette er eit avslutta prosjekt kor alle kostnadane skal dekkjast av tildelte midlar.

Kulturavdelinga

Netto forbruk etter periodisering på dei ulike tenesteområda innan ansvar 40 som gjeld kulturavdelinga, tilseier eit forbruk på 38 % av samla nettoramme, medan eit gjennomsnittleg forbruk fordelt likt over året, tilseier eit forbruk på ca 33% pr. 30.04.13. Dei halvårlege overføringar er gjort, men det er heller lite av kulturmidlar, tilskot, refusjonskrav og leigekrav som er ført på dei ulike tenesteområda. Kulturhuset har eit noko høgt forbruk på lønn pga etterslep av feil avlønning frå 3 tidlegare år, sluttavtale, overtid, ekstra mannskap i høve slutta personale og innleige av sjukevikar, samt overforbruk på nokre driftspostar og mindreinntekt i høve til utleige / arrangement Elles må ein seie at kulturavdelinga ligg i rute.

Utviklingsavdelinga

Samla sett viser rekneskapen for utviklingsavdelinga eit mindreforbruk på om lag 132 000.- pr. 30.04.2013. Alt er basert på ei periodisering av utgifter og inntekter fordelt tilnærma likt pr. månad. Totalsituasjonen er bra.

Anleggs- og driftsavdelinga

Ved utgangen av april syner rekneskapen eit meirforbruk på om lag 320' kroner. På same tid i fjor synte rekneskapen eit mindreforbruk på nær 1 mill. kroner. Forskjellen skuldast m.a kostnader i samband med slamtøming hittil i år samt manglande føringar av renter og avskrivningar i 2012.

Dei største budsjettpostane syner ved utgangen av mars følgjande forbruk i forhold til periodisert budsjett: Brannvern: Mindreforbruk kr. 400' Veglys: Meirforbruk kr. 70' Vegvedlikehald: Meirforbruk kr. 215' Når det gjeld Hamn må det påreknast ei mindreinntekt på kr. 120' på årsbasis pga. at Statoil har lagt ned oljenalegget på Mjølstadneset.

Etter ei samla vurdering av rekneskapen ved utgangen av mars 2013 der ein tek omsyn til variable inntekter, etterslep på interne føringar m.m. er forbruket omlag som budsjettert.

Samhandlingsreforma

Har betalt til Helse Midt Norge for 5 terminar. Har også inntektsført eit øymerka statstilskott til etablering av akuttmottak på kr 995.000,-. Av dette er det brukt omlag kr 60.000,-. Ein del utstyr er bestilt inn og i tillegg har ein tilsett lege i ei lita deltidstilling som får det medisinske ansvaret for tilbodet.


Har ikkje betalt foretaket for ferdigbehandla pasientar hittil i 2013.

Skatt, ramme, finans, tilskot

Dette er eit kapittel der budsjett og rekneskap ikkje samsvarer i det heile. Budsjetterte rente- og avdragskostnadar er omlag 10,0 mill høgare enn det som er rekneskapsført.

Det har ikkje skjedd endringar når det gjeld skatteinntektene sidan sist vi rapporterte. Framleis er det då slik at samla skatteinntekter og rammetilskott ser ut til å bli omlag 4,0 mill lavare enn budsjettert. Med det vi veit har signala frå Tussa AS når det gjeld aksjeutbyttet heller ikkje blitt endra, så der vil inntektene truleg bli omlag 6,0 mill kr mindre enn budsjettert.

Totalt sett går det per i dag mot mindreinntekter på dette ansvarsområdet på omlag 10,0 mill kr.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2012/574
		Arkiv:	200

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
111/13	Formannskapet	18.06.2013
	Kommunestyret	27.06.2013

FINANSRAPPORTERING FOR HERØY KOMMUNE PER 30.04.2013

Tilråding:

Finansrapporten per 30.04.2013 vert tatt til vitande.

Særutskrift:

- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon
- Vest kontrollutvalssekretariat IKS

Vedlegg:

- **Finansrapport Herøy kommune – Langsiktige finansielle aktiva**
- **Finansrapport Herøy kommune – Gjeldsporteføljen**

Saksopplysningar:

Kommunal- og regionaldepartementet fastsette 9. juni 2009 ny forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning. I denne forskrifta vert det slått fast at administrasjonen skal legge fram rapportar for politisk handsaming 30.04. og 31.08 kvart år. I tillegg ei "årsmelding" per 31.12.

Kommunen sitt noverande Finansforvaltningsreglement vart handsama i kommunestyret i K-sak 117/10 den 26.08.2010 og vil bli revidert seinast i kommunestyret sitt septembermøte.

I dette reglementet kan ein plassere inntil 30% av likviditeten i aksjemarknaden og inntil 100% i rentemarknaden.

Sjølv om åra 2008-2012 har lært oss at svingingane i aksjemarknaden kan vere ekstreme vel vi likevel å rapportere den finansielle risikoen etter same mal som tidlegare. Det vil seie:

På plasseringssida:

Aksjar:

- Kva skje dersom den norske aksjemarknaden vert endra med +/- 30%?
Moltu barnehage	5 årsverk	Styrrar: 1 person Ped.leiarar:2 (1 med disp.) Fagarbeidarar: 1 person Assistentar: 2 personar
Leikanger barnehage	4,5 årsverk	Styrrar: 1person Ped.leiarar: 2 personar Fagarbeidarar: 0

		Assistentar: 3 personar
Ekstra ressurs	1,09 årsverk (varierer frå år til år)	Assistentar: 4 personar

Barn familie og helse

Også i første tertial i år har legesituasjonen vore utfordrande. Det har vore mange Innleigde vikarar har vore utfordrande for tilsette på dei kommunale legesentra.. Dette har tildels vore korttidsvikariater. Situasjonen har ikkje på nokon måte vore optimal for pasientane utan at det har kome alvorlege klager på drifta.

Kommuneoverlegen har kome tilbake frå permisjon og er nå i full drift i denne viktige rolla.

Når det gjeld helsestasjonen og skulehelsetenesta har det og i 1. tertial vore mange oppgåver. Skulehelsetenesta har arbeida godt og samtidig kunne prioritere opp noko meir å vere i skulane. I fht skulehelsetenesta har ein fortsatt utfordringar når det gjeld journalføring og naudsynt datatilgang.

Det tverrfaglege arbeidet med bla barnevern, PPT og skule/barnehage er no i gang ved alle skuler og barnehager i kommunen. Det har og vore prioritert tverrfagleg deltaking i fleire forelderemøter..

Innan psykisk helsevern har det og vore utfordringar i 1. tertial. Dei "nye" pasientane som kjem er unge og har til dels store hjelpebehov. Det har og vore ei utfordring å få gode behandlinglinjer saman med spesialisthelsetjenesten i konkrete tilfelle. På Solheim dagsenter er det set i gang ei "ungdomsgruppe" og dette ser lovande ut.

Barnevernet har i denne perioden motteke 20 meldingar
 11 barn under omsorg
 82 barn på hjelpetiltak
 12 tilsynsbarn, barn om er plassert i Herøy frå andre kommune

Barnevernet har også ansvar for adopsjonssaker.

Arbeidsmengda i barnevern er stor, og vi har mange tunge saker, som er svært tidkrevjande og kostnadkrevjande med omfattande tiltak. Rus, psykiatri og forsømte familiar i generasjonar, pregar mange av sakene.

Det er svært viktig at kommunen har sterkt fokus på forpliktande samhandling rundt barn i risiko på tvers av fag, einingar og nivå i offentleg sektor, at dette vert ei prioritert satsing i kommunen. Det er også viktig at Herøy kommune har sterk fokus på tidleg intervensjon. Vi har derfor også valgt å prioritere arbeidet som er igangsatt for å heve det tverrfaglege arbeidet for vern av barn (Mission Possible).

Det har ikkje vore meldt avvik i Kvalitetslosen i 1. tertial. Årsaka til dette er nok i større grad ei noko manglande aktiv bruk av Kvalitetslosen enn at det ikkje har vore avvik som kunne ha vore meldt.

Bu og habilitering

Avvik:

Det er meldt 4 avvik i Kvalitetslosen 1terial 2013.

Avvik i hovudsak i forhold til medisinerutiner, brukarrelaterte hendingar og personale. Avdelingsleiarane har vurdert og lukka avvika med tiltak og gjennomgang av rutinar.

Vedtak frå 01.01.13– 30.04.13

Imøtekomne saker i perioden: 89 saker
Avslag: 2 avslag
Klager: 2 klager

Stor utfordring i å rekruttere kvalifiserte korttidsvikarar og miljøterapeut til utlyste stillingar.

Herøy Produksjon har starta å lage tennbriketter, noko som har fleire deloppgåver og gir arbeid til mange.

Det er på planleggingsstadiet å ta imot film/foto, og ha det over på data, Herøy Produksjon på nett, for å gjere lokalsamfunnet kjent med kva varer/teneste dei har å tilby.

Eigedomsavdelinga

(Rapporten er ikkje oppdatert per 01.05.13).

Eigedomsavdelinga rapporterer under tenesterapporteringa om byggteknisk drift, byggteknisk vedlikehald og reinhald.

Forvaltaransvaret

Eigedomsavdelinga har ansvaret for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunens formålsbygg og utleigebustadar med tilhøyrande uteområde. Avdelinga har i tillegg ansvaret for mindre investeringsprosjekt i kommunale bygg.

Eigedomsavdelinga fekk i møte med Rådmannen, Anlegg- og driftsavdelinga og Kulturavdelinga den 26.09.2012 utvida sitt ansvarsområde til å omfatte også leikeplassar og ballbingar på kommunal grunn generelt, uavhengig av om dei er etablert i tilknytning til eit kommunalt bygg eller ikkje. Tidlegare har avdelinga kun hatt ansvaret for anlegg i tilknytning til kommunale bygg.

Bygningsportefølgje

Pr. dato for rapportering, legg avdelinga til grunn at bygningsmassen utgjer totalt 54 000 m2 bruttoareal, fordelt på ca. 44 000 m2 BTA formålsbygg og ca. 10 000 m2 BTA utleigebustadar (ca. 144 utleigeobjekt.)

Eigedomsavdelinga prioriterer digitalisering av teikningsgrunnlag for dei einskilde bygga og vil i løpet av 2013 ha ei vesentleg betre oversikt over eigedomsmassen. Ein ventar at sum BTA vil stige etter at digitaliseringsarbeidet er gjennomført.

Organisasjon

Eigedomsavdelinga har pr. rapporteringsdato 34 årsverk fordelt på 54 tilsette.

Avvik

Det er ikkje registrert avvik i Kvalitetslosen siste halvår.

Byggteknisk drift (ansvar 6021 og 6022) TSS

Med byggteknisk drift meiner Eigedomsavdelinga dei oppgåver som er naudsynte for at ei bygning skal fungere som forutsatt i det daglege.

Organisasjon

Eigedomsavdelinga har totalt 6 vaktmeistarar i 5,4 årsverk til å drifte bygningsmassen.

Drift av bygningsmassa vert koordinert av ei fagleiar drift-stilling i 100 %. Fagleiar drift har det faglege ansvaret for internkontroll, energioppfølging og dagleg oppfølging av driftspersonalet. Tor Sindre Steinsvik har takka ja til stillinga og tiltret 31.01.2013. Han har pr. rapporteringsdato kontor plass på Eggesbønes - Sjukeheimsvegen 10.

Eigedomsavdelinga organiserer pr rapporteringsdato driftsansvaret etter prinsippet om alle mann - alle bygg - alle fag. Avdelinga har til vurdering alternative organisasjonsformer, dels

for å kunne utnytte personalressursen bedre, dels for å sikre at internkontrollen blir bedre dokumentert og gjennomført.

Driftsplan

Eigedomsavdelinga har til vurdering utkast til driftsplan som sikrer regelmessig tilsyn med bygningsportefølgja.

Driftsavtalar

Eigedomsavdelinga har ikkje tilstrekkeleg med eigne tilsette til å løyse alle dei byggtkniske driftsoppgåvene sjølv. Deler av dei byggtkniske oppgåvene løysast difor gjennom innkjøp av eksterne driftstenester:

Snørydding

Eigedomsavdelinga har driftsavtalar med Anlegg- og driftsavdelinga og eksternt personell om snørydding ved kommunale bygg.

Plenklipping

Eigedomsavdelinga har driftsavtalar med ekstern tenesteleverandør om plenklipping ved kommunale bygg.

Gartnerstenester og tre-vedlikehald

Eigedomsavdelinga kjøper inn tenester frå eksterne ved behov.

Serviceavtalar

Eigedomsavdelinga har ikkje tilstrekkeleg med eigne tilsette eller tilstrekkeleg kompetanse til å løyse alle dei byggtkniske driftsoppgåvene sjølv. Deler av dei byggtkniske oppgåvene løysast difor gjennom innkjøp av ekstern servicekompetanse. Dette er til dels også lovpålagt som del av internkontrollansvaret.

Som generelt prinsipp, inngår avdelinga serviceavtalar med leverandøren av systemet i garantiperioden. Deretter blir servicebehovet implementert i den generelle avtalen for fagområdet, dersom slik generell avtale er inngått:

Varme- og ventilasjonsanlegg

Eigedomsavdelinga har serviceavtale med ekstern tenesteleverandør om årskontroll av varme- og ventilasjonsanlegg

Brannalarmanlegg

Anbudskonkurrans for serviceavtale om årskontroll av brannalarmanlegg (herunder også nød- og ledelys) er under førebuing med utlysing våren 2013.

Sprinkleranlegg

Anbudskonkurrans for serviceavtale om årskontroll av sprinkleranlegg er under førebuing med utlysing våren 2013.

Brannsløkkingsutstyr

Eigedomsavdelinga har serviceavtale med ekstern tenesteleverandør om årskontroll av brannsløkkingsutstyr (brannsløkkingsapparat og brannslangar).

Heis

Anbudskonkurrans for serviceavtale om årskontroll av heisanlegg er under førebuing med utlysing våren 2013.

Elektriske anlegg

Anbudskonkurrans for serviceavtale om årskontroll av elektriske anlegg er under førebuing med utlysing våren 2013.

Leikeplassar

Eigedomsavdelinga har inngått serviceavtale med ekstern tenesteleverandør om årskontroll av leikeplassutstyr.

Generelt om bygningsmessige avvik

Bygningsmessige avvik vert innmeldt og fulgt opp via Eigedomsavdelinga sitt FDV-system FamacWeb. Avvik blir meldt både av brukarane og av avdelinga sjølv.

Innmeldte avvik blir anten forkasta, overført til umiddelbart oppfølging eller overført til eventuell prioritering i framtidig vedlikehaldsplan.

Avviksrapport pr. rapporteringsdato:

Ar	Innmeldt	Ubehandla	Under behandling	Lukka	Forkasta
2013	93	18	23	39	13
2012	492	27	88	336	41

Statistikken er ikkje fullt ut veiledande då ikkje alle avvik pt. blir innmeldt i Famac. Dette gjeld særleg avvik avdekka av eige personell, avvik avdekka gjennom vernerunder samt avvik avdekka gjennom eksterne tilsyn. Avdelinga arbeider fortløpande med å utbetre dette forholda slik at avvikstatistikken blir meir korekt.

Avvik meldt av eige personell:

Eigedomsavdelinga melder også sjølv bygningsmessige avvik, dels via eige driftspersonell dels gjennom tilstandskartlegging i samband med vedlikehaldsplanlegging.

Avvik frå vernerunder:

Eigedomsavdelinga skal tilstandskartlegge bygningsmassen som ledd i utarbeidelsen av framtidige vedlikehaldsplanar. Avdelinga vil nytte IK-Bygg til dette arbeidet og har til vurdering om dette verktøyet også kan nyttast i dei årlege vernerundene.

IK-Bygg er 100 % web-basert system for kartlegging av bygningsmassen, utarbeida i eit samarbeid mellom Direktoratet for Byggkvalitet (tidligere BE) ved KoBE-programmet, Direktoratet for Samfunnssikkerhet og Beredskap (DSB), KLP Skadeforsikring, Norsk Brannvernforening, Arbeidstilsynet, HelseDirektoratet og NKF bygg og eiendom (tidligere FOBE). Systemet kan nyttast som "digital vernerunde" og er integrert mot Eigedomsavdelinga sitt FDV-system slik at innmeldte avvik automatisk overførast til FamacWeb for vidare oppfølging. Avdelinga vonar at ein slik arbeidsmetodikk kan bidra til betre oppfølging av registrerte avvik i vernerundene samt gi betre informasjon både til brukarane, eigedomsavdelinga sjølv og Kommunestyret.

Avvik frå eksterne tilsynsorgan:

Avvik frå eksterne tilsynsorgan vil frå og med 2013 fortløpande bli registrert i Famac og såleis bli del av statistikken for bygningsmessige avvik.

Bygningstekniske avvik av særleg interesse:

Eigedomsavdelinga vil under dette punkt særleg rapportere om bygningsmessige avvik av prinsippell eller stor økonomisk verdi.

Byggteknisk vedlikehald (ansvar 6031) PKM

Eigedomsavdelinga rapporterer under dette punkt for status for planlagte vedlikehaldstiltak.

Vedlikehaldsplan 2013:

ID	Bygning	Tiltak	Status
2874.52480	Bergslia barnehage	Oppgradering av ventilasjonsanlegg	<u>Under planlegging</u>

2874.43495	Bergslia barnehage	Oppmontering av nytt gjerde	Under planlegging
2874.53349	Bergslia barnehage	Oppgradering av uteområde	Under planlegging
2875.36945	Leikanger barnehage	Etablere overbygg til rømningsvei	Under planlegging
2877.53060	Myrsnipa barnehage	Utskifting av eitt vindu og deler av bordkledning	Under planlegging
2877.52699	Myrsnipa barnehage	Utbetring av uteområde mot Myrvåg skule	Under planlegging
2877.44568	Myrsnipa barnehage	Oppdeling av uteområde	Under planlegging
2876.50680	Moltu barnehage	Utbetring av ventilasjonsanlegg	Under planlegging
2876.41103	Moltu barnehage	Sikring av uteområde mot veg	Under planlegging
2878.37135	Blåhaugen skule	Utbetring av lekasjepunkt - vindu	Under planlegging
2878.37133	Blåhaugen skule	Utbetring av lekasjepunkt - tak	Under planlegging
2878.53776	Blåhaugen skule	Maling av fasade	Under planlegging
2883.37139	Leikanger skule	Utskifting av vindu	Under planlegging
2883.53089	Leikanger skule	Utbetring av taknedløp	Under planlegging
2883.53064	Leikanger skule	Ombygging av klasserom	Under planlegging
2883.53093	Leikanger skule	Utbetring av lekasjepunkt - tak	Under planlegging
2883.37141	Leikanger skule	Utbetring av det elektriske anlegget	Under planlegging
2885.52893	Moltu barneskule	Utbetring av lekasjepunkt - tak	Under planlegging
2887.53105	Nerlandsøy skule	Utbetring av lekasjepunkt - vindu	Under planlegging
2887.37146	Nerlandsøy skule	Maling av fasade	Under planlegging
2887.37145	Nerlandsøy skule	Sikring av uteområde mot veg	Under planlegging
2889.52863	Stokksund skule	Eablering av nye leikeapparat	Under planlegging
2890.53413	Ytre Herøy ungdomsskule	Brannsikring av utvendig skur	Under planlegging
2930.37151	Herøy kulturhus	Utbetring av lekasjepunkt - tak	Under planlegging
2872.36939	Herøy rådhus	Utbetring av fasade	Under planlegging
2872.36941	Herøy rådhus	Oppgradering av uteområde	Under planlegging
2891.48849	Herøy sjukeheim	Utbetring av vaskerom - grøn avdeling	Under planlegging
2891.44054	Herøy sjukeheim	Fjerning av varerampe	Under planlegging
2892.41105	Myrvåg sjukeheim	Utbetring av lekasjepunkt - tak	Under planlegging
2917.37152	Kvertun	Utskifting av vindu	Under planlegging
2905.54559	Myklebusttunet	Utskifting av golvbelegg - leilegheit	Under planlegging
2922.42149	Nestunet	Utskifting av verandadører	Under planlegging
2922.54508	Nestunet	Utskifting av golvbelegg - fellesareal	Under planlegging
2922.43826	Nestunet	Utbetring etter vasslekasje	Under planlegging
2913.53159	Rabbegjerdet 3	Maling av fasade	Under planlegging
2931.53163	Solbergvegen 2-4	Maling av fasade	Under planlegging
2918.53164	Solbergvegen 6-8	Maling av fasade	Under planlegging

2897.38615	Storebakken 3	Utskifting av loftsluker	Under planlegging
------------	---------------	--------------------------	-------------------

Reinhold (ansvar 6051) AFK

Eigedomsavdelinga har ansvaret for reinholdet ved formålsbygga og einskilde utleigebustadar.

Organisasjon

Eigedomsavdelinga har totalt 44 reinholdarar i 24,79 årsverk til å reinhalde bygningsmassen.

Reinholdet vert koordinert av ei fagleiar reinhold-stilling i 100 %.

Eigedomsavdelinga organiserer pr rapporteringsdato reinhaldsansvaret som stillingsheimlar pr. bygg. Avdelinga vurderer fortløpande om ein kan organisere seg annaleis for å auke trivselen, redusere sjukefråværet og styrke fleksibiliteten blant dei tilsette.

Reinholdsplan

Eigedomsavdelinga nyttar FamacWeb til å utarbeide reinholdsplanar for bygningsmassen. Avdelinga har som målsetjing å revidere reinholdsplanane for samtlege formålsbygg, for deretter å gå i dialog med dei einskilde avdelingane om kva standard reinholdet skal ligge på vidare framover.

Kompetanse

Eigedomsavdelinga har berre tre reinholdarar med fagbrev, to av dei har passert 67 år. Avdelinga arbeidar for å legge til rette for kompetanseheving gjennom fagbrev då dette er viktig både for trivsel og kvalitet på reinholdet.

Reinholdsmateriell

Eigedomsavdelinga har god oversikt over reinholdsmateriellet som reinholdarane disponerer. Ein del av reinholdsmateriellet er av eldre dato og blir fortløpande fornya etter eige budsjett.

Avvik

Klager på reinholdet blir handtert fortløpande av reinhaldsleiar.

Fellessekretariatet

Fellessekretariatet er à jour med arbeidsoppgåvene sine.

IKT

Pri	ID	Beskrivelse	Status
Rådm	13014	Politiske lesebrett	Utlevering ferdig, litt kursing står att (kom ikkje i mål i sist kommunestyremøte)
Rådm	13003	Ny portal	Lansering forventa 1.9
IKT-utval	12003	Webplan	Originalt for WebPlan-prosjekt ferdig, PLANDIG distribusjon ferdig, Rapporteringsmodul under utvikling
Q1	13022	PDA/MDA Gerica	Ny konfigurering av telefonar pågår – siste steg før systemet er i drift
Q1	13008	Maskinpark	Kjøpt inn maskiner til legar, bestilt 20 laptop'ar for overgangstid. Vidare innkjøp når ny avtale er på plass.
Mars	13005	Infrastruktur trådauslenkjer	Mottekne antenner fungerer ikkje som tenkt. Leverandør og produsent arbeider med å få dette korrigeret.
Q2	13007	Terminalklientar PO	Endringar i planane for å unngå nytt innkjøp ved flytting til SSIKT.

Q2	13010	Sikker utskrift	System valgt, ventar SSIKT-installasjon, nye skrivarar/kopimaskiner vert utstyrt, konvertering av eksisterande park under planlegging
Q2	13009	Val	Maskiner kome på lager, installasjon, testing og kursing innan 12.6.2013
Q2	13011	Infrastruktur Eindedalen	Datasal ferdig, resterande bygning ventar på finansiering.
Q3	13012	Fiber HHOS-MOS	Modular på lager, ventar på eit passeleg tidspunkt å gjennomføre omkoplinga
	13013	Nybygg Eggesbønes	Hald auge med utviklinga
H/U	13006	Fiber Herøy-Ulstein	Ventar på at Ulstein skal kople seg på fysisk, ventar på distanse for å kunne skaffe riktige modular.
DS	12001	PO Kostplanlegging	Ventar på avklaring med SSIKT om direkte flytting av PO til SSIKT for dette
DS	13001	SSIKT Maskinvare	Ventar på faktura
DS	13002	PO eLink	Ventar på faktura
DS	13015	eFaktura mottak og sending	Ventar på faktura
DS	13016	Nytt budsjettssystem	Ferdig
Vent	12002	Integrasjon Myrvåg Lege	IKT-utvalet har vedteke at dette kan vente
upri	13017	Infrastruktur Nerlandsøy skule	Uprioritert

Kultur

I forhold til det lovverk, dei målsettingar og planar ein har å forhalde seg til i kulturavdelinga, har ein ikkje avvik å rapportere i forhold til teneste pr. 30.04.2013.

Det er i gong prosess på tilsetting av ny kulturleiar då nåverande kulturleiar ynskjer å trekke seg litt attende i ei retrettstilling.

Personal - og organisasjonsavdelinga

Generelt:

Avdelinga har ansvar for lønnsutbetaling og innkrevjing av refusjon sjukepengar. Den har stab og støttefunksjon til dei andre avdelingane og skal arbeide med å utvikle kommunen sin personalpolitikk og verkemiddel på personalområdet i samarbeid med leiarar og arbeidstakarorganisasjonane. Avdelinga har eit overordna ansvar for sjukefråversoppfølging, koordinering av tenester frå Bedriftshelsetenesta, AKAN arbeidet og HMS i organisasjonen. Ei viktig oppgåve er og å styrke og samordne kontakta mellom arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane.

Ingen meldte avvik i Kvalitetslosen. Ingen meldte varslingar.

Handsama saker i perioden

Tilsettingssaker i første tertial: 32 stillingar utlyst, alle var utlyst eksternt.

Arbeidsgjevarpolitisk arbeid:

Arbeidd med anbod på timeregistrering.

Arbeid med jobbotasjonsprosjektet.

Oppstart prosjekt Likestilte kommunar, med fokus på arbeidsgjevarpolitikk / lønspolitikk

Samhandling med arbeidstakarorganisasjonane

Det er gjennomført 5 forhandlings - og drøftingsmøte med arbeidstakarorganisasjonane og 3 kontaktmøter (samarbeidsmøter med arbeidstakarorganisasjonane).

Helse miljø og sikkerhetsarbeid

1 møte i IA utvalet

1 møter i AMU.

Samling for verneomboda

Pleie og omsorg

Organisasjon

Generelt:

Det er høgt tempo, men generelt god stemning i avdelinga. Her er mange dyktige tilsette med stor erfaringskompetanse. Avdelinga har mange seniorar og i løpet av den komande femårs-perioden står vi framfor ei stor utskifting av personalgruppa. Dette vert ei utfordring for organisasjonen sidan så mange vil gå ut omlag samstundes. Ein må også rekne med at det vert auka behov for tilrettelegging. Dette vert både ei praktisk og økonomisk utfordring.

Vi har erfart at samhandlingsreforma krev god administrativ planlegging og koordinering, at pasientflyten er kjappare og pasientane sine behov er meir samansette enn før. Dette gir ekstra press på heimesjukepleien og korttidsplassane i institusjon. Vi får auka driftsutgifter og mindre inntekter på vederlag..

Stor deltidsandel gir leiarane i pleie- og omsorg eit omfattande arbeid med personaloppfølging. Manglande tilgang på kompetente vikarar er eit aukande stressmoment.

Kompetanseutviklinga skjer etter ein målretta plan basert på ei kartlegging av pasientgruppa og kjendt utfordringsbilde. Fagdagane er sentrale. I tillegg satser vi på støtte til vidareutdanning for relevante fagområde som t.d. demens og rehabilitering. Dette får vi økonomisk støtte til gjennom sentral satsing på omsorgsplan 2015.

Avdelinga har mange studentar og lærlingar og dette vert sett på som positivt. Vi har godt samarbeid med skuleverket.

Driftsteknikar er pressa sidan ansvarsområdet har auka med nye omsorgsbustader og stadig meir hjelpemiddel. Ansvarsområdet kan ikkje aukast uten nye ressursar.

Kompetanseutvikling:

Kompetansebygginga er styrt ut frå behova i avdelinga. Fagdagane har hatt tema folkehelse, kvardagsrehabilitering, pasienttryggleik, prosjekt jobbotrasjon, E-link, omsorg ved livets slutt, arbeidstid (BAT) m.m. I tillegg har mange tilsette vore med på interkommunal opplæring i palliasjon og ernæring. I tema ernæring kan det vere ein kuriositet å nemne at Herøy stilte med føredragshaldarar og gode eksempel frå praksisfeltet.

Avvik/manglar:

- Der er store utstyrsbehov. Avdelinga fekk 400 000 på investeringsbudsjettet. Av dette er det meste alt disponert. Kjøkkenet har erstatta utstyr for 150 000. Det er gjort innkjøp av to bekkenspylarar og to pasientsenger, og møblar til felles opphaldsrom på Ospenesvegen.
- Manglande lagerplass i Myrvåg.
- Driftsproblem knytt til lite hensiktsmessige bygg i ytre.
- Gul avdeling er godkjent for vidare drift til 2013.
- Kjøkkensjefen har meldt om store utstyrsbehov. Trass i at det halve av pleie- og omsorg sine utstyrsmidlar på investeringsbudsettet gjekk til dette, var det likevel ikkje nok.
- Kjøkkensjefen melder om sårbar drift ved sjukefråvær. Det er ynskjeleg å slå saman til eit kjøkken, men lokala tillet ikkje det.

Tiltak for å lukke avvik eller manglar:

- Mykje av problema er knytt til lokalitetane, og dette kan ikkje løysast på kort sikt

- Prioriterer utstyrsmidlane til utstyr som er heilt defekt, samt nødvendige hjelpemiddel for personalet
- Problem med manglande lagerplass er meldt til eigedomsavdelinga
- Eigedomsavdeling har ansvar for sak til kommunestyret angående drift av gul avdeling.

Kvalitetslosen / avviksrapportering:

Antal rapporterte avvik i 1 tertial er 75, og månaden med flest avvik hadde 26. Eit avvik for dag må verte ei målsetting for 2013. Avdelinga fokuserer på at avvik er noko vi melder for å betre kvaliteten ved å lære av våre feil. Avvik skal lukkast på lavast mulig nivå, og mellomleiarane har lukka dei fleste avvika. Dei fleste avvika er knytt til tenesteproduksjon, og derav flest på medikamenthandtering. Ingen har fått merkbare skader av dette.

Teneste:

Mellomleiarane rapporterer at pasientar og pårørende stort sett er fornøgde med tenestene.

Institusjonsteneste:

Beleggsprosent, samla for begge omsorgssentra:

Tertial	1	2	3
2011	97,8	96,8	99,6
2012	95,56	96,8	97,7
2013	96,66		

Skal ein lykkast med samhandlingsreforma må ein ha ledig kapasitet til å kunne ta unna behov fortløpande. der er ikkje betalt noko til Helseføretaket for utskrivingsklare pasientar. Ledig personalkapasitet vert justert mot vikarbehov.

3 tertial 2012: Av 61 saker om korttidsopphald/avlastning i institusjon vart det gitt 1 avslag

1 tertial 2013: Av 96 saker om korttidsopphald i institusjon vart det gitt 2 avslag

3 tertial 2012: Av 16 saker om langtidsopphald i institusjon vart det gitt 1 avslag

1 tertial 2013: Av 17saker om langtidsopphald i institusjon vart det gitt 0 avslag

1 tertial 2013: Av 23 søknadar på omsorgsbustad vart det gitt 5 avslag

Heimeteneste:

Det har generelt vore eit auka press på heimetenestene siste åra. Det er ei utfordring å rekruttere heimehjelpere og støttekontakter. Som eit rekrutteringstiltak har ein lagt til rette for at heimehjelpene får arbeide i team om dei ynskjer det.

Heimetenestene har tatt over deler av middagsombringinga sidan frivilligsentralen ikkje greier å skaffe nok frivillige. Det går ekstra midlar til dette sjølv om vi så langt råd prøver å kombinere det med andre oppdrag. Vi vil gjere dette om i fast stilling i løpet av året.

Servicetorget

- Servicetorget tok over sal av kommunale bustadtomter i juni 2012. Det er solgt 13 bustadtomter, 5 sidan sist rapportering
- Servicetorget tok over sal av næringsstomter i juni 2012. Det har ikkje vore reservasjon av næringsstomter denne perioden.
- Servicetorget har vore delaktig i rydding av ein del gamle saker knytt til tidlegare solgte eigedomar
- Framleis stor omsetting av eigedomar i kommunen og dermed stor etterspurnad eigedomspakkar.
- Oppretta arbeidsgruppe knytt til revidering av informasjonsplanen.

- Transportteneste - inn og utmelding gjort innanfor fristen.
- Ny portal - gjennomført opplæring og arbeidet med design og innlegging av informasjon har starta
- 10 på topp - sesong 2013 klargjort
- faktura kommunale avgifter sendt ut og registrering av utført feiing og tilsyn registrert
- tilflyttardagen vart gjennomført av det var ca. 35 deltakarar

Skule

Organisasjon

Sjukefråværet i skuleavdelinga

Skuleavdelinga har eit samla sjukefråvêr på 7,25% i 1.tertial. Det er i hovudsak tre avdelingar med få tilsette, som dreg opp prosenten. Det meste av fråværet er medisinsk relatert, med årsaker og tiltak som ligg utanfor arbeidsgjevar sitt handlingsrom. Avdelingane jobbar elles godt med forebyggjande arbeid, og følgjer opp sjukmelde i tråd med IA-avtalen.

Rekruttering lærarar

Det var god innsøking til ledige lærarstillingar for neste skuleår. Ved utlysing var det særleg søkt etter lærarar med minimum nivå grunnfag i basisfaga norsk, engelsk og matematikk, samt språkfag som spansk. Det er lite tilsetjing i faste stillingar. Det er høg stabilitet i personalgruppa. Tilsetjingane gjeld i hovudsak vikarar for tilsette i permisjon.

Vi har pr.dato tilsett godt kvalifiserte lærarar til alle stillingar.

Så langt merkar vi ikkje rekrutteringskrisa det vert snakka om nasjonalt. Vi merkar heller ikkje det store generasjonsskiftet, men ser at det fordeler seg fint med nokre ut og nokre inn kvart år. Kun to av våre tilsette vert pensjonistar frå sommaren av.

Rekruttering rådgivarar i PPT.

Vi har tilsett to nye rådgivarar til PPT, ein i fast stilling og ein i vikariat. Det var bra med søkjarar, og vi har fått inn den kompetansen vi søkte etter.

Fylkeskommunen kjøper fortsatt 0,75% stilling frå PPT Herøy, for arbeid i Herøy vidaregåande skule.

Teneste

Grunnskule

Oppvekstkomitè, Formannsskap og Kommunestyre handsama i februar ei eiga sak som omhandla tilstanden og resultat frå nasjonale målingar i Herøyskulen. Tendensen viser positiv utvikling, men at ein fortsatt har utfordringar ein tar tak i og arbeider systematisk med. For meir informasjon, viser vi til saka.

Siste tertial har det særleg vore arbeidd med dei to store satsingane i Herøyskulen:

1. «Vurdering for læring», ei satsing med nasjonale støttemidlar. Deltakande skular er Einedalen, Stokksund, Bergsøy og Ytre Herøy ungdomsskule. Vi har tilsett ein ressursperson i 20% som «drar» denne satsinga saman med rektorane. Utdanningsdirektoratet dekkjer lønnsmidlane til stillinga. Dette er ei kompetanseutvikling for alle lærarane ved dei nemnde skulane. Kvar skule har sine delmål og satsingsområde, fastsett etter kartlegging og analyse.
2. «Meir læring for fleire», ei satsing med skjønnsmidlar frå fylkesmannen. Deltakande skular er Leikanger, Moltu og Nerlandsøy. PPT og skulefagleg rådgiver er med i styringsgruppa. Satsinga går særleg på klasseleiing og struktur, relasjonar lærar-elev og varierte undervisningsmetodar. Målet er å styrke den ordinære klasseromsundervisninga for at fleire skal kunne lære der, og gjennom dette kunne redusere spesialundervisninga. Dette handlar igjen om effektiv bruk av ressursane i skulen.

Område som har vore kommentert tidlegare, men der ein ikkje ser den ønska utvikling:

- Investering i / utvikling av elevane sitt leikemiljø. Dette gjeld i hovudsak Stokksund skule og Bergsøy skule. I tillegg har YHU meldt behov for å få utvikle eit meir stimulerande

uteområde enn asfalt. Foreldre, elevar og tilsette melder behova inn mot kommunen, og ein merkar at dei begynner å bli utålmodige.

Spesialpedagogiske tiltak

Årshjulet for samarbeid skule/PPT tilseier at 1. tertial kvart år er tida for sakkunnige vurderingar og tilrådingar. PPT utarbeider desse og sender dei over til skulekontoret for sakshandshandsaming og enkeltvedtak. Med bakgrunn i prosessar relatert til satsingsområda våre, synest vi å sjå ein liten reduksjon i tilrådingar dette året. Det betyr ikkje innsparte ressursar, men at meir av ressursane vert nytta i klasserommet og i fleksible grupper. Meir fakta om utviklinga i neste tertialrapport.

På slutten av tertialet begynner vi å få melding om nye minoritetsspråklege elevar. Desse vil ha rett til særskild norskopplæring, og vi arbeider med å betre organiseringa for også her å kunne nytte ressursane på ein så effektiv måte som råd, utan å gå på akkord med kvaliteten.

Grunnskuleopplæring for vaksne

Herøy kommune kjøper også dette semesteret plassar på Hareid ressurscenter, slik at vaksne med rett til grunnskuleopplæring, får gjennomføre dette. Vi har 6 elevar der no. Nye søknader om opplæring til hausten ligg til handsaming. Det kan vere utfordrande å få avklart om retten er til stades. Opplæringslova seier at ein har rett til slik opplæring dersom ein ikkje har gjennomført grunnskule eller tilsvarande i heimlandet. Kva som kjem inn under tilsvarande, krev både skjønn og kompetanse.

Vi har oppretta eit samarbeid med Ulstein vidaregåande skule, som driv vidaregåande opplæring for vaksne, slik at vi i fellesskap avklarar grenselinjene for når kompetansen er til stades for å starte direkte der.

Herøy kulturskule

Lokalitetane til kulturskulen er fortsatt ikkje optimale, sjølv om det er gjort nokre midlertidige utbetringar. Ein ventar på ei avklaring av framtida til Herøy kulturhus, slik at meir permanente tiltak kan setjast i verk.

Delegasjonsvedtak:

Opplæringslova §8.1

Enkeltvedtak om byte til annan skule enn nærskulen.

Klage på vedtak, saka vart send vidare til fylkesmannen. Kommunen sitt vedtak vart oppretthalde.

Opplæringslova §5.1 og 5.7.

Skuleavdelinga handsamar i desse dagar søknader om spesialpedagogiske tenester etter Opplæringslova §5-1 og §5-7. Dette gjeld spesialpedagogisk hjelp for barn før skulepliktig alder, barn i grunnskulen i Herøy, samt i andre kommunar der vi har barn i fosterheimar. Det vert denne våren gjort 72 enkeltvedtak for barn i Herøy.

NAV Herøy

Utvikling økonomisk sosialhjelp, samanlikna med same periode i 2011

	3. tertial 2012 alle	3. tertial 2011 alle	3. tertial 2012 18-25	3. tertial 2011 18-25
Totalt antall personar som mottok stønad	105	89	32	30
Økonomisk sosialhjelp som viktigaste kilde til livsopphald	22	25	10	14

Langtidsmottakarar (26 veker)	6	7	3	4
Gjennomsnittleg stønad i beløp	19 580	15 290	15068	13 445
Gjennomsnittleg stønadslengd dagar	67	61	60	58
Gjennomsnittleg sakshandsamingstid (dagar)	22	14	27	17
Utbetalt økonomisk sosialhjelp i kroner hittil i år (ordinær søknad)	2012: 3 951 793	2011: 2 919 044		
Utbetalt økonomisk sosialhjelp hittil i år (flyktning)	2012: 1 328 968	2011: 622 774		

Utvikling andre saker:

	September	Oktober	November	Desember
Busetting flyktningar	0	0	0	0
Kvalifiseringsprogrammet (antall)	8	8	9	9
Arbeidsløyse (prosent)	2,3	2,0	2,0	2,7
Arbeidsløyse 20-24 år (antall)	26	19	25	27
Bedriftskontakter	22	16	5	7

Utvikling

Byggesaker

Frå og med 2004 starta utviklingsavdelinga med føring av ein relativ komplett statistikk for bygge-, dele og dispensasjonssaker både når det galdt innkomne og behandla saker.

SAKSOVERSIKT 2012

	Innk.sak.	Beh.sak.					SUM
År		Disp.sak	Delesak	Byggesak	Klagesak	Andre *)	
1.tert.	145	21	16	42	3	51	133
2.tert.	209	23	29	99	3	45	199
3.tert.	146	20	27	90	2	58	197
Sum 12	500	64	72	231	8	154	529

SAKSOVERSIKT 2013

	Innk.sak.	Beh.sak.					SUM
År							
1.tert.	164	12	16	78	3	17	126
2.tert.							
3.tert.							
Sum 13							

*) Konesjonssaker, seksjoneringar, bruksendringar, høyringsuttalar, forhandskonferanse m.v.

**Pbl §20-1, Pbl §20-2, Rammeløyve, Ferdigattest, Mellombels bruksløyve, igangsetjingsløyve, dispensasjon_byggesak

Statistikken viser at ein i 1. tertial 2013 har kome inn 38 fleire saker enn som det er handsama.

Behandlingstider

Den førte statistikken for 3. tertial viser elles at (3 tertial -12 i parentes):

- 56% (3 tertial - 56 %)av delesakene har vore behandla innanfor 1-4 veker.
- 74% (3 tertial - 60 %) av byggesakene har vore behandla innanfor 1-4 veker.
- gjennomsnittleg behandlingstid for dispensasjonssakene har vore på 18 veker

Oppmåling

Oversikten nedanfor viser oppmålingsforretningar frå 2002 og fram til i dag.

	1. tertial	2. tertial	3. tertial	Heile året
Forretningar 2002	24	36	30	90
Forretningar 2003	32	28	18	78
Forretningar 2004	19	19	17	55
Forretningar 2005	33	22	36	91
Forretningar 2006	34	42	56	132
Forretningar 2007	44	31	35	110
Forretningar 2008	33	61	31	125
Forretningar 2009	54	29	27	110
Forretningar 2010	25	29	27	81
Forretningar 2011	25	25	48	98
Forretningar 2012	28	52	35	115
Forretningar 2013	36			36

Pr 30.04.2013 er der 24 saker (11 saker ved utgangen av året 2012), levert til oppmåling, som ikkje er fullført. Gjennomsnittleg behandlingstid i 1. tertsial er 13 veker (13 veker i 3 tertsial 2012).

Økonomi

Arbeidsgruppa for felles økonomi- og lønskontor for kommunane Hareid, Herøy, Ulstein, Volda og Ørsta vart ferdig med sin rapport til oppsett frist 1. oktober.

Avdelinga tok frå 01.01.2012 over rekneskapsføringa for Herøy kyrkjelege fellesråd og dei 3 sokna i kommunen. Det har vore ein arbeidskrevjande oppstart, men no er vi i rute med dette arbeidet.

Avdelinga tok også over arbeidet med rekneskapsføringa til Myrvåg Legesenter etter omlegginga av senteret frå og med 1. mars. Også dette arbeidet har kome godt i gong etter oppstarten.

Det er teikna kontrakt med Den Danske Bank, Evry og Nets om elektronisk fakturabehandling. Dette arbeidet vert starta opp i 2013 i samarbeid med Ulstein kommune og Vanylven kommune.

PROSJEKTRAPPORTERING

Anlegg og drift

ANLEGGSPROSJEKT:

Prosjektnummer/-namn: 51922/Veg 7, Bergslia

Prosjektleder/-ansvarleg: Tore Langvatn

Grunnlagsdokumentasjon

Vedtak om oppstart/gjennomføring: K-sak 39/07.

Løyving/storleik på løyving: kr 2.800.000,-

Status pr. dato

Anleggsstatus: Anleggsarbeida ferdig. Det manglar ein støttemur/innsynskjerm i enden av vegen, på snuplassen.

Framdrift for prosjektet: Anleggsprosjektet er ferdig.

Forbruk pr. dato:

Totalt budsjett: kr 2.800.000,-

Forbruk til no kr -2.539.644,-

Rest budsjett kr 260.356,-

Avvik

Reklamasjon på private eigedomar må ferdigstillast og skøyte på eigedomsoverdraging må skrivast/underskrivast.

Kommentarar

Forventa ferdigstilling: Første halvår 2013.

Forventa totalkostnad: 2.800.000,-

Behov for ekstraløyving: Ingen

Andre avklaringar/tiltak som må iverksettast: Sak om økonomisk avslutning må leggest fram for godkjenning.

Prosjektnummer/namn: 51007/Tjørnvåg kunstgrasbane

Prosjektleder/ansvarleg: Tore Langvatn

Grunnlagsdokumentasjon

Vedtak om oppstart/gjennomføring: K-sak 27/10

Løyving/storleik på løyving: Finansieringsplan på 4 mill

Status pr. dato

Anleggsstatus: Ferdig. Offisiell opning av Tjørnvåg kunstgrasbane var laurdag 28. mai 2011.

Total løyving: kr 4.000.000,-

Totalt forbruk: kr -4.000.000,-

Rest løyving: kr 0,-

Avvik: Ingen

Kommentarar

Ferdigstilt: 28. mai 2011. Økonomisk avslutning på saka er oppstarta, men det har ikkje kome inn alle tippemidlar til prosjektet. Før det er avklara kan ein ikkje sende saka til politisk handsaming.

Forventa totalkostnad: Som i finansieringsplanen.

Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.

Prosjektnummer/namn: 51937/Leine bustadfelt, skuletomta

Prosjektleder/ansvarleg: Ida Marie Herre

Grunnlagsdokumentasjon

Planarbeidet starta opp i 2009, men pga manglande løyving stansa arbeidet opp. I F-sak 139/12 den 11.04.2012 vart det imidlertid vedteke at 4,1 mill. kroner skulle nyttast til opparbeiding av Leine bustadfelt, skuletomta.

Løyving/storleik på løyving: Løyving på 4,1 mill. kroner vedteke i F-sak 139/12.

Status pr. dato

Anleggsstatus: Under utføring.

Total løyving	kr. 4.100.000,-
Forbruk 2009	kr. 45.001,-
Forbruk 2010	kr. 85.926,-
Forbruk 2011	kr. 0,-
Forbruk 2012	kr. 19.412,-
Forbruk 2013	kr. 39 109,-
Rest løyving	kr. 3.910.552,-

Anleggsarbeid oppstarta: 10. april 2013

Forventa ferdigstilling: 28. august 2013

Forventa totalkostnad: 4 mill. inkl. riving av skulen.

Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.

Andre avklaringar/tiltak som må iverksetjast: Riving av gamle Leine skule er flytta over på eigedomsavdelinga og deira prosjekt med riving av gamle skuler i kommunen. Kostnaden med riving av skulen blir belasta prosjektet Leine bustadfelt, skuletomta.

Avvik: Ingen

Prosjektnummer/namn: 51320/Avløpsanlegg Berge

Prosjektleder/ansvarleg: Ida Marie Herre

Grunnlagsdokumentasjon

Prosjektering starta opp i 2012. Arkeologisk registrering utført i april 2013.

Status pr. dato

Anleggsstatus: Under prosjektering.

Forbruk 2013	kr. 11762,-
--------------	-------------

Anleggsarbeid oppstarta: Hausten 2013

Forventa ferdigstilling: Hausten 2013

Forventa totalkostnad/finansiering: Vil ligge føre etter gjennomført konkurranse. Finansiering ved bruk av tidlegare løyvde midlar til gjennomføring av kloakkrammeplan.

Behov for ekstraløyving: -
Andre avklaringar/tiltak som må iverksetjast: Grunnavtalar.

Avvik: Ingen

Prosjektnummer/namn: 51927/Leidningsanlegg Kvalsund

Prosjektleder/ansvarleg: Fred Arnesen

Grunnlagsdokumentasjon

Vedtak om oppstart/gjennomføring: Delprosjekt kloakkrammeplanutbygginga. Omfattar etablering av slamavskiljar ved sjøen sør for bedehuset samt legging av vel 1000 m med avlaupsleidingar frå slamavskiljar til krysset mot Teige.

Løyving/storleik på løyving: Løyving i kloakkrammeplanen.

Status pr. dato

Anlegget vart sett i drift i andre halvår 2010. Det står att økonomisk avslutning før ein kan slutføre prosjektet.

Forbruk:

2009 kr.	100.161,-
2010 kr.	4.843.076,-
2011 kr.	324.467,-
<u>2012 kr.</u>	<u>20.261,-</u>
<u>SUM kr.</u>	<u>5.287.965,-</u>

Avvik: Ingen

Kommentarar

Forventa ferdigstilling: I løpet av fyrste halvår 2013

Forventa totalkostnad: om lag 5,3 mill.

Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.

Prosjektnummer/namn: 51005/Avløpsanlegg Eggesbønes

Prosjektleder/ansvarleg: Fred Arnesen / Tore Langvatn

Grunnlagsdokumentasjon

Vedtak om oppstart/gjennomføring: Delprosjekt kloakkrammeplanutbygginga. F-sak 148/10.

Løyving/storleik på løyving: Løyving i kloakkrammeplanen.

Status pr. dato

Leidningsanlegget er sett i drift. Økonomisk avslutning gjenstår. Avløpsanlegget vart sett i gang som eit hasteprojekt sommaren 2010 med bakgrunn i påvist utslepp av ureinsa kloakk som kunne vere helseskadeleg og som kunne føre til store problem for næringsmiddelproduksjon i området. I vedtaket i F-sak 148/10 var det vedk. finansiering vedteke at: Sitat: Tiltaka vert finansiert ved omdisponering av tidlegare løyvde midlar til gjennomføring av "Kloakkrammeplanen". Arbeida har vorte utført etter avtalte einingsprisar.

Forbruk:

2010 kr.	4.408.503,-
2011 kr.	1.472.279,-
<u>2012 kr.</u>	<u>69.269,-</u>
<u>SUM kr.</u>	<u>5.950.753,-</u>

Avvik:

Kommentarar

Forventa ferdigstilling: I løpet av fyrste halvår 2013.
Forventa totalkostnad: om lag 5,9 mill.

Prosjektnummer/namn: 51923/Leidningsanlegg Moltu
Prosjektleder/ansvarleg: Lene S. Huldal

Grunnlagsdokumentasjon

Delprosjekt i kloakkrammeplanen. Omfattar separering av kloakk og overvatn på Moltu, samt bygging av avskjerande leidningar og etablering av slamavskiljar med utsleppsleidning.

Løyving/storleik på løyving: Løyving i kloakkrammeplanen.

Status pr. dato

Separatsystem frå Moltubakkane til sjøen er etablert i samarbeid med Herøy vasslag BA og Tussa AS i 2008/2009. Slamavskiljar og avskjerande leidningar for å kople saman dei tre eksisterande avlaupsleidningane som går til sjøen er ferdig planlagde. Prosjektet stoppa så opp pga. kapasitetsmangel/prioritering av andre prosjekt. I F-sak 215/11 vart det vedteke at Moltu I skal prioriterast på førsteplass og Moltu II på tredjeplass i utbyggingsrekkefølge.

Framdrift for prosjektet:

Det har vore og er ei utfordring å få på plass grunnavtalar. Særskilt i høve plassering av slamavskiljar. For å kome vidare med prosjektet vert det no vurdert ny plassering av slamavskiljar der grunneigar er positivt innstilt. Det kan verte naudsynt å nytte seg av moglegheitene for oreigning dersom ein no ikkje kjem fram til ei tilfredsstillande løysing. Tiltaket er særskilt viktig for å reinske opp i både kommunale og private utslepp frå den tettast befolka delen av Moltu. Ny plassering av slamavskiljar inneber omprosjektering av delar av anlegget.

Prosjektregnskap

Forbruk 2008	kr 629.936,-
Forbruk 2009	kr 142.587,-
Forbruk 2010	kr 0,-
Forbruk 2011	kr 102.212,-
Forbruk 2012	kr 46.160,-
Sum forbruk	kr 920.895,-

Avvik:

- Uføresett store utfordringar med grunnavtalar.

Kommentarar

Forventa ferdigstilling: I løpet av 2013.
Forventa totalkostnad: om lag 4 mill.
Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.
Andre avklaringar/tiltak som må iverksetjast: Kommunen må forhandle om grunn der delar av dei tekniske anlegga skal plasserast og delar av prosjektet er under omprosjektering.

Prosjektnummer/-namn: 51925/Silanlegg Grønhaug
Prosjektleder/-ansvarleg: Lene Huldal

Grunnlagsdokumentasjon

Delprosjekt i kloakkrammeplanen. Gjeld bygging av silanlegg i Grønhaug i Herøy kommune. Alt avløpsvatn frå sørsida av Bergsøya frå Herøy kyrkje til Berge bedehus og Bergshaugen, skal samlast og førast til silanlegget i Grønhaugen.

Løyving/storleik på løyving:

Løyving i kloakkrammeplanen.

Status pr. dato

Det er skrive kontrakt med grunnentreprenør. Det er kome inn tilbod på dei to andre entreprisene, bygg og maskin og tildeling er gjort.

Det er gjort avtale med grunneigar mtp. framlegging av leidningar. Det er også gjort avtale med Statens direktorat for naturforvaltning om og få setje opp og drifte eit silanlegg, samt legge utsleppsleidning og oppgradere/legge om veg. Avtalen med Direktoratet for Naturforvaltning kunne ikkje tinglyst utan at tomt vert skilt ut, ein ser no på om det kan vere ein god nok avtale utan tinglysing. For og kompensere for tiltak i friområdet så skal kommunen bygge hc-wc, parkering og betre tilkomst til badeplassen.

Forbruk t.o.m. 2009	kr 605.912
Forbruk 2010	kr 28.242
Forbruk 2011	kr 20.000
Forbruk 2012	kr 739.568
Forbruk 2013	kr 52 011
Totalt	kr 1.445.733

Avvik:

Prosjektet har vore utsett pga. økonomi/rammeplanløyvingar og kapasitet ved Anleggs- og driftsavdelinga.

Kommentarar:

Oppstart: Grunnarbeid vart oppstarta 2. april 2013.

Forventa ferdigstilling: 2013

Forventa totalkostnad: Omlag 16 mill. Ein vil vite meir nøyaktig når ein har på plass kontrakter med alle enterpriser..

Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.

Andre avklaringar/tiltak som må iverksettast:

Prosjektnummer/namn: 51004/Kunstgras på Bergsøy stadion

Prosjektleder/ansvarleg: Lene S. Huldal

Grunnlagdokumentasjon:

Grasbana på Bergsøy stadion har vore prega av dårlig drenering og dermed avgrensa bruk. I samband med vurdering av rehabilitering vart det vedteke at det skulle leggest kunstgras på grasbana.

I K-sak 149/10 vart det godkjent følgjande finansieringsplan:

Spelemidlar	kr 2.500.000
RDA-midlar	kr 1.000.000
Dugnad	kr 50.000

Bergsøy IL	kr 5.226.000
Refusjon mva. til prosjektet	kr 2.194.000
Totalt	kr 10.970.000

Status pr. dagsdato:

Kunstgrasdekket er ferdig og teke i bruk. Lysanlegg er ferdig innstallert og teke i bruk. Det gjenstår noko kostnadar med tilstelling og prosjektoppfølgingskostnadar.

Prosjektregnskap

Forventa totalkostnad (eks mva)	kr 8.776.000
Forbruk 2010	kr 240.586
Forbruk 2011	kr 78.500
Forbruk 2012	kr 7.187.114
Rest	kr 1.269.800

Kommentarar

Forventa ferdigstilling: 2012

Forventa totalkostnad: 10.970.000 kr

Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d.

Andre avklaringar/tiltak som må iverksetjast: Ingen pr. d.d.

Prosjektnummer/namn:51200 Kunstgrasbane Leikong

Prosjektleder/ansvarleg: Lene S. Huldal

Grunnlagdokumentasjon:

Prosjektet omfattar bygging av 7-ar kunstgrasbane på eksisterande grusbane ved Leikanger skule. I K-sak 186/11 vart det gjort vedtak om kommunal utbygging av prosjektet og det vart sendt inn søknad om spelemidlar. Prosjektet er delt i tre entreprisar, grunn-, kunstgras- og lysentreprise. Opparbeiding starta hausten 2012.

Forventa totalkostnad (eks. mva)	kr 2.686.300
Forbruk 2011	kr 10.000
Forbruk 2012	kr 719.398
Rest	kr 1.956.902

Kommentarar

Forventa ferdigstilling: 2012/2013. Pga. verforhold vart det naudsynt og utsetje ferdigstilling av grunnarbeid og legging av kunstgras til våren 2013. Vert starta opp att i slutten av mai 2013.

Forventa totalkostnad: 2.686.300 kr eks. mva

Behov for ekstraløyving: Ingen pr. d.d: Grunnarbeidet ligg an til å overskride med 50.000kr.

Dette grunna vanskeligare grunnforhold enn forutsatt. Sidan grunnarbeida ikkje er ferdige og

dei to andre entreprisene (kunstgras og lys) ikkje er oppstarta, veit ein endå ikkje om dette kan sparast inn andre stadar.

Andre avklaringar/tiltak som må iverksetjast:

Utbyggingsavtalar

Nedanfor er ein tabell som syner dei ulike utbyggingsavtalane som kommunen har lyst ut oppstart på. Tabellen syner status på dei ulike avtalane.

Nr	Part	Område	Utlyst oppstart	Starta forhandling	Off. ettersyn	Vedteken avtale	Anlegg overtatt av HK
1	Kvalsund og Teige Byggefelt AS	Kvalsund og Teige byggefelt	x	x	Juni 2009	22.10.2009	
2	Nordic Resort Holding AS	Torvik resort	x				
3	Havutsikta AS	Havutsikta - Koparstad	x	x			
4	Herøy byggsenter + Direktehandel AS	Myrvåg	x				
5	Myklebuståsen utbygging AS	Myklebuståsen	x	x			
6	Tømrer Prosjekt AS	Hjelmeset 4	x				
7	Fosnavåg Vekst AS	Uteområde/ infrastruktur ved nyehotellet	x	x			
8	Vågsholmen Utvikling	Vågshomen	x	x			

Prosjektnummer/namn: 3305/Ny bru til Herøy gard

Prosjektleder/ansvarleg: John Normann Pettersen

Grunnlagsdokumentasjon

Vedtak om oppstart/gjennomføring: Inne i økonomiplanen for 2005 – 2008. Løyving/storleik på løyving: kr 350.000. Prosjektet stoppa opp m.a. pga. motsegn frå Riksantikvaren. Ny løyving i budsjett 2012: 3 mill. kroner.

Status pr. dato

Møte med Statens Vegvesen vart avholdt den 4.2.13, der ein blandt anna drøfta tidlegare avtalar vedr brua. Avtalen med vegvesenet inneberer at dei utfører renovering av fagverkskonstruksjonen som er lagra på Mjølstadneset, monterer nytt slite/køyredekke og monterer konstruksjonen på brukar/landfeste. For Herøy kommune sitt vedkomande består arbeidet omlegging av vegtrase og oppføring av landkar. Det vart i møtet også avtala synfaring i Herøy den 15.2.13. Etter synfaring på Herøy gard og besiktigelse av brukonstruksjonen på Mjølstadneset så vart det avtala av vegvesenet skulle framlegge

vurdering/uttale. I brev frå vegvesenet av 26.4.13 distanserar dei seg noko i forhold til tidlegare avtalar, og ein vurderer det slik at dette vil medføre meirkostnadar for kommunen. Slik ein no vurderer situasjonen så kan ein ikkje unnlata å vurdere andre alternative løysingar. Dette vil evt. også måtte avklarast gjennom ei politisk sak.

Økonomi:

Løyving 2012	3 mill
Forbruk 2005-2012	30.000,-
Restløyving	2.970.000,-

Kommentarar

Avvik: Uklårt.
Forventa ferdigstilling: Uklårt.
Forventa totalkostnad: Omlag 3 mill kroner (kostnadsanslag)
Behov for ekstraløyving: Blir evt synleggjort ved tilbodsinnhenting.

Prosjektnummer/namn: 51901/Infrastruktur Myklebustvatnet vest.

Prosjektleder/ansvarleg: John Normann Pettersen

Grunnlagsdokumentasjon

Vedtak om oppstart/gjennomføring: Inne i økonomiplanen for 2008 – 2011.

Løyving/storleik på løyving:

I F-sak 285/08 vart det med bakgrunn i ein totalkostnad på 3.808.445 kroner vedteke ei løyving på 2.550.000 kroner pluss at kostnaden med kommunalt avløp på 1.258.445 kroner skal takast av tidlegare løyvingar til gjennomføring av kloakkrammeplanen.

Status pr. dato

Anlegget blir ikkje overteke av Herøy kommune før naudsynt dokumentasjon på utførelsen er oversendt av utførande entreprenør. Dette er føreligg ikkje pr dato, og er purra på gjentekne gongar. Tussa har heller ikkje levert sine lysanlegg, og det er elles noko utfordrande å få leverandøren i tale vedr levering og montering.

Økonomi:

Løyving	kr. 2.550.000,-
Forbruk 2005-2011:	kr. 2.460.000,-
Restløyving:	kr. 90.000,-

Økonomisk avslutning blir utført når anlegget er overteke.

Avvik: Det er frå entreprenør varsla avvik/ending, men desse er avviste på grunnlag av manglande spesifisering/dokumentasjon. Gangveg og forstøtningsmur mot Auto Marine er tiltak som er utført i tillegg til kontraktsarbeidet.

Kommentarar

- Avvik: Det er utført noko tilleggsarbeider.
- Forventa ferdigstilling: Ferdigstilling etter levering og montering av gateløys.
- Forventa totalkostnad: kr 2.550.000 kr (3.808.445 kr inkludert avløp)
- Behov for ekstraløyving: Som følge av ekstra tiltak gangveg/ forstøtningsmur mot Auto Marine, samt tilstelling mot tilstøytande eigedomar.

Prosjektnr./namn: 51003/Parkeringsareal bak rådhuset

Prosjektleder-/ansvarleg: Jon Rune Våge

Grunnlagsdokumentasjon

Vedteken reguleringsplan for Rådhusområdet. Arbeida omfattar i første omgang planering av parkeringsareal/areal for parkerings-/kontorbygg.

Løyving/storleik på løyving:

Løyving på 1 mill. kroner vart gjort i budsjett 2011 under Næringstiltak. Løyving vidareført til 2012 då prosjektet ikkje vart oppstarta i 2011. Rest løyving på omlag 0,5 mill. kroner vart overført til 2013.

Status pr. dato

Arealet er planert og oppgrusa. Undersprenging er også gjort slik at det er klart for fundamentgrøfter for innregulert parkerings-/kontorbygg.

Løyving /Forbruk:

Løyving 2011(overført til 2012)	kr. 1.000.000,-
Forbruk 2012	kr. 506.171,-
Forbruk 2013	?
Rest løyving pr. 01.01.2013	kr. 493.829,-

Alle beløp inkl. mva.

Det er ikkje ført opp forbruk i 2013 då det er avdekt feilfakturering. Fakturaer i 2012 må også gåast gjennom i detalj. Avklaring med entreprenør er ikkje på plass.

Avvik: Feilfakturering må avklarast.

Kommentarar

Korleis prosjektet vil gå ut økonomisk er ikkje klart på rapporteringstidspunktet.

BYGGEPROSJEKT:

Anleggs- og driftsavdelinga har pr. 01.05.2013 ei ledig prosjektlederstilling. Ny prosjektleder er tilsett og vil starte i stillinga 01.06.2013. Lengre tids vakanse i stillinga har ført til forseinking i framdrifta på ulike byggeprosjekt.

Prosjektnummer/namn: 50911/Tilbygg Helsesenter.

Prosjektleder-/ansvarleg: John Normann Pettersen

Grunnlagsdokumentasjon:

Kommunestyret handsama sak vedr projektrammer i K-sak 155/10. Nye kostnadsrammer knytt til prosjektet er pålydande kr. 10,8 mill, og omfattar både tilbygg og ombygging.

Status pr. dato:

Bygget er under oppføring. Oppstart med grunnarbeider den 4.1.13 og da med kontraktsfesta ferdigstilling og overlevering den 4.11.13. Pr. rapportdato er det det nærmast tett bygg, og ei har starta prosess med innkjøp av laust inventar mm.

Framdrift er iht planen pr rapportdato.

Tilbud/Prosjektkostnad:

Basert på tilbudet frå Prosjektbygg AS, blir nye kostnadsrammer som følger:

Tilbodssum inkl mva:	19.849.130,-
Inventar og utstyr:	00.750.000,-
Prosjektoppfølgning:	00.400.000,-
Reservepost:	00.600.000,-
Til saman:	21.600.000,-

Tillegsløyvingar vart gjeve i K-sak 160/12.

Forbruk pr dato:

Prosjektløyvingar:	21,6 mill
Forbruk:	4,5 mill
Rest:	17,1 mill

Kommentarar

- Avvik: Det er signalisert behov for full utnytting av ledig areal i 2 etg. Dette er omprosjektert til fleire cellekontor.
- Forventa totalkostnad: 21,6 mill.
- Behov for ekstraløyving:
- Forventa ferdigstilling: November 2013

Prosjektnummer/namn: 51903/Omsorgsbustadar på Myklebust. (Tidlegare bustader psykiatri Eggesbønes).

Prosjektleder/-ansvarleg: John Normann Pettersen

Grunnlagsdokumentasjon

Prosjektet vart vedteke oppstarta og med nye kostnadsrammer i K-sak 55/08. Opsjon for bygging av hus D (2 bueiningar) vart handsama i K-sak 69/08, og med vedtak om bygging og finansiering. Godkjent kostnadsramme for prosjektet samla er: 24,7 mill.

Status pr. dato

Ein har varsla krav om full inndecking av regresskrav på kr 260.000,-. Tilbodet frå forsikringsselskapet var på kr 200.000,-

Økonomi pr. dato:

Økonomisk avslutning vil bli utført så snart forsikrings-saka etter vasskade på nabobustad er avklara.

Prosjektnr. -namn: Base funksjonshemma barn i barneskulen

Prosjektleder/-ansvarleg: John Normann Pettersen

Grunnlagsdokumentasjon

Startløyving (K-sak 179/10)	kr. 200.000
Løyving i 2012 budsjettet	kr. 2.500.000

Total løyving pr. 01.01.2012	kr. 2.700.000 *)
------------------------------	------------------

*)I øk.plan 2013 er det føresett ei løyving på 2.5 mill. kroner til fullfinansiering.

Generelt:

Behovet for denne basen vil vere frå skulestart 2013, og ein har såleis starta arbeidet med avklaringar som behov, planløyising og kostnader/finansiering. Dette for at politisk godkjenning/finansiering og påfylgjande byggearbeid skal vere tilpassa denne overordna fristen.

Ein hadde i utgangpunktet tenkt at denne basen skulle tilknyttast Einedalen skule, men det har undervegs kome ønske frå skuleavdelinga om at ein og ser på mulighetene på at basen vert tilknytt Bergsøy skule/Blåhaugen. I samband med vidareføring av arbeidet er det planlagt men ikkje gjennomført synfaring for å sjå på etablerte løysingar. Det har forøvrig også vore eit møte om denne saka i plan og byggenemnda.

Status pr. dato:

Etter politisk vedtak starta ein prosjektering/planlegging med tilbygg til Einedalen skule som utgangspunkt. I vedtaket låg det elles til grunn føringar knytt til romfunksjonar og areal. I etterkant av vedtaket har ein hatt ein del utfordringar og missnøye knytt til særleg arealrammene for tiltaket.

Entreprenør Vebjørn Strømsnes AS er tildelt oppdraget, og ein forventar ferdigstilling til skulestart i august 2013 (kontraktsfesta).

Prosjektkostnader:

Bygningsmessige arbeider:	1.537.500,-
Grunn/maskinarbeider:	0.250.000,-
Tekniske fag:	0.457.500,-
Sum:	2.245.000,-

Restløyving på kr 255.000,- går til inndekking av lønskostnader, inventar og uforutsett.

Kommentarar:

Avvik: Arealmessige avvik ift vedtak. Innanfor økonomiske rammer for tiltaket.

Prosjektnr. -namn: 51102/Bustader for unge funksjonshemma.

Prosjektleder/-ansvarleg: John Normann Pettersen

Grunnlagdokumentasjon

Saka gjeld oppføring av 4 bustader på regulert område på Myklebust som tidlegare var nytta til Bergsøy barnehage.

Økonomi:

Budsjett 2013:	9.200.000,-
Forbruk pr dato:	395.000,-
Restløyving:	8.805.000,-

Status pr. dato:

Arkitekt Magne Bergseth har utarbeidd forslag til planløyisingar og situasjonsplan på bakgrunn av funksjonsskildringar og behovsanalyser. Forslaget syner 4 bueiningar på rekkje, samt fellesarear/personaldel sentralt plassert. Planlegginga er utført med utgangspunkt i regulert tomt på Myklebust.

Etter gjennomgang samans med fageiningar, verneombod og foreldrerepresentantar så vart det beslutta å utføre enkelte endringar/revisjonar. Revidert plan er ikkje motteken pr rapportdato.

Kommentar:

- Økonomi: Det lyt påreknast ekstraløyvingar for tiltaket. Prosjektrammer vil bli framlagt for plan. og byggjemenda for handsaming.

Prosjektnummer/-namn: 51906 Einedalen skule (Skule i Nærøymarka tidl. prosj. 3359)

Prosjektleder/-ansvarleg: Roger Myklebust

Økonomi/løyvingar:

Herøy kommunestyre vedtok i møte den 26.06. 2008 under K-sak 81/08 utbygging og kostnader for prosjektet.

Prosjektkostnad/budsjett:	107.500.000	
<u>Spelemiddel ballbinge</u>	<u>200.000</u>	
<u>Tils:</u>	<u>107.700.000</u>	
Forbruk: Prosjektkostnad i K-sak 81/08 (inkl. mva)		107.700.000
Forbruk prosjektstart – rekneskap 2007:		4.192.465
Rekneskap 2008:		43.127.942
Rekneskap 2009:		57.169.423
Rekneskap 2010:		<u>2.266.232</u>
Rekneskap 2011		54.342
Tils:		106.810.404
<u>Framføring fiber – egenandel(Jfr. K-sak 81/08)</u>		<u>943.750</u>
Tils		107.754.154
Ikkje utf.		

sluttarb stip. 053.846 Serviceavtaler i garantitid 142.000		195.846
Tilsaman		107.950.000
<u>Budsiett:</u>		<u>107.700.000</u>
<u>Meirforbruk</u>		<u>250.000</u>

Oppgradering kryss fylkesveg iht. skiltplan:
(ikkje med i kostnadsoppstillinga ovanfor)

Gjennomføring skiltplan: Gangveg, skilting med mer iht. rev. skiltplan		327.660
Etablering av rasteplass: Sykkestativ m/tak og montering		094.594
Rastebord og avfallsbeholder		019.562
Reserve		008.094
Tils (eks. mva)		450.000

Det er i dette oppsettet tatt med entreprenørkostnader for anleggsarbeida, medan utstyrsdelen som kan bli gjenstand for diskusjon omkring type og omfang er prisa utan monteringskostnader.

Statens Vegvesen har tidlegare gitt uttrykk for at dei vil medverke til ei løysing her når kommunen har klargjort planar og kostnader. Dette er gjort og kostnader er basert på innhenta tilbod.

Etter dette så er det kome brev frå Statens Vegvesen dagsett 25.08.11 der skiltplanen vert formelt godkjent. Av godkjenninga framgår det for øvrig at Herøy kommune er ansvarleg for gjennomføringa av planen.

Status:

Skulebygget er overtatt iht. kontrakt og økonomisk avslutta mot totalentreprenør. Leveranse av møblar og utstyr er og avslutta praktisk og økonomisk. Vidare så er FDV dokumentasjon utlevert og opplæring gjennomført. I tillegg er det er gjennomført prøvedrift og foretatt 1 års befarings saman med Eigedomsavd, og det har vore ei avsluttande kontrollbefaring i september 2011. Nokre mindre og primært sesongavhengige arbeid er elles planlagt no i sommar.

Spelemidlar:

Ballbinge er tildelt spelemidlar på kr. 200.000 og søknad om utbetaling av spelemidlar er innsendt.

Økonomi:

Sluttarbeida syner at prosjektet har eit behov for tilleggsfinansiering på 240.000,- noko som i det vesentlege kan tilskrivas arbeidet med skiltplan, tilstelling uteareal/gangvegssystem, litt meir møblar pga. auka elevtal og tilhøyrande prosjektoppfølgjing.

Når det gjeld utforming og utrustning av riksvegkrysset m/ekstra gangveg og etablering av sykkelparkerings- og rasteplass iht. utarbeidd skiltplan så vil dette utfrå godkjenning av 25.08.11frå Statens Vegvesen vere ei sak som er Herøy kommune sitt ansvar. Slik gjennomføring kan anten gjerast ved ekstra løyving i samband med formell avslutning av prosjektet, eller at saka vert overført til trafikkisikringstiltak og får si løysing her.

Avslutning:

Avslutninga av har vore handsama i plan og byggenemnd, men ikkje i formannskap og kommunestyret.

Det er lagt opp til ei avsluttande handsaming av prosjektet i løpet av 2012 med påfylgjande overføring til eigedomsavd, og prosjektet vil utgå ved neste rapportering.

Prosjektnr. -namn: **Utbygging Herøy Produksjon/samløkalisering dagtilbod.**

Prosjektleder/-ansvarleg: Roger Myklebust

Grunnlagsdokumentasjon

Løyving/storleik på løyving:

K-sak 179/10: 2.500.000

Generelt:

Denne saka gjeld utviding av Herøy Produksjon og samlokalisering av dagtilbod på eit regulert område på Myklebust. Dette er forøvrig i same område som det er planlagt 4 nye bustader for unge funksjonshemma.

Framdrift:

Dette arbeidet starta hausten 2011, og det har i det høvet vore synfaring til Molde i samband med arbeidet med behovskartlegging. Det har forøvrig også vore eit møte om denne saka i plan og byggenemnda. Ein får kome nærare attende til framdrifta når denne saka er meir avklara.

Barnehage

Ikkje noko rapportert

Barn- familie- og helse

Geriatrikompetanseprosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom Helse Møre og Romsdal, Helse Midt, Sande og Herøy kommuner. Frå kommunen er det og deltaking frå Pleie og Omsorg. Eit av delprosjekta i geriatrikompetanseprosjektet er samhandlingsprosjektet mellom Alderspsykiatrisk avdeling ved Helse Møre og Romsdal HF og kommunen. Prosjektet medfører at Alderspsykiatrisk avdeling har desentraliserte virkedagar i Herøy der eit tverrfaglig fagteam har pasientkonsultasjonar i kommunen.

Styringsingsgruppa gjennomføre "Felles fagdagar" for helsepersonell i Herøy, Sande og med. avd. Volda sjukehus 31.01 – 01.02.2013. For at flest mogleg kunne delta vart det same programmet gjennomført begge dagane.

Hovedtema: var "Pasientsikkerheit". Tilsaman var det 90 deltakarar fordelt med like mange begge dagar. Fagdagen er og følgt opp i etterkant mellom anna med samstemming av medisinalister og deltaking i pasientsikkerheitkampanjen. .

Bu og habilitering

Arbeidsgruppe arbeidstid/deltid

Pleie- og omsorg, bu- og habilitering, personalavdelinga og HTV har ei felles arbeidsgruppe der det viktigaste oppdraget er å få etablert ein vikarbank. Dei har oppdatert kartlegginga over uønska deltid, innhenta informasjon om landskjende prosjekt, og sett på kommunen sine egne erfaringar så langt. Det har ikkje lykkast å få prosjektmidlar til dette, og arbeidet må gjerast langs med. Framdrifta er prega av det.

Felles prosjekt mellom Pleie og omsorg og Bu og habilitering, prosjekt jobbotasjon frå Våren 2013 tom. 2014.

Eigedom

(ikkje oppdatert per 01.05.13)

Eigedomsavdelinga rapporterer under dette punkt for status for planlagde investeringsprosjekt.

Prosjektnummer	Prosjektnavn	Grunnlagsdokument	Budsjett
2890.48648	<u>Ytre Herøy ungdomsskule</u> Nytt ventilasjonsanlegg	K-sak	kr. 3 800 000,-

Prosjektbeskrivelse

Ikkje kommentert.

Status

Kravspesifikasjon er under utarbeidelse av ekstern konsulent og skal til Plan- og byggenemnda for godkjenning før konkurranseutlysning.

Framdriftsplan

Det er planlagt anbuds konkurranse i månadsskiftet februar/mars, kontrahering av utførande innan april/mai og gjennomføring av prosjektet i løpet av sommarferien.

Prosjektnummer	Prosjektnavn	Grunnlagsdokument	Budsjett
2885.52404	<u>Moltu barneskule</u> Nytt ventilasjonsanlegg	K-sak	kr. 1 800 000,-

Prosjektbeskrivelse

Ikkje kommentert.

Status

Kravspesifikasjon er under utarbeidelse av ekstern konsulent og skal til Plan- og byggenemnda for godkjenning før konkurranseutlysning.

Framdriftsplan

Det er planlagt anbuds konkurranse i månadsskiftet februar/mars, kontrahering av utførande innan april/mai og gjennomføring av prosjektet i løpet av sommarferien.

Prosjektnummer	Prosjektnavn	Grunnlagsdokument	Budsjett
	<u>Herøy rådhus</u> Etablering av sentral driftskontroll	K-sak	kr. 1 000 000,-

Prosjektbeskrivelse

Ikkje kommentert.

Status

Kravspesifikasjon er under utarbeidelse av ekstern konsulent og skal til Plan- og byggenemnda for godkjenning før konkurranseutlysning.

Framdriftsplan

Ikkje fastsatt pt.

Prosjektnummer	Prosjektnavn	Grunnlagsdokument	Budsjett
	<u>Herøy sjukeheim - blå avdeling</u> Etablering av reservekraftforsyning	K-sak	kr. 830 000,-

Prosjektbeskrivelse
Ikkje kommentert.

Status
Ikkje kommentert.

Framdriftsplan
Ikkje kommentert.

Prosjektnummer	Prosjektnavn	Grunnlagsdokument	Budsjett
	<u>Herøy sjukeheim - blå avdeling</u> Etablering av reservekraftforsyning	K-sak	kr. 830 000,-

Prosjektbeskrivelse
Ikkje kommentert.

Status
Ikkje kommentert.

Framdriftsplan
Ikkje kommentert.

Prosjektnummer	Prosjektnavn	Grunnlagsdokument	Budsjett
	<u>Herøy sjukeheim - raud og grøn avdeling</u> Etablering av reservekraftforsyning	K-sak	kr. 830 000,-

Prosjektbeskrivelse
Ikkje kommentert.

Status
Ikkje kommentert.

Framdriftsplan
Ikkje kommentert.

Prosjektnummer	Prosjektnavn	Grunnlagsdokument	Budsjett
	<u>Myrvåg sjukeheim</u> Etablering av reservekraftforsyning	K-sak	kr. 830 000,-

Prosjektbeskrivelse
Ikkje kommentert.

Status

Ikkje kommentert.

Framdriftsplan

Ikkje kommentert.

Fellessekretariatet

Ikkje noko rapportert.

IKT

IKT- planen ligg til grunn for prosjektgjennomføringa.

Kultur

Kulturkontoret har samarbeidsavtalar med grendelag og idrettslag i bygging av aktivitetsanlegg.

Ballbinge ved Nerlandsøy skule vart opna i haust. Nerlandsøy Grendelag har vore samarbeidspart.

Det er sett i gong bygging av sandhandballbane i Aktivitetsparken ved kulturhuset. Samarbeidspart er Bergsøy Handball.

Kulturkontoret koordinerer og godkjenner søknader om spelemidlar til idrettsanlegg, aktivitet og friluftsliv. Det er sendt søknad om spelemidlar til fylgjande prosjekt:

- Bergsøy stadion, kunstgras
- Gurskøy IL, kunstgras
- Sunnmørsbadet Fosnavåg, 25 ms symjebasseng m/ stup, og rehabilitering av varmebadet
- Heid Turløype, 1. byggesteg
- Heid Turløype, 2. byggesteg
- Nerlandsøy Ballbinge som er forskottert.

Personal - og organisasjonsavdelinga

Er med i to samarbeidsprosjekt mot pleie og omsorg og bu og habilitering, sjå kommentarar der.

Pleie og omsorg

Gjennom ulike interkommunale samhandlingsfora, og som oppfølging av samhandlingsavtalen med Helseføretaket, er avdelinga med på mange mindre samarbeidstiltak som det ikkje er rapportert om her.

Prosjekt "kompetanseløftet" på rehabilitering av hjerneslag mellom kommunane på sørø Sunnmøre og helse Sunnmøre hf, Mork rehabiliteringssenter

Interkommunalt prosjekt der pleie- og omsorg og helseavdelinga er med

Prosjekt geriatri/kompetanse.

Eiga projektskisse - samarbeidsprosjekt med helseavdelinga, som er prosjektansvarleg

Arbeidsgruppe arbeidstid/deltid

Pleie- og omsorg, bu- og habilitering, personalavdelinga og HTV har ei felles arbeidsgruppe der det viktigaste oppdraget er å få etablert ein vikarbank. Arbeidet må gjerast langs med. Framdrifta er prega av det.

Prosjekt velferdsteknologi

Vi er med i eit interkommunalt prosjekt der vi saman med Ålesund og nokre kommuner til har fått prosjektmidlar frå fylkesmannen for å prøve ut spel- og sporingsteknologi. GPS har vore testa på personale i vinter og skal no prøvast på pasientar. Vi har fått installert spelteknologi på Herøy omsorgssenter, og skal i prosjektet kartlegge pasientane sin

nytte/erfaring av dette. Dette er eit forskningsprosjekt som nyleg vart godkjent av regional komitè for medisinsk og helsefagleg forskningsetikk i Midt Norge

Prosjekt jobbotasjon

Eit internt samarbeidsprosjekt frå haust 2013- 2014. Det vert laga eit eige orienteringsnotat på det.

Servicetorget

Ikkje noko rapportert

Skule

Tildelte Skjønnsmidlar 2012

Skuleavdelinga fekk i september melding om tildeling av kr.100.000 i skjønnsmidlar for 2012, for å sjå nærare på forholdet mellom ordinær undervisning og spesialundervisninga. Målet er at den ordinære undervisninga skal styrkast, og spesialundervisninga bli redusert. Ved dette vil fleire elevar få nytte av dei ressursane som skulane får tildelt. Prosjektet har fått namnet «Meir læring for fleire». Prosjektet er organisert med ei arbeidsgruppe samansett av repr. frå skule og frå PPT, og der nokre av skulane skal vere pilotskular for utprøving av metodar.

Deltaking i nasjonal satsing Vurdering for læring

Utdanningsdirektoratet har siste åra gjennomført ei stor satsing på fagområdet Vurdering for læring. Møre og Romsdal fekk denne hausten kome med i programmet, som pulje 4. Kommunane i fylket fekk høve til å søkje om deltaking, utifrå gitte kriterie. Herøy var heldig og fekk vere med. Satsinga er ein kombinasjon av kompetansebygging og skuleutvikling. Kommunen må utnemne ein ressursperson for satsinga i minst 20% stilling, og får tildelt kr.220.000 som m.a. skal dekke dette. Vi er heilt i startfasen, og vil kome tilbake med meir informasjon i seinare rapporteringa.

NAV Herøy

Ikkje noko å rapportere

Utvikling

Planarbeid

Status for dei ulike planoppgåvene går fram av eige vedlegg, men ein del oppsummerande kommentarar er teke med i det som følgjer nedanfor:

Til planstatusoversikten

Ved rapportering av planstatus **pr. 31.12.12 stod det 34 planoppgåver på lista.**

3 planoppgåver er registrert avslutta i siste rapporteringsperiode (Reguleringsplan Indre Leine, Reguleringsplan for Nærøya, fortau veg og kryss, Reguleringsplan for innfartsveg Fosnavåg).

Følgjande planoppgåver ligg hos Fylkesmannen som klagesak og er ikkje registrert som avslutta:

- Detaljreguleringsplan for Myklebuståsen II
- Detaljreguleringsplan for gnr 37 bnr 380 m.fl
- Detaljreguleringsplan Frøystad 2

Følgjande klagesak og er registrert som avslutta:

- Hjelmeset 4

Det har i løpet av 1 tertial 2013 har det kome til 4 nye planoppgåver:

- Detaljreguleringsplan Eggesbøjordra området FKO
- Reguleringsendring Frøystad skule, gnr. 20, bnr. 27 m fl
- Ny basestasjon brannvernet
- FV18 Leine –Remøyholm, reguleringsendring

Ein har såleis 37 planoppgåver.

Kartverk/arbeid med kartverk

Generelt

Generelt har ein fokus på generell utvikling av kartsystemet, intern brukarstøtte på programvare og å betre funksjonaliteten.

Oppmålingsavdelinga følgjer og opp seksjonerings saker som kjem til kommunen. I tillegg bistår ein eigedomsavdelinga i diverse saker vedk. grunnkjøp/sal/etablering av nye tomter.

Adresseprosjekt

Store delar av Bergsøya fekk tildelt nye gateadresser I 2009. Prosjektet vil gå vidare til alle eigedomar i Herøy har fått gateadresser og er eit prioritert arbeid ved avdelinga.

Webplan

Utviklingsavdelinga har etablert Webplan 1.1, eit planarkiv som inneheld alle gjeldande reguleringsplanar og alle reguleringsplanar som er under oppstart/arbeid. Her kan ein følgje alle fasene i eit planarbeid. I Webplan finn du m.a reguleringsføresegner, saksframlegg, vedtak, planomtaler, plankart, reguleringsendringar osv. Webplan har og kobling begge vegar mot kartløyisinga www.sunnmorskart.no.

Webplan finn ein på denne lenka her- <http://webplan.heroy.kommune.no/>

Ny kartlegging

I samarbeid med Ulstein og Hareid vil Herøy kommunen gjennomføre ei nykartlegging i 2013 med leveranse i januar 2014. Kommunen vart flyfotografert 19 mai 2013.

Andre prosjekt

- Scanning av gamle kartplater i vårt arkiv - gjennomført
- Etablering av ortofoto frå gamle flybilde- GEOVEKST prosjekt som vert gjennomført i 2013
- Innføring av nytt høgdesystem – under arbeid
- Kvalitetslosen, eit auka fokus på å legge inn aktuelle rutiner.

Økonomi

Ikkje noko å rapportere.

Bulystprosjektet

Bulystprosjektet er eit 3-årig prosjekt finansiert med tilskot frå KRD og Møre og Romsdal fylkeskommune (LUK- midlar). Det er tilsett prosjektleiar i 100 % stilling. Prosjektleiaren tok til i november 2012.

Det er oppretta styringsgruppe for prosjektet. Ordføraren i Herøy er leiar for styringsgruppa.

Herøy kommune og nabokommunane på Sunnmøre har store utfordringar når det gjeld å rekruttere og behalde arbeidskraft/å inkludere innvandrarak og andre tilflyttarak. Kommunen ynskjer med dette prosjektet å utvikle tiltak for at arbeidsinnvandrarakane og andre tilflyttarak skal etablere seg og verte buande i kommunen.

Prosjektplanen er forankra i kommunen, i regionen, i fylkeskommunen og i leiinga i Marine Harvest. Det vil vere ei sentral oppgåve for prosjektet å knyte kontakt med leiinga i bedrifta, den enkelte tilsette og familien, det offentlege tenesteapparatet, frivillige lag og organisasjonar.

I oppstarten av prosjektet har prosjektleiar brukt mykje tid på å vere i bedrifta Marine Harvest nettopp fordi ein ser verdien av å bli fort kjent, samt det er viktig å kjenne godt til denne bedrifta som skal vere ein så viktig samarbeidspartnar. Det er også viktig å bruke tid i bedrifta fordi den er ein del av prosjektet. Vi er avhengige av at dei er med oss, då må dei involverast og vi må ha relasjonane i orden. Det vart også tidleg i prosjektet nedsett ei ressursgruppe av arbeidsinnvandrarak frå ulike land som har vore her i fleire år. Denne gruppa skal bruke tid på å vere saman for å bli kjent og trygge på kvarandre, og det fører til mange ærlege og gode innspel til prosjektleiar.

Prosjektet har som hovudmål å bidra til å gjere distriktskommunane meir attraktive for busetjing ved hjelp av auka kompetanse på praktiske tiltak for auka integrering og inkludering i lokalsamfunna. Vidare er det formulert tre delmål:

- Prosjektet skal bidra til at området har eit omdøme for å gjere eit godt arbeid for å inkludere og integrere innvandrarak og andre tilflyttarak.
- Prosjektet skal bidra til at offentlege instansar utviklar nye og betre løysingar for tenestene sine og styrkar vertskapsrolla si i samarbeid med leiinga i bedriftene, den enkelte tilsette og familien og frivillige lag og organisasjonar.
- Prosjektet skal utvikle rutinar og verktøy for å sette i verk konkrete planmessige tiltak, m.m. utvikling av handlingsplanar.

I prosessplanen er det peika på at tiltak som busetjing, språkopplæring, kulturforståing, skaffe arbeid til partnaren, deltaking i kultur og fritidsaktivitetar er utfordringar for innvandrarakane. I prosjektet er det lagt til grunn at utfordringane skal analyserast i fylgjande arbeidsgrupper der det også skal utviklast tiltak og handlingsplanar:

- Arbeidsgruppe språkopplæring. (Felles for Herøy og Ulstein)
- Arbeidsgruppe bustad (Felles for Herøy og Ulstein)
- Arbeidsgruppe kultur/fritidsaktivitetar (Kvar si gruppe i Herøy og Ulstein)
- Arbeidsgruppe nye løysingar for offentlege tenestefunksjonar (jf. her delmål) (Felles for Herøy og Ulstein)

Pilotprosjektet Likestilte kommunar

Herøy kommune er utpeika er utpeika som pilotkommune av Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet det 3- årige prosjektet Likestilte kommunar. Kommunen får 100.000 kr i årlig tilskot i perioden.

Det er oppretta styringsgruppe for prosjektet med Olaug Andreassen som leiar. Tine Storøy er nestleiar.

KUN (senter for kunnskap og likestilling) fylgjer opp kommunen i prosjektet.

Kommunen har fokus på fire område i prosjektet:

- Likestilling i samfunnsdelen av kommuneplanen
- Likestilling i møte med borna i barnehagen
- Likestilling i møte med helsestasjonen
- Rullering av lønspolitisk handlingsplan

Det har vore 3 samlingar i prosjektet så langt i år, seinast i veke 22. Prosjektplanane med mål, milepælsplan og ansvarsfordeling skal ligge føre innan 15. juni d.å.

LOKALSAMFUNN

Overordna mål

- Innbyggjarane, frivillige organisasjonar og næringsliv er tilfredse med kommunen si rolle som tilretteleggjar for trivsel og utvikling og kommunen si rolle som samfunnsbyggjar
- Herøy kommune skal vere ein trygg kommune for alle som bur og oppheld seg i kommunen, og kommunen skal ha god beredskap mot aktuelle kriser og uønska hendingar.
- Samarbeidspartar skal oppleve kommunen som open og aktiv til samarbeid og omstilling
- Herøy kommune skal ha godt omdøme.

Kommunestyret har i samband med lokalsamfunnsanalysen i 2008 slutta seg til slike satsingstiltak for Herøyløftet:

Sentrumsnære tomter og leilegheiter

- Styrke kapasiteten når det gjeld regulering og byggesaksbehandling.
- Stimulere private utbyggarar til å satse på utbygging av leilegheiter og bustader

Status:

Det vert ei sentral utfordring framover å legge til rette for utbygging og fjerne flaskehalsar for dei som ynskjer å satse på utbygging av tomter og leilegheiter.

Rekruttering/omdømebygging

Utarbeide rekrutteringsstrategi og omdøme strategi i samarbeid med næringslivet som m.a. må innhalde fylgjande tiltak:

- Marknadsføre regionen som arbeidsmarknad (Eiksundsambandet)
- Kvinner med høgare utdanning også til maritime næringer...
- Sommarjobbar i kommune og næringsliv for ungdom under utdanning (relasjonsbygging)
- Stipendordningar
- Karriereseminar/utflyttardagar i juleferien
- Hotell i Fosnavåg, Torvik Resort og Runde Miljøsentar som kan gje nye arbeidsplassar
- Rekrutteringskonferanse i samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune
- Auke kunnskapen om usynlege jobbmoglegheiter i kommunen
- Bruk av Facebook
- Utvikle database over utflytta herøyværingar
- Tilflyttardag ein gong pr år med "velkomstpakke"

Status:

Dette er tiltak som eventuelt må innarbeidast i samfunnsdelen av kommuneplanen.

Sosiale møteplassar

- Utvikling av kulturhusområdet med fritidsbad, bowling, bibliotek, vil vere viktig som ungdomstilbod, fritidstilbod, idrettstilbod og sosial møteplass.
- Hotell i Fosnavåg vil også kunne fungere som sosial møteplass
- Legge til rette for møteplassar for ungdom i samband med feriar (juleferie, påskeferie, sommarferie, som t.d maritime sommandagar, Herøyspelet m.m.
- Etablere "Kvinnenettverk"

Status:

Det vert arbeidd aktivt for å utvikle planane for Kulturhusområdet. Enkelte av tiltaka må vurderast i samfunnsdelen av kommuneplanen.

Sentrumsutvikling (utvikling av "urbanitet")

- Sentrumsplan
- Utbygging av infrastruktur

Status: Det er fleire planar under utarbeid for utvikling av sentrumsområdet.

Styrke identitet og tilhørse.

- Utarbeide eit opplegg for å utvikle sterkare identitet og tilhørse til kommunen mellom born og unge som m.a. bør innhalde fylgjande tiltak.
- Utvikle eit undervisningsopplegg for bruk i skule og barnehage i samarbeid mellom skule, barnehage og bibliotek.
- Samle og fortelje historier frå notid og fortid om "kven vi er" i samarbeid med sogelaget.
- Dokumentere historia vår (også kvinnene si historie) gjennom utstilling av foto og gjenstandar i t.d. det nye hotellet.

Status:

Dette er tiltak som må vurderast i samfunnsdelen av kommuneplanen..

Kompetansearbeidsplassar

For at kommunen skal kunne tiltrekke seg folk med høgare utdanning, må kommunen ha kompetansearbeidsplassar.

Status:

Dette må vurderast i samfunnsdelen av kommuneplanen.

Anlegg og drift

Ikkje noko rapportert.

Barnehage

Barnehagane har som mål å bidra til godt omdømme m.a ved å profilere sitt indre liv på internetsida og i lokalavisa. Alle barnehagane er bevisste på å ha fokus på "Herøyidentitet" når dei er ute og ferdast i lokalmiljøet. Målet er at barna skal vere glad i heimplassen sin og kjenne stoltheit over den.

Barn- familie og helse

Ikkje noko rapportert.

Bu og habilitering

Ta i bruk moderne kommunikasjonsheplemiddel for å profilere kva vi driv med.

Eigedom

Ikkje noko rapportert.

Fellessekretariatet

Ikkje noko rapportert.

IKT

Ikkje noko rapportert.

Kultur

Ikkje noko rapportert.

Personal - og organisasjonsavdelinga

Ikkje noko å rapportere.

Pleie og omsorg

Sjukeheimane ynskjer å vere ein naturleg del av lokalsamfunnet, og det at flest mulig av kommunen sine innbyggjarar besøker sjukeheimen er med på å bidra til det. Dette skjer i det daglege først og fremst gjennom kontakta med stadig nye pårørande. Så gjennom alle dei frivillige som besøker oss, ofte gjennom faste aktivitetar som velforeningane, sanitetsforeninga eller diakoniutvalet med fleire. Kvar veke er der andakt med besøk av prest og organist. Barnehagen er fast innom på besøk og vi har invitert skulane med på eit meir systematisk samarbeid

Kulturgruppa arbeider godt og systematisk. Der har vore innslag i lokale media..

Servicetorget

Kommunen er på facebook (1186 tilhengjarar som er ei auke på 77 personar dvs 6,9 % sidan sist rapportering). Ein har invitert publikum om å sende inn bilder frå kommunen som ein legg som forsidebilde jevnleg.

Internettsida vert oppdatert raskt når ein har ting å publisere - administrasjonen må nok tenke endå meir på at web-sida skal vere ein kanal for formidling av informasjon. Aktiv bruk av nettsida og sosiale medier kan gi innsparing på annonsering. I tillegg vil ein framstå som moderne og tilpassa brukarane.

Skule

Ingen nye prosjekt/aktivitetar er gjennomført i siste tertial. Nemnast kan likevel alle flotte arrangement rundt om på skular, grendahus, kulturhus og kyrkjer før jul, der elevar får vise talent som aldri vert målt i kartleggingar og nasjonale testar. Eit godt samarbeid mellom tilsette, foreldre og andre ressurspersonar er grunnlaget for tilrettelegging av arrangementa. Her har vi ein stor verdi å ta vare på.

NAV Herøy

Arbeidsløysa i Herøy kommune har over lang tid vore veldig låg, og ved utgangen av mai var 1,9 % av arbeidsstyrken heilt ledige. Til saman utgjer dette 54 menn og 30 kvinner. I tillegg kjem dei som er sjukmelde og som har nedsett arbeidsevne. I arbeidet med å få fleire ut i arbeid er arbeidsgjevarane i Herøy kommune viktige samarbeidspartar, og NAV Herøy har vore på – og planlegg- fleire bedriftsbesøk dette året.

Utvikling

Ikkje noko rapportert.

Økonomi

Ikkje noko spesielt å rapportere. Delar av avdelinga sin aktivitet er særst utadretta med mange henvendingar frå personar og verksemder. Har inntrykk av at dette stort sett går greitt.

DETALJ OG OMRÅDEPLANER (kommunale og private)

GENERELL OVERSIKT

(Siste politiske prioritering den 9/4-2013 sak 66/13)

Liste Ajourført- 22.05.2013

KOMMUNALE PLANER:

A- avslutta plan , N- ny plan, K – kunngjort, KL- klagesak

Kommuneplaner, delplaner og temaplaner

Lnr.	Planident	Saksnr	Plannamn	Ansv.	Pol.pri.	Status
1.	201245	11/469, 12/4	Kommunedelplan avløp 2006-10	OM	1	
2.	201250	10/368, 10/630, 12/7	Kommuneplan Herøy – Hovedrullering	OM	1	
3.	201269	11/388, 12/5	Kommunedelplan Helse og Omsorg	OM	1	
4.	201270	12/546	Kommunedelplan Trafikktrygging	AZT	1	
5.	201302		Kommunedelplan bustadsosial handlingsplan	OM	1	
6.	201303		Rusmiddelpolitisk handlingsplan.	OM	1	
7.			Strategisk næringsplan.	OM	1	

Område og detaljreguleringsplaner

Lnr.	Planident	Saksnr	Plannamn	Ansv.	Pol.pri.	Status
8.	201258	07/108	Reguleringsplan Indre Leine bustadfelt	AZT	1	A
9.	201246		Ny innfartsveg Fosnavåg	HR	1	A
10.	201247	07/820	Reguleringsplan Indre Bergsøy	BSS	1	
11.	201248		Reguleringsplan Moltustranda, nytt bustadfelt	AZT	1	
12.	201249		Reguleringsplan FV20 Huldalskrysset-Igesund	BSS	2	
13.	201261		Reguleringsendring Mjølstadneset	-	2	
14.	201263		Reguleringsplan for Fosnavåg hamn (indre del)	BSS	1	
15.	201265	10/164	Reguleringsplan for Kvalsund hamn	HR	1	
16.	201266	11/717	Nærøya, fortau, veg og kryss	AZT	1	A
17.	201267		FV654 Flusundkrysset- kryss mot Vikane	HR	1	
18.	201271		Runde, tilrettelegging av tomter	BSS	2	

19.	201272	11/852	Reguleringsplan gangsti rundt Myklebustvatnet		2	
20.			Regulering av gang og sykkelveggar og trafikksikringstiltak	AZT	1	
21.	201305	13/566	Reguleringsendring Frøystad skule, gnr. 20, bnr. 27 m fl	BSS		N
22.	201306		Ny basestasjon brannvernet	HR		N
23.	201307		FV18 Leine –Remøyholm, reguleringsendring	HR		N

PRIVATE PLANER:

A- avslutta plan , N- ny plan, K – kunngjort, KL- klagesak

Lnr.	Planident	Saksnr	Plannamn	Ansv.	Status
24.	201275	10/422	Reguleringsplan 24/2, Røykeritomta	HR	
25.	201283	09/424	Reguleringsplan utvida bustadfelt Frøystad	AZT	KL
26.	201278	09/611, 12/12	Reguleringsplan Verket	OM	
27.	201277	10/125	Reguleringsplan for Myklebuståsen	AZT	KL
28.	201252	10/80	Reguleringsplan Hjelmeset III	BSS	
29.	201284		Reguleringsplan Huldal	AZT	
30.	201276		Reguleringsplan Kvalsund	BSS	
31.	201209	11/341	Reguleringsendring Myklebust vest	AZT	KL
32.	201286		FV 654 Indre Herøy kyrkje-Stoksund	HR	
33.	201285		IMO senteret	AZT	
34.	201262		Reguleringsendring Vågsholmen	AZT	
35.	201289		Reguleringsendring for Sjøside Eigedom	BSS	
36.	201301		Lanternen Marina	AZT	
37.	201304		Detaljreguleringsplan Eggebøjordå området FKO	AZT	N

Planident	201209
Plannamn	Reguleringsendring Myklebustvatnet vest gnr 31 bnr 380 m.fl
Tiltakshaver	Ingolf Fylling
Privat/Offentleg	Privat
Konsulent	AG Plan og Arkitektur AS
Digital informasjon er lagra her:	I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\ALEKSANDER

Gebyr	Beløp	Sendt ut	Registrert innb.
Handsaming			
Areal			

Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)	Nei
Beløp	Privat plan

Plandialog

Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta
Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling

Rapporteringsdato:	25.01.2013.
---------------------------	--------------------

Planstatus:

Reguleringsplanen er eigengodkjend av kommunestyret. Saka er påklaga av naboane i Svingen. Klagesaka er ferdig førebudd og vert fremja for politisk behandling i juni 2012.

Kommunestyret endra sitt tidlegare vedtak om godkjenning av plan og gjorde endringar til 2.etasjer for "Lensmannskontoret".

Vedtaket er påklaga av naboane og tiltakshavar.

Klagesaka er ferdig førebudd til politisk handsaming med tilråding om å avvise klagene og sende saka over til Fylkesmannen for endeleg avgjerde.

Saka er handsama av kommunestyret.

Fylkesmannen melder at saka mest truleg vert avgjort i mars 2013.

Planident	201245
Plannamn	Kommunedelplan avlaup 2012-2022
Tiltakshaver	Herøy kommune
Privat/Offentleg	Offentleg
Konsulent	-
Digital informasjon er lagra her:	I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\OLE MAGNE\KOMMUNEDELPLAN FOR AVLAUP

Gebyr	Beløp	Sendt ut	Registrert innb.
Handsaming			
Areal			

Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)	
Beløp	

Plandialog

Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta
Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling

Rapporteringsdato:	1.5.2013
---------------------------	-----------------

Planstatus:

Arbeidet er starta opp og planprogram er vedteke. Runde Miljøseniter har gjennomført resipientundersøkingar levert statusrapport for eit utval av resipientane i Herøy.

Status: Utviklingsavdelinga skal oppdatere delar av kommunedelplanen etter avtale med Anlegg- og driftsavdelinga. Arbeidet ligg etter tidsskjema på grunn av at resipientundersøkingane måtte gjennomførast på sommaren og det har teke lang tid med utarbeiding av rapporten.

Planident	201246
Plannamn	Ny innfartsveg Fosnavåg
Tiltakshaver	Herøy Kommune
Privat/Offentleg	Offentleg
Konsulent	Asplan Viak/Statens vegvesen
Digital informasjon er lagra her:	

Gebyr	Beløp	Sendt ut	Registrert innb.
Handsaming			
Areal			

Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)	
Beløp	

Plandialog

Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta
Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling

Rapporteringsdato:

16.05.2013

Planstatus:

Planprosessen starta vinteren 2006 og den omfatta reguleringsplan m/tilhøyrande konsekvensutgreiing for ny innfartsveg på strekninga Hjelmeset - Fosnavåg. Saka enda til slutt i Miljøverndepartementet som i januar 2011 konkluderte med å stadfeste Fylkesmannen si motsegn når det galdt alt. 1 langs nordsida av Myklebustvatnet naturreservat. Departementet tilrådde forøvrig at kommunen arbeidde vidare med planen etter alt. 2.

Kommunestyret tok etter dette departementet sitt vedtak til vitande og ga klarsignal for vidare planarbeid etter alt. 2 (bruk av eksisterande FV 654 og via rundkøyring ved HVS og tunnell til sentrum). Reguleringsplanen etter alt. 2 vart vedteken av kommunestyret i møte den 25.04.2013 (K-sak 49/13). Plansaka er vidare ekspedert til grunneigarar/naboar og aktuelle høyringsinstansar og melding om godkjent plan er annonsert i Vestlandsnytt og på kommunen si nettsida. Frist for evt. klage er sett til 28.05.2013.

Planident	07001
Plannamn	Reguleringsplan Indre Bergsøy
Tiltakshaver	Herøy Kommune
Privat/Offentleg	Offentleg
Konsulent	AG Plan og Arkitektur AS
Digital informasjon er lagra her:	I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\HALLVARD\INDRE_BERGSØY

Gebyr	Beløp	Sendt ut	Registrert innb.
Handsaming			
Areal			

Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)	
Beløp	

Plandialog						
Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta
Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling

Rapporteringsdato:	22.5.2013
---------------------------	------------------

Planstatus:

Kommunen mottok rapport etter arkeologisk registrering i mai 2012. Formannskapet vart orientert om resultatet i møtet 18.9.2012. Formannskapet kom med klare tilbakemeldingar til det vidare planarbeidet.

Utviklingsleiar og sakshandsamar har hatt møte med kulturavdelinga. Kulturavdelinga gav i møtet klar melding om at funna som er gjorde i samlevegraseen er av stor verdi og at dei ikkje vil tilrå dispensasjon.

Kommunen ba kulturavdelinga om å kome med ei klar tilbakemelding på kva som må vernast og kva område det kan søkjast om dispensasjon for. Kommunen ba også om at kulturavdelinga kjem med forslag til omsynssone C.

Kommunen fekk tilsendt kart med forslag til omsynssone C i slutten av november 2012.

Med bakgrunn i forslaget frå kulturavdelinga, har kommunen laga til ei ny skisse for utnytting av området. Kommunen ønskjer å leggje til rette for flest mogleg tomter, samstundes som ein prøver å ta vare på ein del av dei mest særmerkte funna innanfor området. Skissa kjem i konflikt med fleire av funnområda. Kommunen har fått tilbakemelding på skissene og det er gjennomført synfaring (15.2.2013).

Kommunen har fått tilbakemelding frå kulturavdelinga. Er godt i gang med ROS-analyse, revisjon av planomtale og justering av kart.

AG Plan og Arkitektur AS er engasjert i arbeidet med oppdatering av vegar i området. Konsulent har gitt signal om at arbeidet vil vere ferdigstilt i 2. halvdel av juli. Etter at kommunen har motteke oppdatert materiale knytt til vegar, må ein teikne ut planen i høve til nytt lovverk. I tida framover vert det arbeidd med ROS-analyse, planomtale, føresegner og plankart.

Reguleringsplan med tilhøyrande dokument vert å leggje ut til nytt offentleg ettersyn i august/september 2013.

Planident	201248
Plannamn	Reguleringsplan Moltustranda, nytt bustadfelt
Tiltakshaver	Herøy Kommune
Privat/Offentleg	Offentleg
Konsulent	Utviklingsavdelinga
Digital informasjon er lagra her:	I:\utviklingsavdelinga\plan\aleksander\byggefelt moltustranda

Gebyr	Beløp	Sendt ut	Registrert innb.
Handsaming	Kommunal plan		
Areal	Kommunal plan		

Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)	
Beløp	

Plandialog						
Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta
Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling

Rapporteringsdato:	21.05.2013
---------------------------	-------------------

Planstatus:

Det vart arrangert ope møte på Moltu skule for diskusjon om byggjefelt på Moltustranda. Dato for møtet var 22.2.11.

Utviklingsavdelinga har og vore i dialog med fleire grunneigarar på Moltu om å få i stand avtale om kjøp av areal til veg og kommunale tomter. Det er gjennomført synfaringar og møter med grunneigar i eit av området.

Utviklingsavdelinga har utarbeidd fleire førebelse planskisser som grunnlag for vidare forhandlingar og seinare formelt oppstart av planarbeid.

Vidare framdrift er avhengig av forhold knytt til erverv av eigedom. Herøy kommune er i dialog med fleire grunneigarar kring taksering av eigedomar og forhandlingar kring kjøp av eigedom.

Status: *Planarbeidet blir starta opp dersom ein kjem til einigheit om intensjonsavtalar for kjøp av areal med aktuelle grunneigarar.*

Planident	09004
Plannamn	Reguleringsplan FV20 Huldalskrysset-Igesund
Tiltakshaver	Herøy Kommune
Privat/Offentleg	Offentleg
Konsulent	
Digital informasjon er lagra her:	

Gebyr	Beløp	Sendt ut	Registrert innb.
Handsaming			
Areal			

Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)	
Beløp	

Plandialog														
Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta								
Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling								

Rapporteringsdato:	22.5.2013
---------------------------	------------------

Planstatus:

Under planprioriteringa for 2009 vedtok FPL at prosjekta **Reguleringsplan FV 20, gang-/sykkelveg/fortau rundt Kleiva** og **Reguleringsplan FV 20 Igesundkrysset** skulle slåast saman til eitt prosjekt. Seinare er det bestemt at sistnemnde prosjekt likevel skal gå vidare. Det opprinneleg bestemte samleprosjektet er difor no avgrensa noko og vert avslutta mot planområdet for **Reguleringsplan FV 20 Igesundkrysset**.

Saka om oppstart av reguleringsplanarbeid vart handsama i formannskapet 2.10.2012. Formannskapet sende saka attende til administrasjonen. Utvalet ba om at det skal utarbeidast reguleringsplan for strekninga Huldalskrysset til Nerlandsøy bru.

Etter at Statens vegvesen informerte om at ma. Nerlandsøy bru, er i dårleg forfatning, har ein bestemt at planarbeidet vert å sjå i samanheng med planlegging av ny bru til Nerlandsøya. Plansaka er avslutta.

Planident	10001
Plannamn	Kommuneplan Herøy- hovudrullering
Tiltakshaver	Herøy kommune
Privat/Offentleg	Offentleg
Konsulent	Herøy Kommune
Digital informasjon er lagra her:	I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\KOMMUNEPLAN

Gebyr	Beløp	Sendt ut	Registrert innb.
Handsaming			
Areal			

Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)	
Beløp	

Plandialog

Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta
Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling

Rapporteringsdato:

1.5.2013

Planstatus:

For samfunnsdelen er det stadfesta satsingsområder og gjennomgåande perspektiv og administrasjonen har begynt å utarbeide forslag til samfunnsdel. Ein har som målsetting å ha eit forslag klart før sommaren 2013

For arealdelen har ein starta arbeidet med å konsekvensutgreie dei nye byggeområde som er lagt inn i kommuneplanen. Når forslag til plankart er ferdig vil ein utarbeide forslag til føresegner og planomtale knytt til arealdelen. Ein har som målsetting å ha forslag til arealdel klart før sommaren 2013.

Status:

Samfunnsdelen: Administrasjonen har begynt å utarbeide forslag til samfunnsdel med bakgrunn i kommunestyret og formannskapet sitt vedtak om satsingsområder og gjennomgåande perspektiv.

Arealdelen: Arbeidsgruppa for kommuneplanen sin arealdel har handsama alle innspel som har kome inn i arbeidsperioden og gjennomført synfaring. Administrasjonen har starta arbeidet med å utarbeide plankart, planomtale og føresegner til kommuneplanen sin arealdel.

Planident	201252
Plannamn	Reguleringsplan Hjelmeset III
Tiltakshaver	Tømrerservice AS
Privat/Offentleg	Privat
Konsulent	Tømrerservice AS
Digital informasjon er lagra her:	I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\BERIT\HJELMESETH3

Gebyr	Beløp	Sendt ut	Registrert innb.
Handsaming	Kr 4.000.	Februar 2010	
Areal	Kr 17.400	28.04.2011	

Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)	
Beløp	

Plandialog

Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta
Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling

Rapporteringsdato:	22.5.2013
---------------------------	------------------

Planstatus:

Kommunestyret godkjende reguleringsplanen i møte 28.2.2013. Klagefristen gjekk ut 4.april.

Innan fristen kom det inn tre klager på kommunestyret sitt vedtak. Slik kommunen vurderer klagen, inneheld dei ikkje nye moment i høve til tidlegare. Klagarane kan såleis ikkje pårekne å få medhald i klagen.

Det vert lagt fram sak for formannskapet i møte 18. juni med oversending til kommunestyremøte 27.6.2013.

Planident	201258
Plannamn	Reguleringsplan for Indre Leine bustadfelt
Tiltakshaver	Herøy Kommune
Privat/Offentleg	Offentleg
Konsulent	Herøy Kommune/AG plan
Digital informasjon er lagra her:	I:UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\ALEKSANDER\INDRE LEINE

Gebyr	Beløp	Sendt ut	Registrert innb.
Handsaming	Kommunal plan		
Areal	Kommunal plan		

Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)	
Beløp	

Plandialog

Oppstart	Høring	1g. behandling	Høring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta

Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling

Rapporteringsdato:

21.05.2013

Planstatus:

Arbeidet med reguleringsplan for bustadfelt på Indre Leine vart første gang oppstarta rundt år 2000 (innleigd konsulent ICG). I juni 2002 låg første framlegg til plan ute til offentlig ettersyn. Det vart då fremja krav frå fylket om arkeologisk registrering. Midlar vart sett av i mai 2005 og registreringa vart gjennomført i sept/okt 2005. I mai 2008 vart det gjort nytt vedtak om oppstart av planarbeid. Planområdet fekk ny avgrensing, der dei fleste funnområda var tekne ut av planen. Ny innleigd konsulent no var AG Plan og Arkitektur AS. Etter FPL-vedtak 18/09 den 24.02.09, vart planen lagt ut til nytt offentlig ettersyn i perioden 27.02. – 27.03.2009. Den 05.03.2009 vart det søkt fylket om frigjeving av to kulturminneområde innanfor planområdet.

Saka er lagt fram for politisk handsaming med tilråding om 2.gongs offentlig ettersyn i møte 14.02.12. Det er vidare vore gjennomført avgrensa høring grunna mindre endringar i planforslaget.

Kommunestyret gjorde i møte av 25.04.2013, K-sak 51/13 vedtak om eigengodkjenning av reguleringsplan for «Indre Leine bustadfelt».

Vedtaket er no kunngjort med frist for klage 31.05.2013.

Status: *Ein avventar klagefrist for vidare arbeid med arkivering av godkjend plan.*

Planident	201261
Plannamn	Reguleringsendring Mjølstadneset
Tiltakshaver	Herøy Kommune
Privat/Offentleg	Offentleg
Konsulent	
Digital informasjon er lagra her:	

Gebyr	Beløp	Sendt ut	Registrert innb.
Handsaming			
Areal			

Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)	
Beløp	

Plandialog

Oppstart	Høyring	1g. behandling	Høyring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta
Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling

Rapporteringsdato:

26.09.2012

Planstatus:

Dette gjeld omregulering av austre del av Mjølstadnesområdet med sikte på å tilrettelegge erstatningstomt for bedrift som på sikt må flytte frå Torvik. AG Plan og Arkitektur vart engasjert våren 2009, for å vurdere om innteikna vegtrase i kommuneplanen kunne kome i konflikt med avgrensinga av industriområdet.

Statens vegvesen har på ettersomaren (jfr. prosjekt **4 Kommunedelplan for RV 654 Røyra Mjølstadneset**) starta arbeidet med kommunedelplan for RV 654 frå Røyra til Mjølstadneset. Sjølve arbeidet med reguleringsendringa vil gå vidare når forholda omkring ovannemnde vegline er tilstrekkeleg avklara.

Det har ikkje vore arbeidd med saka sidan førre rapportering.

Planident	201002
Plannamn	Reguleringsendring Vågsholmen
Tiltakshaver	Vågsholmen Utvikling AS v/ Arthur Almestad
Privat/Offentleg	Privat
Konsulent	AG Plan og Arkitektur AS
Digital informasjon er lagra her:	I:\UTVIKLINGSAVDELINGA\PLAN\ALEKSANDER\REGULERINGSENDRING VÅGSHOLMEN

Gebyr	Beløp	Sendt ut	Registrert innb.
Handsaming	5000,-	19.02.2013	
Areal	12.600,-	19.02.2013	

Planmidler på budsjett bundne opp (ja/nei)	Nei
Beløp	-

Plandialog

Oppstart	Høring	1g. behandling	Høring	2g. beh/vedtak	Klagefrist	Avslutta
----------	--------	----------------	--------	----------------	------------	----------



Planinitiativ	Uttalelse til planarbeid	Planutarbeid/Saksførebuing	Offentleg ettersyn	Saksførebuing	Kunngjering/klage	Klagebehandling
---------------	--------------------------	----------------------------	--------------------	---------------	-------------------	-----------------

Rapporteringsdato: 21.05.2013

Planstatus:

Formannskapet handsama spørsmål om oppstart i møte den 05.06.12 sak 188/12 der de i traff følgjande vedtak:

«Formannskapet vedtek i medhald av plan- og bygningslova §12-8 at det kan setjast igong planarbeid for reguleringsendring av reguleringsplan Vågsholmen (201002).»

Reguleringsendringa omfatter :

Oppgradering av vegstandard, justering av linjeføring, mindre justering av friareal og mindre justering av bustadareal som følgje av endring av vegløyning. I tillegg ønskjer tiltakshavarå ta ut regulert veg T1 frå planen- som inkluderer brua over sundet.

B Sum normal markedsleie 102 550

Kommentarer til leiekontrakt(er)

Berekna ledig på salstidspunktet.

Kommentar til ledige utleiearealer

Lokale i 2.etg med cellekontor. Markedet for utleige er ikkje det beste i området.

Spesielle forhold

Konsesjonsplikt <input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei	Forkjøpsrett <input type="radio"/> Ja <input checked="" type="radio"/> Nei	Ledig (m ²)
Evt. kommentarer		

Kommentarer til Grunnboksbladet

Utskrift av grunnboka ligg ved. Tinglyste avtalar er bestilt men ikkje mottatt.

Teknisk verdiberegning; bygninger og tomt

Beregnete byggekostnader, Hovedbygg A			3 955 500
- Verdireduksjon	- Hovedbygg A	30	1 186 650
Beregnete byggekostnader etter fradrag			= 2 768 850
Samlet sum beregnede byggekostnader			= 2 768 850
+ Tomteverdi, justert for verdifaktor			+ 284 400
Sum beregnet teknisk verdi; bygninger og tomt			= 3 053 250

Kommentar til teknisk verdiberegning

Samla tomteareal er 1264 m².

I teknisk verdiberegning er det medteke halve tomtearealet ca 632 m².

Verdianalyse

Kostnader	A Faktisk leie	0	B Markedsleie	102 550
Offentlige avgifter	1 160		1 160	
Eiendomsskatt	0		0	
Forsikringer	14 026		14 026	
Vedlikehold / adm	5 000		5 000	
	0		0	
	0		0	
Inntektsfradrag		20 186		20 186
	Normal leieinntekt A	-20 186	Normal leieinntekt B	82 364
	-Tap ved ledighet	10 255	-Tap ved ledighet	10 255
	NETTO LEIE	-30 441	NETTO LEIE	72 109
Begrunnelse for valg av kapitaliseringsrenten / netto avkastningskrav				
Kapitalisert verdi	A ut fra 8.75 % avkastn.	-348 000	B ut fra 8.75 % avkastn.	824 000
Kommentar angående inntekter, kostnader og ledighet				

Markedsanalyse - Kommentar til verdikonklusjon

Ledig på salstidspunktet.

Verdikonklusjon

Oppdragsgiver må kontrollere dette dokument for eventuelle feil og mangler før det benyttes!
Ut fra visuell befaring og innhentede opplysninger settes:

Markedsverdi: kr 825 000
Anbefalt låneverdi: kr 700 000

Underskrifter

Sted og dato

Takstingeniør



Volda 17.01.2013

Uno Lundberg.

Dokumentkontroll

Kart fra Sunnmørskart, utskrift av grunnboka, tinglyste avtaler, informasjon frå kommunen.

Rekneskap snitt 2010 - 2012

Leigeinntekt kontor	kr 78 480,00
Leigeinntekt møtelokale	kr 34 846,67
Total leigeinntekt	kr 113 326,67
Andre inntekter	kr 16 252,33
	kr 129 579,00

Utgifter

Lønskostnad	kr 3 216,67
Avskrivning	kr 37 000,00

Straum	kr 41 288,33
Reinhold renovasjon	kr 4 789,33
Rekneskap og revisjon	kr 19 421,00
Vedlikehold	kr 21 940,00
Forsikring	kr 13 442,00
Sum spesifiserte	kr 100 880,67
Andre utgifter	kr 12 478,67
Sum annen driftskostnad	kr 113 359,33

Driftsresultat -kr 16 683,67

Renteinntekt	kr 982,00
Renteutgift	kr 3 688,00

Årsresultat -kr 19 389,67

Prognose 1

2015

Inntektsgivende arrangeme	kr 25 000,00
Leigeinntekt møtelokale	kr 33 500,00
Gåver / offer m.m.	kr 3 000,00
	kr 61 500,00

Utgifter

Lønskostnad	kr 10 000,00
Avskrivning	kr 25 000,00

Straum	kr 10 000,00
Reinhold renovasjon	kr 3 500,00
Rekneskap og revisjon	kr 3 000,00
Vedlikehold	kr 12 000,00
Forsikring	kr 10 000,00
Sum spesifiserte	kr 38 500,00
Andre utgifter	kr 8 000,00
Sum annen driftskostnad	kr 46 500,00

Driftsresultat -kr 20 000,00

Renteinntekt	kr 20 000,00
Renteutgift	

Årsresultat kr 0,00

Prognose 2

2015

Inntektsgivende arrangement	kr 15 000,00
Leigeinntekt møtelokale	kr 33 500,00
Gåver / offer m.m.	kr 3 000,00
	kr 51 500,00

Utgifter

Lønskostnad	kr 10 000,00
Avskrivning	kr 25 000,00

Straum	kr 20 000,00
Reinhold renovasjon	kr 3 500,00
Rekneskap og revisjon	kr 16 000,00
Vedlikehold	kr 12 000,00
Forsikring	kr 10 000,00
Sum spesifiserte	kr 61 500,00
Andre utgifter	kr 8 000,00
Sum annen driftskostnad	kr 69 500,00

Driftsresultat -kr 53 000,00

Renteinntekt	kr 20 000,00
Renteutgift	

Årsresultat -kr 33 000,00

13.05.2013



ÅRSOPPGJØRSRAPPORT

Kyrkjelydshus for Leikanger Sokn

2012

Årsmelding
Revisjonsmelding

Resultatregnskap
Balanse
Noter

ÅRSMELDING 2012

Årsmelding for 2012. Stiftinga Kyrkjelydshus for Leikanger Sogn

Stiftinga er ein sjølvveigd institusjon som er oppretta av Leikanger Sokneråd og har som føremål å drive arbeidskyrkje og utleige av møterom.

Namn: Kyrkjelydshus for Leikanger Sogn
Adresse: 6080 GURSKØY
Org.nr.: 979 574 622

Styret for Stiftinga ser det slik at alt ligg til rette for fortsatt drift, og at reknskapen er utarbeidd under denne føresetnaden. Foretaket er ei stifting og stiftingskapitalen står ubrukt. Rekneskapen for 2012 viser eit underskott på kr 9299,- som er belasta eigenkapitalen. Arbeidsmiljø: Det har ikkje vore sjukefråver, skadar eller ulukker. Stiftinga driv ikkje noko form for verksemd som kan skade/påverke det ytre miljø.

Desse har leigd kontorlokale i 2012:

- Logica Norge AS
- Leikanger Sokneråd
- Møre Byggservice AS
- Herøy Kyrkjelege Fellesråd

Faste leigetakarar på møterom er:

- Kraftlaget Tverrkyrkjelege Felleskap

Det har i 2012 vore halde fem styremøte og handsama 19 saker.

Hovudsaka for styret dette arbeidsåret har vore å få på plass vedtektsendringar og dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen

Årsmøtet for 2011 vart halde den 10. mai.

Årsmøtesaker: årsmelding, rekneskap, val og andre årsmøtesaker.

Styret for Stiftinga Kyrkjelydshus for Leikanger Sogn har frå 10. mai 2012 vore samansett slik:

Leiar: Jon Arne Rødskar

Nestleiar: Unni Abrahamsen

Kasserer: Solveig Nordberg Båtsvik

Styremedlem og utleigeadministrator: Ingbjørn Husøy

Soknerådet sin representant er May Flisen Dimmen

1. varamedlem: Elin Torvholm

2. varamedlem: Elisabeth Tandberg

3. varamedlem: Ingrid Måløy


Takk til alle som støttar Kyrkjelydshuset i bøn og med gaver til huset.


For Stiftinga Kyrkjelydshus for Leikanger Sogn:


Jon Arne Rødskar


Ingbjørn Husøy


Unni Abrahamsen


May Flisen Dimmen


Solveig Nordberg Båtsvik

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Til
Stiftinga Kyrkjelydshus for Leikanger sokn

6080 GURSKØY

REVISJONSMELDING 2012

Uttalelse om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for 2012. Årsrekneskapen består av årsmelding, resultatrekneskap og balanse pr 31.12.2011 med notar som beskriver nytta rekneskapsprinsipp og andre relevante opplysningar.

Resultatrekneskapen viser eit årsunderskot på kr 9.299,-.

Urorleg kapital pr 31.12.2012 utgjer kr 50.000,- og fri kapital kr 24.604,-.

Styret sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov, forskrift og god regnskapsskikk. Styret har og ansvar for intern kontroll som gjer det muleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av mislegheiter eller feil.

Revisor sine oppgåver og plikter

Vår oppgave er å gi ein uttale om årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber utførelse av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningar i årsrekneskapen. Dei valte handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, enten det har si årsak i mislegheiter eller feil. Ved ein slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for stiftinga sin utarbeidelse av eit årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikke for å gi uttrykk for ein meining om effektiviteten av den interne kontroll. Revisjonen omfattar og ein vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata som er utarbeida er rimelege, samt ein vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Revisjon
Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta

SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Uttalelser om andre forhold

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i hht attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi styret har oppfylt plikta si til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av legatet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god rekneskapsskikk i Norge.

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som beskrevet ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.

Konklusjon

Etter vår meining er årsrekneskapen avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillingen til stiftinga kyrkjelydshus for Leikanger sokn pr 31. desember 2012, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne dato som er i samsvar med lov, forskrift og god rekneskapsskikk.

Larsnes 24/2-2013

Halldis Moltu
Halldis Moltu

Reg. revisor

Resultatregnskap

	Note	2012	2011
Husleigeinntekter		114 080	111 120
Andre driftsinntekter		13 718	23 456
Sum driftsinntekter		127 798	134 576
Lønnskostnad	3	9 650	0
Avskrivning bygg og inventar	2	37 000	37 000
Annen driftskostnad	3	88 524	83 109
Driftsresultat		-7 376	14 467
Annen renteinntekt		966	940
Annen rentekostnad	4	2 889	4 034
Årsresultat		-9 299	11 373
Overført egenkapital	5	-9 299	11 373
Sum disponert		-9 299	11 373

Balance

	Note	2012	2011
Eiendeler			
Anleggsmidler			
Varige driftsmidler			
Kyrkjelydshus	2	1 410 400	1 447 400
Sum varige driftsmidler		1 410 400	1 447 400
Sum anleggsmidler		1 410 400	1 447 400
Omløpsmidler			
Kundefordringer		4 300	10 500
Andre fordringer		14 627	0
Sum fordringer		18 927	10 500
Bankinnskudd, kontanter o.l.		62 133	85 008
Sum omløpsmidler		81 060	95 508
Sum eiendeler		1 491 460	1 542 908

Balanse

	Note	2012	2011
Egenkapital og gjeld			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Stiftelseskapital	5	50 000	50 000
Sum innskutt egenkapital		50 000	50 000
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital	5	24 604	33 903
Sum opptjent egenkapital		24 604	33 903
Sum egenkapital		74 604	83 903
Gjeld			
Lån	4	1 410 000	1 450 000
Leverandørgjeld		4 024	2 531
Annen kortsiktig gjeld		2 832	6 474
Sum gjeld		1 416 856	1 459 005
Sum egenkapital og gjeld		1 491 460	1 542 908

Gurskøy, 31.12.2012

Styret for KYRKJELYDSHUS FOR LEIKANGER SOKN


Jon Arne Rodskar
Styreleder


Ingbjorn Husog
Styremedlem


Unni Lillebo Abrahamsen
Nestleder


May Flisen Dimmen
Styremedlem/soknerads repr.


Solveig Hellen Nordberg Batsvik
Styremedlem

Noter til årsregnskapet 2012

Kyrkjelydshus for Leikanger Sogn

NOTE 1 REGNSKAPSPRINSIPPER

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapskikk for små foretak. Omlopsmidler er verdsatt til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi, tilsvarende vurderingsprinsipp er benyttet for kortsiktig gjeld. Anleggsmidler er verdsatt til historisk kost, med nedskrivning til virkelig verdi når verdifallet forventes ikke å være forbigående. For avskrivbare eiendeler reduseres kostpris med planmessige avskrivninger.

NOTE 2 DRIFTSMIDLER

	Kyrkjelydshus	Spelemidler	Inventar	Sum
Anskaffelseskost 1.1	2 852 161	-1 000 000	20 043	1 872 204
Tilgang i året	0	0		0
Avgang til anskaffelseskost				0
Samlede avskrivninger pr. 31.12	-593 761	152 000	-20 043	-461 804
Samlede nedskrivningen pr. 31.12				0
Bokført verdi pr. 31.12.	2 258 400	-848 000	0	1 410 400
Årets avskrivninger	57 000	-20 000	0	37 000
Økonomisk levetid	50 år	50 år	10 år	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	Lineær	

Selskapet mottok i 2001 investeringstilskudd på kr. 161.335,- i forbindelse med oppføring av bygg. Tilskuddet er ført etter netto anskaffelseskost, slik at selskapet bare har aktivert det som overstiger tilskuddet. Spelemidler mottatt frå og med 2004 er avskrevet etter samme lineære avskrivningsplan som kyrkjelydshuset.

NOTE 3 LONNSKOSTNADER, ANTALL ANSATTE, GODTGJØRELSER, LÅN TIL ANSATTE M.M.

Selskapet har ingen ansatte og det er ikke utbetalt godtgjørelse til styret eller andre ledende personer.

Revisor

Revisjonshonorar er kostnadsført med kr. 1 813.

Noter til årsregnskapet 2012

Kyrkjelydshus for Leikanger Sogn

NOTE 4 LANGSIKTIG GJELD OG PANTESTILLELSER

Langsiktig gjeld :

	<u>2012</u>	<u>2011</u>
1 pr. pantelån Herøy Kommune	1 300 000	1 300 000
Opplysningsvesenets fond	110 000	150 000
Sum	<u>1 410 000</u>	<u>1 450 000</u>


Pantestillelser:

	<u>2012</u>	<u>2011</u>
Bokført gjeld sikret ved pant	1 410 000	1 450 000
Bokført verdi pantsatte eiendeler :		
Varige driftsmidler	1 410 000	1 447 400
Sum	<u>1 410 000</u>	<u>1 447 400</u>

NOTE 5 EGENKAPITAL

	Stiftelseskapital	Annen EK	Sum
Egenkapital 01.01	50 000	33 903	83 903
<i>Årets endring i egenkapital</i>			
Årets resultat		-9 299	-9 299
Egenkapital 31.12	50 000	24 604	74 604

Stiftelseskapitalen på kr. 50.000. Dette er innsamlte midler fra bygdefolket og tilført selskapet fra en post som Leikanger Sognråd disponerte.



Eigedomsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	RMY	Arkivsaknr:	2013/277
		Arkiv:	614

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
59/13	Formannskapet	12.03.2013
115/13	Formannskapet	18.06.2013

REMØY SKULE - SAL AV SKULEN TIL REMØY OG SÆVIK GRENDALAG

Møtebehandling:
Saka vert utsett.

Tilråding:

1. Herøy kommune tilbyr Remøy og Sævik grendalag å overta Remøy skule – gnr. 12 bnr. 44 samt del av gnr. 12 bnr. 5 – vederlagsfritt.
2. Herøy kommune dekkjer omkostningane ved overdraging av eigedomen. Som økonomisk driftstilskot, yter Herøy kommune fyrste driftsår kr. 50 000, finansiert over eigedomsavdelinga sitt driftsbudsjett for 2013.
3. Ordføraren får fullmakt til å signere salskontrakt ved eventuell avhending.
4. Dersom Remøy og Sævik grendalag ikkje ynskjer å overta Remøy skule på ovannemnde vilkår, ber Formannskapet om at eigedomen vert omregulert og lagt ut for sal som bustadområde.

Særutskrift

Remøy og Sævik grendalag v/ Gisle Vinjevoll Thrane, 6094 Leinøy
Eigedomsavdelinga, her

Vedlegg:

1. Remøy skule – ortofoto
2. Remøy skule – reguleringskart
3. Utkast til kontrakt

Saksopplysningar:

Saka gjeld sal av Remøy skule med tilhøyrande uteareal til Remøy og Sævik grendalag.

Bakgrunn

Eigedomsavdelinga er i dialog med Remøy og Sævik grendalag om avhending av gamle Remøy skule.

Grendalaget aksepterer vederlagsfri overdragelse av skulen «som den er» som grunnleggande utgangspunkt for ei overdraging, men har påpeikt at ein ser drenering på skuleområdet som ei utfordring grendalaget ynskjer bistand til å løyse. Overflatevatn frå fjellet blir leia i leidning inn mot nordvestleg del av bygningskroppen, noko som igjen fører til fuktproblematikk i fleire av romma i kjellaren.

Eigedomsavdelinga har som prinsipielt utgangspunkt avslått å gjere større arbeid ved skulen i forbindelse med overdraginga og har for så vidt vist til den linje ein har lagt seg på i forhandlingar med grendalaga i Kvalsvika, Frøystad og Bø. Grendalaget har ytra ynskje om at Herøy kommune yter eit eingangs driftstilskot på kr. 50 000 ved overdraginga.

Eigedomen

Remøy skule omfattar eigedomen gnr. 12 bnr. 44 samt tilgrensande uteareal på del av gnr. 12 bnr. 5, sjå ortofoto i vedlegg 1.

Kommunens eigedomar gnr. 12 bnr. 5 og bnr. 44 er i si heilheit regulert til offentleg formål i reguleringsplan av 19.12.2002, sjå reguleringskart i vedlegg 2.

Grunneigedomane bnr. 5 og bnr. 44 er totalt 11 600 m² store. Det areal som er foreslått avhenda er ca 5 000 m² stort og omfattar Remøy skule samt tilgrensande uteareal med ballbinge og leikeapparat.

Salsvilkår

Salsvilkåra framgår av vedlagte utkast til kontrakt og innebær i hovedtrekk:

- Skulen vert overført vederlagsfritt
- Herøy kommune dekkjer omkostningane ved eigedomsoverdraginga
- Herøy kommune har forkjøpsrett til eigedomen dersom grendalaget på eit seinare tidspunkt skulle ynskje å avhende den. Eigedomen skal i så fall tilbakeførast vederlagsfritt og utan pengehefte, eventuelt etter takst for gjennomført utviding eller standardauke på eigedomen. Herøy kommune dekkjer også omkostningane ved ei eventuell tilbakeføring av heimelen.

Sal av andre skulebygg

Eigedomsavdelinga er i dialog med Frøystad grendalag om uteområdet ved Frøystad skule. Overdragelse av dei gamle skulebygningane vert pt. ikkje vurdert som aktuelt for grendalaget. Det vil difor bli fremma eiga sak i løpet av april månad om disposisjonsrett til eller overdragelse av uteområdet ved skulen til grendalaget.

Dersom Formannskapet tilbyr Remøy og Sævik grendalag eit eingangs driftstilskot på kr. 50 000, bør Kvalsvik grendalag få same tilbodet. Ein vil i så fall fremje ny sak om avhending av Kvalsvik skule etter at Eigedomsavdelinga har vore i dialog med grendalaget der.

Vurdering og konklusjon:

Det er viktig for kommunen å avhende tomme bygg, likens er det viktig å bidra til ny aktivitet på dei øyane som har mista grendaskulen sin. Rådmannen rår difor Formannskapet til å tilby Remøy skule til Remøy og Sævik grendalag vederlagsfritt, likevel slik at grendalaget også får eit eingangs driftstilskot på kr. 50 000.

Kontraktsvilkåra ovanfor er i samsvar med vilkåra for overdraging av Bø skule til Bø og Sande grendalag. Dersom Remøy og Sævik grendalag får utbetalt eit eingangs driftstilskot på kr. 50 000, vil dette likevel være eit avvik frå dei vilkår Bø skule vart overført til Bø og Sande grendalag. Ein presiserer i den samanheng at Bø og Sande grendalag ved overdraginga også fekk maling og material til ein verdi på ca. kr. 20 000. Vidare var og er Bø og Sande grendaskule ein nyare skule enn Remøy skule, i vesentleg betre stand og med eit vesentleg anna potensiale, mellom anna ved å ha gymsal. Desse momenta må takast i betraktning ved avgjersle av saka.

Det er ikkje behov for Remøy skule i kommunal regi i dag. Dersom grendalaget ikkje vil overta skulebygget, rår Rådmannen til at det vert igangsett ein prosess for å utvikle skuleområdet til framtidig bustadområde.

Konsekvensar for folkehelse:

Sal av Remøy skule til grendalaget kan gi ny giv til ei øy med vekstpotensial og faktisk tilflytting av barnefamiljar med meir. Ny aktivitet ved Remøy skule vert i såfall vurdert som eit positivt bidrag til folkehelsearbeidet.

Konsekvensar for beredskap:

Bygget kan nyttast som innkvarteringsberedskap.

Konsekvensar for drift:

Sal av Remøy skule reduserer driftskostnadane og tilsynsansvaret for Eigedomsavdelinga og gir auka handlingsrom til å løyse andre prioriterte oppgåver.

Fosnavåg, 27.02.2013

Erlend Krumsvik
Rådmann

Robert Myklebust
Avd.leiar

Sakshandsamar: Robert Myklebust



12/298

12/4

12/44

12/152

12/253

12/20

12/17

12/183

12/294


12/251

12/17

12/5

 **HERØY KOMMUNE**
28.02.2013 1:1000
Det kan forekomme feil i kartet



Offentleg formål - skule
BYA 25%

Friluftsområde

REMØY

Balløkke

12/233
Allmennyttig formål

12/175
PARKERING
0.4 daa

Veg 1
PARKERING
0 daa

HERØY KOMMUNE
 28.02.2013 1:1000
 Det kan forekomme feil i kartet

KONTRAKT OM SAL AV REMØY SKULE

Mellom

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Org.nr.: 964 978 840

og

Remøy og Sævik grendalag

Org.nr.: 994 258 796

Adresse

Postnr. Og sted

er det i dag inngått slik avtale:

1. BAKGRUNN

Herøy kommune er eigar av gnr. 12 bnr. 44 – Remøy skule - i Herøy kommune. Kommunen overdrag ved denne kontrakt eigedomen med påståande bygg samt tilgrensande del av gnr. 12 bnr. 5 til Remøy og Sævik grendalag.

2. EIGEDOMEN

Eigedomen gnr. 12 bnr. 44 er ca 953 m² stor.

Som ledd i overdraginga fyl også del av gnr. 12 bnr. 5 på ca. 4000 m². Det samla arealet som skal overdragast er difor ca 5000 m² stor som vist på vedlagte kart.

Ein presiserer at arealtala er oppmålt manuelt og difor kan avvike frå endeleg oppmålt areal. Eit eventuelt arealavvik gir ikkje grunnlag for misleghaldsbeføyelsar frå kjøpars side.

3. KJØPESUM / OMKOSTNINGAR

Eigedomen overdragast frå Herøy kommune til Remøy og Sævik grendalag vederlagsfritt.

Herøy kommune dekkjer kostnadane ved overdraging av eigedomen, herunder:

- Oppmålingskostnadar
- Tinglysingsavgifter
- dokumentavgift
- eventuelle utgifter til takst

4. OVERTAKING

Remøy og Sævik grendalag disponerer rettsleg og faktisk som ny eigar av eigedomen frå og med dato for begge partars signatur av denne avtalen. Dette sjølv om formell heimelsoverføring finn stad etter dette tidspunkt.

Avtalen vert ikkje signert frå Herøy kommunes side før den er godkjent av Formannskapet.

5. HEIMELSOVERFØRING

Herøy kommune plikter å søke frådeling og oppmåling av eigedomen – jf. pkt. 2 ovanfor – snarast mogleg etter begge parters signatur av avtalen samt overføre heimelen til eigedomen snarast mogleg etter at oppmåling er gjennomført.

6. TILSTAND

Eigedomen seljast "som den er", jf. avhendingslova § 3-9.

Remøy og Sævik grendalag har i forkant av overdraginga undersøkt eigedomen med påståande bygg og tilbehør og kan ikkje fremje misleghaldskrav mot kommunen for forhold som grendalaget burde oppdaga ved sine undersøkingar av eigedomen.

7. HEFTE

Eigedomen seljast fri for pengehefte.

Remøy og Sævik grendalag er kjent med øvrige hefte på eigedomen, jf. grunnboksutskrift i vedlegg 2.

Herøy kommune tinglyser i samband med eigedomsoverdraginga også ein forkjøpsrett til fordel for Herøy kommune, jf. pkt. 8 nedanfor.

8. FORKJØPSRETT

Dersom Remøy og Sævik grendalag ynskjer å avhende eigedomen, har Herøy kommune forkjøpsrett til foretrengsel for eventuelle andre interessentar.

Dersom Herøy kommune nyttar seg av forkjøpsretten, skal eigedomen tilbakeførast vederlagsfritt og utan pengehefte, eventuelt etter takst for gjennomført utviding eller standardauke på eigedomen.

Herøy kommune innhentar verdivurdering av eigedomen pr overtakingsdato som skal oppdaterast og leggest til grunn for eit økonomisk oppgjør partane i mellom ved ein eventuell bruk av forkjøpsretten. Herøy kommune ber også omkostningane til dokumentavgift og tinglysingsgebyr ved ei eventuell tilbakeføring av eigedomen frå grendalaget.

9. FORSIKRING

Herøy kommune held eigedomen forsikra fram til overtakelsesdato kl 12:00, jf. pkt. 4 ovanfor.

Frå og med overtakelsesdato har Remøy og Sævik grendalag det fulle og heile ansvar og risiko for eigedomen. Remøy og Sævik grendalag pliktar sjølv å teikne dei naudsynte forsikringar for eigedomen innan overtakelsesdagen.

10. TILBEHØR

Eigedomen overdragast med det tilbehør (inventar, utstyr mv.) som er på skulen pr overtakelsesdato.

11. VEDLEGG

Som vedlegg til denne avtalen følgjer:

- Kartskisse av 27.02.2013

- Grunnboksutskrift pr 27.02.2013

12. SIGNATUR

____ / ____ / 2013


For Herøy kommune

Arnulf Goksøy
Ordfører

____ / ____ / 2013

For Remøy og Sævik Grendalag

Styreleiar



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/764
		Arkiv:	030

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
116/13	Formannskapet	18.06.2013
	Kommunestyret	27.06.2013

NAMNEENDRING - VEST KONTROLLUTVALSSEKRETARIAT

Tilråding:

Herøy kommunestyret har ikkje merknad til at namnet Vest kontrollutvalsekretariat vert endra til Vest kontroll.

Særutskrift:

- Vest kontrollutvalssekretariat v/Jostein Støylen
- Økonomiavdelinga

Saksopplysningar:

Eg tek med frå sak 6/13 i styret VKUS:

«Det viser seg at Vest kontrollutvalsekretariat er noko tungvindt, både å skrive og uttale. Det bør difor vurderast å korte namnet til Vest kontroll. No har vi og fått godkjent domene vestkontroll både på e-pst, facebook og twitter.

I vedtektene/samarbeidsavtalen § 16 står det:

«Vedtektsendringar:

Endring av desse vedtektene, må etter behandling i styret, vedtakast av dei respektive kommunestyra. I dei tilfella der det ikkje gjort samsvarande vedtak i alle kommunestyra, gjeld det som fleirtalet har slutta til.»

Eg synest dette er vel tungvint å måtte behandle så lite i kommunestyret, då det reelle innhaldet i avtalen ikkje er endra, og meiner dette heller ikkje var meininga når avtalen vart behandla.

Ut frå dette gjer vi vedtak i styret om namneendringa, sender det over til eigarkommunane og set ein frist for tilbakemelding dersom nokon skulle ha andre meiningar/merknader.

Forslag til vedtak:

Dersom ingen av eigarkommunane har merknader innan 30.06.2013 vert namnet Vest kontrollutvalsekretariat endra til Vest kontroll frå 01.07.2013.

Styret gjorde vedtak i samsvar med innstillinga i møtet 21.05.2013.

Vurdering og konklusjon:

Eg har ingen merknad og kjem med innstilling om å endre namnet til Vest kontroll.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.


Konsekvensar for drift:

Ingen.

Fosnavåg, 06.06.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad



Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/512
		Arkiv:	U01

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
117/13	Formannskapet	18.06.2013
	Kommunestyret	27.06.2013

STIFTINGA HERØY NÆRINGSFORUM - VEDTEKTSENDRING.

Tilråding:

Herøy kommune har ikkje merknader til endringane i vedtektene for Herøy Næringsforum datert 11. april 2013 slik dei går fram av vedlegget.

Særutskrift:

- Herøy Næringsforum v/styreleiar Stig Remøy
- Herøy Næringsforum v/dagleg leiar Geir Idar Kvalsvik
- Kommunerevisjonen
- Kontrollutvalet

Vedlegg:

- Protokoll frå styremøte i stiftinga Herøy Næringsforum AS
- Framlegg til vedtekter for stiftinga Herøy Næringsforum.
- Vedtekter for stiftinga Herøy Næringsforum vedtatt på skipingsmøte 7. januar 2002, endra på ekstraordinært styremøte 5. juli 2002.
- Kapittel 4 Stiftelsers organisasjon i stiftelsesloven

Saksopplysningar:

Vedtekter for stiftinga Herøy Næringsforum vedtatt på skipingsmøte 7. januar 2002, endra på ekstraordinært styremøte 5. juli 2002.

I F-sak 85/04 vart det gjort slikt vedtak:

«Herøy kommunestyre melder følgjande framlegg om vedtektsendring til årsmøtet for stiftinga Herøy Næringsforum:

Vedtektene § 5 vert endra slik at kommunen sine representantar går ut som medlemmer til styret. Herøy kommune ved ordførar og rådmann skal ha tilsendt innkalling/sakliste og har sjølve eller ved stedfortredar, møte- og talerett.

Vedtaket er gjort med heimel i kommunelova § 13.»

Herøy kommune mottok slik utgreiing frå styreleiar Stig Remøy i Stiftinga Herøy Næringsforum 07.05.2013:

«Den 11. april 2013 vedtok styret i Stiftelsen Herøy Næringsforum å endre vedtektene i Stiftelsen Herøy Næringsforum. I henhold til stiftelsesloven § 49 skal oppretteren av en stiftelse gi en uttalelse knyttet til den endring som ønskes gjennomført. Styrets beslutning, samt oppretternes uttalelse skal følge søknad om vedtektsendring til Stiftelsestilsynet.

Med bakgrunn i det ovennevnte, vil jeg på vegne av stiftelsene nedenfor redegjøre nærmere for bakgrunnen for vedtektsendringene.

1. Innledning

Som det fremgår av de gjeldende vedtektene er styret stiftelsens høyeste organ. Det fremgår imidlertid også av vedtektene at stiftelsen skal ha en valgnemnd og et årsmøte. For så vidt gjelder årsmøtet skal dette innstille i nærmere angitte saker. Videre fremgår det at innskyterene (oppretterne) skal treffe endelig beslutning om styrevalg.

Slik styret i stiftelsen ser det er den strukturering av stiftelsen som dagens vedtekter medfører, ikke i tilstrekkelig grad klar i forhold til endelig myndighet for de enkelte organene. Gitt stiftelsens styre og omfanget av de midlene som forvaltes, er det også etter styrets oppfatning overflødig at stiftelsen har flere organ enn styre og en valgkomite. Styrets mener videre i tilknytning til dette at de siste års deltagelse på årsmøtet og innskyternes ønske / behov for involvering bekrefter styrets oppfatning. Med utgangspunkt i det nevnte har styret som nevnt utarbeidet og vedtatt nye vedtekter. Styrets vurderinger knyttet til foretatte endringene, oppsummeres nedenfor.

2. Nærmere om endringene

Avviklingen av årsmøtet

Ved etablering av stiftelsen var det et ønske at hele næringslivet i Herøy skulle få anledning til å engasjere seg i stiftelsen. Slik det har fungert de siste årene har deltagelsen på årsmøtet imidlertid vært svært begrenset. Som det fremgår av de

opprinnelige vedtektene er årsmøtets myndighet svært begrenset. Ut over disponering av eventuelt overskudd og valg av valgkomite, har årsmøtet kun rett til å innstille.

Det ovennevnte tatt i betraktning, mener styret i stiftelsen at det er uheldig at årsmøtet skal være tillagt myndighet i stiftelsen. Selv om myndigheten er begrenset har de siste års erfaringer vist at dagens struktur åpner for mye diskusjoner og uklarheter ift årsmøtet. Det forhold at deltagelsen fra næringslivet i Herøy har vært begrenset og at ingen har plikt til å delta, gjør at de beslutninger som tilligger årsmøtet ikke sikres tilstrekkelig behandling. Så lenge en ikke oppnår at årsmøtet representerer en tilstrekkelig bredde av næringslivet, vil intensjonen med å åpne for deltagelse fra alle næringsdrivende i kommunen, virke mot sin hensikt. Vi har vurdert om vi i stedet for å avvikle årsmøtet, skulle definere årsmøtet nærmere, herunder at medlemmer av årsmøtet skulle ha møteplikt. Tatt i betraktning stiftelsens størrelse, samt vedtektenes angivelse av styresammensetningen i stiftelsen, har styret imidlertid kommet til at en slik løsning ville komplisere stiftelsens struktur unødige.

For å besørge at de representanter i Herøy som ønsker oppdatering om stiftelsens arbeid får dette, skal styret i henhold til de nye vedtektene innkalle til informasjonsmøte en gang i året.

Avslutningsvis presiseres at det som følge av avviklingen av årsmøtet også er gjort endring i vedtektene § 9 (tidligere § 7) slik at eventuelt overskudd skal disponeres av stiftelsens styre. Det bemerkes i tilknytning til dette at stiftelsen kun sporadisk har hatt positive driftsresultat. Endringen på dette punkt har etter styrets oppfatning dermed liten realitet. Gitt engasjementet i årsmøtet, vil en overføring av denne oppgaven fra årsmøtet til styret der alle de i vedtektene angitte næringer er representert, uansett sikre en beredere vurdering.

Avvikling av innskytternes beslutningsmyndighet

Ut fra det forhold at innskytterne i de siste år, slik styret oppfatter det, ikke har ønsket å involvere seg i stiftelsens styresammensetning, mener styret at en ved å tillegge valg av styre til valgkomiteen får en mer hensiktsmessig tydeliggjøring av styrevalget. Bakgrunnen for at styrevalg er tillagt valgkomiteen er at det organ som har beslutningsmyndighet har tilstrekkelig innsikt i stiftelsens formål og virksomhet.

Øvrige endringer av §§ 4 og 5

Ut over det som knytter seg til årsmøtet og valgkomiteen (se nærmere om denne nedenfor) er det foretatt presiseringer knyttet til styrets sammensetning og oppgaver. Slik styret ser det er de foretatte endringene en harmonisering til gjeldende stiftelseslov, slik at blant annet styrets funksjonstid samsvarer med loven. I og med at det ikke utbetales styrehonorar til styremedlemmer, anser styre endringene på dette punkt å være av teknisk karakter.

Tidspunkt for fremleggelse av årsregnskap er forskjøvet til 30. juni. Dette er utelukkende av praktiske, tidsmessige hensyn.

I de opprinnelige vedtektene er det angitt at det også skal velges varamedlemmer. Idet dette ikke har blitt gjort de siste årene og at styret består av relativt mange medlemmer, har styret fjernet dette fra de nye vedtektene.

§ 6 – Valnemnd

Det fremgår av de nye vedtektene at stiftelsen skal ha en valnemnd og at denne skal velges av styret.

Med bakgrunn behovet for å klargjøre valgkomiteens arbeid, og at årsmøtet avvikles, er det tilføyd et nytt punkt i vedtektene vedrørende valgkomiteen. Som det fremgår skal valgkomiteen velges av styret. Det som har vært styrets målsetning i vurderingen knyttet til dette punkt, er at en skal oppnå en ønsket ro og kontinuitet knyttet til stiftelsens arbeid.

Tatt i betraktning at det i vedtektene for øvrig er gitt klare rammer styresammensetning, funksjonstid og at styret ikke kan instruere valgkomiteen i sitt arbeid, mener vi endringen på dette punkt, vil være en vesentlig forbedring ift dagens praksis. Slik fremmøtet har vært på årsmøtet de siste årene ville en videreføring av at valgkomiteen skulle velges av årsmøtet (om dette hadde vært videreført) kunne innebære at en svært begrenset gruppe av aktører fra næringslivet nærmest alene kunne bestemme medlemmer av valgkomiteen og derigjennom indirekte "sette sitt eget styre". Dette kan neppe være forenlig med å tillegge valg av valgkomiteen til årsmøtet av demokratihensyn.

Avsluttende kommentarer

Som ledd i harmoniseringen med stiftelsesloven er det også inntatt et nytt § 7 der det fremgår at styret velger stiftelsens revisor.

Med bakgrunn i det ovennevnte anmodes innskyterne om å gi sin uttalelse mht hvorvidt innskyterne støtter styrets forslag til vedtektsendring i Stiftelsen Herøy Næringsforum. Av hensyn til saksbehandlingstiden hos Stiftelsestilsynet, ber vi om tilbakemelding så snart som mulig.»

Vurdering og konklusjon:

Herøy Næringsforum er ei stifting. Slik eg forstår stiftelseslova, skal ei stifting ha eit styre og styret er stiftinga sitt øvste organ, jfr § 30. Styret kan tilsette ein dagleg leiar, jfr § 34. I vedtektene kan det bestemast at stiftinga skal ha andre organ enn styre og dagleg leiar, jfr § 36. Det går også fram av § 36 kva slags mynde slike organ kan ha.

Når det gjeld endring av vedtektene, viser styret til § 49 i stiftelseslova. Eg tek med lovteksten her:

«§ 49. Saksbehandling ved omdanning

Før Stiftelsestilsynet eller den som i tilfelle er gitt omdanningsmyndighet etter vedtektene, treffer vedtak om omdanning, skal det innhentes uttalelse fra oppretteren, hvis ikke det er oppretteren selv som har søkt om omdanning. Hvis oppretteren er død, skal det om mulig innhentes uttalelse fra slektninger og andre som har stått ham eller henne nær, og fra organisasjoner, offentlige myndigheter og andre som berøres av omdanningen. Det skal også innhentes uttalelse fra styret, hvis ikke det er styret selv som skal treffe vedtaket, eller det er styret som har søkt om omdanning.»

Etter det eg kan sjå er endringane i vedtektene i samsvar med stiftelseslova.

Herøy Næringsforum sitt formål er formulert i § 3 i vedtektene:

«Stiftinga sitt føremål er å marknadsføre Herøy og Fosnavåg gjennom konkrete prosjekt og tiltak for utvikling av næringsliv og lokalsamfunn.»

I tillegg har styret i Herøy Næringsforum hatt som ei av sine viktigaste oppgåver å kome med innstilling til handlingsplan og innstilling i enkeltsøknader om RDA- midlar på vegne av næringslivet i kommunen. Det kan sjå ut som kommunen får RDA- midlar i nye sju år.

Styret i Herøy Næringsforum er avhengig av å ha legitimitet for å ivareta denne oppgåva på vegne av næringslivet. Det betyr at næringslivet stiller seg bak styret når det gjeld deira rett til å kome med innstilling i slike saker. Etter mi vurdering må det

vere næringslivet sjølv som til ei kvar tid må ta stilling til om styret har den nødvendige legitimiteten.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen.

Konsekvensar for drift:

Ingen.

Fosnavåg, 30.05.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

PROTOKOLL
FRA
STYREMØTE
I
STIFTELSEN HERØY NÆRINGSFORUM AS

Den 11. april 2013 ble det avholdt styremøte i Stiftelsen Herøy Næringsforum hos Olympic Shipping AS, Fosnavåg.

Til stede var: Stig Remøy
Stig Vestnes
Svein-Rune Gjerde
Maria S Leine
Petter Geir Smådal
Kåre Jensholm

Til stede var også rådmann Erlend Krumsvik, ordfører Arnulf Goksøyr og Geir Idar Kvalsvik

Følgende saker ble behandlet:

Sak 06 / 2013

Innkalling og referat frå styremøte 28. februar 2013 vart godkjent.

Sak 07 / 2013

Styreleder orienterte om at en i tråd med det som ble besluttet i styremøte den 28. februar har innhentet en juridisk vurdering og forslag om forenkling av stiftelsens vedtekter med tanke på å tilpasse vedtektene til ny stiftelseslov, samt også å forenkle stiftelsens struktur for på den måten klargjøre de enkelte organs myndighet. Styret gjennomgikk og kommenterte det fremlagte det forslag til nye vedtekter, og vedtok etter dette enstemmig følgende endringer av stiftelsens vedtekter:

§ 4 endres fra å lyde:

*"Styret er stiftinga sitt høgaste organ og representerer stiftinga utad.
Årsmøtet skal haldast seinast 1. mai kvart år og skal kunngjerast seinast 7 dagar før møtet.
Styreleier kallar inn til årsmøte. Rett til å møte på årsmøtet har representantar for stiftinga og alle registrerte registrerte næringsdrivande i Herøy.*

Årsmøtet skal:

- *Gi innstilling om godkjenninga av rekneskap og årsmelding*
- *Gi innstilling til val av medlemmer til styret*
- *Gi innstilling til val av styreleiar for eitt år*
- *Gi innstilling i saker som er komne inn til årsmøtet*

Innskytarane av grunnkapital i stiftinga gjer endelig vedtak om:

- *Val av medlemmer til styret*
- *Val av styreleier for eitt år."*

til å lyde:

"Styret

Styret er stiftinga sitt høgste organ og representerer stiftinga utad.

Styret skal bestå av 5 – 7 personar. Styremedlemmane skal bestå av representantar frå næringslivet, og kvar av dei følgjande næringane skal ha minst ein styrerepresentant:

- *Handels- og servicenæringa*
- *Industri*
- *Fiskerinæringa*
- *Offshore-næringa*
- *Reiselivsnæringa*

Styremedlemmane blir valt for 4 år. Styrets leder blir valt for 2 år av gangen.

Herøy kommune ved ordførar og rådmann skal ha tilsendt innkalling / sakliste og har sjølve eller ved stedfortreder møte- og talerett."

§ 5 endres fra å lyde:

"Stiftinga skal vere leie av eit styre på 5-7 personar der fylgjande verksemdar og bransjer skal vere representerte:

Medlemmer i styret:

Varamedlemmer:

Frå næringslivet:
5-7 representantar

5-7 personlege vararepresentantar

Kvar av dei følgjande næringane
skal ha ein styrerepresentant

Vararepresentantane skal kome frå dei
same næringane

- Handels og servicenæringa
- Industrien
- Fiskerinæringa
- Offshorenæringa
- Reiselivsnæringa

Herøy Næringsforum skal ha ei valnemnda på 2-5 medlemmer, valt av årsmøtet.

Styremedlemmane blir valde for 2 år, men ved førstegangs val blir halve styret valde for 1 år.

Herøy kommune ved ordførar og rådmann skal ha tilsendt innkalling / sakliste og har sjølve eller ved stedfortreder møte- og talerett."

til å lyde:

"Styret sine oppgåver

Styret står for stiftinga si forvaltning og drift, og innehar alle beføyelsar som ikkje ved desse vedtekter eller ved lov er lagt til eit anna organ. Styret skal sikre ei forsvarleg forvaltning og disponering av grunnkapitalen.

Styret møter regelmessig etter innkalling frå styrets leiar. Medlem av styret kan krevje at styret samlast.

Styret treff sine vedtak ved simpelt fleirtal. Ved stemmelikheit har styrets leiar dobbeltstemme.

Styret skal innan 30. juni kvart år sørge for utarbeiding av årsoppgjer og årsberetning for stiftinga for føregåande års verksemd i samsvar med rekneskapslovas reglar.

Innan 30. juni kvart år skal styret invitere alle registrerte næringsdrivande til eit årleg informasjonsmøte der stiftingas årsoppgjer og årsberetning blir presentert. "

§ 6 endres fra å lyde.

"Stiftinga sitt firma vert teikna av leiaren i styret saman med forretingsførar eller et styremedlem."

til å lyde:

"Valnemnd

Styret vel ei valnemnd, viss einaste oppgåve er å velje styrets medlemmar når vedtektene krev at dette skal skje, jfr § 4.

Valnemnda skal ha 3-5 medlemmar og funksjonstida for valnemndas medlemmar er 4 år. Ved val av valnemnd i 2013 skal alle medlemmar veljast på nytt og minst ein medlem skal veljast med ei funksjonstid på 2 år. Medlemmar av valnemnda skal ha inngåande kjennskap til stiftinga sitt formål, målsetning og verksemd.

Valnemnda kan ikkje instruerast av styret i sitt arbeid."

§ 7 endres fra å lyde:

"Herøy Næringsforum sine utgifter vert delte etter ei slik fordeling:

- Herøy kommune
 - Deltakande verksemdar, sal av tjenester, andre inntekter
- 2/3

Utgiftsfordelinga vert å justere etter samme forhold ved eventuell underskot eller meirutgifter.

Eventuelt overskot vert å disponere etter avgjerd av årsmøtet ved behandling av rekneskap."

til å lyde:

"Revisjon
Styret vel Stiftingas revisor".

§ 8 endres fra å lyde:

"Det vert elles synt til lov av 23. mai 19980 nr. 11 om stiftingar."

til å lyde:

"Teikning av firma
Stiftinga sitt firma blir teikna av styreleiar saman med forretningsførar eller eit styremedlem."

Med bakgrunn i at de nye vedtektene inneheld to nye punkt, blir nytt punkt 9 og punkt 10 som følger:

"§ 9 Deling av kostnader
Herøy kommune ber 1/3 av stiftinga sine kostnader. Resterande del av kostnadane blir enten dekt av deltakande verksemdar eller gjennom sal av teneste eller andre inntekter.

Same forhold gjeld også ved meirkostnader eller ved underskot.

Overskot disponerast etter avgjerd av styret.

§ 10 Anna
Forøvrig gjeld lov 15. juni 2001 nr. 59 om Stiftelsar, eller lov som trer i staden for denne."

Signert versjon av de nye vedtektene fremgår som vedlegg til denne protokoll.

De nye vedtektene Styret besluttet videre at styreleiar skal forelegge endringene til innskytarane for godkjenning og deretter besørge søknad til stiftelsestilsynet om endring av vedtektene.

Flere saker forelå ikke til behandling og møtet ble hevet.

Fosnavåg, 11. april 2013

Stig Remøy

Stig Vestnes

Svein-Rune Gjerde

Maria S Leine

Petter Geir Smådal

Kåre Jensholm

VEDTEKTER
FOR
STIFTINGA HERØY NÆRINGSFORUM

(vedtatt på skipingsmøte 7. januar 2002, og endra på i ekstraordinært styremøte 5. juli 2002 og 11.april 2013)

§ 1 Namn o.a.

Stiftinga sitt namn er Herøy Næringsforum.

Stiftinga er oppretta 7. januar 2002.

Stiftinga sitt sete er i Fosnavåg i Herøy kommune.

§ 2 Grunnkapital

Stiftinga sin grunnkapital er kr 225 000, og er fordelt som følgjar:

Herøy kommune	kr 50 000
Herøy Næringslag	kr 50 000
Fosnavåg Handelsforeining	kr 50 000
Kredittbanken	kr 50 000
Den Norske Bank	kr 25 000
<u>Totalt</u>	<u>kr 225 000</u>

§ 3 Føremål

Stiftinga sitt føremål er å marknadsføre Herøy og Fosnavåg gjennom konkrete prosjekt og tiltak for utvikling av næringsliv og lokalsamfunn.

§ 4 Styret

Styret er stiftinga sitt høgste organ og representerer stiftinga utad.

Styret skal bestå av 5 – 7 personar. Styremedlemmane skal bestå av representantar frå næringslivet, og kvar av dei følgjande næringane skal ha minst ein styrerepresentant:

- Handels- og servicenæringa
- Industri
- Fiskerinæringa
- Offshore-næringa
- Reiselivsnæringa

Styremedlemmane blir valt for 4 år. Styrets leder blir valt for 2 år av gangen.

Herøy kommune ved ordførar og rådmann skal ha tilsendt innkalling / sakliste og har sjølve eller ved stedfortreder møte- og talerett.

§ 5 Styret sine oppgåver

Styret står for stiftinga si forvaltning og drift, og innehar alle beføyelsar som ikkje ved desse vedtekter eller ved lov er lagt til eit anna organ. Styret skal sikre ei forsvarleg forvaltning og disponering av grunnkapitalen.

Styret møter regelmessig etter innkalling frå styrets leiar. Medlem av styret kan krevje at styret samlast.

Styret treff sine vedtak ved simpelt fleirtal. Ved stemmelikheit har styrets leiar dobbeltstemme.

Styret skal innan 30. juni kvart år sørge for utarbeiding av årsoppgjer og årsberetning for stiftinga for føregåande års verksemd i samsvar med rekneskapslovas reglar.

Innan 30. juni kvart år skal styret invitere alle registrerte næringsdrivande til eit årleg informasjonsmøte der stiftingas årsoppgjer og årsberetning blir presentert.

§ 6 Valnemnd

Styret vel ei valnemnd, viss einaste oppgåve er å velje styrets medlemmar når vedtektene krev at dette skal skje, jfr § 4.

Valnemnda skal ha 3-5 medlemmar og funksjonstida for valnemndas medlemmar er 4 år. Ved val av valnemnd i 2013 skal alle medlemmar veljast på nytt og minst ein medlem skal veljast med ei funksjonstid på 2 år. Medlemmar av valnemnda skal ha inngåande kjennskap til stiftinga sitt formål, målsetning og verksemd.

Valnemnda kan ikkje instruerast av styret i sitt arbeid.

§ 7 Revisjon

Styret vel Stiftingas revisor.

§ 8 Teikning av firma

Stiftinga sitt firma blir teikna av styreleiar saman med forretningsfører eller eit styremedlem.

§ 9 Deling av kostnadar

Herøy kommune ber 1/3 av stiftinga sine kostnader. Resterande del av kostnadane blir enten dekt av deltakande verksemdar eller gjennom sal av teneste eller andre inntekter.

Same forhold gjeld også ved meirkostnadar eller ved underskot.

Overskot disponerast etter avgjerd av årsmøtet ved behandling av rekneskap.

§ 10 Anna

Forøvrig gjeld lov 15. juni 2001 nr. 59 om Stiftelsar, eller lov som trer i staden for denne.

Stig Remøy

Stig Vestnes

Svein-Rune Gjerde

Maria S Leine

Petter Geir Smådal

Kåre Jensholm

VEDTEKTER

for stiftinga Herøy Næringsforum

vedtatt på skipingsmøte 7.januar 2002, og endra på ekstraordinært styremøte 5.juli 2002.

§ 1

Stiftinga sitt namn er Herøy Næringsforum. Stiftinga er oppretta 7.januar 2002.

Sete for stiftinga er Fosnavåg i Herøy kommune.

§2

Stiftinga sin grunnkapital er 225.900 kr , og er fordelt slik:

Herøy Kommune	50.000 kr
Herøy Næringslag	50.000 kr
Fosnavåg Handelsforeining	50.000 kr
Kredittbanken	50.000 kr
Den Norske Bank	<u>25.000 kr</u>
Til saman	<u>225.000 kr</u>

§3

Stiftinga sitt føremål er å marknasføre Herøy og Fosnavåg gjennom konkrete prosjekt og tiltak for utvikling av næringsliv og lokalsamfunn.

§4

Styret er stiftinga sitt høgste organ og representerer stiftinga utad.

Årsmøtet skal haldast seinast 1.mai kvart år og skal kunngjerast seinast 7 dagar før møtet.

Styreleiar kallar inn til årsmøte. Rett til å møte på årsmøte har representantar for stiftinga og alle registrerte næringsdrivande i Herøy.

Årsmøtet skal :

- Gi innstilling om godkjenninga av rekneskap og årsmelding
- Gi innstilling til val av medlemmer til styret
- Gi innstilling til val av styreleiar for eitt års
- Gi innstilling i saker som er komne inn til årsmøtet

Innskytarane av grunnkapital i stiftinga gjer endelege vedtak om :

- Val av medlemmer til styret
- Val av styreleiar for eitt år

§5

Stiftinga skal vere leia av eit styre på 5 – 7 personar der fylgjande verksemder og bransjer skal vere representerte:

Medlemmer i styret: Varamedlemmer

Frå næringslivet:

5 – 7 representantar

5 – 7 personlege vararepresentantar

Kvar av dei følgjande næringane skal næringane

Vararepresentantane skal kome frå dei same

ha ein styrerepresentant

- Handels og revicenæringa
- Industrien
- Fiskerinæringa
- Offshore-næringa
- Reiselivsnæringa

Herøy Næringsforum skal ha ei valnemd på 2 – 5 medlemmer, valt av årsmøtet.

Styremedlemmane blir valde for 2 år, men ved førstegangs val blir halve styret valde for 1 år.

Herøy kommune ved ordførar og rådmann skal ha tilsendt innkalling / sakliste og har sjølve eller ved stedfortreder møte- og talerett.

§6

Stiftinga sitt firma vet teikna av leiaren i styret saman med forretningsførar eller eit styremedlem.

§7

Herøy Næringsforum sine utgifter vert delte etter ei slik fordeling:

- | | |
|---|-----|
| - Herøy kommune | 1/3 |
| - Deltakande verksemder, sal av tenester, andre inntekter | 2/3 |

Utgiftsfordelinga vert å justere etter same forhold ved eventuelt underskot eller meirutgifter. Eventuelt overskot vert å disponere etter avgjerd av årsmøtet ved behandling av rekneskap.

§8

Det vert elles synt til lov av 23.mai 1980 nr. 11 om stiftingar

Lov om stiftelser (stiftelsesloven)

Kapittel 4. Stiftelsers organisasjon

I. Styret

§ 26. Styret

Enhver stiftelse skal ha et styre. I stiftelser som har en grunnkapital på tre millioner kroner eller mer, skal styret ha minst tre medlemmer.

Styret skal ha en leder. Styrelederen velges av styret, hvis ikke noe annet er bestemt i vedtektene.

§ 27. Krav til styrets sammensetning

Juridiske personer kan ikke være styremedlemmer, jf. likevel § 21 annet ledd annet punktum. Det samme gjelder umyndige og personer som det har inntrådt slik hindring for som nevnt i konkursloven § 142.


ENKELTVEDTAK – med klagerett i samsvar med forvaltningslova kap. 6

Svar på søknad om tilskot 2013

Med heimel i Herøy kommune sitt delegasjonsreglement – "Delegasjon til administrasjonen" § 3 pkt. 1, vedteke K-sak 91/02, og intern delegasjon frå rådmannen, vert det gjort slikt

Vedtak:

1. Einedalen Skulekorps vert tildelt kr. 17.925,- til konto: 3910 39 60340 til drift av korpset.
2. Tilskotet vert teke frå post: 14700.4011/231.

Kulturmidla til song og musikk er tildelt utifrå retningslinenen og fordelignsnøkkel vedteke i F-sak 75/11.

Dette vedtaket kan påklagast. Klagefristen er 3 veker. Klaga skal vere skriftleg og grunngjeven. Klaga sendast til Herøy kommune, pb 274, 6099 Fosnavåg.



Saksopplysningar:

Det er innkome 6 søknader om driftstilskot for song og musikk. I budsjett for 2013 er det avsett kr. 80.000,- til dette føremålet. Tilskotet vert fordelt mellom antal søkjarar, slik at aktive medlemmer i instrumental gruppene vert vekta i forhold 5:1. Aktive medlemmar i kor under 20 år vert vekta 1:1. Aktive medlemmar over 20 år vert vekta med halvparten.

Einedalen skulekorps legg fram oppmøteliste som syner at dei har 26 aktive medlemmar under 20 år og 8 aktive medlemmar over 20 år i 2012.

Vurdering og konklusjon:

Innsendt søknad om driftstilskot inneheld alle naudsynte opplysningar og vert difor imøtekomen.

Andreas Kvalsund

Lene Utseth
Sakshandsamar

Referatsaker

Referatsaker

Til

Herøy Kommune v/ Formannskapet

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN	
Reg.nr. 2013/512	Saksbeh. OK
10 JUNI 2013	
Ark kode P 1101	
Ark kode S	Dok.nr. 5
Kassasjon	

Kommentar til brev vedr. endring av vedtektene i Stiftelsen Herøy næringsforum.

Underteikna fekk kjennskap til vedlagt vedtak i styret i Herøy Næringsforum gjeldane endring av vedtekter, samt hatt besøk av assisterande rådmann for Herøy Kommune i saken.

Eg er gjort kjend med at denne skal til behandling i Formannskapet og vil i den samanheng kome med nokre saksopplysninger.

Underteikna har delteke på dei aller fleste årsmøta i HN sidan stiftinga vart starta og vore medlem av valgnemnda i heile perioda inntil for eit par år sidan.

Det er med stor uro eg konstaterer at styret gjennom å vedta nye vedtekter nermast lukker HN for utanforståande eller normal demokratisk deltaking. I alle fall er det no kun dei allereide innvalgte personane i styret som i realiteter bestemmer over HN. Herunder valg av personer og igjennom sine posisjoner disponering av RDA midler i all framtid, noko som neppe har vore intensjonen tidlegare.

Det er mulig at det teknisk sett er lovleg i.h.t vedtekter for stiftinger. Men det er særdeles uklokt å kun vedta dette i Styret utan forvarsel eller at nokon utanom styre har fått uttalt seg. Endringa vert vedteken utan å varsle lovleg valgt valgnemnd, årsmøte og eigarar forut for vedtaket. Stikk i strid med den praksiss som har vore. Gjeldane vedtekter opphøyere eller vert endra på vesentlege punkt på eit styremøte og endra med nye vedtekter. Eigentleg utruleg.

Det er særleg ansvaret vi alle har for alminneleg forståelse av åpenheit for valg av personer i styret og dei åpne gode prosessane eg er bekymra for. Stiftinga har eit stort ansvar for å fordele RDA midlane til det beste for alle i samfunnet.

Styrets vedtak er i alle fall ikkje i samsvar med tidlegare forståing av forankringa Stiftinga skal og bør ha i Herøy miljøet for oppdraget med å forvalte RDA midla.

Moment til saka:

Underteikna har vore medlem og til dels formann i Valgnemnda i HN nesten heilt fram til no. Leif Gjelseth og Nina Bøe har vore sentrale personer her. Andre personer i valgnemnda har vore f.eks Kjell Rabben og Roar Åsen.

Valgnemnda si oppgåva har vore å kome med innstilling til årsmøtet. Årsmøtet har så gitt innstilling til styret som igjen har fått kandidatane stadfesta hos eigarane, denne rutina har administrasjon og styreleiar stadfesta som ivareteken og praktisert inntil ifjord.

Valgnemnda har i dei aller fleste tilfelle gitt einstemmige innstilling til årsmøte på dei personane som har vore på valg. I tillegg har valgnemnda skrifteleg gitt synspunkt til årsmøta og styret på f.eks :

- 1) at prosedyre vedr innstillingar formelt går til eigarane for godkjenning før endeleg valg,
- 2) at Stiftinga får rette namn på stiftarane (F.eks står Glitnir mest sansynleg fortsatt som stiftar),

3)at Herøy Kommune vert forspurt forrut for endeleg vedtak fordi HK er ein av stiftarane,

4)at funksjon tid for styremedlemmer vert vurdert,

5)at årsmøtet vert avhalde i rett tid,

For 3-4 år tilbake var det fokus på om Herøy Næringsforum var den rette til å fordele RDA midla, då var også fylkesmannen på banen for å sjekke fleire kommuner sin praksis for disponering av RDA midler.

I den samanheng gjorde valgnemnda ein grundig job for å utvide styret med 2 nye styre-representanter frå andre "næringer" innen Herøy Kommune, samt at vi fekk varafolk for alle. Dette for at Næringsforum skulle ha best mulig forankring i heile kommuna. Dette vart gjort i samråd med dåværande Rådmann, Rune Sjugard ,for å sikre god og åpen forankring i Næringslivet i Herøy.

For valgnemnda har det vore naturleg å rekrutere kandidatar i samråd med dei ulike gruppene. Vi har bedt f.eks Handelsforeiniga om deira sin kandidat, Turistforeininga, Fiskeri, Verft , etc. Då har desse gitt sin kandidat og valgnemnda gitt den vidare. På ein slik måte har vi sikra rekruttering i nært samarbeid med kvar gruppe.

Valgnemnda gav for 2 år sidan inga innstilling til formann og påpeikte at tenest-tid for styre-medlemmer burde vurderast, også i.h.t vedtektene. Då hadde 3 personer vore i Styret sidan starten.

Personen frå fiskeri stilte sin plass til disposisjon ved neste valg og ny medlem valgt, men på fjordårets årsmøte vart det ikkje gitt innstilling frå årsmøtet fordi Styreformannen nekta det.

Styreformann og medlem frå skipsverft har vore i styret sidan starten. Dei har gjort ein framifrå job, særleg formannen så langt, men han har aldri vore på valg. Det kan synest som særleg formannen er redd for å verte vurdert på nytt. Eg synest det er uheldig. I alle fall burde "gruppa" Offshore, som er største bidragsytarane, kunne gi oss ei samla innstilling etter at formannen har sete så lenge og/eller at vi andre får anledning i det minste til å velge han vidare. Slik dei nye vedtektene er synest dette som ei "lukka" gruppe og formannen kan sete vidare så lenge han vil.

Så nokre kommentarer til teksta i brevet:

1.Styret, som stiftinga sitt øverste organ, har allereide vedteke endringane

2.Innledning: Styret meiner at alt utenom styret og valgnemn er overflødig. Men dei har heller ikkje følgt vedtektene om å ha rutiner for å kommunisere med innskytarane vedr. f.eks ved valg.

3.Avvikle årsmøtet.

a) Styret har i liten grad sjølv møtt på årsmøtet og dei har ikkje vist engasjement til å ha gode årsmøte med f.eks fordragshaldar, tema, eller noko som engasjerer næringslivet til å møte opp.

b) Diskusjoner i siste års årsmøte er mest av ulik oppfatning av vedtekter, ulik praktisering av desse og at personane som møtte hadde ulikt syn. Årsmøtet vart avhalde på høgst uvanleg måte og klart når vanlege oppfatning av demokratiske regler ikkje kan gjelde vert det vanskeleg.

c)Informasjonsmøte er OK, men kven møter når ein ikkje har rom for å påverke.

d) Disponering av regnskap er uinteressant for Stiftinga, det er midlane stiftinga disponerer som gjer Stiftinga interessant.

4. Avvikle inskyt.beslutningsmyndigheit. Stiftinga var forankra i desse som var inskytarar for å få til ein "Ugild" Stifting for alle. Styret kan og bør ikkje kutte desse banda før dei sjølv har gitt uttale. Og namn på stiftarane må være rette.

5. Øvrige endringer. Her bør styret angi styrets funksjonstid. Styret bør absolutt ha varamedlemmer og desse har vorte innstillt frå valgnemnda siste åra. Det gir også større bredde frå dei ulike gruppene og fleire har innsyn i sakene. Positivt for fellesskapet. At dei kanskje ikkje har vore innkalla eller fått sakspapirer er ei sak styret må svare for.

6. Valgnemnd. Styret bør ikkje sette si eiga valgnemn, den bør være heilt uavhengig. Når det gjeld uro ved siste årsmøte og at "sette sitt eige styre" kan skje er ei merkeleg grunngeving. Årsmøtet bestemmer ikkje, det kun innstiller, også på valgnemn og så er det opp til stiftarane å godta.

Eg konstaterer at dette er ein maktkamp om posisjonane for å fordele RDA midlane Herøy Kommune har fått og kjem til å få i framtida. Mitt engasjement er å gjere dette så åpent og ærleg som råd er og at vi har legitimitet for våre disponeringer. Sjølv sagt vert midlane fordelt etter retningslinjene som er gitt og i tråd med gjeldande regelverk. Men forankringa må være i ein god og åpen dialog vi alle forstår, ikkje i eit meir eller mindre lukka forum som vi no synest å få.


Eg trur gode demokratiske prosessar, brei rekrutering og rotering av personer er samla best for Herøy Kommune i det lange løp.

Eg er redd for at utanforståande kan sette spørsmålsteikn ved Herøy Næringsforum vidare framover og kanskje må Formannsskapet/Herøy Kommune sjå på andre måtar å disponere RDA midlane i framtida.

For min personlege del var eg "urokråke" på fjordårets årsmøte og vil her forklare kvifor: Året før melde eg meg frivillig ut av valgnemnda og begrunna det med at eg ville være fri til å være kandidat til neste års valg frå Fiskeri. Sjølv meiner eg å være rimeleg engasjert innen fiskeri til i alle fall å få være kandidat. Dette melde eg også inn til administrasjonen. Så kontakta eg formannen i valgnemnda i fjord, forut for årsmøte. Han meddelte at kandidat var innstillt, og eg var ikkje vurdert, men det var berre å stille på årsmøtet for som han sa, "det er valgnemnda som innstiller og årsmøte som innstiller vidare i fleirtal slik det alltid har vore". Eg møtte på årsmøte, fremma mi sak, men saka vart nekta behandling av formannen. Innstilling frå valgnemnd vart gjeldande. Valgnemnda var sjølv ikkje tilstades og innstillinga var heller ikkje signert. Årsmøte vart i tillegg nekta behandling av sak vedr valg av valgnemnd med grunngeving at det ikkje var sak. Alle årsmøte tidlegare har behandla slike saker og sakene stod også i annonsa i Vestlandsnytt. Til dette siste og mitt kandidatur bryr eg meg ikkje om, HN har god representant frå Fiskeri i styret i dag. Eg konstaterer berre at leiinga i HN gjer som dei vil, og det er urovekkande.

Fosnavåg 6.06.2013

Paul Harald Leinebø



Kommunene i Møre og Romsdal
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Møre og Romsdal fylkeskommune, regional- og næringsavdelinga
Møre og Romsdal Bondelag
Møre og Romsdal Bonde- og småbrukarlag
Hoppid.kontorene i Møre og Romsdal

FORMÅNSKAPET

HERØY KOMMUNE RÅDMANNEN		INNOVASJON NORGE
Reg.nr.	2013/34	Saksbeh. HS
4 JUNI 2013		
Ark kode P	033	
Ark kode S		
J.nr.		Dok.nr. 28
Kassasjon		

Deres ref.:

Vår ref.:

Molde, 31.05.2013

EVNOR - 2013/105364

BYGDEUTVIKLINGSPRISEN 2013

Innovasjon Norge deler hvert år ut Bygdeutviklingsprisen. Prisen er en bedrifts- og næringsutviklingspris for bedrifter eller personer som har etablert en vellykket bedrift eller næring med basis i bygdenes og landbrukets ressurser. Formålet med prisen er blant annet å synliggjøre gode resultater fra landbruksrelateret næringsutvikling.

Målgruppe

Hovedmålgruppen er bedrifter eller personer med næringsvirksomhet i tilknytning til landbrukseiendommer.

Kandidatene blir vurdert etter følgende kriterier:

- Økonomisk resultat/lønnsomhet
- Sysselsetting, særlig for kvinner og ungdom
- Sosial og miljømessig bærekraft, herunder utnyttelse av lokale ressurser, fortrinn og ringvirkninger i lokalsamfunnet
- Nyskaping/originalitet

Vi ber om at det blir utarbeidet en skriftlig begrunnelse som i tillegg til kriteriene ovenfor også må inneholde en beskrivelse av bedriften. Det må legges ved driftsregnskap, næringsoppgave og informasjon om sysselsetting (antall, kjønn og alder).


Det blir kåret en vinner i hvert fylke som får 50 000 kroner. Vinnerne deltar i konkurranse om en nasjonal pris som i år er forhøyet til 250 000 kroner.

Frist for å sende inn forslag til kandidater er **15. juli 2013**.

Hvis ønskelig kan påmeldingsskjema som ligger på denne adressen brukes, men gjør oppmerksom på at fristen der er 1. juli.


<http://www.innovasjon norge.no/Landbruk/Nyheter/Bygdeutviklingsprisen-2013/>

Med vennlig hilsen
for Innovasjon Norge Møre og Romsdal


Sivert Gravem
seniorrådgiver


Eva Karin Sildnes Norheim
konsulent

Vi gir lokale ideer globale muligheter



NOTAT

Til: Formannskapet

Frå: Skuleavdelinga

Saksnr
2012/1014

Arkivkode
210

Dato
27.05.2013

BUDSJETTSITUASJONEN I SKULEAVDELINGA

Sak: Økonomisituasjonen og tiltak

Basert på notat til Formannskapet frå Økonomiavdelinga pr.15.april 2013.

Status økonomi pr.30.april

Netto forbruk 34,7%, mot 36,6% i 2012 og 38,5% i 2011.

Utgifter 35,5% av samla budsjett, mot 37,3% i 2012 og 38,4% i 2011.

Dette viser at skuleavdelinga allereie no har eit lavare forbruk enn dei to forrige åra. Ser ein på årsbasis, hadde skuleavdelinga i 2011 eit underforbruk på 1,6 mill og i 2012 eit overforbruk på kr.277'. Dette viser at forbruket svingar, mykje avhengig av elevar med særlege behov som krev ekstra ressursar.

Allereie gjennomførte tiltak

Hausten 2012 vart det ein stor auke i barn med rett til spesialpedagogisk hjelp i barnehagen, både i eiga kommune og i nabokommune. Det vart søkt om budsjettendring med ekstra løyving, men dette viste seg å ikkje halde heilt. I grunnskulen vart dei ekstra behova løyste innanfor gjeldande rammer, både ekstra spesialundervisning og ekstra norskopplæring for minoritetsspråklege.

Herøy kommune fører ein vekstpolitikk når det gjeld attraktivitet og nye beburarar. Dette merkar vi. Gjennom heile året mottek vi nye elevar frå ulike land, med rett på opplæring i Herøyskulen. Dette gjeld norskopplæring og tolketenester, men mange av borna har også med seg andre utfordringar «i bagasjen» som krev ytterlegare tiltak. Samtidig veit vi at om

desse familiane ikkje kjenner seg verdsette og utviklar trivsel og tryggleik, vil dei flytte etter ei stund og ikkje bli den ressursen som lokalsamfunnet treng.

I budsjett 2012 fekk skuleavdelinga ei ekstra løyving til norskopplæring for minoritetsspråklege. Den galdt kun for det året.

Skuleavdelinga har «slukt» både nasjonale endringar og vekst internt i avdelinga utan tilsvarande vekst i økonomiske løyvingar. Kor mykje dette utgjer i prosent, er det ikkje rekna på. Det har vel meir vorte «tar du den så tar du den», og vi har funne løysingar.

Kva så med 2013? Vil ein oppleve same veksten?

Skuleavdelinga arbeider konstant med å ha ei så effektiv utnytting av ressursar som råd. Når vi no planlegg nytt skuleår, vert det uttrykt ei klar forventning om å organisere elevgrupper og opplæring på ein måte som krev minst muleg ressursar. Skuleleiinga går i tett dialog med rektorar om dette, og tildeler timeløyving så stramt som vi finn forsvarleg. I planlegginga er det to ord som skal stå skrivne med store bokstavar framfor oss: Forsvarleg og likeverdig. Så må både politikarar og administrasjon ha med seg at Herøy kommune ligg svært lavt samanlikna med andre kommunar på ressurstildeling pr.elev, jfr. sak i F-skapet hausten 2012.

Når det gjeld organisering og effektiv ressursstyring, har vi ikkje same høve til forventning og «krav» til styrarane i barnehagar, og særleg ikkje dei private barnehagane. Det har vi heller ikkje når det gjeld barn i privat skule. Her kan vi oppmode, men ikkje styre.

Når vi no går inn i hausten 2013, meiner vi å ha endå betre kontroll enn i fjor. Fleire av dei «tunge» brukarane i barnehage kjem no over i skule, og vi kjenner pr.dato ikkje til nye behov i barnehage som krev så store ressursar. Borna har sjølv sagt med seg same retten over i skule, men då inn i eit system der vi har styringsrett på ein annan måte og kan samordne personalbruken betre.

Vi starta i vinter ein prosess med eit samarbeid skule/PPT, utifrå satsinga der vi fekk skjønnsmidlar frå fylkesmannen. Målet er å gi ei endå betre klasseromsundervisning, som skal medføre mindre spesialundervisning. Allereie no ser vi ein svak tendens i rett retning. Talet på elevar med tilråding om spesialundervisning har gått ned. Lovnaden til skulane og PPT i denne prosessen, er at den samla ressursen til skulane ikkje skal reduserast, men nyttast på ein meir effektiv måte som gir «meir læring for fleire». Her ligg dermed ikkje ei innsparing no, men gir betre ressursutnytting og ei muleg innsparing på sikt.

Talet på minoritetsspråklege barn vil nok auke også denne sommaren, og det er ikkje muleg å ha full oversikt no. Samtidig har vi fått melding om muleg mottak av fleire flyktningar. For å sikre oss mot for store ekstra løyvingar, prøver vi no å organisere undervisninga på ein meir fleksibel måte, med innføringsklasser nivå 1 og 2 på Blåhaugen. Det som då kan kome i tillegg, er kortvarig bruk av to-språklege assistentar, samt ekstra tiltak dersom familiar buset seg i krinsar der vi i dag ikkje har grupper med norskopplæring.

Og i tillegg ligg det sjølv sagt ei usikkerheit relatert til om det kjem flyttande born med behov for andre type tenester enn norskopplæring, som krev omfattande tiltak.

Vi ser no også på bemanninga i SFO, der vi truleg har vore noko «rausare» enn nabokommunar. Vi planlegg ein liten auke i talet på elevar pr.tilsett, men må heile tida vurdere kva som er forsvarleg. Vi har fleire krevjande elevar, som kan utgjere ein risiko både for seg sjølv og for andre, dersom der ikkje er ei bemanning som gir tilstrekkeleg tilsyn og oppfølging. I tillegg må vi vurdere å vere «strengare» med opningstidene i SFO-ordningar i krinsar der det er få elevar med full plass. Dette er ein vanskeleg balansegang jfr. om folk som bur i krinsane, skal kunne vere i arbeid. Det vil i realiteten seie: Om der skal bu folk i krinsane våre.

Konklusjon og muleg innsparing 2013:

Skuleavdelinga arbeider bevisst med god økonomistyring og effektivisering. Vi har pr.dato eit forbruk som tilseier mindreforbruk i 2013 om det ikkje skjer vesentlege endringar når det gjeld tenestebehov.

Det er sett av ein buffer for skuleåret 2013/14 som ikkje vil bli nytta med mindre det vert heilt nødvendig, utifrå prinsippet om «Forsvarleg og likeverdig». Bufferen utgjør ca.1,5 lærarstilling. Men det er ein heil sommar fram til eit nytt skuleår startar 19.august. Mykje tilflytting kan skje før den tid.

Vi har til no endå ikkje nytta den ekstra løyvinga på kr.200.000, til det nasjonale tiltaket «kulturskuletime inn i grunnskulen». Vi avventar lov og/eller forskrift før dette event. vert nytta.

Slik situasjonen ser ut no, vil det ikkje bli behov for å køyre fram budsjettendringssak denne sommaren.

23.mai 2013 Skuleleiaren

ei-báttlendi fórei



Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÁG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no



VEFSN KOMMUNE

Ordføreren

Saksbehandler: Eva Daabach, Tlf. 75 10 10 13

Epost: post@vefsn.kommune.no

R-fsn

Deres referanse/dato:

Vår dato:
19.04.2013

Vår referanse:

13/1197-10

Arkivkode:

MØTE MØTE

Vår referanse bes oppgitt ved henvendelser

**TIL DEN NORSKE REGJERING
FRA ORDFØREREN I VEF SN KOMMUNE**

 HERØY KOMMUNE	
RADMANNEN	
Reg nr. 2013/34	Saksbeh. BRB
- 2 MAI 2013	
Ark kode P 033	
Ark kode S	
J nr.	Dok nr. 18

OPPROP - ORGANISERING OG FORVALTNING AV OPPLYSNINGSVESENETS FOND

Vi krever en endring i forvaltningen av Opplysningsvesenets fond

Opplysningsvesenets fond (OVF) er en av Norges største grunneiere. Fondet eier og forvalter festetomter, preste- og bispeboliger, store skogareal og jordbrukseiendommer. Fondet hadde i 2011 en samlet antatt verdi på 7,1 mrd. kroner.

Etter at Kirken vant over staten i tomtefestesaken i Høyesterett i 2010, har vi fått betydelig prisøkning på feste av grunn og innløsning av festet grunn som tilhører Opplysningsvesenets fond, og utviklingen av OVF vært preget av ønsket om en sterkest mulig avkastning. Dette har gjort at OVFs arealer er blitt prisledende og prisdrivende i mange kommuner.

Spørsmålet om det er staten eller Kirken som skal betraktes som eier av fondets eiendommer har vært diskutert siden opprettelsen av fondet og dette er fortsatt et uavklart spørsmål. Det er på høy tid at det foretas en gjennomgang av organiseringen av OVF og forvaltningen av den kapitalen OVF rår over.

Det er et paradoks at kirker forfaller og at kommunene må bruke av sine begrensede budsjetter til restaurering og rehabilitering av kirker når OVF sitter på betydelige verdier.

Det er et også paradoks at OVF er med på å opprettholde den siste rest av husmannsvesenet i Norge ved å prise tomtene så høyt at folk ikke har råd til å kjøpe den tomte huset deres står på.

De oppgavene som Grunnlovens § 106 var ment å beskytte, er oppgaver som i dag i hovedsak ivaretas av staten og kommunene. Stat og kommuner har ansvar for undervisning og de dekker også lønn til kirkelige ansatte og mesteparten av kirkens øvrige utgifter. Forslag om endring av § 106 i Stortinget ble framsatt i Stortinget 14. mars. Stortinget vil bli behandlet forslaget i neste periode. Vefsn Kommune støtter forslaget fordi det vil medføre at staten vil stå noe friere i forvaltningen av Opplysningsvesenets fond enn det som er tilfelle i dag.

Vefsn kommune mener at:

- OVF i alt for stor grad tar hensyn til hva som gir maksimal profitt for fondet.
- OVF må ta mer hensyn til hva som er gunstig for samfunnet, og dermed også hva som er gunstig for festerne av fondets eiendommer.

Telefon: 75 10 10 00 Telefaks: 75 10 10 01

Postadr: Postboks 560, 8651 MOSJØEN

Besøksadr: Rådhuset

Kommunenr: 1824

Org.nr: 844824122

Bankgiro: 4530 05 00963

Webadr:

www.vefsn.kommune.no

- OVF's kapital må i større grad forvaltes slik at det kommer kommunene og deres innbyggere til gode.
- OVF må også kunne brukes til rehabilitering og ivaretagelse av kirkene våre.
- Grunnlovens § 106 bør endres slik at fondet må ta mer hensyn til tomtefesterne og øvrige samfunnsmessige forhold.

Med hilsen

Jann-Arne Løvdahl
ordfører

Gjenpart:
Det Konglige Justis og beredskapsdepartement.
Alle landets kommuner.

Fra: Åge Remøy - REM [mailto:age.remoy@rem-maritime.no]
Sendt: 30. mai 2013 09:38
Til: postmottak
Emne: Re: Herøy Næringsforum

Til Formannskapet i Herøy Kommune,

Styret i stiftinga Herøy Næringsforum har valt å endre vedtektene i stiftinga. Frå no av skal styret sine medlem velje seg sjølv, for ei ubegrensa tidsperiode, i ei stifting som forvaltar hundrevis av millionar kroner på vegne av lokalsamfunnet. Dette er midlar som næringslivet i Herøy har utvikla, gjennom at staten subsidierer bortfallet av differensiert arbeidsgjevaravgift. Dei har valt å fjerne årsmøtet som innstiller styremedlem, og innskytarane skal ikkje lenger gjere endelig vedtak om kven som skal site i styret. Det er styret som skal bestemme kven som skal site i styret.

Grunngjevinga er mildt sagt ulogisk: «Gitt stiftelsens styre og omfanget av de midlene som forvaltes, er det også etter styrets oppfatning overflødig at stiftelsen har flere organ enn styre og en valgkomite.» «... de siste års deltagelse på årsmøtet og innskytnernes ønske/behov for involvering bekrefter styrets oppfatning.»

Beint fram betyr dette: Sidan styret har sett oss sjølv til å forvalte so store beløp på vegne av andre enn oss sjølv, er det ikkje urimelig at vi også skal velje oss sjølv. Sidan innskytarane har behov for involvering fjernar vi like freimt involveringsmoglegheita deira.»

Det er meir enn merkelig at innskytarane(Herøy Kommune, Herøy Næringslag, Fosnavåg Handelsforeining, Kredittbanken og Den Norske Bank) i HNF skulle ønske å involvere seg meir gjennom å fjerne si eiga moglegheit til å involvere seg.

I styret i Herøy Næringsforum sit det i følgje heimesida til Herøy Næringsforum 7 «representantar» frå frå handels og service-, industri-, fiskeri-, offshore-, bank/finans-, fiskeindustri og reiselivsnæringa. Korleis vert desse representantane valde frå dei ulike næringane? Kva periode vert dei valde for? Er det rutinemessige val av representantar? Kven er inviterte til å delta i valet av representantar for dei ulike næringane? På vegne av offshorenæringa har Rem Offshore aldri vorte spurte om å velje ein representant. Det er betimeleg å spørje kven skal denne representanten representere, når dei verken er valde av næringa dei tilhøyrer eller av andre enn seg sjølv.

No ønsker altså styret i Herøy Næringsforum med eit pennestrøk å fjerne årsmøtet, som ifylgje dei originale vedtektene skal gi innstilling om godkjenning av rekneskap og årsmelding, gi innstilling til val av styreleiar og styremedlem gjennom å utpeike valnemnd. Innskytarane skal ikkje lenger gjere endeleg vedtak om val av styremedlem og styreleiar.

Det vert sikta til at deltakinga på årsmøtet har vore låg og at slik låg deltaking representerer eit demokratisk problem. «Det forhold at deltagelsen frå næringslivet i Herøy har vært begrenset og at ingen har plikt til å delta, gjør at de beslutninger som tilligger årsmøtet ikke sikres tilstrekkelig behandling. Så lenge en ikke oppnår at årsmøtet representerer en tilstrekkelig bredde av næringslivet, vil intensjonen med å åpne for deltagelse fra alle næringsdrivende i kommunen, virke mot sin hensikt.»

Rem Offshore har stilt i årsmøte tidligere der vi ikkje har fått anledning til å utøve dei rettigheter som vedtektene tilseier. Det har heller ikkje vore lagt arbeid i å informere publikum om når årsmøtet skal haldast, og hadde HNF hatt ei aktiv haldning til informasjonsarbeid i forkant av årsmøtet er vi sikre på at deltakinga ville vore høgare. Det er sentrale spørsmål som skal behandlast av årsmøtet ihht dei originale vedtektene. Det må då vere ei betre løysing å auke deltakinga på årsmøtet enn å fjerne «det demokratiske problemet», som dei kallar årsmøtet.

All makt i og kontroll med stiftinga vert no tillagt eit styre som vel seg sjølv. Det er dette som er det demokratiske problemet, og det minnar meir om ein episode frå George Orwell sin roman «Animal Farm, der Squealer uttrykker følgjande for å berolige dei andre dyra: "Do not imagine, comrades, that leadership is a pleasure. On the contrary, it is a deep and heavy responsibility. No one believes more firmly than Comrade Napoleon that all animals are equal. He would be only too happy to let you make your decisions for yourselves. But sometimes you might make the wrong decisions, comrades, and then where should we be?"

Det er trass alt fellesskapens midlar som styret er valde til å forvalte, og ikkje sine egne interesser, sjølv om det i fleire av innstillingane til tildelingar kan sjå slik ut.

Dette må det ordnast opp i, og eit nytt styre må veljast snarast, basert på heilt andre retningslinjer enn dei nye vedtektene til Herøy Næringsforum tilseier.

Med helsing
Rem Offshore asa/Remøy Fiskeriselskap as

Åge Remøy

Kommunane i Møre og Romsdal
Vidaregåande skular
Helse Møre og Romsdal
Avinor
Etc.

HERØY KOMMUNE	
RÅDEKAMMEREN	
Reg.nr. 2013/755	Saksbeh. OFK
- 1 JUNI 2013	
Ark.kode P No2	
Ark.kode S	
Jnr	Dok.nr. 1
Klassering	



Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		33037/2013/	Frode Kvalheim, 71 25 86 79	24.05.2013

Ruteendringsprosessen 2014 - Innspel frå kommunane, vidaregåande skolar, Helse Møre og Romsdal etc.

Den årlege ruteendringsprosessen for ferje-, hurtigbåt- og bilrutene vil starte primo september 2013. Eventuelle endringar vil gjelde frå 1. mai 2014.

Vi har framskynda prosessen og tidsplanen for å få ei meir rasjonell framdrift og eit godt sluttresultat. Dette mellom anna for å få levert rutehefta ut rettidig.

Kommunar og andre som ønskjer å gje innspel til prosessen blir no bedne om å kome med desse. Innspela blir å sende til samferdselsavdelinga som vil formidle innspela til rette instans (rutebilselskap, ferjeselskap og/eller Statens vegvesen).

I den grad kommunane har ønskje om ruteendringar, så er utgangspunktet at desse må finansierast innanfor eksisterande økonomiske ramme. Fylkeskommunen har fortida avgrensa økonomiske ressursar. Det er såleis ønskeleg at kommunane og andre har ein prioritet (kva er viktigast) i sine innspel. Eventuelle forslag til kutt i ruter med dårleg belegg, kan styrke forslag til auke på ruter der behovet er aukande.

Vi ber om at innspel blir sendt oss **seinast innan 1. september 2013.** **Eventuelle innspel som kjem inn etter denne datoen vil ikkje bli tatt til følgje.** Dette for å ha ein god og ryddig prosess.

Med helsing



Dag Høle
seksjonsleiar


Frode Kvalheim
rådgivar



Varsel om oppstart av planarbeid

Herøy kommune varslar oppstart av reguleringsplanarbeid for gang- og sykkelveg langs FV 10 på strekninga Sandvika – Stokksundkrysset, jf. plan- og bygningsloven §§ 3-7, 12-1, 12-8 annet ledd. Området skal regulerast gjennom ein detaljreguleringsplan.




Kartutsnitt over planområdet

Formålet med planarbeidet

Planforslaget skal legge til rette for ny gang- og sykkelveg frå bustadområdet i Sandvika til Stokksundkrysset, og vert sett i samanheng med Statensvegvesen sine planar for omlegging av FV654 i området. Målet er å betre tilhøva til mjuke trafikantar og gi desse ein tryggare ferdsel langs Fylkesveg 10. Planarbeidet vil ha eit særskilt fokus på å betre trafikksikkerleiken for born og unge, slik at ein ved seinare realisering kan oppnå ein tryggare skuleveg på denne strekninga. Totalt er lengda på strekninga om lag 1 km. Trafikkgrunnlag på strekninga er ÅDT 1050 kjt og fartsgrensa varierer mellom 60 og 80 km/t.

Lokalisering, planstatus og arealformål

Reguleringsarbeidet legger opp til lokalisering av ein differensiert gang- og sykkelvegen på autsida av dagens Fylkesveg 10, der nærare detaljar kring dimensjonering vil gå fram ved offentleg ettersyn / høyring av planforslag. Arealet som skal regulerast er om lag 50,9 daa, der fastsett plangrense kan bli endra i samband med vidare planarbeid. Aktuelle formål er køyreveg, annan veggrunn, gang- og sykkelveg og friområde. Andre formål kan kome til undervegs i planarbeidet. **I gjeldande kommuneplan er det langs FV 10 lagt opp til at det kan etablerast gangveg. Tilgrensende areal i planen er avsett til landbruks, natur- og friluftsmål (LNF) i kommuneplan frå 2004.**



Utsnitt av kommuneplanens arealdel 2004

Vurdering av konsekvensutgreiing (KU)

Herøy kommune har vurdert det slik at planarbeidet ikkje utløyer krav om KU (konsekvensutgreiing), då tiltaket er i tråd med overordna plan, samt at det ikkje vil få vesentlege verknader for miljø og samfunn, jfr. Plan- og bygningsloven §§ 4-2 og 12-3 tredje ledd, samt § 4-2 i forskrift om konsekvensutgreiing.

Som ein del av planarbeidet vil det bli gjennomført ei ROS- analyse (Risiko og sårbarheitsanalyse), samt at ein vil avklare om det er behov for andre utgreiingar / analyser som ein del av planomtalen.

Planarbeidet vert utført av Herøy kommune.

Medverknad

Eventuelle synspunkt, merknader, opplysningar av interesse eller relevans for planarbeidet må sendes skriftlig innan **1.august 2013**.

Alle innspel skal sendast til:

Herøy kommune

Postboks 274, 6099 Fosnavåg

postmottak@heroy.kommune.no

Merk med innspel med:

»Reguleringsplan gang- og sykkelveg Sandvika – Stokksundkrysset FV 10«

Alle innspel blir vurdert av Herøy kommune og kommentert i planforslaget.

Innspel med vurdering blir også ein del av saka til politisk behandling.

Aktuelle spørsmål kan rettast til:

Aleksander Zahl Tarberg (Planleggar)

Jarl Martin Møller (Utviklingsleiar)

Varslingsdokument er også tilgjengeleg digitalt på: www.heroy.kommune.no

Informasjons- og medverknadsmøte

Det vil bli halde felles informasjons- og medverknadsmøte for interesserte i planarbeidet. På dette møtet vil Herøy kommune informerer om det vidare planarbeidet og det vil bli opna for innspel / spørsmål frå dei frammøtte.


Detaljar kring møtet vert opplyst seinare gjennom eiga annonse.

Med helsing

Aleksander Zahl Tarberg
Planleggar

Vedlegg:

- Kartutsnitt med plangrense
- Adresseliste



STOKKSUNDKRYSSSET

SANDVIKA

HERØY KOMMUNE

26.04.2013 1:4000

Det kan forekomme feil i kartet



Adresseliste

Reguleringsplan for gang- og sykkelveg (Sandvika - Stokksundkrysset)

Namn	Gnr/bnr	Postadresse	Stad
Statens Vegvesen	58/47	Fylkeshuset	6404 Molde
Fred Ove Sandvik	58/12	TROLLDALSVEGEN 28	6070 Tjørvåg
Ståle Sandvik	58/12		6070 Tjørvåg
Rolf Sandvik	58/10		6070 Tjørvåg
Ragnhild Flusund	58/10		6091 Fosnavåg
Ragnvald M. Hide	58/13		6070 Tjørvåg
Sindre Sande	58/4		6070 Tjørvåg
Kari Oddveig Iversen	59/4		6070 Tjørvåg
Øyvind Emil Iversen	59/4		6070 Tjørvåg
Odd Erling Løvøy	59/5		6070 Tjørvåg
Hjalmar Løvøy	59/27		6070 Tjørvåg

Regionale høyringspartar:

Statens Vegvesen – Region Midt	Fylkeshuset	6404 Molde
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404 Molde
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404 Molde
Søre Sunnmøre Landbrukskontor	Dragsund	6080 Gurskøy

Kommunale etatar, råd og utval:

Barnerepresentanten		her
Anleggs- og driftsavdelinga		her
Eigedomsavdelinga		her
Kulturavdelinga		her
Eldrerådet		her
Maritim og teknisk komite		her
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne		her

Andre organisasjonar:

Sandvika Vel	v/ Nils Håvard Sandvik	6070 Tjørvåg
Stokksund Grendalag	v/ Kåre Jensholm	6070 Tjørvåg
Stemmedalen Vasslag BA	v/ Arild Moldskred	6070 Tjørvåg
Tussa Nett AS	Dragsund	6080 Gurskøy


Liste oppdatert 10.06.2013.



Herøy kommune

Varsel om oppstart av planarbeid

Herøy kommune varslar oppstart av reguleringsplanarbeid for planfri kryssing av FV 654 i «Koppen», jf. plan- og bygningsloven §§ 3-7, 12-1, 12-8 annet ledd. Området skal regulerast gjennom ein detaljreguleringsplan.



Kartutsnitt med planområdet

Formålet med planarbeidet

Planforslaget skal legge til rette for ein ny undergang ved fylkesveg 654 i «Koppen» mellom Røyra og Frøystad. Målet er å gi mjuke trafikantar ein tryggare ferdsel langs fylkesvegen.

Planarbeidet vil ha eit særskilt fokus på å betre trafikksryggleiken for born og unge, slik at ein ved seinare realisering kan oppnå ein tryggare skuleveg på denne strekninga. Trafikkgrunnlag på strekninga er ÅDT 3450 kjt og fartsgrensa er 80 km/t. Planområdet si utstrekning går fram av vedlagt kartutsnitt.

Lokalisering, planstatus og arealformål

Reguleringsarbeidet legger opp ei vidareføring av gang- og sykkelvegen på begge sider av Fylkesvegen, der det skal etablerast ein undergong under sjølve vegbana. Dette vil medføre ei senking av nivået for dei etablerte gangvegane på begge sider. Nærare detaljar kring dimensjonering vil gå fram ved offentleg ettersyn / høyring av planforslag. Arealet som skal regulerast er om lag 13,8 daa, der fastsett plangrense kan bli endra i samband med vidare planarbeid. Aktuelle formål er køyreveg, annan veggrunn, gang- og sykkelveg og friområde. Andre formål kan kome til undervegs i planarbeidet.

I gjeldande kommuneplan er det langs FV 654 lagt opp til at det kan etablerast eit kryssingspunkt i dette området. Tilgrensande areal i planen er avsett til landbruks, natur- og friluftsmål (LNF) i kommuneplan frå 2004, der også eksisterande gangveggar er markert.



Utsnitt av kommuneplanens arealdel 2004

Vurdering av konsekvensutgreiing (KU)

Herøy kommune har vurdert det slik at planarbeidet ikkje utløyer krav om KU (konsekvensutgreiing), då tiltaket er i tråd med overordna plan, samt at det ikkje vil få vesentlege verknader for miljø og samfunn, jfr. Plan- og bygningsloven §§ 4-2 og 12-3 tredje ledd, samt § 4-2 i forskrift om konsekvensutgreiing.

Som ein del av planarbeidet vil det bli gjennomført ei ROS- analyse (Risiko og sårbarheitsanalyse), samt at ein vil avklare om det er behov for andre utgreiingar / analyser som ein del av planomtalen.

Planarbeidet vert utført av Herøy kommune.

Medverknad

Eventuelle synspunkt, merknader, opplysningar av interesse eller relevans for planarbeidet må sendes skriftlig innan **1.august 2013**.

Alle innspel skal sendast til:

Herøy kommune

Postboks 274, 6099 Fosnavåg

postmottak@heroy.kommune.no

Merk med innspel med:

”Reguleringsplan planfri kryssing FV654 «Koppen»

Alle innspel blir vurdert av Herøy kommune og kommentert i planforslaget. Innspel med vurdering blir også ein del av saka til politisk behandling.

Aktuelle spørsmål kan rettast til:

Aleksander Zahl Tarberg (Planleggar)

Jarl Martin Møller (Utviklingsleiar)

Varslingsdokument er også tilgjengeleg digitalt på: www.heroy.kommune.no

Informasjons- og medverknadsmøte

Det vil bli halde felles informasjons- og medverknadsmøte for interesserte i planarbeidet. På dette møtet vil Herøy kommune informerer om det vidare planarbeidet og det vil bli opna for innspel / spørsmål frå dei frammøtte.

Detaljar kring møtet vert opplyst seinare gjennom eiga annonse.

Med helsing


Aleksander Z Tarberg

Aleksander Zahl Tarberg

Planleggar

Vedlegg:

- Kartutsnitt med plangrense
- Adresseliste



FV654

21/54

KOPPEN

HERØY KOMMUNE

24.04.2013 1:1500

Det kan forekomme feil i kartet

0 20 40 60 m

Adresseliste

Reguleringsplan – Planfri kryssing FV64 «Koppen» - varsel om oppstart

Namn	Gnr/bnr	Postadresse	Stad
Jenny Olaus Hasfjord	21/25		6095 Bølandet
Hallgeir Frøystadvåg	21/2		6095 Bølandet
Inger-Lise Frøystadvåg	21/2,54		6095 Bølandet
Ragnar Frøystadvåg	21/7		6095 Bølandet
B.Tarberg AS	21/2		6076 Moltustranda

Regionale høyringspartar:

Statens Vegvesen – Region Midt	Fylkeshuset	6404 Molde
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404 Molde
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404 Molde
Søre Sunnmøre Landbrukskontor	Dragsund	6080 Gurskøy

Kommunale etatar, råd og utval:

Barnerepresentanten		her
Anleggs- og driftsavdelinga		her
Eigedomsavdelinga		her
Kulturavdelinga		her
Eldrerådet		her
Maritim og teknisk komite		her
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne		her

Andre organisasjonar:

Frøystad Velforening	v/ Oddveig Frøystadvåg	6098 BØLANDET
Røyra Grendalag	v/ Asgeir Olsen	6098 BØLANDET
Tussa Nett AS	Dragsund	6080 Gurskøy
Herøy Vasslag BA	Kvithaugsmyra	6091 Fosnavåg


Liste oppdatert 10.06.2013.



Herøy kommune

Varsel om oppstart av planarbeid

Herøy kommune varslar oppstart av reguleringsplanarbeid for gang- og sykkelveg langs FV 61 på strekninga Nykrem - Djupvik, jf. plan- og bygningsloven §§ 3-7, 12-1, 12-8 annet ledd. Området skal regulerast gjennom ein detaljreguleringsplan.



Kartutsnitt med planområdet

Formålet med planarbeidet


Planforslaget skal legge til rette for ny gang- og sykkelveg frå bustadområdet i Djupvika til bustadområdet på Nykrem, for å gi mjuke trafikantar ein tryggare ferdsel langs fylkesveg 61. Planarbeidet vil ha eit særskilt fokus på å betre trafikktryggleiken for born og unge, slik at ein ved seinare realisering kan oppnå ein tryggare skuleveg

på denne strekninga. Totalt er lengda på strekninga om lag 0.6 km. Trafikkgrunnlag på strekninga er ÅDT 2625 kjt og fartsgrensa er 80 km/t.

Lokalisering, planstatus og arealformål

Reguleringsarbeidet legger opp til lokalisering av ein differensiert gang- og sykkelvegen på vestsida av dagens Fylkesveg 61, der nærare detaljar kring dimensjonering vil gå fram ved offentleg ettersyn / høyring av planforslag. Arealet som skal regulerast er om lag 47 daa, der fastsett plangrense kan bli endra i samband med vidare planarbeid. Aktuelle formål er køyreveg, annan veggrunn, gang- og sykkelveg og friområde. Andre formål kan kome til undervegs i planarbeidet.

I gjeldande kommuneplan er det langs FV 61 lagt opp til at det kan etablerast gangveg. Tilgrensende areal i planen er avsett til landbruks, natur- og friluftformål (LNF) i kommuneplan frå 2004.



Utsnitt av kommuneplanens arealdel 2004

Vurdering av konsekvensutgreiing (KU)

Herøy kommune har vurdert det slik at planarbeidet ikkje utløyser krav om KU (konsekvensutredning), då tiltaket er i tråd med overordna plan, samt at det ikkje vil

få vesentlege verknader for miljø og samfunn, jfr. Plan- og bygningsloven §§ 4-2 og 12-3 tredje ledd, samt § 4-2 i forskrift om konsekvensutgreiing.

Som ein del av planarbeidet vil det bli gjennomført ei ROS- analyse (Risiko og sårbarheitsanalyse), samt at ein vil avklare om det er behov for andre utgreiingar / analyser som ein del av planomtalen.

Planarbeidet vert utført av Herøy kommune.

Medverknad

Eventuelle synspunkt, merknader, opplysningar av interesse eller relevans for planarbeidet må sendes skriftlig innan **1.august 2013**.

Alle innspel skal sendast til:

Herøy kommune

Postboks 274, 6099 Fosnavåg

postmottak@heroy.kommune.no

Merk med innspel med:

”Reguleringsplan gang- og sykkelveg Nykrem – Djupvik FV 61»

Alle innspel blir vurdert av Herøy kommune og kommentert i planforslaget.

Innspel med vurdering blir også ein del av saka til politisk behandling.

Aktuelle spørsmål kan rettast til:

Aleksander Zahl Tarberg (Planleggar)

Jarl Martin Møller (Utviklingsleiar)

Varslingsdokument er også tilgjengeleg digitalt på: www.heroy.kommune.no

Informasjons- og medverknadsmøte

Det vil bli halde felles informasjons- og medverknadsmøte for interesserte i planarbeidet. På dette møtet vil Herøy kommune informerer om det vidare planarbeidet og det vil bli opna for innspel / spørsmål frå dei frammøtte.

Detaljar kring møtet vert opplyst seinare gjennom eiga annonse.

Med helsing



Aleksander Zahl Tarberg

Planleggar

Vedlegg:

1. Kartutsnitt med plangrense
2. Adresseliste

Adresseliste

Reguleringsplan for gang- og sykkelveg (Nykrem – Djupvik)

Namn	Gnr/bnr	Postadresse	Stad
Arne Lidvard Djupvik	44/3		6080 Gurskøy
Anne Edith Djupvik	44/66		6080 Gurskøy
Svein Inge Djupvikvåg	44/48		6080 Gurskøy
Ann-Kristin Hide	44/2		6091 Fosnavåg
Knut Tandberg Oddhild Tandberg	76/2		6080 Gurskøy
Ingebjørg Dahl	76/12	Industrigata 31 A	0357 Oslo
Bjarte Rekdal	76/12	38 SPARTINA POINT DRIVE, HILTON HEAD ISLAND SC 29926, USA	
Per Gisle Rekdal	76/12	LILLEVANNSVEIEN 6 E	0788 Oslo
Marta Vognild	76/12	GJENNOMFARET 2	0876 Oslo
Statens Vegvesen	76/111	Fylkeshuset	6404 Molde
Kari Kragset Vikingstad	44/41	LENSMANNNSVEGEN 13	4055 Stavanger
Tore Vikingstad	44/41	LENSMANNNSVEGEN 13	4055 Stavanger
Vestsink AS	76/61	Postboks 33	6080 Gurskøy
MCO Bygg AS	76/127	Postboks 41	6069 Hareid
Raymond Audin Nykrem	76/1		6080 Gurskøy
Wenche Olivia Nykrem	44/99		6080 Gurskøy
Charlotte Moltumyr	44/38		6080 Gurskøy

Regionale høyringspartar:

Statens Vegvesen – Region Midt	Fylkeshuset	6404 Molde
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	Fylkeshuset	6404 Molde
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404 Molde
Søre Sunnmøre Landbrukskontor	Dragsund	6080 Gurskøy

Kommunale etatar, råd og utval:

Barnerepresentanten	her
Anleggs- og driftsavdelinga	her
Eigedomsavdelinga	her
Kulturavdelinga	her
Eldrerådet	her
Maritim og teknisk komite	her
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	her

Andre organisasjonar:

Tussa Nett AS

Stemmedalen Vasslag

Nykrem Vel

Djupvik og Kjelsund Vel

Dragsund

v/ Arild Moldskred

v/ Aslaug Marie Skjønberg

v/ Svenn Djupvik

6080 Gurskøy

6080 Gurskøy

6080 Gurskøy

6080 Gurskøy

Liste oppdatert 10.06.2013